DET KONGELEGE
ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1800, 1810, 1820, 1825, 1850 og 1860

Inntektskapittel: 4800, 4810, 4820, 4860 og 5582

Særskilt vedlegg: Meddelte vassdragskonsesjonar, løyve meddelte i 2024

DET KONGELEGE
ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1800, 1810, 1820, 1825, 1850 og 1860

Inntektskapittel: 4800, 4810, 4820, 4860 og 5582

Særskilt vedlegg: Meddelte vassdragskonsesjonar, løyve meddelte i 2024

Innhald

Del I **Innleiande del** 9

1 **Energipolitikken til regjeringa** 11
1.1 Petroleum m.m. 12
1.2 Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs 14
1.3 Energi og vassressursar 14
1.4 Klima, industri og teknologi 17

2 **Oversikt over budsjettforslaget** 21

3 **Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak** 23
3.1 Stortingssesjon 2024–2025 25
3.2 Stortingssesjon 2023–2024 37
3.3 Stortingssesjon 2022–2023 38
3.4 Stortingssesjon 2021–2022 40

Del II **Budsjettforslag** 43

4 **Nærmare omtale av løyvingsforslaga mv.** 45

Programområde 18 Energiformål 45

Programkategori 18.00 Administrasjon 45
Kap. 1800 Energidepartementet 45
Kap. 4800 Energidepartementet 51
Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet 51

Programkategori 18.10 Petroleum m.m. 52
Kap. 1810 Sokkeldirektoratet 66
Kap. 4810 Sokkeldirektoratet 67
Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet 67

Programkategori 18.20 Energi og vassressursar 68
Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat 83
Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat 94
Kap. 1825 Energieffektivisering og -omlegging 95
Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet 96
Kap. 5680 Statnett SF 98

Programkategori 18.30 Klima, industri og teknologi 99
Kap. 1850 Klima, industri og teknologi 110

Programkategori 18.60 Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs 132
Kap. 1860 Havindustritilsynet 137
Kap. 4860 Havindustritilsynet 137
Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet 138

Del III **Omtale av særskilde tema** 139

5 **Prosjekt under utbygging på norsk kontinentalsokkel** 141

6 **Omtale av klima- og miljøpolitikk** 146
6.1 Klima- og miljøutfordringar 146
6.2 Verkemiddel som har ein klima- og miljøeffekt 148
6.3 Status for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda 154
6.4 Oppfølging av FNs berekraftsmål 155

7 **Sikkerheits- og beredskapsarbeid** 162
7.1 Ei sikker kraftforsyning 162
7.2 Skred og vassdrag 163
7.3 Petroleumsverksemda 163

8 **Tilstanden i kraftforsyninga** 165
8.1 Innleiing 165
8.2 Vurdering av tilstanden 166
8.3 Samfunnsfunksjonen kraftforsyning 166
8.4 Mål, lovverk og ansvar 167
8.4.1 Direkteregulering 167
8.4.2 Insentivregulering 168
8.5 Internasjonalt samarbeid 168
8.6 Avhengigheit og eigenberedskap 168
8.7 Status basert på ulike tilstandsindikatorar 169
8.7.1 Avbrot, driftsforstyrringar og uønskte hendingar 169
8.7.2 Tilstanden for krafttransformatorar i Noreg 170
8.7.3 Kraftforsyninga tilpassar seg klimavariasjonar 170

8.7.4 Energi- og driftssikkerheit 172
8.8 Tilsyn og øvingar 172
8.9 IKT-sikkerheit i kraftforsyninga ... 174
8.10 Risiko- og sårbarheitsanalyse 174
8.11 Tiltak for å redusere risiko og sårbarheit 175
8.12 Tilstanden i fjernvarme-forsyninga 176

9 Status for kraftsituasjonen og perspektiva framover 178
9.1 Status og perspektiv for den norske kraftsituasjonen 178
9.1.1 Kraftsituasjonen i 2024 og 2025 178
9.1.2 Kortsiktig utvikling i kraftsystemet 178
9.1.3 Langsiktig utvikling i kraftbalanse, produksjons- og forbruksvekst 179
9.1.4 NVEs scenarioanalysar av kraftsystemet 180

10 Arbeid for meir effektiv energibruk 183
10.1 Verkemiddel retta mot energibruk i bygg 183
10.2 Verkemiddel retta mot industri, næringsliv og det offentlege 184
10.3 Status for energi-effektiviseringsmåla 185
10.3.1 Mål om 10 TWh redusert straumforbruk i den totale bygningsmassen 185
10.3.2 Mål om 30 prosent forbetring i energiintensiteten 186

11 Likestilling og mangfald 187
11.1 Likestilling i Energidepartementet 187
11.2 Arbeidet med å oppfylle aktivitetsplikta 188
11.2.1 Rekruttering 188
11.2.2 Tilrettelegging 188
11.2.3 Balanse mellom jobb og fritid 188
11.2.4 Lønns- og arbeidsvilkår 189
11.2.5 Forfremming og utvikling 189
11.2.6 Arbeidsmiljø 189

12 Tilsettingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak og aksjeselskap under Energidepartementet 190
12.1 Gassnova SF 190
12.2 Statnett SF 190
12.3 Gassco AS 190

Forslag 192

Vedlegg
1 Vedtak fra tidlegare år som gjeld utan tidsavgrensing 197

Tabelloversikt

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer 23
Tabell 4.1 Hovudtal for Statnett SF 98
Tabell 4.2 Omsetning frå fornybar energi, CO_2-handtering og hydrogen 102
Tabell 4.3 Omsetning frå petroleums-næringa 102
Tabell 4.4 Oversikt over sentrale strategiar og verkemiddel-aktørar 104
Tabell 4.5 Kostnadsramme for Langskip 115
Tabell 4.6 Oversikt over løyving, tilsegnsfullmakt, aktivitets- og tilsegnsramme 117
Tabell 4.7 Verkemiddel i Energi21-strategien 120
Tabell 4.8 Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) 121
Tabell 4.9 Verkemiddel i OG21-strategien 123
Tabell 4.10 Forskingssenter for petroleum 123
Tabell 4.11 Internasjonale forskings-samarbeid og deltaking i internasjonale felles-utlysingar 125
Tabell 4.12 Finansiering av forsking og utvikling gjennom Forskingsrådet i 2024 126
Tabell 4.13 Tildelingar til energiforsking i 2024 127
Tabell 5.1 Investeringsanslag, prosjekt under utbygging per 1. september 2025 143
Tabell 5.2 Investeringsanslag, prosjekt som er ferdigstilte etter 1. august 2024 143
Tabell 11.1 Tilstanden for kjønns-likestilling per 31.12.2024, samanlikna med 31.12.2023 187
Tabell 11.2 Kjønnsbalanse og arbeids-vilkår per 31.12.2024 188

Figuroversikt

Figur 4.1 Tildelingar frå CLIMIT-Demo 112
Figur 4.2 Verkemiddel for forsking, utvikling og innovasjon på energiområdet 119
Figur 4.3 Aktive prosjekt innanfor miljøvennleg energiforsking fordelte på tema 128
Figur 4.4 Aktive prosjekt innanfor petroleumsforsking fordelte på tema 129
Figur 6.1 Klimagass-, NOx- og nmVOC-utslepp i 2004, 2014 og 2024 146
Figur 6.2 Utslepp per produsert eining av olje og kondensat levert til Europa (Rotterdam) 147
Figur 6.3 Utslepp per produsert eining av røyrgas og LNG levert til den europeiske marknaden (røyrgass der ikke anna er nemd) 148
Figur 6.4 Anslag for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda 155
Figur 8.1 Leveringspålitelegheit i perioden 2015–2024. 169
Figur 8.2 Uønskte hendingar totalt 2018–2024 171
Figur 8.3 Talet på avvik funne etter kontrollar i form av revisjonar og spørjeundersøkingar, fordelte på ulike regelverkskrav 173
Figur 9.1 Andel null- og minusprisar i utvalde prisområde i 2024 (venstre) og andel nullprisar i NVEs langsiktige kraftmarknads-analyse frå 2025 i ulike modellår og område (høgre) 179
Figur 9.2 Framskrivinga av forbruk og produksjon i Noreg i LA25 og LA23 179
Figur 9.3 Prognose i LA25 for utviklinga i kraftbalansen for dei ulike prisområda 180
Figur 9.4 Historiske prisar og NVEs basisscenario med utfallsrom 181

Oversikt over boksar

Boks 1.1 Forslag til løyvingar til forvaltning av petroleums- og havbotn-mineralressursar 13
Boks 1.2 Forslag til løyvingar til sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleums-verksemda og anna industri-verksemd til havs 14
Boks 1.3 Forslag til løyvingar til forvaltning av energi- og vassressursane 16
Boks 1.4 Forslag til løyvingar til stønads- og overføringsordningar på energiområdet 16
Boks 1.5 Forslag til løyvingar til flaum- og skredførebygging 17
Boks 1.6 Forslag til løyvingar til energi-effektivisering og -omlegging 17
Boks 1.7 Forslag til løyving og tilsegns-fullmakt til Noregs forskingsråd 18
Boks 1.8 Forslag til løyvingar til CO_2-handtering 19
Boks 1.9 Forslag til løyvingar til havvind 20
Boks 4.1 Prosjekteksempel frå CLIMIT-Demo: innebygd fangstteknologi og korrosjons-risiko i røyrleidningar 112
Boks 4.2 Omgrep 116
Boks 4.3 Effektstudien av energi-forskinga 128
Boks 4.4 Prosjekteksempel: robotisert vedlikehaldsarbeid 129
Boks 8.1 Vêrhendingar er framleis den viktigaste årsaka til utfall i kraftsystemet 171
Boks 8.2 Ein skjerpa sikkerheitspolitisk situasjon 175

DET KONGELEGE
ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 1800, 1810, 1820, 1825, 1850 og 1860

Inntektskapittel: 4800, 4810, 4820, 4860 og 5582

Tilråding frå Energidepartementet 26. september 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

Del I
Innleiande del

1 Energipolitikken til regjeringa

Regjeringa vil føre ein politikk som bidrar til å skape verdiar, styrke norsk konkurransekraft og legge grunnlaget for lønnsame og attraktive arbeidsplassar i heile Noreg. Politikken skal fremme trygg tilgang på rikeleg og rimeleg energi for både folk og næringsliv. Å vareta samfunnssikkerheit og nasjonal sikkerheit på kontinentalsokkelen og i kraftforsyninga er ei prioritert oppgåve for regjeringa.

Etter fleire år med ein ekstraordinær situasjon i dei europeiske energimarknadene har straumprisane gått vesentleg ned. Prisane er likevel høgare i dei sørlege prisområda for straum i Noreg og meir variable enn før. Regjeringa har lagt stor vekt på å skjerme folk mot høge straumkostnader gjennom ei god straumstønadsordning. Med innføringa av Noregspris 1. oktober 2025 blir straumrekningane enda meir føreseielege.

Regjeringa har også innført tiltak for å få ned nettleiga. Frå 1. oktober 2025 er elavgifta redusert. I statsbudsjettet for 2026 foreslår regjeringa å redusere elavgifta ytterlegere. Samtidig blir det brukt flaskehalsinntekter til å halde nettleiga nede i område med høge kraftprisar.

Regjeringa vil føre ein politikk som legg til rette for at tilgang på rikeleg, rein og rimeleg kraft kan vere eit konkurransefortrinn for norsk industri og eit gode for norske forbrukarar også i framtida. Noreg har i dag god forsyningssikkerheit, og i år med normale vêrforhold har vi eit kraftoverskot. Regjeringa vil føre dette vidare gjennom å auke tilgangen på fornybar energi, styrke overføringsnettet og arbeide for energieffektivisering.

Tilgang på rimeleg kraft har vore eit viktig konkurransefortrinn for Noreg gjennom heile den moderne historia vår og vil framleis vere ein føresetnad for norsk konkurransekraft. Nye næringsmoglegheiter og behov for å kutte klimagassutslepp skaper behov for meir fornybar kraftproduksjon. Det siste året har investeringane i kraftbransjen auka, og veksten er venta å halde fram i 2026. Energiprosjekt krev ofte store ressursar og har lang leietid og levetid. Det er derfor avgjerande med effektive og gode konsesjonsprosessar, og rammevilkår som er gode, stabile og føreseielege.

Norsk sokkel skal utviklast, ikkje avviklast. Petroleumssektoren er den mest inntektsbringande i Noreg og er også viktig for verdiskaping, velferd og sysselsetting. Noreg er den største leverandøren av olje og gass til Europa og bidrar til energisikkerheit i EU og Storbritannia. I 2024 nådde gasseksporten frå Noreg eit rekordnivå. Regjeringa har som mål at Noreg framleis skal vere ein stabil og langsiktig leverandør av olje og gass til Europa. Aktivitetsnivået i petroleumssektoren har vore stabilt høgt over fleire år. Gjennom stabile rammevilkår, jamleg tildeling av nye leiteløyve og tilgang til nytt areal vil regjeringa bidra til å halde oppe leiteaktiviteten og dempe den venta nedgangen i petroleumsproduksjonen på norsk sokkel.

Regjeringa legg til rette for nye næringar som kan bidra til energiomstillinga, og satsar derfor på havvind og CO_2-handtering. I 2024 blei den første auksjonen for prosjektområde for havvind på norsk kontinentalsokkel gjennomført, da Sørlege Nordsjø II blei tildelt Ventyr. I 2025 lyste regjeringa ut Utsira Nord, som består av tre prosjektområde på 500 MW kvar. Søknadsfristen var 15. september 2025, og departementet fekk inn to søknader.

Noreg har ein leiande posisjon internasjonalt innanfor CO_2-handtering, og regjeringa har sett i verk eit breitt spekter av aktivitetar og tiltak for å fremme utviklinga på området. Med Langskip i drift demonstrerer Noreg ei komplett verdikjede frå fangst via transport til lagring. Prosjektet inneber etablering av ein operativ infrastruktur for CO_2-lagring, som allereie er tilgjengeleg for industriverksemd i både Noreg og Europa.

Ei berekraftig, forsvarleg og lønnsam havbotnmineralverksemd kan føre til ei ny og viktig havnæring for Noreg og samtidig bidra til å sikre forsyninga av viktige metall. Regjeringa vil følge opp forvaltningsstrategien som blei vedtatt i Stortinget i 2024.

Regjeringa vil bidra til å utvikle dei samla energiressursane våre, slik at Noreg kan bidra aktivt til og dra nytte av den globale energiomstillinga. Utviklinga av nye næringar som havvind, havbotnmineral og CO_2-handtering kan bygge på

og vidareutvikle kompetanse frå dei etablerte næringane. Noreg har gode føresetnader for å lykkast i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn samtidig som vi vidareutviklar eksisterande industri og etablerer nye næringar og ny industri på ein måte som kjem heile landet til gode.

EØS-avtalen ligg til grunn for arbeidet til regjeringa. Noreg er del av EUs indre energimarknad gjennom EØS-avtalen, og behandling og vurdering av nye EU-reglar er ei viktig oppgåve. Regjeringa arbeider for å påverke utviklinga av nye EU-reglar i ein tidleg fase og vere ein aktiv deltakar i det europeiske ordskiftet. Når nye EU-reglar er vedtatt i Brussel, er det viktig å vurdere konsekvensane for Noreg og behovet for eventuelle tilpassingar i ein EØS-samanheng.

1.1 Petroleum m.m.

Petroleum

Hovudmålet for petroleumspolitikken er å legge til rette for lønnsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv. Ressursforvaltninga skal gi Noreg inntekter og bidra til å sikre sysselsetting og velferd for noverande og framtidige generasjonar. Regjeringa vil halde fram med å utvikle petroleumspolitikken og legge til rette for at norsk kontinentalsokkel framleis skal vere ein stabil og langsiktig leverandør av olje og gass til Europa og verda elles.

Ein aktiv leitepolitikk vil bidra til dette. Tilgang på nye leiteområde er nødvendig for å gjere nye funn og halde oppe verdiskaping, sysselsetting og statlege inntekter på lang sikt. Regjeringa vil føre vidare konsesjonssystemet. Det skal framleis tildelast løyve til å leite etter olje og gass gjennom den årlege konsesjonsrunden med tildeling i førehandsdefinerte område (TFO). Dette gir næringa tilgang på nye og attraktive leiteareal. Departementet har starta førebuingane til den 26. konsesjonsrunden ved at Sokkeldirektoratet gjennomfører ein nominasjonsprosess. Alle konsesjonsrundar skal gjennomførast innanfor rammene i forvaltningsplanane for norske havområde.

Sentralt for å nå måla i petroleumspolitikken er å oppretthalde eit føreseieleg, effektivt og heilskapleg rammeverk som er basert på kunnskap og fakta. Det er avgjerande å ha eit mangfald av rettshavarar som kan og vil hente ut verdiane i bakken på ein sikker og effektiv måte.

Petroleumsressursane skal forvaltast innanfor forsvarlege rammer når det gjeld helse, miljø og sikkerheit. Regjeringa vil legge til rette for at norsk petroleumsindustri framleis skal vere leiande også innanfor helse, miljø og sikkerheit. Rolla som petroleumsprodusent skal utøvast i tråd med måla i klima- og miljøpolitikken. Regjeringa skal – i samarbeid med næringa – jobbe for å redusere utsleppa frå olje- og gassproduksjonen på norsk sokkel ytterlegare. Det blir gitt ei årleg statusoppdatering for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda, jf. kapittel 6.3 Status for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda i del III av proposisjonen.

Det skal leggast til rette for god sameksistens på havet, der både olje- og gassverksemda og andre havnæringar blir vidareutvikla.

I 2024 blei det produsert totalt 241 millionar Sm^3 o.e.[1], noko som svarer til i overkant av 4 millionar fat o.e. per dag. Oljeproduksjonen i Noreg er i dag vesentleg lågare enn for 20 år sidan, medan den norske gassproduksjonen no er på platå. Det har aldri tidlegare blitt levert så mykje gass frå norsk kontinentalsokkel som i 2024. Totalt blei det produsert og selt om lag 124 milliardar standard kubikkmeter (Sm^3) gass, ein auke på rundt 7 prosent frå 2023.

Petroleumsressursane tilhøyrer fellesskapen, og verksemda er viktig for finansieringa av velferdsstaten. Innteninga frå kontinentalsokkelen har vore på særleg høge nivå dei seinaste åra. Netto kontantstraum til staten frå petroleumsverksemda i 2024 var 702 milliardar kroner. I 2025 er det anslått at han vil vere på 664 milliardar kroner, medan anslaget for 2026 er 521 milliardar kroner.

Felta i Noreg dekker om lag 2–3 prosent av olje- og gassbruken i verda og 30 prosent av den samla gassbruken i EU og Storbritannia. Etter at mesteparten av dei russiske gassleveransane til Europa gjennom røyrleidningar har falle bort, har norsk gass blitt enda viktigare for energiforsyninga i EU og Storbritannia.

Petroleumsverksemda er Noregs største næring målt i verdiskaping, statlege inntekter, investeringar og eksportverdi. Det har ho vore dei siste tiåra, og det vil ho truleg vere i mange år framover også. I 2024 stod petroleumsverksemda for rundt 22 prosent av all verdiskaping i landet og 48 prosent av eksportverdiane.

Den samla etterspørselen frå petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel mot fastlandsnæringane ligg på eit høgt nivå og bidrar til økonomisk aktivitet og sysselsetting over heile landet. I 2024 stod petroleumsverksemda for 22 prosent av dei totale investeringane i produksjonskapital i Noreg. Både utbygging og drift har store ringverknader på fastlandet. Menon Economics

[1] Standard kubikkmeter oljeekvivalentar.

(2025) har berekna den totale sysselsettinga knytt til næringa i 2023. I overkant av 210 000 personar busette over heile landet var direkte eller indirekte tilknytte næringa.

Regjeringa har lagt fram sin politikk for å vidareutvikle norsk petroleumsindustri i Meld. St. 11 (2021–2022) og Prop. 97 S (2022–2023). Hovudmålet er å legge til rette for lønnsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv. Vidareutviklinga av petroleumssektoren vil bidra til å styrke norsk næringsliv og den industrielle utviklinga i landet. I forvaltninga skal det takast nødvendige omsyn til det ytre miljøet, distriktspolitiske interesser og anna verksemd. Energimarknadene går gjennom store endringar på både kort og lang sikt. Norsk petroleumsnæring, som ei høgkompetent og teknologitung næring, er godt rusta til å handtere endringane vi no står overfor. Regjeringa vil legge til rette for eit stabilt aktivitetsnivå i olje- og gassverksemda på norsk sokkel.

Forvaltning av havbotnmineralressursar

Hovudmålet for forvaltninga av norske havbotnmineralressursar er å legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen i samsvar med samfunnsmessige mål, slik at omsynet til verdiskaping, miljø, sikkerheit ved verksemda, anna næringsverksemd og andre interesser blir varetatt. Noreg vil ha ei stegvis, forsvarleg og kunnskapsbasert utvikling av mineralverksemda på norsk kontinentalsokkel. Det skal takast omsyn til miljø og sikkerheit i alle fasar av verksemda.

Det er eit aukande globalt behov for utvinning av mineral for å sikre tilgangen på nødvendige metall. Havbotnmineral kan bli ei ny kjelde til å diversifisere tilgangen på metall som verda vil trenge framover, og norske ressursar kan bli ei kjelde til ny utvinning av mineral i Vesten.

Departementet vil følge opp strategien for utvikling av ei havbotnmineralnæring i Meld. St. 25 (2022–2023) *Mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel – opning av areal og strategi for forvaltning av ressursane*, jf. Innst. 162 S (2023–2024). Det inkluderer å vidareføre statleg ressurs- og miljøkartlegging og å utvikle eit heilskapleg rammeverk for havbotnmineralverksemd. For tildeling av utvinningsløyve vil departementet legge ei stegvis og kunnskapsbasert tilnærming til grunn. Departementet har fastsett forskrifter under havbotnminerallova som tredde i kraft 1. september 2025. Departementet har også hatt forslag til utlysing av areal på offentleg høyring.

Boks 1.1 Forslag til løyvingar til forvaltning av petroleums- og havbotnmineralressursar

Energidepartementet foreslår å løyve 709,6 millionar kroner til Sokkeldirektoratet. Direktoratet har som hovudmål å bidra til størst mogleg verdi for samfunnet frå petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel, gjennom ei effektiv og forsvarleg ressursforvaltning som tek omsyn til helse, miljø, sikkerheit, utslepp av klimagassar og andre brukarar av havet. Direktoratet har òg ansvar for forvaltning av undersjøiske reservoar for lagring av CO_2 og havbotnmineralressursar. Løyvingane omfattar i hovudsak:

- 454,6 millionar kroner til drift av Sokkeldirektoratet. Midlane skal dekke den ordinære verksemda knytt til direktoratets samla ansvarsområde, inkludert forvaltning av petroleumsressursar, CO_2-lagring og havbotnmineral.
- 165 millionar kroner til studiar, analysar og kartleggingar av petroleums- og mineralressursane på havbotnen på norsk kontinentalsokkel. Det er behov for meir kunnskap om mineralressursane, og natur- og miljøforhold i djuphavet i alle delar av kontinentalsokkelen. Vidare er det behov for å kartlegge regionale og lokale straumforhold.
- 40 millionar kroner til Sokkeldirektoratets digitaliseringsprogram. Programmet omfattar etablering av ny arkitektur, deling av data og forbetring og vidareutvikling av prosessar og funksjonalitet som skal betre samhandlinga internt og overfor næringa.

1.2 Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs

Regjeringa har som ambisjon at norsk petroleumsverksemd skal vere verdsleiande innanfor helse, miljø og sikkerheit (HMS). Denne ambisjonen gjeld også for dei nye industrinæringane på kontinentalsokkelen.

Departementet vil gjennom etatsstyringa av Havindustritilsynet, og ved gjennomføring av konsesjonsrundar og godkjenning av utbyggingsplanar, arbeide for aktiv oppfølging av næringa og bidra til å halde oppe eit høgt HMS-nivå på norsk sokkel. Departementet vil også legge vekt på at Havindustritilsynet, i samarbeid med næringa, held fram med å legge til rette for eit godt partssamarbeid og for kunnskapsutvikling og dokumentasjon av HMS-arbeidet i petroleumsnæringa.

Det er ei prioritert oppgåve for regjeringa å vareta samfunnssikkerheit og nasjonal sikkerheit på kontinentalsokkelen. Både myndigheitene og næringa følger med på utviklinga i risiko- og trusselbiletet. Myndigheitene forventar at næringa følger opp og tilpassar sikringstiltak og beredskap til det risikobiletet som til kvar tid gjeld, i tråd med regelverket.

Samarbeidet mellom næringa og relevante myndigheiter er styrkt dei siste åra, og det er lagt til rette for betre samhandling mellom nasjonale myndigheiter. Noreg har også styrkt samarbeidet med andre land.

Sikkerheits- og beredskapsarbeid og arbeidet med oppfølging av sikkerheitslova er mellom anna omtalt i kapittel 7 Sikkerheit- og beredskapsarbeid i del III av proposisjonen.

Boks 1.2 Forslag til løyvingar til sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs

Energidepartementet foreslår å løyve 415,3 millionar kroner til Havindustritilsynet for å sikre at tilsynet kan utøve sitt ansvar for å følge opp arbeidsmiljø, sikkerheit, beredskap og sikring i petroleumsverksemda og annan industriverksemd til havs.

1.3 Energi og vassressursar

Energi- og vassressurspolitikken skal legge til rette for ei effektiv, sikker og miljøvennleg energiforsyning. Det inneber lønnsam utbygging av fornybar energi og nett, effektiv bruk av energi, ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassressursane og forbetring av evna til å handtere flaum- og skredrisiko.

Sikker tilgang på kraft er avgjerande for verdiskaping og velferd og nødvendig for dei fleste samfunnsfunksjonar. Etter ein periode med ein ekstraordinær situasjon i dei europeiske energimarknadene har kraftprisane gått betydeleg ned frå dei rekordhøge nivåa i 2022. Regjeringa har lagt stor vekt på å skjerme folk mot høge straumkostnader gjennom ei god straumstønadsordning. Med innføringa av Noregspris på straum og fjernvarme 1. oktober 2025 blir straum- og fjernvarmerekningane enda meir føreseielege.

Noreg har store energiressursar og god tilgang på fornybar energi, særleg i form av vasskraft og vindkraft. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) vurderer kraftoverskotet i dag til å vere om lag 18 TWh[2] i eit år med normale vêrforhold. Det er venta at kraftoverskotet vil bli mindre i åra framover, men at kraftbalansen vil halde seg positiv.

Den store andelen fornybar energi gir låge utslepp av klimagassar. Noreg har dermed eit anna utgangspunkt enn land som må erstatte fossil kraft med fornybar energi. Noreg har ein stor kraftintensiv industri, og vi nyttar elektrisitet til oppvarming av bygg i større grad enn andre land gjer. Dei seinare åra har elektrisitet også blitt tatt i bruk i nye sektorar og på nye område. I transportsektoren speler elektrisitet ei stadig viktigare rolle. Elektrifisering og utvikling av industri kan innebere at det raskt blir etablert nytt, stort forbruk i ulike delar av landet. Det er også forventa at det kan komme datasenter med eit stort kraftbehov.

Det er nødvendig å styrke arbeidet med dei langsiktige utfordringane i norsk kraftforsyning. Regjeringa vil føre ein energipolitikk som bygger på at tilgang på rikeleg med fornybar energi skal vere eit gode for norske forbrukarar og eit konkurransefortrinn for norsk industri og gi grunnlag for industriutvikling og verdiskaping i åra framover. For å lykkast med det treng vi meir fornybar

[2] Terawattime er ei eining for å måle elektrisk energi, særleg store mengder. Éin terawattime (TWh) svarar til éin milliard kilowattimar (kWh), som er den eininga straumen blir målt i.

kraftproduksjon, raskare utbyggingstakt for nett og meir energieffektivisering. Energiprosjekt krev ofte store ressursar og har lang leietid og levetid. Det er derfor avgjerande med effektive og gode konsesjonsprosessar, og rammevilkår som er gode, stabile og føreseielege. Ressursane til behandling av konsesjonar er vesentleg styrkte, og NVE gjer eit viktig arbeid med å bidra til digitalisering og effektivisering av prosessane. Ei raskare utvikling av nettet krev eit nært samarbeid mellom myndigheitene, nettselskapa og andre aktørar.

Det er utfordrande at det ofte tar lang tid å etablere ny produksjon og nytt nett. Etablering av energianlegg inneber ofte interessekonfliktar og er underlagd eit omfattande regelverk som skal sikre mange ulike omsyn. Det fører til lang saksbehandling og dermed lang leietid. Regjeringa er opptatt av å korte ned tidsbruken der det er mogleg, samtidig som vedtaka må vere forsvarlege og stå seg over tid.

Sidan det tar tid å etablere nye nettanlegg, er det viktig å utnytte kapasiteten i det eksisterande straumnettet best mogleg. Regjeringa har gjennomført handlingsplanen for raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet. Nettselskapa arbeider også med å betre nettdrifta og auke fleksibiliteten for å utnytte nettet meir effektivt. Regjeringa har god dialog med nettselskapa om dette arbeidet.

Det er framleis store moglegheiter for å bygge ut fornybar kraftproduksjon i Noreg. Regjeringa vil i konsesjonsbehandlinga – gjennom gode vurderingar av lønnsemd og verknader for miljø og andre viktige samfunnsinteresser – legge til rette for nytt nett og ny fornybar kraftproduksjon. Dei fornybare energiressursane våre skal forvaltast slik at dei kjem lokalsamfunn, heile landet og framtidige generasjonar til gode.

Den regulerbare vasskrafta vil spele ei stadig viktigare rolle etter som behovet for regulerbar og fleksibel kraftproduksjon aukar i åra framover. Regjeringa vil legge til rette for ei forsvarleg utnytting av det attverande potensialet for ny vasskraft. I konsesjonsbehandlinga av ny vasskraft skal det leggast vekt på evna til å produsere når etterspørselen er størst. Samtidig vil regjeringa legge til rette for miljøforbetringar i allereie utbygde vassdrag. Miljøforbetringane må vegast opp mot tapt kraftproduksjon og reguleringsevne.

Regjeringa har sendt på høyring eit forslag om å redusere den nedre grensa i grunnrenteskatten og naturressursskatten for vasskraftverk til 1 500 kVA[3]. Det er lagt opp til at endringa skal tre i kraft frå 1. januar 2027. Grunnrenteskatten på vasskraft er utforma slik at han verkar nøytralt på investeringsinsentiva. Vasskraftverk med installert merkeyting under 10 000 kVA er i dag fritatt for grunnrenteskatt. Dagens grense gir selskapa insentiv til å installere lågare yting i kraftverka eller dele vassressursar mellom fleire kraftverk for å sleppe skatt. Gjennomførte utbyggingar viser at selskapa aktivt gjer slike skattemessige tilpassingar, noko som fører til at samfunnet går glipp av verdifull fornybar kraftproduksjon. Det blir vist til omtale i Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026* kapittel 24.

Noreg har svært gode vindressursar, og vindkraft på land er i dag blant dei teknologiane som har lågast utbyggingskostnad. Regjeringa vil legge til rette for ei langsiktig utvikling av lønnsam vindkraft og har styrkt kommunane si rolle i prosessen når det gjeld vindkraft på land. Lokalsamfunn som stiller naturressursane sine til disposisjon for utbygging, skal ha ein føreseieleg del av verdiskapinga. Regjeringa vil også legge til rette for solkraft og har innført ei delingsordning tilpassa næringsområde der fleire kan dele på straumen som blir produsert. Det er vidare vedtatt at solkraftverk under 10 MW[4] ikkje er konsesjonspliktige og berre underlagde kommunal behandling.

Regjeringa er i gang med å greie ut ei ordning for forskottering av inntekter frå avgift på vindkraft til vertskommunane. Vertskommunane får betydelege inntekter frå vindkraft, mellom anna gjennom produksjonsavgift og eigedomsskatt. Men desse inntektene kjem først fleire år etter at kommunane har stilt seg positive til utbygging av vindkraft. Formålet med ordninga er å medverke til lokal aksept for utbygging av vindkraft på land.

I tillegg til vindkraft på land satsar regjeringa på havvind for å auke den fornybare kraftproduksjonen i Noreg. Det første prosjektområdet for havvind på norsk kontinentalsokkel blei tildelt våren 2024. I 2025 blei prosjektområde til flytande havvind i Utsira Nord lyst ut og departementet fekk inn to søknader. Prosjekta vil bli kopla til Fastlands-Noreg og gi meir fornybar kraft i Sør-Noreg.

Regjeringa har styrkt arbeidet med energieffektivisering betydeleg. Handlingsplanen som regjeringa la fram hausten 2023, presenterte fleire verkemiddel som vil bidra til å utløyse meir

[3] kilovolt-ampere er ei eining som måler tilsynelatande effekt, noko som representerer den totale elektriske krafta som er tilgjengeleg i kraftverk.

[4] Megawatt er ei måleeining for effekt, produksjonskapasiteten til et anlegg eller kraftverk.

Boks 1.3 Forslag til løyvingar til forvaltning av energi- og vassressursane

Energidepartementet foreslår å løyve om lag 1 308 millionar kroner til energimyndigheitene og forvaltninga deira av energi- og vassressursane. Løyvingane omfattar i hovudsak

- 1 031,8 millionar kroner til drift av Noregs vassdrags- og energidirektorat, som har ansvar for forvaltning av dei innanlandske energi- og vassressursane og for å vareta statlege oppgåver innanfor førebygging av flaum- og skredskadar.
- 96,3 millionar kroner til Reguleringsmyndigheita for energi, som skal fremme ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem.
- 70 millionar kroner til digitaliseringsprogrammet i NVE, som omfattar oppgradering og vidareutvikling av IKT-systema, inkludert digitalisering av arbeidsprosessar for å effektivisere konsesjonsbehandlinga og digitalisering innanfor analyse- og naturfareområdet.
- 40,5 millionar kroner til utvikling av forvaltningskompetanse, kvalitet og regelverk i NVE, og til forbetring av analysar og utvikling av kraftmarknadsmodellar og IKT-sikkerheit i kraftforsyninga.

energieffektivisering, inkludert særskilde krav og målretta informasjonstiltak. Verkemidla i handlingsplanen er i all hovudsak gjennomførte eller blir følgde opp gjennom løpande oppgåver. Energieffektiviseringstiltak kan bidra til å redusere maksimalbelastninga i nettet og dermed behovet for nettutbyggingar. Det er viktig for å unngå kostnader og unødige naturinngrep. Regjeringa vil arbeide for eit betre samspel mellom kraftsystemet, fjernvarmesystemet og moglegheitene for fleksibilitet i bruken av energi.

Kraftoverskotet i Noreg gir eit godt utgangspunkt for å ta i bruk den fornybare krafta til elektrifisering av samfunnet, men vi treng likevel meir ny kraft framover. Eit høgare kraftforbruk enn i dag vil måtte dekkast også i periodar der vêrforholda i Noreg og Norden gir lågare vind- og vasskraftproduksjon enn normalt. Det er derfor viktig at elektrifiseringa skjer på ein måte som ikkje utfordrar forsyningssikkerheita eller påfører kraftforsyninga og forbrukarane for store kostnader.

Samtidig med godkjenninga av Snøhvit Future-prosjektet lanserte regjeringa ein ambisjon om betydeleg utbygging av kraftproduksjon og nett i Finnmark. Manglande kapasitet i straumnettet kan hindre vekst og utvikling i fylket, særleg i Aust-Finnmark. Regjeringa prioriterer framleis å følge opp utviklinga av kraftinfrastruktur i regionen. Konsesjonen til kraftleidningen Skaidi-Lebesby som blei gitt 15. august 2025, er ein viktig milepæl.

Prosjekt for nett og kraft skal ikkje gå utover rettane reindrifta har etter artikkel 27 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar. Dette er eit heilt sentralt spørsmål i konsesjonsbehandlinga i område med reindrift.

Stønads- og overføringsordningar på energiområdet

For å gi norske hushald føreseielege straumutgifter i ei tid med volatile og tidvis svært høge straumprisar, har regjeringa ført vidare straumstønadsordninga for hushald og burettslag med ein terskelverdi på 77 øre per kWh (prisomrekna) ekslusiv meirverdiavgift.

Boks 1.4 Forslag til løyvingar til stønads- og overføringsordningar på energiområdet

Energidepartementet foreslår å løyve om lag 11 900 millionar kroner til stønads- og overføringsordningar, fordelte slik:

- 9 100 millionar kroner til Noregspris for straum.
- 1 900 millionar kroner til å føre vidare straumstønadsordninga for hushald.
- 500 millionar kroner til Noregspris for fjernvarme.
- 360 millionar kroner til fordeling av inntektene frå avgifta på landbasert vindkraft til vertskommunane.
- 39,5 millionar kroner til straumstønadsordningar for fjernvarme- og nærvarmeanlegg.

Regjeringa har også lagt fram forslag om Noregspris for hushald som bruker straum og fjernvarme, som ei valfri ordning i staden for straumstønad. Regjeringa foreslår, i tråd med Stortingets vedtak, ein Noregspris på 40 øre per kWh eksklusiv meirverdiavgift som ei statleg finansiert ordning.

Regjeringa foreslår også at inntekter frå avgift på landbasert vindkraft skal overførast til vertskommunane. For 2025 er avgiftssatsen 2,37 øre per kWh, og inntektene frå avgifta blir fordelte til vertskommunane året etter at avgifta er innbetalt.

Flaum- og skredførebygging

Flaum- og skredhendingar fører til store kostnader i form av helseskadar, tap av liv og materielle skadar på eigedom, infrastruktur og miljø. Dei siste åra har Noreg opplevd fleire flaum- og skredhendingar med omfattande skadar. Farekartlegging har avdekt fleire fareområde og bidratt til større merksemd i samfunnet om risikoen slike hendingar utgjer. Klimaendringar vil gi meir ekstremvêr og fleire flaum- og skredhendingar.

Våren 2024 la regjeringa fram Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred,* jf. Innst. 123 S (2024–2025). Regjeringa vil styrke det førebyggande arbeidet for å auke sikkerheita for folk, med tiltak innanfor kartlegging, arealplanlegging, sikring, overvaking og varsling. NVE hjelper kommunane med å førebygge flaum- og skredskadar.

Boks 1.5 Forslag til løyvingar til flaum- og skredførebygging

I tillegg til driftsløyvingar til forvaltningsoppgåvene NVE har innanfor førebygging av flaum- og skredskadar, foreslår Energidepartementet å løyve 782 millionar kroner til sikringstiltak og andre førebyggande tiltak mot flaum- og skredskadar, fordelte slik:

- 570 millionar kroner til gjennomføring av sikringstiltak og kartlegging av flaum- og skredfare.
- 150 millionar kroner til krise- og hastetiltak etter flaum- og skredhendingar, inkludert oppfølging av ekstremvêret Hans. I tillegg foreslår departementet ei bestillingsfullmakt på 350 millionar kroner, der 300 millionar kroner skal dekke gjennomføringa av hastetiltaka i Nesbyen sentrum etter ekstremvêret Hans.
- 62 millionar kroner til drift og investeringar i det hydrologiske stasjonsnettet og til fjellskredovervaking av ustabile fjellparti.

Boks 1.6 Forslag til løyvingar til energieffektivisering og -omlegging

Energidepartementet foreslår å løyve 1 614 millionar kroner til energieffektivisering og -omlegging. Midlane omfattar mellom anna:

- 1 300 millionar kroner i samla overføring til Klima- og energifondet, inkludert 690 millionar kroner i inntekter frå påslaget på nettariffen. Klima- og energifondet blir forvalta av Enova SF. Av den samla overføringa skal om lag 600 millionar kroner nyttast til energieffektivisering i hushaldssektoren.
- 300 millionar kroner til Husbankens tilskotsordning for energitiltak i kommunale bygg, som skal bidra til gjennomføring av energieffektiviseringstiltak i utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar. I tillegg foreslår departementet ei tilsegnsfullmakt på 150 mill. kroner, som følge av at det tar tid å fullføre tiltak det blir gitt tilsegn om.

Energieffektivisering og energiomlegging

Energieffektivisering er viktig for å redusere veksten i energiforbruket. Verknaden er ofte størst om vinteren, når behovet for kraft er størst. Energieffektivisering og fleksibelt elektrisitetsforbruk som reduserer forbrukstoppane, kan over tid føre til lågare investeringsbehov i straumnettet. Det kan også dempe behovet for andre tiltak for å sikre effektbalansen delar av året.

Regjeringa har styrkt arbeidet med energieffektivisering betydeleg og la hausten 2023 fram ein handlingsplan som set retninga for korleis myndigheiter og andre skal jobbe med energieffektivisering. Tiltaka i handlingsplanen er i hovudsak gjennomførte eller blir følgde opp gjennom løpande oppgåver.

1.4 Klima, industri og teknologi

Energi har lenge vore sentral for norsk verdiskaping – som grunnlag for kraftkrevjande industri

og utviklinga av ein petroleumsindustri, med store ringverknader på land. Desse næringane speler ei sentral rolle i overgangen til lågutsleppssamfunnet.

Kampen mot klimaendringane aukar etterspørselen etter og verdien av løysingar som kan bidra til lågare klimagassutslepp. Noreg har industriell, teknologisk og vitskapleg kompetanse, store fornybarressursar, infrastruktur og erfaring frå produksjon og foredling av energi. Dette gir Noreg og norske aktørar eit godt utgangspunkt for å gripe moglegheitene omstillinga til lågutsleppsamfunnet gir.

Regjeringa fører ein ambisiøs politikk for utsleppsreduksjonar, grøn vekst, arbeidsplassar og verdiskaping i heile landet. Det er sett ambisiøse klimamål for 2030, 2035 og 2050. Overgangen til lågutsleppssamfunnet krev forsking og teknologiutvikling, effektiv ressursbruk, tilgang på kapital og andre sentrale innsatsfaktorar, og føreseielege rammevilkår. Energiomstillinga er eit langsiktig arbeid der staten og næringslivet må spele på lag. Regjeringa legg til rette for nye næringar som havvind og CO_2-handtering. Dette er næringar der Noreg har gode føresetnader for industriutvikling, fornybar kraftproduksjon og utsleppsreduksjonar.

Energi – eksport, forsking og utvikling

Det har over mange år vore satsa store offentlege ressursar på å utvikle ny kunnskap, ny teknologi og nye løysingar for å auke verdiskapinga og redusere klimagassutsleppa frå energi- og petroleumsverksemda. Denne langsiktige satsinga har vore viktig for utviklinga av energi- og petroleumsnæringa i Noreg. Den langsiktige og omfattande satsinga på forsking og utvikling innanfor energi og petroleum har resultert i internasjonalt konkurransedyktige bedrifter og forskings- og teknologimiljø i Noreg.

Regjeringa vil halde fram med å satse på energi- og petroleumsforsking mellom anna for å kunne nå måla om reduserte klimagassutslepp i Noreg og for å nå måla om omstilling, nye, grøne næringar og auka eksportinntekter. I tillegg skal satsinga bidra til å utvikle næringane vidare og gjere dei lønnsame også i framtida. Satsinga skal dessutan bidra til å utvikle kunnskapsgrunnlaget om sikkerheit, sikring, arbeidsmiljø, arbeidshelse og risikoforhold i petroleumsnæringa.

Nye næringar baserte på energiressursane

Regjeringa legg til rette for nye næringar som havvind og CO_2-handtering som ein del av omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Eit velfungerande og sikkert kraftsystem er grunnleggande for å møte den aukande overgangen frå fossil energi til elektrisitet og for å legge til rette for ny, grøn industri. Samtidig er det å auke bruken av elektrisk kraft til fleire formål ein viktig del av klimapolitikken. Å nå desse måla og ambisjonane vil krevje betre overføringskapasitet i straumnettet, auka kraftproduksjon og eit kraftsystem som har evne til å møte forbruket i periodar med høg belastning.

CO_2-handtering

Noreg er verdsleiande innanfor industrielle løysingar for CO_2-handtering. Denne teknologien er nødvendig for å nå klimamåla og redusere dei globale klimagassutsleppa på ein kostnadseffektiv måte. Regjeringa vil halde fram med å fremme CO_2-fangst og -lagring som eit viktig klimatiltak internasjonalt.

Langskip er Europas første komplette verdikjede for CO_2-handtering – frå fangst via transport til lagring – og utgjer ein sentral del av regjeringa sin politikk for CO_2-handtering. I august 2025 blei

Boks 1.7 Forslag til løyving og tilsegnsfullmakt til Noregs forskingsråd

Hovuddelen av aktiviteten til Noregs forskingsråd er knytt til finansiering av fleirårige forskingsprosjekt. Aktiviteten i Forskingsrådet omfattar dei samla forpliktingane til å finansiere forskingsprosjekt, enten i inneverande eller i framtidige budsjettår. Dette blir omtalt som aktivitetsramma, og ho må ha dekning i form av løyving eller tilsegnsfullmakt. Sidan prosjekta i hovudsak er fleirårige, er størstedelen av aktiviteten basert på forpliktingar inngått i tidlegare budsjettår.

Energidepartementet foreslår ei løyving på 1 085 millionar kroner og ei tilsegnsfullmakt på 4 155 millionar kroner til Forskingsrådet. Midlane skal nyttast til å vidareføre og styrke forsking og utvikling innanfor energi, petroleum, CO_2-handtering og havbotnmineralutvinning, i tråd med ein samla FoU-strategi for energiområdet.

Forslaget til løyving og tilsegnsfullmakt inneber ei samla tilsegnsramme på 1 340 millionar kroner til nye utlysingar og øyremerkte tilskot i 2026.

dei første voluma med CO_2 injiserte i Northern Lights sitt lager under havbotnen på norsk sokkel. Langskip demonstrerer at CO_2-handtering er både teknisk mogleg og trygt, og legg til rette for læring og kostnadsreduksjonar for etterfølgande prosjekt. Utbygging av fleire anlegg i Europa og globalt vil vere avgjerande for at CO_2-handtering skal utvikle seg til eit effektivt og konkurransedyktig klimatiltak.

Regjeringa vil halde fram med å fremme CO_2-handtering som eit viktig bidrag til å kutte utslepp. I 2024 fekk Gassnova, Enova og Miljødirektoratet i oppdrag frå Energidepartementet og Klima- og miljødepartementet å greie ut mellombelse verkemiddel for å redusere barrierar og marknadssvikt i CCS-verdikjeda. Gassnova har også fått i oppdrag frå Energidepartementet å utarbeide eit vegkart for korleis CO_2-handtering kan bidra til å redusere utslepp frå landbasert industri og avfallsforbrenning fram mot 2050. Desse kunnskapsgrunnlaga blir viktige i utviklinga av regjeringas politikk framover. Regjeringa tar sikte på å legge fram forslag om ei ordning i statsbudsjettet for 2027 som gir rett til eit fast tilskot per tonn CO_2 for negative utslepp, det vil seie fangst av biogene utslepp eller fangst av CO_2 direkte frå atmosfæren.

Hovudmålet for forvaltninga av undersjøiske reservoar på kontinentalsokkelen til lagring av CO_2 er å bidra til berekraftig energi- og industriproduksjon, ved å legge til rette for miljøsikker lagring av CO_2 som eit tiltak for å motverke klimaendringar. Regjeringa vil legge til rette for kommersiell CO_2-lagring på norsk kontinentalsokkel gjennom å tildele lagringsareal til selskap med konkrete industrielle planar og lagringsbehov. Det er utlyst areal for storskala, kommersiell CO_2-lagring etter lagringsforskrifta i totalt åtte omgangar. I alt er det tildelt 14 løyve – eitt utnyttingsløyve til Northern Lights og 13 leiteløyve. Tre av desse er tildelte i 2025.

Noreg har signert intensjonsavtalar om grensekryssande transport og lagring av CO_2 med Belgia, Danmark, Nederland, Sverige, Frankrike og Finland. Avtalane gjer det mogleg å importere CO_2 for lagring på norsk sokkel. Noreg samarbeider også nært med EU om CO_2-handtering i Europa.

Boks 1.8 Forslag til løyvingar til CO_2-handtering

I tillegg til aktivitetsramma til Noregs forskingsråd til forsking og utvikling innanfor CO_2-handtering, foreslår Energidepartementet å løyve 2 154 millionar kroner til tiltak innanfor CO_2-handtering. Midlane skal bidra til teknologiutvikling, kompetansebygging og gjennomføring av det norske fullskalaprosjektet for CO_2-handtering, og omfattar

- 1 900 millionar kroner til Langskip, det norske fullskalaprosjektet for CO_2-handtering, som omfattar ei heil kjede for fangst, transport og lagring av CO_2.
- 105 millionar kroner til Gassnova SF, som skal fremme teknologiutvikling og kompetanseoppbygging for kostnadseffektive og framtidsretta løysingar for CO_2-handtering.
- 80 millionar kroner til Fond for CO_2-handtering som skal vere ei føreseieleg og langsiktig finansieringskjelde for utvikling og demonstrasjon av teknologi for CO_2-handtering gjennom CLIMIT-programmet og Teknologisenter Mongstad.
- 69 millionar kroner til Teknologisenter Mongstad, som bidrar til teknologiutvikling og kvalifisering av teknologi for breiare bruk av CO_2-fangst globalt, og til å redusere kostnader og risiko ved fullskala CO_2-fangst.

Havvind

Havvindsatsinga til regjeringa er ein viktig del av innsatsen for å auke den fornybare kraftproduksjonen i Noreg. Havvindarbeidet skal også utvikle industri og legge til rette for innovasjon og teknologiutvikling som kan få ned kostnadene i framtidige prosjekt. Regjeringa er godt i gang med å følge opp ambisjonane for havvind.

Sørlege Nordsjø II blei tildelt Ventyr i 2024 og har kapasitet på opptil 1 500 MW. I 2025 lyste regjeringa ut Utsira Nord, som består av tre prosjektområde på 500 MW kvar. Søknadsfristen var 15. september 2025, og departementet fekk inn to søknader.

NVE har, saman med ei direktoratsgruppe, gjennomført ei strategisk konsekvensutgreiing av 20 område som kan eigne seg for havvind. Utgreiinga er send på offentleg høyring, og regjeringa vil utarbeide ein plan for utviklinga av havvind framover, mellom anna basert på utgreiinga og høyringsinnspela. Regjeringa legg vidare opp til jamlege utlysingar av areal og støttekonkurransar. Statsstøtte vil bli vurdert og tatt stilling til i samband med utlysingsrundane.

Boks 1.9 Forslag til løyvingar til havvind

I tillegg til aktivitetsramma til Noregs forskingsråd, som også skal bidra til å tette kunnskapshòl når det gjeld effektane av havvind på natur og miljø, foreslår Energidepartementet å løyve 113 millionar kroner til havvindrelaterte tiltak. Midlane skal støtte kunnskapsinnhenting, styrking av kompetansemiljø og lokal verdiskaping, og omfattar:

- 70 millionar kroner til arbeid med havvind og innhenting av kunnskap om effektane havvind har på natur og miljø i områda som er aktuelle for utlysing.
- 30 millionar kroner til kartlegging av sjøfugl gjennom sjøfuglprogramma SEAPOP og SEATRACK, som skal gi betre kunnskap om utbreiing, tilstand og utvikling i norske sjøfuglbestandar i lys av menneskeleg aktivitet i havområda og kystsona.
- 10 millionar kroner i tilskot for å styrke kompetansemiljø for havvind.
- 3 millionar kroner i tilskot til Utsira kommune og ei tilsegnsfullmakt på 6 millionar kroner. Tilskotet er ei særordning for Utsira kommune grunngitt i den særeigne geografiske plasseringa og størrelsen til kommunen. Tilskotet legg til rette for at kommunen i større grad kan handtere konsekvensar og gripe moglegheiter knytte til havvind. Tilskotet er avhengig av tildeling av prosjektområde og vidare utvikling av havvindprosjekta. Regjeringa vil komme tilbake til kor lenge tilskotet skal vare, når tidspunktet for igangsetting av produksjon av flytande havvind på Utsira Nord er nærmare avklart.

Hydrogen

Regjeringa har ambisjon om å bidra til å bygge opp samanhengande verdikjeder for hydrogen produsert utan eller med låge utslepp, der produksjon, distribusjon og bruk blir utvikla parallelt. Regjeringa ønsker også å bidra til utviklinga av ein marknad for hydrogen i Europa, mellom anna gjennom å delta i relevante samarbeidsforum, europeisk regelverksutforming, forskingssamarbeid og bilateralt samarbeid med relevante land og gjennom å skape ein nasjonal marknad for hydrogen.

For å nå desse ambisjonane bidrar staten med eit breitt spekter av verkemiddel, frå støtte til forsking, teknologiutvikling og demonstrasjon, til marknadsetablering og utvikling av infrastruktur. Krav i offentlege innkjøpsprosessar er også viktige verkemiddel. Norske aktørar kan i tillegg søke støtte frå europeiske verkemiddel, mellom anna den europeiske hydrogenbanken. Utviklinga av ein europeisk hydrogenmarknad har gått seinare enn venta. Regjeringa har derfor ei trinnvis og behovsstyrt tilnærming til vidare utvikling og ei satsing som tar omsyn til marknadsutviklinga, teknologisk framgang og internasjonale rammevilkår.

2 Oversikt over budsjettforslaget

Utgifter fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Administrasjon				
1800	Energidepartementet	312 712	342 891	368 764	7,5
	Sum kategori 18.00	*312 712*	*342 891*	*368 764*	*7,5*
	Petroleum m.m.				
1810	Sokkeldirektoratet	512 000	650 000	709 600	9,2
	Sum kategori 18.10	*512 000*	*650 000*	*709 600*	*9,2*
	Energi og vassressursar				
1820	Noregs vassdrags- og energi-direktorat	5 709 187	7 066 600	13 989 200	98,0
1825	Energieffektivisering og -omlegging	1 165 039	1 841 000	1 614 000	-12,3
	Sum kategori 18.20	*6 874 226*	*8 907 600*	*15 603 200*	*75,2*
	Klima, industri og teknologi				
1850	Klima, industri og teknologi	3 326 197	3 529 500	3 354 000	-5,0
	Sum kategori 18.30	*3 326 197*	*3 529 500*	*3 354 000*	*-5,0*
	Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs				
1860	Havindustritilsynet	386 850	403 500	415 300	2,9
	Sum kategori 18.60	*386 850*	*403 500*	*415 300*	*2,9*
	Sum programområde 18	11 411 985	13 833 491	20 450 864	47,8
	Sum utgifter	11 411 985	13 833 491	20 450 864	47,8

Inntekter fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Administrasjon				
4800	Energidepartementet	2 296	2 200	2 200	0,0
5582	Sektoravgifter under Energi-departementet	481 501	1 251 400	1 316 400	5,2
	Sum kategori 18.00	*483 797*	*1 253 600*	*1 318 600*	*5,2*
	Petroleum m.m.				
4810	Sokkeldirektoratet	80 907	79 400	83 000	4,5
	Sum kategori 18.10	*80 907*	*79 400*	*83 000*	*4,5*
	Energi og vassressursar				
4820	Noregs vassdrags- og energi-direktorat	90 880	90 000	90 300	0,3
5680	Statnett SF	793 000	1 660 000		-100,0
	Sum kategori 18.20	*883 880*	*1 750 000*	*90 300*	*-94,8*
	Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs				
4860	Havindustritilsynet	93 750	93 000	96 312	3,6
	Sum kategori 18.60	*93 750*	*93 000*	*96 312*	*3,6*
	Sum programområde 18	1 542 334	3 176 000	1 588 212	-50,0
	Sum inntekter	1 542 334	3 176 000	1 588 212	-50,0

3 Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak

Nedanfor følger ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Energidepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2024–2025 og dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 216 S (2024–2025), innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om oppmodnings- og utgreiingsvedtak i stortingssesjonen 2023–2024, har vurdert som ikkje kvitterte ut.

I oversikta går det fram om departementet planlegg å avslutte rapporteringa knytt til det enkelte vedtaket no, eller om departementet vil rapportere vidare på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2024–2025	78	Strengare krav om utnytting av spillvarme	Ja
2024–2025	90	Vegkart for CO_2-handtering frå industri- og avfallshandtering	Ja
2024–2025	91	Støtteprogram for å kutte CO_2-utslepp innanfor industri og avfallshandtering	Ja
2024–2025	98	Gruvedrift på havbotnen – ingen konsesjonsrunde i 2024/2025	Ja
2024–2025	165	Tiltak mot høge straumprisar i NO2	Ja
2024–2025	543	Gjennomgang av Noregs føresetnader for kjernekraft med IAEA	Ja
2024–2025	605	Prioritering av nasjonale sikkerheitsinteresser i straumnettet	Ja
2024–2025	640	Forsterke samarbeidet mellom kraftsektoren og ekomsektoren når det gjelder beredskap og krisehandtering	Ja
2024–2025	647	Planar for styrkt beredskap i kraftsystemet	Ja
2024–2025	654	Framdrift i prosjekt for kraft til Melkøya	Ja
2024–2025	658	Førebuande arbeid for 26. konsesjonsrunde	Ja
2024–2025	833	Frigjere nettkapasitet til forsvarsindustrien	Ja
2024–2025	834	Forbetre tilgangen på straum for forsvarsindustrien	Ja
2024–2025	855	Analyse av fjernvarmepotensialet	Nei
2024–2025	856	Avlaste kraftnettet ved bruk av fjernvarme	Nei
2024–2025	857	Havbotnmineral – balansert utvikling	Ja
2024–2025	858	Havbotnmineral – regulering og tilsyn	Ja

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2024–2025	917	Alexander L. Kielland-ulykka – etablere ei kompensasjonsordning	Nei
2024–2025	983	Gjenbruk av spillvarme	Ja
2024–2025	1077	Eksportløysing for gass frå Barentshavet	Ja
2024–2025	1078	Status for og vurdering av NZIA-forordninga frå EU	Nei
2024–2025	1079	Reform av nettreguleringa	Ja
2024–2025	1080	Endringar i energilova for tidlegare planlegging av nytt nett m.m.	Ja
2024–2025	1090	Forbrukstak for Noregspris	Ja
2024–2025	1091	Forbrukstak for straumstønad	Ja
2024–2025	1096	Tiltak for lågare og meir stabile straumprisar i NO2	Ja
2024–2025	1213	Utnytting av overskotsvarme	Ja
2024–2025	1256	Sikre tilstrekkeleg krafttilgang i heile Finnmark	Ja
2024–2025	1257	Rask saksbehandling av søknaden om utbygging av transmisjonsnettet Skaidi–Lebesby–Varangerbotn	Ja
2023–2024	96	Havvind – opne eit område i nord	Nei
2023–2024	717	Nye datasenter – utnytting av spillvarme og eigenproduksjon av energi- og energilagringsløysingar	Ja
2023–2024	910	Energipartnarskap med olje- og gassnæringa	Ja
2023–2024	913	Fjerne konsesjonsplikt for solparkar opp til 10 MW	Ja
2022–2023	813	Inkludere bakkemonterte solenergianlegg i plan- og bygningslova	Ja
2022–2023	841	Havvind – auka vekting av berekraftskriteria og positive lokale ringverknader	Ja
2022–2023	923	Solenergi – mål om 8 TWh innan 2030	Ja
2022–2023	924	Solkraft – deling med høgare grense enn 1 MW	Ja
2022–2023	925	Solenergiparkar – fjerne konsesjonsplikt for enkeltprosjekt med lågt konfliktnivå	Ja
2022–2023	926	Solenergiparkar – fjerne konsesjonsplikt opp til 1 MW	Ja
2021–2022	703	Havvind – tildeling av areal	Ja
2021–2022	716	Havvind – vurdere å fastsette delmål for arealtildeling innan 2030	Ja
2021–2022	727	Mål om auka energisparing – greie ut ulike ordningar med energisparesertifikat	Ja

3.1 Stortingssesjon 2024–2025

Strengare krav om utnytting av spillvarme

Vedtak 78, 5. desember 2024

> «*Stortinget ber regjeringen stille strengere krav om at spillvarme utnyttes fra prosesser som avgir mye varme, for eksempel fra industrianlegg, avfallsforbrenning, datasentre, hydrogenproduksjon og energiproduksjonsanlegg der det ligger til rette for dette, og komme tilbake til Stortinget så raskt som mulig.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:176 S (2023–2024) og Innst. 64 S (2024–2025).

I 2023 blei det fastsett krav i energilova om å gjennomføre kost-nytteanalyse for aktørar som bygger eller oppgraderer anlegg med stort energibehov, med sikte på å utnytte overskotsvarme. Departementet har konkretisert reglane i *forskrift om kost-nytteanalyse av moglighetene for å utnytte overskuddsvarme* (forskrift om overskotsvarme), som trådde i kraft 1. april 2025. Forskrifta omfattar mellom anna industrianlegg og anlegg for energiproduksjon med over 20 MW tilført varmeeffekt, datasenter med over 2 MW tilført elektrisk effekt, og andre anlegg med tilført elektrisk effekt på over 20 MW. Etter gjeldande regelverk kan NVE – for utvalde anlegg – gjere enkeltvedtak om at eit anlegg ikkje kan byggast eller oppgraderast utan at overskotsvarmen blir utnytta.

Departementet har også greidd ut om det er grunnlag for å stille strengare krav til utnytting av overskotsvarme. I september 2025 sende departementet ut eit høyringsforslag om endringar i energilova §§ 7-2 til 7-4 som skjerpar krava til utnytting av overskotsvarme.

Departementet meiner at det ligg til rette for å utnytte overskotsvarme dersom fordelane er større enn kostnadene, og foreslår å innføre ein hovudregel om at overskotsvarmen skal utnyttast i slike tilfelle. I dag kan NVE pålegge utnytting for utvalde anlegg, men ikkje for datasenter og andre anlegg med tilført elektrisk effekt. I tillegg foreslår departementet å senke effektgrensene for kva anlegg som blir omfatta av reglane. Departementet foreslår å senke grensa frå 20 MW til 10 MW for termiske kraftverk, frå 20 MW til 8 MW for industrianlegg, frå 2 MW til 1 MW for datasenter og frå 20 MW til 7 MW for andre anlegg. Vidare foreslår departementet at kost-nytteanalysen også skal omfatte ei vurdering av å dekke eige varmebehov med overskotsvarme frå eiga verksemd og frå nærliggande anlegg og datasenter.

Forslaga til endringar inneber at fleire anlegg fell inn under krava, og at ulike energikjelder blir meir likestilte enn dei er i dag. Høyringsforslaget om utnytting av overskotsvarme er nærmare omtalt i kapittel 10.2 Verkemiddel retta mot industri, næringsliv og det offentlege i del III av proposisjonen.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Vegkart for CO_2-handtering frå industri- og avfallshandtering

Vedtak 90, 5. desember 2024

> «*Stortinget ber regjeringen gi Gassnova et tilleggsoppdrag til det pågående arbeidet med et veikart for CO_2-håndtering fra industri- og avfallshåndtering. Tilleggsoppdraget skal legge opp til at Gassnova, sammen med Siva og andre aktuelle virkemiddelaktører, innen juni 2025 utreder barrierer og legger frem en plan for utvikling av regionale industriklynger med fellesløsninger for fangst, transport og lagring av CO_2. Det skal vurderes om det er behov for statlig koordinert anskaffelse av transport- og lagertjenester for å få tilstrekkelig volum til å kunne utløse flere norske prosjekter for fangst av CO_2. Regjeringen bes videre om å legge frem forslag til tiltak og virkemidler som oppfølging av dette arbeidet i forbindelse med statsbudsjettet 2026.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. 2 S (2024–2025).

I 2024 fekk Gassnova SF i oppdrag frå Energidepartementet å utarbeide eit vegkart for korleis CO_2-handtering kan bidra til å redusere utslepp frå landbasert industri og avfallsforbrenning fram mot 2050. Gassnova planlegg å ferdigstille arbeidet med vegkartet hausten 2025.

Arbeidet heng saman med eit tilleggsoppdrag frå Energidepartementet og Klima- og miljødepartementet til Gassnova, Enova og Miljødirektoratet om å greie ut mellombelse verkemiddel for å redusere barrierar og marknadssvikt i CCS-verdikjeda. Tilleggsoppdraget til arbeidet med vegkartet blei gitt 20. desember 2024, og med det blei også Siva inkludert i arbeidet. Utgreiinga av moglege mellombelse verkemiddel blei levert 20. juni 2025. Som del av utgreiinga er det kartlagt kva som kan vere barrierar for utvikling av regionale industriklynger med felles CO_2-løysingar.

Samordna transportløysingar kan utløyse fleire mindre prosjekt fram mot 2040, og tidleg investering i felles infrastruktur kan gi skalafordelar. Stor geografisk spreiing av utsleppspunkt i Noreg gjer det svært krevjande å utløyse samfunnsøkonomiske gevinstar gjennom etablering av felles infrastruktur. Investeringar i overkapasitet er kostbare og inneber risiko.

Regjeringa vil arbeide vidare med støtteordningar for CO_2-handtering og tar sikte på å legge fram forslag i statsbudsjettet for 2027 om ei ordning som gir rett til eit fast tilskot per tonn CO_2 for negative utslepp. Negative utslepp omfattar fangst av biogene utslepp eller fangst av CO_2 direkte frå atmosfæren. I motsetning til fossile utslepp, som i dag er omfatta av EUs kvotemarknad og CO_2-avgift, finst det ikkje prisar for negative utslepp. Ei ordning med tilskot per tonn CO_2 for negative utslepp vil bidra til at fangst av alle typar CO_2-utslepp blir prisa. Å sette ein pris på dei negative utsleppa vil vere den mest effektive måten å handtere ein marknadssvikt knytt til fråvær av priser. Ei slik ordning kan dessutan vere administrativt effektiv, for både staten og for støttemottakarane.

Ordninga vil bli tilpassa EUs kvotesystem dersom dette på sikt opnar for å inkludere negative utslepp. Departementet vil gå i dialog med ESA for å avklare spørsmål om statsstøtte. Departementet tar sikte på å komme tilbake med forslag til ei ordning som gir rett til eit fast tilskot per tonn CO_2 for negative utslepp i statsbudsjettet for 2027.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Støtteprogram for å kutte CO_2-utslepp innan industri og avfallshandtering

Vedtak 91, 5. desember 2024

> «*Stortinget ber regjeringen utforme et støtteprogram som en serie med auksjoner for å kutte store utslipp og oppnå negative CO_2-utslipp innen industri og avfallshåndtering og komme tilbake til dette i statsbudsjettet for 2026. Stortinget ber regjeringen se hen til auksjonsmodellene i Danmark, Sverige, Tyskland, Nederland og Frankrike i arbeidet med å utvikle auksjonsprogrammet.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. 2 S (2024–2025).

Noreg har gjennom mange år fremma CO_2-handtering, mellom anna gjennom støtte til forsking, teknologiutvikling og internasjonalt samarbeid. Vi har lang erfaring med trygg lagring av CO_2 frå Sleipner og Snøhvit, og med Langskip viser vi ei komplett og sikker verdikjede frå fangst til lagring. Dette har gitt viktig læring og legg til rette for vidare utbygging av CO_2-handteringsprosjekt i Europa og globalt. Vidare utbygging globalt er avgjerande for at CO_2-handtering skal bli eit effektivt klimatiltak.

I 2024 fekk Gassnova SF i oppdrag frå Energidepartementet og Klima- og miljødepartementet å greie ut verkemiddel for å fremme utvikling og bruk av CO_2-handtering i Noreg. Enova, Miljødirektoratet og andre relevante statlege aktørar skulle involverast i arbeidet. Våren 2025 presiserte departementa at utgreiinga skal prioritere fangst og lagring av negative utslepp, det vil seie fjerning av biogen CO_2 eller CO_2 frå lufta (DACCS).

Det heng saman med at negative utslepp i dag ikkje er omfatta av reguleringar som reflekterer samfunnsnytta ved å fjerne CO_2 frå karbonkrinsløpet, sjølv om klimaeffekten er den same som ved fossile utslepp, som er prissett gjennom EUs kvotemarknad og CO_2-avgifta. Negative utslepp kan reknast med i måloppnåinga til Noreg under Parisavtalen, men er førebels ikkje inkluderte i klimaavtalen med EU. Dermed finst det ingen pris på negative utslepp i dag, med unntak av prising gjennom ein liten, frivillig marknad for karbonkredittar. Slik manglande prising utgjer derfor ein marknadssvikt.

Det er anslått at det er potensial for å fjerne om lag 500 000 tonn CO_2 frå eksisterande anlegg med berre biogene utslepp innan 2035, med tilsvarande potensial i framtidige anlegg. I tillegg kan direkte fangst frå lufta bli aktuelt. Prosjekt med blanda utslepp, det vil seie både fossile og biogene, som avfallsforbrenning og produksjon av ferrolegering, har potensial til ein utsleppsreduksjon på 5 millionar tonn årleg innan 2035.

Å sette ein pris på dei negative utsleppa vil vere den mest effektive måten å handtere ein marknadssvikt knytt til fråvær av prisar. Regjeringa tar derfor sikte på å legge fram forslag i statsbudsjettet for 2027 om ei ordning som gir rett til eit fast tilskot per tonn CO_2 for negative utslepp, det vil seie fangst av biogene utslepp eller fangst av CO_2 direkte frå atmosfæren.

Ei slik ordning, ofte kalla «omvend avgift», inneber at alle kvalifiserte aktørar får eit fast beløp per tonn biogen CO_2 som blir fanga og lagra, tilsvarande for eksempel CO_2-avgift eller kvotepris. Dette sørger for at det også blir insentiv for reduksjon av biogene utslepp. I tillegg kan den vere administrativt effektiv for både staten og støttemottakarar. Ordninga gir ei føreseieleg støtte som

legg til rette for eit normalt prosjektmodningsløp, og vil kunne utløyse samfunnsøkonomisk effektive prosjekt.

Ei ordning som gir rett til eit fast tilskot per tonn CO_2 for negative utslepp, vil vere eit tillegg til EUs kvotemarknad og CO_2-avgifta. Ordninga vil bli tilpassa EUs kvotesystem dersom dette på sikt opnar for å inkludere negative utslepp. Departementet vil gå i dialog med ESA for å avklare spørsmål om statsstøtte.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Gruvedrift på havbotnen – ingen konsesjonsrunde i 2024/2025

Vedtak 98, 5. desember 2024

> «*Stortinget ber regjeringen om å ikke lyse ut første konsesjonsrunde for gruvedrift på havbunnen i 2024/2025.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. 2 S (2024–2025).

Etter at areal på norsk kontinentalsokkel blei opna for mineralverksemd i april 2024, starta departementet arbeidet med første konsesjonsrunde. Departementet har mellom anna hatt forslag til areal på offentleg høyring. Som følge av einigheita om statsbudsjettet for 2025 blei ikkje konsesjonsrunden lyst ut i førre stortingsperiode.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Tiltak mot høge straumprisar i NO2

Vedtak 165, 13. desember 2024

> «*Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med ekstraordinære tiltak som kan innføres i NO2 (for eksempel bruk av flaskehalsinntekter) for å kompensere for ekstraordinært høye strømpriser i dette prisområdet.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 9 L (2024–2025), Innst. 78 L (2024–2025) og Lovvedtak 28 (2024–2025).

Regjeringa har eit klart mål om at vi skal ha rikeleg tilgang på rein og rimeleg energi over heile landet, og at det ikkje skal vere store og langvarige prisforskjellar mellom ulike bodområde.

Regjeringa innfører Noregspris. Med Noregspris kan folk velje ein fast pris på straum på 40 øre per kWh ekslusiv meirverdigavgift, heime og på hytta. Dei som ikkje vel Noregspris heime, vil framleis få straumstønad. Det er også lagt til rette for fastprisavtalar for næringslivet gjennom eit kontraktsunntak for standardiserte fastprisavtalar i grunnrenteskatten for vasskraft. Dermed kan også bedrifter enklare sikre seg føreseielege straumprisar. I august 2025 kunne bedrifter i NO2 (Sør) inngå fastprisavtale ned mot 69 øre per kWh.

Regjeringa har også innført tiltak for lågare nettleiga. Frå 1. oktober 2025 blei elavgifta ytterlegare redusert, noko som gir eit årleg avgiftskutt på om lag 3 milliardar kroner for folk og næringsliv i heile landet. I statsbudsjettet for 2026 foreslår regjeringa å innføre ein felles sats på 4,18 øre per kWh i elavgift, noko som kuttar avgiftene med om lag 4 milliardar kroner til. Samtidig blir flaskehalsinntekter brukte til å halde nettleiga nede i område med høge kraftprisar. Sidan ordninga kom på plass, er det utbetalt om lag 10 milliardar kroner til redusert nettleige. Ordninga er knytt til prisnivået i dei enkelte prisområda, og det inneber at det er nettkundane som har dei høgaste kostnadene knytte til sitt kraftforbruk som får dei største overføringane frå ordninga. Følgeleg er det kundane i prisområde NO2 (Sør) som har blitt mest kompensert.

Det viktigaste tiltaket for å redusere prisforskjellane på lang sikt er å sikre meir kraftproduksjon, betre nettkapasitet og meir effektiv bruk av det eksisterande nettet. Det er regjeringa godt i gang med å gjennomføre.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Gjennomgang av Noregs føresetnader for kjernekraft med IAEA

Vedtak 543, 1. april 2025

> «*Stortinget ber regjeringen i oppfølgingen av Kjernekraftutvalgets rapport vurdere å sende en forespørsel til IAEA om å foreta en gjennomgang av Norges forutsetninger for å etablere kjernekraft (en INIR-revisjon).*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:57 S (2024–2025) og Innst. 185 S (2024–2025).

Ved kongeleg resolusjon 21. juni 2024 blei det oppnemnt eit utval som skal greie ut kjernekraft som ei mogleg kraftkjelde i Noreg. Utvalet skal levere rapport innan 1. april 2026. Deretter vil departementet vurdere å sende ein førespurnad til IAEA om å gå gjennom Noregs føresetnader for å etablere kjernekraft.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Prioritering av nasjonale sikkerheitsinteresser i straumnettet

Vedtak 605, 6. mai 2025

> «*Stortinget ber regjeringen iverksette nødvendige tiltak for at forsvarsindustrien og andre kritiske samfunnsfunksjoner med betydning for nasjonale sikkerhetsinteresser kan gis særskilt prioritering av strømnett. Dersom dette ikke er mulig med dagens lovgivning, bes regjeringen om å fremme nødvendige forslag slik at slik prioritering lar seg gjøre, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:106 S (2024–2025) og Innst. 224 S (2024–2025).

Energidepartementet har nyleg hatt på høyring eit forslag til endringar i energilova som opnar for å prioritere nasjonale sikkerheitsinteresser ved tilknyting til straumnettet. Forslaget inneber at Kongen kan gjere vedtak overfor nettselskapa om å prioritere ein bestemt uttakskunde når det er nødvendig av omsyn til nasjonale sikkerheitsinteresser. Departementet har foreslått at definisjonen av nasjonale sikkerheitsinteresser i sikkerheitslova skal leggast til grunn. Forslaget rammar inn moglegheita til å prioritere, samtidig som det i størst mogleg grad opprettheld grunnleggande prinsipp i energilova om at nettselskapa skal opptre objektivt og ikkje-diskriminerande. Energidepartementet går no gjennom høyringsinnspela og tar sikte på å sende ein lovproposisjon om endringane til Stortinget så snart som mogleg.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Forsterke samarbeidet mellom kraftsektoren og ekomsektoren når det gjeld beredskap og krisehandtering

Vedtak 640, 6. mai 2025

> «*Stortinget ber regjeringen forsterke samarbeidet mellom infrastruktureiere og tilbydere i kraftsektoren og ekomsektoren når det gjelder beredskap og krisehåndtering.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

Øving og samarbeid er avgjerande for å styrke sikkerheita og beredskapen i åra som kjem, jf. den nasjonale digitaliseringsstrategien «Fremtidens digitale Norge» frå 2024.

Som del av oppfølginga av ein rapport om styrkt samarbeid om beredskap mellom ekom- og kraftsektoren frå 2022, har det mellom anna blitt arrangert fagdagar for dei to sektorane. I tillegg blei det gjennomført EkomKraft-øvingar i både 2024 og 2025. Her var mellom anna informasjonsdeling mellom sektorane tema. Det er også gjennomført eit pilotprosjekt om standardiserte statusvarslingar ved straumbrot. Fleire anbefalte tiltak i rapporten vil bli følgde opp framover.

Energidepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet vil involvere underliggande etatar og forsterke eksisterande samarbeid om beredskap mellom sektorane. Det er også viktig at dei to sektorane styrker eigenberedskapen sin, for eksempel ved å sette inn tiltak som gjer at kraftforsyninga kan fungere så lenge som mogleg uavhengig av kommersiell ekom (jf. krav i kraftberedskapsforskrifta), og at ekom kan fungere så lenge som mogleg ved brot i straumforsyninga.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Planar for styrkt beredskap i kraftsystemet

Vedtak 647, 6. mai 2025

> «*Stortinget ber regjeringen utarbeide planer for styrket beredskap i kraftsystemet og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 9 (2024–2025) og Innst. 242 S (2024–2025).

I Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldinga – forberedt på kriser og krig*, peikar regjeringa på at alle sivile sektorar må vere førebudde på situasjonar som ligg høgt i krisespekteret, inklusiv væpna konflikt og i verste fall krig. Dette gjeld også kraftsektoren. Departementet har i brev til NVE tydeleggjort at totalberedskapsmeldinga set ei ny og tydeleg retning for beredskapsfokuset i alle sektorar, også kraftsektoren. Sivile sektorar, mellom dei kraftsektoren som ein viktig del av totalforsvaret, må førebu seg på situasjonar høgt i krisespekteret. Departementet har gitt NVE i oppdrag å følge opp totalberedskapsmeldinga og den nasjonale sikkerheitsstrategien til regjeringa. Her har departementet mellom anna bedt NVE om å gjere bodskapen frå meldinga og strategien kjend i sektoren.

Arbeidet med sikkerheit og beredskap i kraftforsyninga er høgt prioritert, og beredskapen i kraftforsyninga er god. Samtidig kan ho alltid bli betre. Sjølv om beredskapsarbeidet etter den kalde krigen har vore meir retta mot hendingar som for eksempel ekstremvær og teknisk svikt, kan beredskapsplanane som selskapa pliktar å ha, også vere anvendelege i situasjonar høgare opp i krisespekteret. Bakgrunnen for det er mellom anna at regelverket stiller krav om risiko- og sårbarheitsanalysar, beredskapsplanverk, reparasjonsberedskap, øvingar m.m. Samtidig gjer dagens alvorlege sikkerheitspolitiske situasjon det nødvendig å gjere nye og grundige vurderingar.

Både departementet og særleg NVE har tett kontakt med bransjen når det gjeld sikkerheit og beredskap i kraftsektoren. NVE skal kartlegge den samla reparasjonsberedskapen i kraftforsyninga, sjå på mandatet til distriktssjefane i kraftforsyninga (KDS) og vurdere krava til fysisk sikring av kraftanlegg.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte med resultata frå arbeidet. Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Framdrift i prosjekt for kraft til Melkøya

Vedtak 654, 6. mai 2025

> «*Stortinget ber regjeringen sørge for at omsøkte prosjekter som kan gi tilstrekkelig kraft til Melkøya sikres fremdrift og deretter realitetsbehandling, slik at de potensielt kan være i drift innen 2030, og øke tempoet for realisering av kraftløftet.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. 221 S (2024–2025).

Departementet er ikkje kjent med at det er søkt om konsesjon til andre vindkraftprosjekt i Finnmark enn Davvi vindkraftverk, men fleire prosjekt har sendt inn melding. Statkraft Energi AS planlegg eit nytt aggregat 3 i Alta kraftverk og sendte søknad til NVE i september 2025. Tiltaket vil kunne auke den installerte effekten med om lag 120 MW og den årlege produksjonen med mellom 100 og 150 GWh.

Departementet viser til svar på skriftleg spørsmål nr. 2651 (2024–2025). I svaret er det vist til at departementet 26. juni 2025 sende eit felles brev til Grenselandet DA og Folkeaksjonen mot Davvi vindkraftverk, med kopi til både NVE og Lebesby kommune. Brevet svarer på førespurnader og brev som kom på bakgrunn av oppmodingsvedtaket.

Departementet legg til grunn at NVE vil behandle konsesjonssøknaden for Davvi vindkraftverk i tråd med gjeldande rett, slik som forvaltningslova § 11 a første ledd. NVE må vurdere om konsesjonssøknaden slik han ligg føre, er godt nok opplyst, eller om det trengst ytterlegare utgreiing eller høyring av saka før NVE kan gjere vedtak. Samtidig må NVE sjå den vidare behandlinga av Davvi vindkraftverk i lys av den samla behandlinga av nett- og vindkraftprosjekt i Finnmark. Den nærmare oppfølginga av denne saka ligg til NVE.

I statsråd 15. august 2025 fekk Statnett løyve etter energilova og oreigningslova til å bygge, eige og drive ny 420 kV-leidning frå Skaidi til Lebesby og det blei gitt løyve til å bygge nye Lebesby transformatorstasjon. Den nye leidninga vil styrke forsyningssikkerheita til Aust-Finnmark. Tiltaket legg også til rette for auka kraftproduksjon som kan knytast til nye Lebesby stasjon. Saman med andre investeringar, kan tiltaket også legge til rette for auka forbruk i Aust-Finnmark. Same dag som Statnett fekk konsesjon til tiltaket Skaidi-Lebesby, bad departementet NVE og Statnett om å lage ein felles framdriftsplan for behandlinga av konsesjonssøknaden om ny 420 kV kraftleidning vidare austover i Finnmark, frå Lebesby til Seidafjellet, med ny Seidafjellet stasjon. Framdriftsplanen skal mellom anna synleggjere moglegheitsrom og barrierar for å kunne sette ei eventuell ny leidning i drift i 2032, utan å foregripe vurderinga av spørsmålet om konsesjon eller legge føringar for NVEs vurderingar av den samla samfunnsnytta til prosjektet. Statnett prioriterer også arbeidet med utgreiing, søknad og eventuell etablering av ei ny styringseining som gjer det mogleg å utnytte den eksisterande 220 kV leidningen mellom Aust-Finnmark og Finland betre. Dette tiltaket legg til rette for nytt og auka forbruk i Aust-Finnmark.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Førebuande arbeid for 26. konsesjonsrunde

Vedtak 658, 6. mai 2025

> «*Stortinget ber regjeringa setje i verk førebuande arbeid for 26. konsesjonsrunde med sikte på ei mogleg utlysing av runden tidleg i 2026.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. 237 S (2024–2025).

Den 8. august 2025 gav Energidepartementet Sokkeldirektoratet i oppdrag å gjennomføre ein nominasjonsprosess for ein 26. konsesjonsrunde. Nominasjonsprosessen dannar grunnlag for ei mogleg utlysing av 26. konsesjonsrunde.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Frigjere nettkapasitet til forsvarsindustrien

Vedtak 833, 2. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen gå i dialog med både nye og eksisterende aktører som har reservert stor nettkapasitet i områder hvor det også skal bygges ut forsvarsindustri, for å undersøke om de har umiddelbart behov for all kapasiteten de har reservert, eller har mulighet til å frigjøre noe kapasitet til forsvarsindustrien midlertidig inntil mer kraft og nett er på plass.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:132 S (2024–2025) og Innst. 251 S (2024–2025).

Etter energilova er nettselskapa ansvarlege for å utvikle straumnettet slik at samfunnet har tilgang til nødvendige nettenester. Det er også nettselskapa som følger opp både eksisterande og nye straumkundar. I ein situasjon der kundane har bedt om meir kapasitet enn det finst tilgjengeleg mange plassar, har regjeringa prioritert å legge til rette for at det skal gå raskare å etablere nettanlegg i framtida, og at nettkapasiteten skal utnyttast mest mogleg effektivt. *Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av strømnettet* frå 2023 understrekar at nettselskapa bør forvalte kapasiteten i straumnettet aktivt, slik at kapasiteten til nytt og auka forbruk er så stor som råd. Nettselskapa bør ikkje reservere eller tildele meir kapasitet enn det kundane faktisk har bruk for. Frå 1. januar 2025, pliktar nettselskapa å vurdere om eit prosjekt er tilstrekkeleg modent før det får reservere kapasitet i nettet.

Dersom prosjekt i forsvarindustrien har behov for straum raskare enn det nettselskapet i utgangspunktet kan tilby, er det viktig at dei går i dialog med nettselskapet for å finne løysingar. Det kan for eksempel vere aktuelt å kontakte andre kundar som har fått reservere kapasitet. Nettselskapet pliktar uansett å følge opp prosjekt som har fått reservere kapasitet. Prosjekt som ikkje opprettheld tilstrekkeleg framdrift, kan miste heile eller delar av den reserverte kapasiteten sin, og denne kan i staden fordelast til andre, meir modne prosjekt. Dette er særleg viktig i område der det står mange aktørar i kø og det vil ta lang tid å auke nettkapasiteten.

Energidepartementet har også nyleg hatt på høyring eit forslag til endringar i energilova som opnar for å prioritere nasjonale sikkerheitsinteresser ved tilknyting til straumnettet. Forslaget inneber at Kongen kan gjere vedtak overfor nettselskapa om å prioritere ein bestemt uttakskunde når det er nødvendig av omsyn til nasjonale sikkerheitsinteresser, som forsvarsindustri og kritiske samfunnsfunksjonar. Energidepartementet går no gjennom høyringsinnspela og tar sikte på å sende ein lovproposisjon om endringane til Stortinget så snart som mogleg.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Forbetre tilgangen på straum for forsvarsindustrien

Vedtak 834, 2. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen forbedre forsvarsindustriens tilgang på strøm, for eksempel ved å la sikkerhetspolitiske hensyn overgå modenhetskriteriet ved forespørsel om nettilknytning, eller ved å definere forsvarsindustri som del av såkalt «vanlig forbruk» til nødvendige samfunnsfunksjoner.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:132 S (2024–2025) og Innst. 251 S (2024–2025).

Energidepartementet har nyleg hatt på høyring eit forslag til endringar i energilova som opnar for å prioritere nasjonale sikkerheitsinteresser ved tilknyting til straumnettet. Forslaget inneber at Kongen kan gjere vedtak overfor nettselskapa om å prioritere ein bestemt uttakskunde når det er nødvendig av omsyn til nasjonale sikkerheitsinteresser. Departementet har foreslått at definisjonen av nasjonale sikkerheitsinteresser i sikkerheitslova skal leggast til grunn. Forslaget rammar inn moglegheita til å prioritere, samtidig som det i størst mogleg grad opprettheld grunnleggande prinsipp i energilova om at nettselskapa skal opptre objektivt og ikkje-diskriminerande. Energidepartementet går no gjennom høyringsinnspela og tar sikte på å sende ein lovproposisjon om endringane til Stortinget så snart som mogleg.

Frå 1. juli 2025 pliktar også nettselskapa å halde av kapasitet i regional- og transmisjonsnettet til kundar med eit samla maksimalt effektuttak under gitte terskelverdiar, såkalla vanleg forbruk. I regionalnettet er terskelverdien 1 MW, medan han i transmisjonsnettet er 5 MW og 20 GWh per år. For-

målet med å halde av kapasitet til vanleg forbruk er at hushald, mindre næringar og tenester som er nødvendige for at eit samfunn skal fungere, ikkje skal måtte vente på tilknyting som følge av manglande kapasitet i regional- og transmisjonsnettet. Plikta til å halde av kapasitet til vanleg forbruk varetar også mange kritiske samfunnsfunksjonar med betydning for nasjonale sikkerheitsinteresser.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Analyse av fjernvarmepotensialet

Vedtak 855, 3. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en analyse av fjernvarmepotensialet, som innebærer foreslåtte lokasjoner, og av energikilder som anses å ha størst potensial.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:164 S (2024–2025) og Innst. 387 S (2024–2025).

Som oppfølging av vedtaket vil departementet gjere ei utgreiing. Det er venta at utgreiingsarbeidet blir ferdigstilt i løpet av 2026.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Avlaste kraftnettet ved bruk av fjernvarme

Vedtak 856, 3. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en utredning av hvordan Norge kan avlaste kraftnettet ved bruk av fjernvarme, samt utrede hvor stor avlastning man kan oppnå, og hvilke besparelser dette kan resultere i for strømnettinvesteringer.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:164 S (2024–2025) og Innst. 387 S (2024–2025).

Som oppfølging av vedtaket vil departementet gjere ei utgreiing. Det er venta at utgreiingsarbeidet blir ferdigstilt i løpet av 2026.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Havbotnmineral – balansert utvikling

Vedtak 857, 3. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen sikre at konsesjonsprosessen for leting etter og eventuell utvinning av havbunnsmineraler på norsk kontinentalsokkel legger til rette for en balansert utvikling av næringen, hvor det stilles tilstrekkelige krav til bærekraft, miljøhensyn og teknologisk innovasjon.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:206 S (2024–2025) og Innst. 354 S (2024–2025).

I konsesjonsrunden som skal lysast ut i neste stortingsperiode, vil det bli lagt til rette for leiting etter og mogleg utvinning av havbotnmineral samtidig som omsynet til miljøet blir varetatt i alle fasane av verksemda. Utvinning vil berre bli godkjend dersom rettshavaren har ein utvinningsplan som dokumenterer at den planlagde utvinninga kan skje på berekraftig og forsvarleg vis. Dei første eventuelle planane for utvinning vil bli lagde fram for Stortinget.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Havbotnmineral – regulering og tilsyn

Vedtak 858, 3. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for ytterligere regulering og tilsynsordninger for å sikre at utvinning av havbunnsmineraler skjer i tråd med internasjonale miljøstandarder og Norges forpliktelser til bærekraftig havforvaltning.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:206 S (2024–2025) og Innst. 354 S (2024–2025).

Havbotnminerallova trådde i kraft 1. juli 2019 og er ei omfattande og heilskapleg lov for havbotnmineralverksemd. Havbotnmineralverksemd på norsk kontinentalsokkel under havbotnminerallova vil til kvar tid bli gjennomført innanfor relevante internasjonale forpliktingar som Noreg har slutta seg til.

Departementet har utarbeidd tre forskrifter under havbotnminerallova. Sokkeldirektoratet, som har fått delegert myndigheit til å gi meir detaljerte forskrifter innanfor enkelte område, har også utarbeidd ei forskrift. Alle forskriftene trådde i kraft 1. september 2025.

Havindustritilsynet, som har fått delegert myndigheit etter havbotnminerallova til å gi forskrifter om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø, arbeider med ei forskrift innanfor sitt ansvarsområde. Havindustritilsynet er peikt ut til å vere tilsynsmyndigheit, slik dei også er for petroleumsverksemd, havvind

og CO_2-lagring på kontinentalsokkelen. Miljødirektoratet følger opp forureiningslova og relevante regler overfor aktørane på vanleg måte.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Alexander L. Kielland-ulykka – etablere ei kompensasjonsordning

Vedtak 917, 5. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen etablere en særskilt kompensasjonsordning for de overlevende og etterlatte etter Alexander L. Kielland-ulykken. På bakgrunn av rapportene «Studie om overlevende og pårørende etter Alexander L. Kielland-ulykken» og «Empirisk undersøkelse av myndighetenes oppfølging av ansvar etter Alexander L. Kielland-ulykken» må Riksrevisjonen avklare myndighetenes ansvar for at ulykken kunne skje, og myndighetenes manglende oppfølging av overlevende og etterlatte. Riksrevisjonens nye undersøkelse skal gjennomføres og fremlegges innen utgangen av 2025.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:162 S (2024–2025) og Innst. 417 S (2024–2025).

Som oppfølging av vedtaket har Riksrevisjonen i brev datert 17. juni 2025 informert departementet om at dei er i gang med å planlegge undersøkinga.

Når det gjelder etablering av en særskilt kompensasjonsordning for dei overlevande og etterlatne etter Alexander L. Kielland-ulykka, vil departementet komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Gjenbruk av spillvarme

Vedtak 983, 11. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan man kan stille krav til gjenbruk av spillvarme fra industri, avfallsforbrenning, datasentre og hydrogenproduksjon der det ligger til rette for dette.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 25 (2024–2025) og Innst. 520 S (2024–2025).

Departementet har vurdert korleis ein kan stille krav til gjenbruk av spillvarme, jf. oppfølging av oppmodingsvedtak 78 av 5. desember 2024, vedtak 1213 av 20. juni 2025 og nærmare omtale i kapittel 10.2 Verkemiddel retta mot industri, næringsliv og det offentlege i del III av proposisjonen. I september 2025 sende departementet ut eit høyringsforslag om endringar i energilova §§ 7-2 til 7-4 som skjerpar krava til utnytting av overskotsvarme. Departementet meiner at det ligg til rette for å utnytte overskotsvarme dersom fordelane er større enn kostnadene, og foreslår å innføre ein hovudregel om at overskotsvarmen skal utnyttast i slike tilfelle.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Eksportløysing for gass frå Barentshavet

Vedtak 1077, 13. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen fremskynde arbeidet med å utarbeide en eksportløsning for gass fra Barentshavet for å legge til rette for økt gasseksport fra området.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:270 S (2024–2025) og Innst. 504 S (2024–2025).

Det følger av den etablerte ansvars- og rollefordelinga mellom stat og næringsliv at petroleumsprosjekt skal drivast fram av selskapa, med utgangspunkt i kommersielle vurderingar.

Gassco har mellom anna i oppgåve å vurdere vidareutvikling av oppstraums gassrøyrleidningsnett og tilknytte anlegg med sikte på å oppnå heilskaplege transport- og behandlingsløysingar for petroleumsverksemda («arkitektrolla» til Gassco). Selskapet leverte i 2023 ei vurdering til departementet som viste at det, med gitte føresetnader, kan vere lønnsamt å auke kapasiteten for gasseksport frå Barentshavet.

Etter at vurderinga blei levert, har Gassco og selskapa som har ressursar i området, sett på moglegheitene for å gå vidare med konkret modning av eit prosjekt for auka gasseksportkapasitet. Å planlegge og forprosjektere store infrastrukturprosjekt kostar fleire hundre millionar kroner. Skal eit slikt prosjekt utviklast vidare, må det derfor drivast fram av kommersielle selskap med behov for gasstransport.

Til no har det ikkje vore stor nok interesse blant selskapa for å gå vidare med ein slik prosess. Det er viktig å vite kor store gassressursar som treng eksportløysinga. Derfor satsar næringa no på å få meir informasjon om dette gjennom boring av leitebrønnar.

Regjeringa legg til rette for dette arbeidet ved å tildele prospektivt leiteareal gjennom konse-

sjonsrundar. Dei årlege TFO-rundane omfattar i dag størstedelen av det opne, tilgjengelege arealet for tildeling av utvinningsløyve, inkludert store område i Barentshavet. Som del av den breie satsinga for å påvise ytterlegare petroleumsressursar har departementet også starta arbeidet med utlysinga av den 26. konsesjonsrunden. Alt areal som er ope og tilgjengeleg for tildeling av utvinningsløyve på kontinentalsokkelen og ikkje inngår i TFO-området, kan nominerast.

Framtidige leiteresultat vil vere éin av fleire faktorar som avgjer om auka gasseksportkapasitet i Barentshavet kan realiserast. Det er næringa sjølv som må vedta boring av leitebrønnar, kva funn som skal utviklast, og eventuelle prosjekt for etablering av ny infrastruktur. Ved å gjennomføre konsesjonsrundar legg regjeringa til rette for at lønnsame ressursar kan påvisast og vinnast ut, og gjennom arkitektrolla til Gassco er det etablert rammer for ei tidsriktig utvikling av ei eventuell løysing for auka gasseksport frå Barentshavet.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Status for og vurdering av NZIA-forordninga frå EU

Vedtak 1078, 13. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en redegjørelse for status og vurdering av NZIA-direktivet fra EU angående pålegget om CCS-lagre samt redegjøre for regjeringens intensjoner i videre behandling og dialog med EU.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:270 S (2024–2025) og Innst. 504 S (2024–2025).

Regjeringa vurderer no om NZIA-forordninga bør innlemmast i EØS-avtalen. I den samanhengen arbeider departementet med å avklare korleis Noreg skal stille seg til føresegnene om CO_2-lagring. I dialogen med EU er departementet opptatt av å vareta norske interesser.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Reform av nettreguleringa

Vedtak 1079, 13. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen igangsette arbeidet med en reform av nettreguleringen som skal sikre mer nett raskere, økt kapasitet i nettet og at man raskere får tilgang på økt kapasitet, og komme tilbake til Stortinget med en sak om hvordan man skal oppnå dette.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:208 S (2024–2025) og Innst. 503 S (2024–2025).

Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for å møte behovet for raskare nettutbygging, raskare tilgang til kapasitet og meir effektiv utnytting av straumnettet. Arbeidet er følgt opp både gjennom endringar i reguleringa og styrking av kapasiteten hos energimyndigheitene.

Reguleringsmyndigheita for energi (RME) har endra inntektsreguleringa for å legge til rette for raskare tilknyting av kundar. Endringane inneber at nettselskapa får dekt utgreiingskostnader i ein tidleg fase av tilknytingsprosessen, og at inntektsramma kan aukast når kundar blir tilknytte og selskapa tilbyr meir kapasitet. Tiltaka skal bidra til raskare tilgang til nettkapasitet og betre utnytting av eksisterande nett.

Stortinget har vedtatt endringar i energilova som regjeringa har fremt for å effektivisere og modernisere konsesjonsbehandlinga. Endringane inneber mellom anna at NVE får heimel til å avslutte behandlinga av eit prosjekt på eit tidleg stadium dersom det er openbert at prosjektet ikkje vil få konsesjon. Det er innført henteplikt for områdekonsesjonærar ved tilknyting opp til og med 22 kV[1], og maksimal varigheit for nye anleggskonsesjonar er utvida frå 30 til 50 år. Det er også gjort endringar i søknads- og kunngjeringsreglane, og detaljplanfasen er lovfesta. Endringane skal bidra til raskare framdrift i viktige prosjekt og betre ressursutnytting i konsesjonsprosessane.

Departementet har gjennomført ein møteserie med RME, bransjeorganisasjonar og nettselskap, der temaa har vore korleis inntektsreguleringa kan bidra til meir effektiv utnytting av nettet, og kva insentiv nettselskapa har til å bygge ut nytt nett. RME vurderer jamleg om det er formålstenleg å justere reguleringa for å styrke insentiva til effektiv drift og utnytting av nettet. Som del av oppfølginga av handlingsplanen for raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet held departementet halvårlege statusmøte med representantar for nettbransjen. Eit naturleg tema i desse møta er tiltak som kan bidra til betre utnytting av nettinfrastrukturen.

Departementet har også nettopp fastsett ei forskriftsendring som skal sikre at vanleg straumforbruk ikkje må vente på nettinvesteringar. Tiltaket

[1] Kilovolt – måleenhet for elektrisk spenning

inneber at nettselskapa skal halde av kapasitet i regionalnettet til kundar med effektuttak under 1 MW[2], og i transmisjonsnettet til kundar med effektuttak under 5 MW og eit årleg forbruk under 20 GWh[3]. Formålet med endringa er å sikre at hushald, mindre verksemder og nødvendige samfunnsfunksjonar skal sleppe å stå i tilknytingskø, og få raskare tilgang til straumnettet.

Departementet har også vedtatt forskriftsendringar som skal sikre at nettselskapa er opne om vurderingane dei gjer når dei skal avgjere om det er driftsmessig forsvarleg å gi tilknyting. Endringane gir også nettselskapa moglegheit til å redusere det maksimalt tillatne effektuttaket for ein kunde i særlege tilfelle. Desse endringane skal bidra til betre utnytting av straumnettet.

Regjeringa har også styrkt energimyndigheitene med auka ressursar, og satsar på digitalisering for å effektivisere konsesjonsbehandling og reguleringsarbeid. Dette skal bidra til raskare saksbehandling og betre koordinering mellom aktørane i kraftsystemet.

Nettselskapa planlegg investeringar i straumnettet på om lag 170 milliardar kroner i perioden 2024–2030. Dette reflekterer eit betydeleg løft i kapasiteten og utbyggingstakten og vil truleg bidra til å møte auka etterspørsel og sikre tilstrekkeleg kapasitet i kraftsystemet.

RME har også innført nye krav til tilknyting og bruk av nettet, gjeldande frå 1. juli 2025. Desse krava inneber mellom anna at nettselskapa skal halde av kapasitet til mindre kundar i regional- og transmisjonsnettet. Formålet er å sikre at også mindre aktørar får tilgang til nettet på ein effektiv og føreseieleg måte.

Departementet vil halde fram arbeidet med å vurdere tiltak og eventuelle regelverksendringar som kan føre til raskare nettutbygging, betre tilgang til kapasitet og meir effektiv utnytting av straumnettet.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Endringar i energilova for tidlegare planlegging av nytt nett m.m.

Vedtak 1080, 13. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen fremme forslag til nødvendige endringer i energiloven og gjøre endringer i tilhørende forskrifter slik at nettselskapene kan utrede og planlegge for nytt nett tidligere og starte konsesjonsbehandlingen for å få innvilget betinget konsesjon i områder hvor det er stor sannsynlighet for etablering av nytt forbruk.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:208 S (2024–2025) og Innst. 503 S (2024–2025).

Det er ingenting i dagens energiregelverk som hindrar nettselskapa i å ligge i forkant med nettplanlegging. *Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet* frå 2023 oppmodar også nettselskapa om å vere i forkant med å greie ut og søke konsesjon for tiltak når det er formålstenleg og nettselskapa har kapasitet til det. Handlingsplanen understreka også at nettselskapa både kan og bør søke om såkalla vilkårsbunden konsesjon når det er formålstenleg, og vurdere moglegheitene for trinnvise utbyggingar når dei planlegg tiltak i straumnettet.

I statsråd 29. september 2023 fekk Statnett konsesjon til å bygge, eige og drive ein ny 420 kilovolts leidning mellom Blåfalli og Gismarvik i Vestland og Rogaland fylke. Konsesjonen blei gitt med vilkår om at Statnett måtte ha signert avtale om anleggsbidrag med minst éin stor kunde før føretaket kunne begynne å bygge leidningen.

I statsråd 15. august 2025 fekk Statnett konsesjon til å bygge, eige og drive ein ny 420 kilovolts leidning mellom Skaidi og Lebesby i Finnmark fylke. I denne konsesjonen blei det presisert at tiltaket kan byggast ut trinnvis, ved at heile eller delar av anlegget kan driftast på 132 kilovolt i ein avgrensa periode, dersom Statnett vurderer det som rasjonelt. Slike grep gjer at nødvendige nettanlegg kan etablerast raskt når behovet oppstår, men sikrar samtidig at det ikkje blir etablert nettanlegg som det ikkje er behov for.

RME har også gjort endringar i inntektsreguleringa av nettselskapa som legg til rette for at selskapa kan ligge i forkant med nettplanleggingа. Frå og med rekneskapsåret 2024 får nettselskap dekt kostnader til tidlege nettutgreiingar i regional- og transmisjonsnettet.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Forbrukstak for Noregspris

Vedtak 1090, 16. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen sette forbrukstaket for Norgespris til 5000 kWh for husholdninger i måneden og 1000 kWh for fritidsboliger i måneden.*»

[2] Megawatt, ei måleeining for effektuttak.

[3] Gigawatttime, ei måleeining for energiforbruk.

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 148 L (2024–2025), Innst. 535 L (2024–2025) og Lovvedtak 135 (2024–2025).

Departementet viser til at Noregspris er innført med eit forbrukstak på 5 000 kWh per månad per målepunkt for hushald og 1 000 kWh per månad per målepunkt for fritidsbustadar i statsbudsjettet for 2025, og at desse grensene blir vidareførte i statsbudsjettet for 2026, jf. *forskrift om Norgespris*.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Forbrukstak for straumstønad

Vedtak 1091, 16. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen sette forbrukstaket for strømstøtten til 5000 kWh i måneden.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 148 L (2024–2025), Innst. 535 L (2024–2025) og Lovvedtak 135 (2024–2025).

Departementet viser til at forbrukstaket for straumstønadsordninga på 5 000 kWh per månad per målepunkt er vidareført i statsbudsjettet for 2025 og i statsbudsjettet for 2026, jf. *forskrift om strømstønad*.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Tiltak for lågare og meir stabile straumprisar i NO2

Vedtak 1096, 16. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen med bakgrunn i den krevende situasjonen for Agder, Rogaland og deler av Telemark utrede konkrete tiltak med mål om å sikre lavere og mer stabile strømpriser i NO2.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 148 L (2024–2025), Innst. 535 L (2024–2025) og Lovvedtak 135 (2024–2025).

Regjeringa har eit klart mål om at vi skal ha rikeleg tilgang på rein og rimeleg energi over heile landet, og at det skal vere tilstrekkeleg overføringskapasitet mellom regionar slik at det ikkje blir langvarige store prisforskjellar mellom ulike bodområde.

Straumprisutvalet vurderte ei rekke tiltak for lågare og meir stabile kraftprisar. Utvalet leverte rapporten sin, *Balansekunst*, i oktober 2023. Ein hovudkonklusjon frå utvalet var at alternativ til dagens marknadsmodell ikkje ser ut til å gi betre ressursutnytting eller større samfunnsøkonomisk overskot. Utvalet kom også fram til at tiltak for omfordeling bør settast inn i sluttbrukarmarknaden framfor i engrosmarknaden.

På bakgrunn av utgreiinga frå Straumprisutvalet har regjeringa lagt vekt på tiltak i sluttbrukarmarknaden. Regjeringa har innført ei rekke tiltak for å sikre hushald og næringsliv lågare og meir stabile straumkostnader. Regjeringa har etablert ei straumstønadsordning for hushald for å sikre dei mot høge straumprisar. Regjeringa har også etablert Noregspris på straum, som gir hushald moglegheit til å velje ein fast pris per kWh som eit alternativ til straumstønadsordninga. Det er også lagt til rette for fastprisavtalar for næringslivet gjennom eit kontraktsunntak for standardiserte fastprisavtalar i grunnrenteskatten for vasskraft. Dermed kan også bedrifter enklare sikre seg føreseielege straumprisar. I august 2025 kunne bedrifter i NO2 inngå fastprisavtale ned mot 69 øre per kWh.

Regjeringa har også innført tiltak for lågare nettleige. Frå 1. oktober 2025 blei elavgifta redusert ytterlegare, noko som gir eit årleg avgiftskutt på om lag 3 milliardar kroner for folk og næringsliv over heile landet. I budsjettet for 2026 foreslår regjeringa å innføre ein felles sats på 4,18 øre per kWh i elavgift, noko som kuttar avgiftene med om lag 4 milliardar kroner til. Samtidig blir flaskehalsinntekter brukte til å halde nettleiga nede i område med høge kraftprisar. Sidan ordninga kom på plass, er det utbetalt om lag 10 milliardar kroner til redusert nettleige.

Det viktigaste vi kan gjere for å redusere prisforskjellane på lang sikt, er å sørge for meir kraft, meir nett og meir effektiv bruk av det eksisterande nettet. Det er regjeringa godt i gang med.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Utnytting av overskotsvarme

Vedtak 1213, 20. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget våren 2026 med forslag om krav til utnyttelse av overskuddsvarme i industrien, datasenter og nye virksomheter.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2024–2025) og Innst. 540 L (2024–2025).

Departementet viser til oppfølginga av oppmodingsvedtak 78 frå 5. desember 2024 og oppmodingsvedtak 983 frå 11. juni 2025, og nærmare

omtale av overskotsvarme i kapittel 10.2 Verkemiddel retta mot industri, næringsliv og det offentlege i del III av proposisjonen.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Sikre tilstrekkeleg krafttilgang i heile Finnmark

Vedtak 1256, 20. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen gjøre tiltak for sikre tilstrekkelig krafttilgang til hele Finnmark, herunder også å oppgradere og utvide produksjonen i eksisterende vannkraftverk.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:175 S (2024–2025) og Innst. 541 S (2024–2025).

Regjeringa er opptatt av god framdrift og høg kvalitet i arbeidet med ny kraftproduksjon og nytt kraftnett i Finnmark, mellom anna i lys av kraft- og industriløftet for Finnmark. Høg prioritering av søknader om nett og ny produksjon i Finnmark er framheva som ei særskild oppgåve for NVE i tildelingsbrevet for 2025.

NVE gjennomførte fleire informasjons- og folkemøte om konsesjonsprosessane i Finnmark i 2024. Den 24. april 2024 fastsette NVE konsekvensutgreiingsprogram for elleve vindkraftprosjekt i Finnmark. Den 25. juni 2025 fastsette NVE krav om utgreiing av konsekvensar for reindrift for dei same elleve vindkraftprosjekta, og utgreiingsprogram for dei to 132 kV-kraftleidningane Skaidi–Smørfjord–Honningsvåg og Adamselv–Kjøllefjord–Mehamn. Tiltakshavarane har no ansvar for å gjennomføre utgreiingar i tråd med programma, og desse blir eit viktig underlag for framtidige konsesjonssøknader.

Statkraft Energi AS planlegg eit nytt aggregat 3 i Alta kraftverk og sendte søknad til NVE i september 2025. Tiltaket vil kunne auke den installerte effekten med om lag 120 MW og den årlege produksjonen med mellom 100 og 150 GWh.

I statsråd 15. august 2025 fekk Statnett løyve etter energilova og oreigningslova til å bygge, eige og drive ein ny 420 kV-leidning frå Skaidi til Lebesby og løyve til å bygge nye Lebesby transformatorstasjon. Den nye leidningen vil styrke forsyningssikkerheita i Aust-Finnmark. Tiltaket legg også til rette for auka kraftproduksjon som kan knytast til nye Lebesby stasjon. Saman med andre investeringar kan tiltaket også legge til rette for auka forbruk i Aust-Finnmark. Same dag som Statnett fekk konsesjon til tiltaket Skaidi–Lebesby, bad departementet NVE og Statnett om å lage ein felles framdriftsplan for behandlinga av konsesjonssøknaden om ein ny 420 kV-kraftleidning vidare austover i Finnmark, frå Lebesby til Seidafjellet, med ein ny stasjon på Seidafjellet. Framdriftsplanen skal mellom anna synleggjere moglegheiter og barrierar for å kunne sette ein ny leidning i drift i 2032, utan å føregripe vurderinga av spørsmålet om konsesjon eller legge føringar for NVE sine vurderingar av den samla samfunnsnytta til prosjektet. Statnett prioriterer også arbeidet med å greie ut, søke om og eventuelt etablere ei ny styringseining som gjer det mogleg å utnytte den eksisterande 220 kV-leidningen mellom Aust-Finnmark og Finland betre. Dette tiltaket legg til rette for nytt og auka forbruk i Aust-Finnmark.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Rask saksbehandling av søknaden om utbygging av transmisjonsnettet Skaidi–Lebesby–Varangerbotn

Vedtak 1257, 20. juni 2025

> «*Stortinget ber regjeringen prioritere rask saksbehandling av søknaden om utbygging av transmisjonsnettet fra Skaidi til Lebesby og videre til Varangerbotn for å styrke nettkapasiteten og energisikkerheten.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:175 S (2024–2025) og Innst. 541 S (2024–2025).

I statsråd 15. august 2025 fekk Statnett løyve etter energilova og oreigningslova til å bygge, eige og drive ein ny 420 kV-leidning frå Skaidi til Lebesby og løyve til å bygge nye Lebesby transformatorstasjon. Den nye leidningen vil styrke forsyningssikkerheita i Aust-Finnmark. Tiltaket legg også til rette for auka kraftproduksjon som kan knytast til nye Lebesby stasjon. Saman med andre investeringar kan tiltaket også legge til rette for auka forbruk i Aust-Finnmark.

Høg prioritering av søknader om mellom anna nett i Finnmark er framheva som ei særskild oppgåve for NVE i tildelingsbrevet for 2025. Same dag som Statnett fekk konsesjon til tiltaket Skaidi–Lebesby, bad departementet NVE og Statnett om å lage ein felles framdriftsplan for behandlinga av konsesjonssøknaden om ein ny 420 kV-kraftleidning vidare austover i Finnmark, frå Lebesby til Seidafjellet, med ein ny stasjon på Seidafjellet. Framdriftsplanen skal mellom anna synleggjere moglegheiter og barrierar for å kunne sette ein ny leidning i drift i 2032, utan å føregripe vurderinga

av spørsmålet om konsesjon eller legge føringar for NVE sine vurderingar av den samla samfunnsnytta til prosjektet. Statnett prioriterer også arbeidet med å greie ut, søke om og eventuelt etablere ei ny styringseining som gjer det mogleg å utnytte den eksisterande 220 kV-leidningen mellom Aust-Finnmark og Finland betre. Dette tiltaket legg til rette for nytt og auka forbruk i Aust-Finnmark.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

3.2 Stortingssesjon 2023–2024

Havvind – opne eit område i nord

Vedtak 96, 4. desember 2023

> «*Stortinget ber regjeringen åpne et område i nord for havvind som kan utlyses senest i 2027, og der det skal legges vekt på at konsekvensene for sameksistens med fiskeri, natur og miljø kan ivaretas på en god måte.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 1 (2023–2024) og Innst. 2 S (2023–2024).

Før eit område kan opnast, må det gjennomførast ei strategisk konsekvensutgreiing. NVE leverte strategiske konsekvensutgreiingar for områda som er aktuelle for utlysing framover, inkludert fleire område i nord, i juni 2025. Utgreiingane vurderer mellom anna sameksistensen med andre næringar og omsynet til natur og miljø, og gir viktig informasjon for avgjerder om framtidige opningar og utlysingar.

Utgreiingane er sende på høyring med frist 1. oktober. Departementet vil utarbeide ein plan for vegen vidare for havvind, mellom anna basert på utgreiingane og høyringsinnspela. Departementet planlegg å lyse ut nye område for havvind jamleg framover.

Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Nye datasenter – utnytting av spillvarme og eigenproduksjon av energi- og energilagringsløysingar

Vedtak 717, 6. juni 2024

> «*Stortinget ber regjeringen utarbeide krav til nye datasentre som omhandler utnyttelse av spillvarme og egenproduksjon av energi- og energilagringsløsninger der det ligger til rette for dette.*»

I 2023 blei det fastsett krav i energilova om å gjennomføre kost-nytteanalyse av moglegheitene for å utnytte overskotsvarme for aktørar som bygger eller oppgraderer anlegg med stort energibehov. Departementet har konkretisert reglane i *forskrift om kost-nytteanalyse av mulighetene for å utnytte overskuddsvarme* (forskrift om overskotsvarme). Forskrifta trådde i kraft 1. april 2025. Krava omfattar mellom anna oppføring av datasenter med over 2 MW tilført elektrisk effekt. Etter dagens regelverk kan NVE – for utvalde anlegg – gjere enkeltvedtak om at eit anlegg ikkje kan byggast eller oppgraderast utan at overskotsvarmen blir utnytta.

Departementet har også greidd ut om det er grunnlag for å stille strengare krav til utnytting av overskotsvarme. I september 2025 sende departementet ut eit høyringsforslag om endringar i energilova §§ 7-2 til 7-4 som skjerpar krava til utnytting av overskotsvarme.

Departementet meiner at det ligg til rette for å utnytte overskotsvarme dersom fordelane er større enn kostnadene, og foreslår å innføre ein hovudregel om at overskotsvarmen skal utnyttast i slike tilfelle. I tillegg foreslår departementet å senke effektgrensene for kva anlegg som blir omfatta av reglane. For datasenter foreslår regjeringa å senke grensa frå 2 MW til 1 MW. Plikta til å gjennomføre kost-nytteanalyse ved oppgradering vil departementet utvide til å inkludere mellom anna datasenter. Høyringsforslaget om utnytting av overskotsvarme er nærmare omtalt i kapittel 10.2 Verkemiddel retta mot industri, næringsliv og det offentlege i del III av proposisjonen.

Eigenproduksjon av energi og energilagring er begge potensielle etterspørselspunkt for overskotsvarmen. Blir krava til utnyttinga av overskotsvarme skjerpa, vil det resultere i at potensielle etterspørselspunkt, slik som eigenproduksjon og energilagring, også blir vurderte. I tillegg har det etter oppmodingsvedtaket komme fleire nye føresegner i norsk regelverk som legg til rette for eigenproduksjon av energi og energilagring. Etter forskrift om overskotsvarme, som trådde i kraft 1. april 2025, skal energilagring vurderast som avtakar av overskotsvarmen. Her seier § 9 at kost-nytteanalysen skal ta omsyn til «[…] alle aktuelle eksisterende eller potensielle etterspørselspunkter for varme som kan forsynes fra anlegget». Vidare skal det i kost-nytteanalysen «[…] gjøres en vurdering av om kraftproduksjon er en aktuell mulighet, og eventuelt beskrive lønnsomheten i dette». *Forskrift om energikartlegging*, som trådde i kraft 1. oktober 2024, stiller krav om at alle føretak med eit årleg gjennomsnittleg energibruk i Noreg på minst 2,5 GWh skal gjennomføre

regelmessige energikartleggingar. Etter energikartleggingsforskrifta § 4 skal kartlegginga identifisere «[…] muligheter for kostnadseffektiv produksjon av fornybar energi».

Departementet viser også til oppfølginga av oppmodingsvedtak 78 av 5. desember 2024, -vedtak 983 av 11. juni 2025, -vedtak 1213 av 20. juni 2025 og nærmare omtale i kapittel 10.2 Verkemiddel retta mot industri, næringsliv og det offentlege i del III av proposisjonen.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Energipartnarskap med olje- og gassnæringa

Vedtak 910, 21. juni 2024

> «*Stortinget ber regjeringen videreføre dialogen og konkretisere innholdet i et energipartnerskap med olje- og gassnæringen, vedtatt i forbindelse med oljeskattepakken, i tråd med omtalen i Revidert nasjonalbudsjett 2024, med sikte på fortsatte utslippsreduksjoner i næringen for å bidra til å nå klimamålet i 2030. Et viktig premiss for partnerskapet er at olje- og gassnæringen innenfor det finanspolitiske rammeverket skal bidra mer til finansieringen av flytende havvind enn de gjør i dag, ved at CO_2-avgiften på sokkelen skal økes frem mot 2030.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til ei fråsegn frå fleirtalet i energi- og miljøkomiteen, som viser til omtalen av vedtaket i Meld. St. 4 (2024–2025). Fleirtalet er einige om at rapporteringa på vedtaket ikkje kan avsluttast no.

Departementet har gjort greie for oppfølginga av oppmodingsvedtaket i kapittel 6.3 Status for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda i del III av proposisjonen.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Fjerne konsesjonsplikt for solparkar opp til 10 MW

Vedtak 913, 21. juni 2024

> «*Stortinget ber regjeringen i løpet av vårsesjonen 2025 fjerne konsesjonsplikt for solparker opp til 10 MW lokalisert på industritomter, næringsarealer, flystriper eller lignende, slik at tillatelser gis av kommunene etter plan- og bygningsloven.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til ei fråsegn frå fleirtalet i energi- og miljøkomiteen, som viser til at forslaget har vore på høyring, men meiner at vedtaket ikkje kan kvitterast ut før konsesjonsplikta for solparkar opp til 10 MW lokalisert på industritomter, næringsareal, flystriper eller liknande er fjerna, slik at løyve blir gitt av kommunane etter plan- og bygningslova.

Departementet har fastsett ei effektgrense på 10 MW for konsesjonsplikt for solkraftanlegg. Solkraftanlegg med installert effekt på 10 MW eller mindre treng ikkje konsesjon etter energilova. Denne effektgrensa gjeld generelt for alle solkraftanlegg, også såkalla grå areal. Regelendringa blei sett i kraft 1. juli 2025.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

3.3 Stortingssesjon 2022–2023

Inkludere bakkemonterte solenergianlegg i plan- og bygningslova

Vedtak 813, 9. juni 2023

> «*Stortinget ber regjeringen fremme et forslag til hvordan bakkemonterte solenergianlegg kan inkluderes i plan- og bygningsloven, senest innen utgangen av 2023.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 111 L (2022–2023), Innst. 483 L (2022–2023) og Lovvedtak 120 (2022–2023).

Energidepartementet, i samråd med Kommunal- og distriktsdepartementet, hadde ved årsskiftet 2023/2024 på høyring eit forslag om å krevje områdereguleringsplan etter plan- og bygningslova for konsesjonspliktige solkraftanlegg. Det er no fastsett ei effektbasert konsesjonspliktgrense på 10 MW for solkraftanlegg etter energilova, og regjeringa meiner denne endringa gir ein god balanse og varetar omsyna til både kommunane og NVE. Solkraftanlegg med installert effekt på 10 MW eller mindre skal ikkje behandlast av NVE og treng berre løyve frå kommunane etter plan- og bygningslova. Regjeringa har derfor annonsert at ein ikkje vil gå vidare med forslaget om krav om områdereguleringsplan etter plan- og bygningslova for konsesjonspliktige solkraftanlegg.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Havvind – auka vekting av berekraftskriteria og positive lokale ringverknader

Vedtak 841, 14. juni 2023

> «*Stortinget ber regjeringen vurdere økt vekting av bærekraftskriteriene og positive lokale ringvirkninger ved framtidige havvindutbygginger og rapportere tilbake til Stortinget på egnet vis.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 93 S (2022–2023) og Innst. 496 S (2022–2023).

I mai 2025 lyste departementet ut Utsira Nord for flytande havvind. Utsira Nord består av tre prosjektområde på 500 MW kvar. Søkarar i konkurransen om tildeling av område blir vurderte ut frå fem kvalitative kriterium: 1) kostnadsnivå, realisme og modenskap, 2) innovasjon og teknologiutvikling, 3) gjennomføringsevne, 4) berekraft og 5) positive ringverknader. Dei kvalitative kriteria legg til rette for at prosjektområde blir tildelte aktørar som er godt eigna til å realisere flytande havvind til lågast mogleg kostnad, og bidrar til at vi når dei måla vi har sett for havvindsatsinga.

Dette er første gongen prosjektområde blir tildelte basert på kvalitative kriterium i Noreg. Det viktigaste verktøyet for å sikre berekraft er likevel konsekvensutgreiinga og den vidare konsesjonsbehandlinga. Departementet vil vurdere kriteria og ein modell for framtidige utlysingar av område for havvind for kvar enkelt utlysing.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Solenergi – mål om 8 TWh innan 2030

Vedtak 923, 16. juni 2023

> «*Stortinget ber regjeringen sette et mål for ny solenergi på 8 TWh innen 2030 og utarbeide en konkret handlingsplan som gjør det mulig å realisere målet innen revidert nasjonalbudsjett i 2024. Tiltak og virkemidler skal ikke være til hinder for rasjonell nettutvikling.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til Meld. St. 4 (2024–2025) og til merknad i Innst. 447 S (2023–2024), som seier at regjeringa har levert ei løypemelding om korleis ein skal nå målet om 8 TWh solenergi. Fleirtalet meiner eit mål om 8 TWh solenergi innan 2030 krev konkrete tiltak og verkemiddel. Fleirtalet ber regjeringa i løpet av våren 2025 rapportere om statusen for arbeidet med konkrete tiltak og verkemiddel for å styrke solkraftproduksjonen.

På bakgrunn av eit skriftleg spørsmål frå Stortinget rapporterte energiministeren i juni 2025 om statusen på målet for solkraft. I rapporteringa viste ministeren til at den installerte solkraftkapasiteten har auka dei siste åra, og at det kjem stadig fleire søknader om bakkemontert solkraft.

Regjeringa ønsker å bidra til at fleire byggeigarar vel å installere solenergianlegg, og tilskotsordningar for solenergi gjennom Enova og Husbanken er viktige i dette arbeidet. Støtteordninga gjennom Husbanken blei etablert av regjeringa i 2023 og Husbanken har per august gitt 237 millionar kroner i støtte til solceller og solvarmekollektorar. I same periode har Enova gitt 408 millionar kroner i støtte til bygningsmonterte solcelleanlegg. Enova har også gitt 420 millionar kroner i støtte til energitiltak i bygg som har inkludert solkraft.

Regjeringa har også fastsett ei delingsordning for lokal fornybar energiproduksjon tilpassa næringsområde som vil gi aktørar større insentiv til å investere i fornybar kraft på utbygd areal. Ein tar sikte på at ordninga trer i kraft 1. januar 2026. Vidare er det fastsett ei effektgrense for kva solkraftanlegg som krev konsesjon etter energilova. Denne effektgrensa blei innført 1. juli 2025. Solkraftanlegg med installert effekt på 10 MW eller mindre treng no berre ei avklaring av kommunen etter plan- og bygningslova og krev ikkje lenger konsesjon frå NVE.

Departementet viser til «Plan for tiltak for økt utbygging av solenergi og lokal energiproduksjon», som blei lagd fram i Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024*, punkt 2.16 Energidepartementet, Andre saker, side 145–149. Her går det fram at regjeringa vil legge ambisjonen om 8 TWh ny solenergi innan 2030 til grunn for vidare arbeid, men at fordelar og ulemper ved tiltak og verkemiddel som blir sette i verk, må vegast opp mot andre samfunnsomsyn.

I kapittel 8 Regjeringa si oppfølging av Energikommisjonen og Straumprisutvalet med meir, i del III av Prop. 1 S (2024–2025), er det gitt ei samla framstilling av korleis regjeringa har følgt opp forslaga frå og høyringa av Energikommisjonen og Straumprisutvalet, mellom anna solkraft.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Solkraft – deling med høgare grense enn 1 MW

Vedtak 924, 16. juni 2023

> «*Stortinget ber regjeringen lage en delingsordning tilpasset næringsområder som muliggjør deling av solkraft med høyere grense enn 1 MW.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til ei fråsegn frå fleirtalet i energi- og miljøkomiteen, som er positive til at grensa blir heva til 5 MW, men meiner at vedtaket ikkje kan kvitterast ut før delingsordninga er innført.

Den 1. juli 2025 fastsette Energidepartementet og Finansdepartementet forskriftsendringar som gjer det mogleg å dele overskotsproduksjon av fornybar straum frå anlegg på inntil 5 MW innanfor eit næringsområde. Ordninga vil stimulere til ny fornybar kraftproduksjon utan naturinngrep og kan hjelpe næringsaktørar med å få ned straumrekninga si. Ein tar sikte på at delingsordninga for fornybar straum tilpassa næringsområde trer i kraft 1. januar 2026.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Solenergiparkar – fjerne konsesjonsplikt for enkeltprosjekt med lågt konfliktnivå

Vedtak 925, 16. juni 2023

> «*Stortinget ber regjeringen gi NVE mulighet til å unnta enkeltprosjekter med solparker med lavt konfliktnivå i grå areal fra konsesjonsplikt, slik at tillatelser kan gis av kommunene etter plan- og bygningsloven.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til ei fråsegn frå fleirtalet i energi- og miljøkomiteen, som gir uttrykk for at vedtaket ikkje kan kvitterast ut før NVE har høve til å frita enkeltprosjekt med solparkar med lågt konfliktnivå i grå areal frå konsesjonsplikt. Rapporteringa blir derfor ikkje avslutta.

Departementet har fastsett ei effektgrense på 10 MW for konsesjonsplikt for solkraftanlegg. Solkraftanlegg med installert effekt på 10 MW eller mindre treng ikkje konsesjon etter energilova. Denne effektgrensa gjeld generelt for alle solkraftanlegg og er ikkje avgrensa til såkalla grå areal. Regelendringa blei sett i kraft 1. juli 2025.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Solenergiparkar – fjerne konsesjonsplikt opp til 1 MW

Vedtak 926, 16. juni 2023

> «*Stortinget ber regjeringen i løpet av 2023 fjerne konsesjonsplikt for solparker opp til 1 MW på grå areal, slik at tillatelser gis av kommunene etter plan- og bygningsloven.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 2 (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til ei fråsegn frå fleirtalet i energi- og miljøkomiteen, som viser til at regjeringa har hatt på høyring eit forslag om å innføre ei effektgrense for konsesjonsplikt for solkraftanlegg, og at regjeringa arbeider med ei endringsforskrift. Fleirtalet meiner at rapporteringa ikkje kan avsluttast før forskrifta er lagd fram.

Departementet har fastsett ei effektgrense på 10 MW for konsesjonsplikt for solkraftanlegg. Solkraftanlegg med installert effekt på 10 MW eller mindre treng ikkje konsesjon etter energilova. Denne effektgrensa gjeld generelt for alle solkraftanlegg, også såkalla grå areal. Regelendringa blei sett i kraft 1. juli 2025.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

3.4 Stortingssesjon 2021–2022

Havvind – tildeling av areal

Vedtak 703, 10. juni 2022

> «*Stortinget ber regjeringen sørge for at neste tildeling av havvindareal etter Sørlige Nordsjø II og Utsira Nord i nye områder skjer senest i løpet av 2025. Stortinget ber om at dette er en større utlysning som legger til rette for skalering og teknologiutvikling og nye industrielle muligheter*

og at utlysningen sikrer god sameksistens og tar hensyn til viktige naturverdier.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 36 (2020–2021), Meld. St. 11 (2021–2022) og Innst. 446 S (2021–2022).

I 2023 lyste departementet ut området Sørlege Nordsjø II, og området blei tildelt Ventyr SN II AS i april 2024. Ventyr er no i gang med si prosjektspesifikke konsekvensutgreiing for det 1 500 MW store prosjektet.

I mai 2025 lyste departementet ut tre prosjektområde på 500 MW for flytande havvind i Utsira Nord. Utsira Nord legg til rette for auka fornybar kraftproduksjon og teknologiutvikling, og opnar nye moglegheiter for leverandørindustrien.

I juni 2025 fekk departement ei strategisk konsekvensutgreiing av område som er aktuelle for havvind frå NVE. Utgreiinga er send på høyring, og departementet vil – mellom anna basert på utgreiinga og høyringsinnspela – utarbeide ein plan for vegen vidare for havvind i Noreg. Regjeringa planlegg å lyse ut nye område for havvind jamleg framover.

Departementet reknar dette oppmodingsvedtaket som følgt opp.

Havvind – vurdere å fastsette delmål for arealtildeling innan 2030

Vedtak 716, 10. juni 2022

«*Stortinget ber regjeringen i lys av erfaringer og evalueringen som gjøres fra de første tildelingene, vurdere å fastsette et delmål for arealtildeling innen 2030.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 36 (2020–2021), Meld. St. 11 (2021–2022) og Innst. 446 S (2021–2022).

I juni 2025 leverte NVE ei strategisk konsekvensutgreiing av område som er aktuelle for havvind, til departementet. Utgreiinga er send på høyring med frist 1. oktober. Departementet vil i 2026 utarbeide ein plan for den framtidige utviklinga av havvind i Noreg, mellom anna basert på utgreiinga og høyringsinnspela. Målet er å etablere eit godt grunnlag for vidare områdeutpeiking og utlysingar. Noreg har ein ambisjon om at det innan 2040 skal tildelast område for 30 000 MW havvindproduksjon. Departementet legg opp til å lyse ut nye område for havvind jamleg framover.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Mål om auka energisparing – greie ut ulike ordningar med energisparesertifikat

Vedtak 727, 10. juni 2022

«*Stortinget ber regjeringen utrede ulike ordninger med energisparesertifikater for å utløse mål om økt energisparing med mest mulig effekt.*»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 36 (2020–2021), Meld. St. 11 (2021–2022) og Innst. 446 S (2021–2022).

I Innst. 216 S (2024–2025) viser fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen til ei fråsegn frå fleirtalet i energi- og miljøkomiteen om at oppmodingsvedtak 727 (2021–2022) ikkje er gjennomført, og at rapporteringa derfor ikkje kan avsluttast.

Energidepartementet har vurdert ordningar med energisparesertifikat for å utløyse mål om auka energisparing. Energisparesertifikat kan minne om ETS-systemet for klimakvotar, der aktørar blir pålagde å redusere forbruket eller dekke opp forpliktingane sine med sertifikat. Det er fleire måtar å innretta ei ordning for energisparesertifikat på, men det er vanleg at kraftselskap eller nettselskap får plikt til å sette i verk årlege energisparetiltak tilsvarande ein viss prosent av den totale energileveransen sin. Kraft- eller nettselskapa blir pålagde å kjøpe sertifikat tilsvarande dei pålagde energispareforpliktingane sine. Kostnadene ved å kjøpe sertifikata blir så fordelte på kundane, enten gjennom høgare nettleige eller gjennom høgare straumpris. Ein pålegg også private nett- eller kraftselskap ei administrativ byrde som i utgangspunktet fell utanfor kjerneverksemda deira.

Ordningar med energisparesertifikat krev svært mykje administrasjon. Det må utarbeidast ei omfattande predefinert liste over tiltak som kvalifiserer til å få utskrive sertifikat. Det må også fastsettast kor mange sertifikat kvart tiltak klassifiserer til. Det vil vere utfordrande å komme fram til generelle energiinnsparingar knytte til eit bestemt tiltak. Det same tiltaket kan gi ulike energiinnsparingar avhengig av kvar og korleis det blir gjennomført.

Formålet med ei ordning med energisparesertifikat er å stimulere til auka energieffektivisering. Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi og har styrkt arbeidet med energieffektivisering dei siste åra. Departementet reknar det ikkje som formålstenleg å greie ut ulike ordningar for

energisparesertifikat vidare, sidan det er ein type støtteordning som i stor grad overlappar med dei eksisterande verkemidla på området.

Departementet reknar rapporteringa på dette oppmodingsvedtaket som avslutta.

Del II
Budsjettforslag

4 Nærmare omtale av løyvingsforslaga mv.

Programområde 18 Energiformål

Programkategori 18.00 Administrasjon

Energidepartementet

Energidepartementet skal legge til rette for ein samordna og heilskapleg energipolitikk. Departementet er sektorforvaltar og har ansvar for styring av etatane Sokkeldirektoratet, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Havindustritilsynet og eigaroppfølginga av Statnett SF, Gassnova SF og Gassco AS. Departementet har også ansvar for forvaltninga av Fond for CO_2-handtering.

I 2024 blei det utført 160 årsverk i Energidepartementet.

Departementet har ein energiråd ved Noregs delegasjon til EU i Brussel, ein energiråd ved ambassaden i Washington og ein energimedarbeidar ved OECD-delegasjonen i Paris.

Departementets energipolitiske mål og oppgåver for 2026, og resultat frå 2024, er omtalte under dei ulike programkategoriane.

Kap. 1800 Energidepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	238 476	261 041	270 264
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72*	28 640	39 300	44 600
50	Overføring til andre forvaltningsorgan, *kan overførast*	2 900	2 250	1 000
60	Utsira kommune – havvindutvikling			3 000
70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.	11 356	10 500	14 500
71	Norsk Oljemuseum	16 950	16 800	17 400
72	Tilskot til energiformål, *kan overførast, kan nyttast under post 21*	14 390	13 000	18 000
	Sum kap. 1800	312 712	342 891	368 764

Om 2025

Ved vedtak i Stortinget 20. juni 2025 blei post 21 redusert med 2 millionar kroner og post 70 auka med 4 millionar kroner, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å løyve om lag 270 millionar kroner til lønnsutgifter og andre driftsutgifter for Energidepartementet. Lønnsrelaterte utgifter utgjer om lag 83 prosent.

Auken frå saldert budsjett 2025 heng saman med lønns- og prisjustering.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72

Departementet foreslår ei løyving på 44,6 millionar kroner og ei bestillingsfullmakt på 17 millionar kroner, jf. forslag til vedtak III. Løyvinga skal dekke utgifter til kjøp av eksterne tenester, oppdrag og prosjekt som er vesentlege for arbeidet i Energidepartementet, men som departementet ikkje har kapasitet eller kompetanse til å gjennomføre sjølv. Dette omfattar mellom anna større utgreiingar, utval og analysar, avgjerdstøtte, uavhengige vurderingar og evalueringar og dessutan anna kunnskapsutvikling og formidling.

Auken frå saldert budsjett 2025 heng saman med høgare anslag for utgifter til kulturminneundersøkingar i regulerte vassdrag.

Kulturminneundersøkingar i regulerte vassdrag

Av den foreslåtte løyvinga er 20 millionar kroner knytte til kulturminneundersøkingar i regulerte vassdrag i regi av Riksantikvaren. Undersøkingane blir finansierte gjennom sektoravgift til kulturminnevern i regulerte vassdrag, som blir inntektsført under kap. 5582, post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag. Dei planlagde undersøkingane i 2026 omfattar vassdraga Altevatn, Auravassdraget, Flåmvassdraget, Holsvassdraget, Røssågavassdraget, Svelgenvassdraget, Tesse og Tokke-Vinjevassdraget.

Post 50 Overføring til andre forvaltningsorgan, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 1 million kroner til tilskotsordninga for kompetanseutvikling og formidling med relevans for energiområdet.

Resultat 2024

Universitetet i Oslo

I 2024 blei det utbetalt 1,5 millionar kroner til Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo for gjennomføring av ein nasjonal energikonferanse for realfagslærarar og lansering av kampanjen Årets energioppdrag. Konferansen gav lærarane oppdatert kunnskap om energibransjen og teknologiske innovasjonar.

Årets energioppdrag er retta mot elevar frå femte trinn til vidaregåande. Kampanjen skal styrke interessa for og læringsutbyttet i realfag og støtte lærarar i å konkretisere og implementere læreplanen LK20, særleg tverrfagleg undervisning. Ifølge rapportane gjennomførte 60 prosent av deltakarskolane tverrfaglege opplegg, og 67 prosent av lærarane ønskte meir samarbeid ved neste gjennomføring. Kampanjen fremmer utforskande arbeidsmåtar og praksisar frå relevante fagområde. Totalt deltok 18 skolar, og det kom inn 22 elevløysingar frå 10 av skolane.

Det blei også utbetalt om lag 650 000 kroner til Novemberkonferansen i Rio de Janeiro, som hadde som mål å vidareutvikle nettverket mellom norske og brasilianske FoU-aktørar og legge til rette for forskings- og teknologisamarbeid mellom Brasil og Noreg. Konferansen samla over 300 deltakarar frå Brasil og Noreg og hadde temaet «Research and Innovation for the Energy Transition: Need for Speed». Det blei gjennomført 15 sesjonar om mellom anna olje og gass, sol- og vindkraft, bioenergi, hydrogen, CO_2-handtering, mineral, berekraft, digitalisering og forskingsfinansiering.

Noregs forskingsråd

I 2024 blei det utbetalt 750 000 kroner til Noregs forskingsråd for å dekke utgifter til ekstern bistand i samband med samanslåinga av Energi21-strategien og OG21-strategien til ein samla nasjonal forskings- og innovasjonsstrategi for heile energiområdet (Energi2050). Prosjektet omfatta også planlegging av korleis det nye strategiorganet skal organiserast.

Post 60 Utsira kommune – havvindutvikling

Utsira Nord ligg utanfor kysten av Rogaland og blei opna for havvindproduksjon 12. juni 2020. Den 19. mai 2025 kunngjorde Energidepartementet konkurranse om prosjektområde for havvind i Utsira Nord.

Utsira kommune er direkte påverka av havvindutbygginga, og departementet foreslår nå årlege tilskot til kommunen. Ordninga er eit eingongstilfelle, grunngitt i den særeigne geografiske plasseringa og storleiken til kommunen. Tilskotet er ei særordning for Utsira kommune. Det enkeltståande tilskotet vil vere øyremerkt og legg til rette for at kommunen i større grad kan gripe moglegheiter knytte til havvind, og handtere konsekvensar av havvindnæringa i kommunen.

Departementet foreslår ei løyving på 3 millionar kroner og ei tilsegnsfullmakt på 6 millionar kroner som skal dekke årlege utbetalingar til og med 2028, når støttekonkurransen etter planen skal gjennomførast, jf. forslag til vedtak IV.

Tilskotet er avhengig av tildeling av prosjektområde og vidare utvikling av havvindprosjekta. Det blir utbetalt etter at prosjektområda er tildelte. Regjeringa vil komme tilbake til kor lenge tilskotet skal vare, når tidspunktet for igangsetting av produksjon av flytande havvind på Utsira Nord er nærmare avklart.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

Departementet foreslår å løyve 14,5 millionar kroner til ulike internasjonale organisasjonar. Auken frå saldert budsjett 2025 heng saman med oppdaterte anslag og føresetnader for valutakursar.

ACER

Innlemminga av forordning 714/2009 om grensekryssande krafthandel og forordning 713/2009 i EØS-avtalen sikrar norsk deltaking i EUs byrå for samarbeid mellom nasjonale reguleringsmyndigheiter på energiområdet (ACER). Noreg betaler ein årleg kontingent, basert på ei utrekning av EFTA-landa sin finansieringsdel i program og byrå som Noreg deltar i gjennom EØS-avtalen.

International Energy Forum

International Energy Forum er ein global arena for energidialog. Organisasjonen har som mål å fremme forståing for fellesinteresser blant medlemslanda, legge til rette for stabile energimarknader og global handel med energi og teknologi, styrke energisikkerheita på tilbods- og etterspørselssida og utvikle prinsipp og retningslinjer for transparente og robuste energimarknader.

Å samle inn, analysere og formidle informasjon er ein sentral del av verksemda. Sekretariata til International Energy Agency (IEA) og OPEC bidrar med viktige fagressursar. Aktiviteten blir finansiert gjennom bidrag frå deltakarlanda.

Massachusetts Institute of Technology

Massachusetts Institute of Technologys (MIT) Joint Program on the Science and Policy of Global Change er eit forskingsprogram med ei tverrfagleg tilnærming til løysingar på globale klimautfordringar. Gjennom deltaking i programmet får departementet faglege innspel på relevante område, tilgang til eit breitt internasjonalt fagmiljø med høg kompetanse og styrkt teknisk kunnskap om globale problemstillingar knytte til energi, klima og samfunn.

The Oxford Institute for Energy Studies

The Oxford Institute for Energy Studies er eit anerkjent uavhengig energiforskingsinstitutt som driv tverrfagleg analyse av globale energispørsmål, med særleg vekt på olje-, gass- og elektrisitetsmarknader. Instituttet arrangerer mellom anna kurs og møteplassar for ekspertar på energimarknaden og publiserer forskingsrapportar og andre faglege publikasjonar. Gjennom å delta i olje- og gassprogramma ved instituttet får departementet større innsikt i sentrale problemstillingar knytte til desse marknadene og tilgang til eit breitt fagleg fagmiljø med høg kompetanse i globale energispørsmål.

International Energy Agency

Clean Energy Ministerial (CEM) er eit høgnivå globalt forum for politikkutvikling og program som fremmer teknologi, informasjonsdeling og erfaringsutveksling innanfor energiomstilling og rein energi. Forumet omfattar 27 medlemsland, EU-kommisjonen og ei rekke internasjonale organisasjonar. Desse aktørane bidrar til fagleg grunnlag for globalt samarbeid, mellom anna i G20 og under FNs klimatoppmøte (COP). IEAGHG, som er forskingsprogrammet til det internasjonale energibyrået (IEA), har rolla som sekretariatet for CEM. Aktiviteten blir finansiert gjennom bidrag frå deltakarlanda. Noregs økonomiske bidrag går til drift av sekretariatet og til initiativ som fremmer utvikling av CO_2-handtering og hydrogen.

Mission Innovation (MI) er eit internasjonalt samarbeid mellom 23 deltakande land pluss EU-kommisjonen som har som mål å auke utviklinga og bruken av nye klimavennlege energiteknologiar. Sekretariatet for MI er lagt til IEA og blir finansiert gjennom bidrag frå deltakarlanda.

International Centre for Hydropower

International Centre for Hydropower (ICH) har ei omfattande kursverksemd internasjonalt, der Noreg deler kompetanse og erfaring frå vasskraftutvikling. Dette er eit viktig bidrag til å fremme berekraftige vasskraftløysingar internasjonalt og til å synleggjere norsk vasskraftkompetanse i den globale marknaden. Arbeidet blir finansiert gjennom medlemsavgifter og oppdrag frå NORAD.

Post 71 Norsk Oljemuseum

Departementet foreslår å løyve 17,4 millionar kroner til Norsk Oljemuseum.

Museet er eit nasjonalt senter som formidlar informasjon og kunnskap om utviklinga av petroleumsverksemda og kva verksemda har hatt og har å seie for det norske samfunnet. Hovudoppgåva til museet er å dokumentere og formidle den norske oljehistoria ved å samle inn, omarbeide og lagre historisk kjeldemateriale og gjere dette tilgjengeleg gjennom utstillingar og publikasjonar.

Drifta blir finansiert gjennom offentlege tilskot frå stat, fylkeskommune og kommune, avkastning frå fondsmidlar, bidrag frå industrien og eigne inntekter.

Resultat 2024

Norsk Oljemuseum fekk i 2024 offentlege tilskot på om lag 21 millionar kroner til drift, der 16,2 millionar kroner kom frå Energidepartementet. I tillegg fekk museet tilsegn om 1,5 millionar kroner til ei ny utstilling om berekraftig energiframtid, der 0,75 millionar kroner blei utbetalt i 2024. Dei samla inntektene var om lag 46,8 millionar kroner. Med rundt 160 000 besøkande gav billettsalet høge inntekter.

Museumsbygget fylte 25 år, og jubileet blei markert med ei veke med arrangement, inkludert feiring med statsråden, ordføraren og andre inviterte. Det blei gjennomført omfattande vedlikehald og investeringar for framtida, med mål om å styrke opplevinga for gjestane.

Frå mars til november 2024 presenterte museet utstillinga «Det var en gang en reder…», som handla om historia til den norske riggnæringa. Reiarane kom frå ein skipsfartstradisjon og hadde risikovilje, kapital og maritim kompetanse som var avgjerande i satsinga på boreriggar.

Museet har eit skoletilbod tilpassa alle klassetrinn. Undervisningsopplegga er knytte til læreplanen og dekker tema som geologi, matematikk, energi, historie, samfunnsøkonomi og samfunnsfag. Ein grunnpilar i museet sitt skoletilbod er Energirommet der alle elevar i 9. trinn i Stavanger kommune deltek i undervisningsopplegg. I 2024 hadde museet om lag 8 500 skoleelevar på besøk gjennom ulike formidlingsopplegg og undervisningsdagar for lærarstudentar ved Universitetet i Stavanger.

Post 72 Tilskot til energiformål, kan overførast, kan nyttast under post 21

Departementet foreslår ei løyving på 18 millionar kroner og ei tilsegnsfullmakt på 10 millionar kroner, jf. forslag til vedtak IV. Auken frå saldert budsjett 2025 heng saman med tilskot til ei nasjonal kompetanseteneste for vindkraft på land.

Tilskotsordning for å styrke kompetansemiljø for havvind

Departementet foreslår å sette av 10 millionar kroner i tilskot til å styrke kompetansemiljø for havvind. Sørlandets Kompetansefond, som er ein nøytral og kompetent aktør, forvaltar tilskotsordninga, behandlar søknader og er ansvarleg for oppfølging og kontroll. Ordninga blir kunngjord på nettsidene til kompetansefondet og departementet.

Mål og målgruppe

Ordninga skal bidra til at mottakarar av tilskot, gjennom samarbeid og fellesfinansiering, støttar kapasitets- og kunnskapsoppbygging, kompetanseoverføring og formidling for industriutvikling og legg til rette for innovasjon og teknologiutvikling innanfor havvind. Tilskotet skal bidra til at regjeringa når det overordna målet for havvind i vegkartet for grønt industriløft.

Tildelingskriterium og oppfølging

Ved behandlinga av søknader om tilskot skal det leggast særleg vekt på

- korleis prosjekt eller tiltak underbygger kapasitets- og kunnskapsoppbygging, kompetanseoverføring og -formidling, som igjen skal bidra til industriutvikling og tilrettelegging for innovasjon og teknologiutvikling innanfor havvind
- korleis tiltak eventuelt på annan måte støttar opp under formålet med ordninga, og kvifor støtta er utløysande for tiltaket
- om prosjekt, prosessar eller tiltak der forholda ligg godt til rette for å oppnå resultat eller etablere kunnskap, overfører eller formidlar kunnskap mv. for industriutvikling innanfor havvind gjennom samarbeid og fellesfinansiering

Resultat 2024

Sørlandets Kompetansefond fekk i oppdrag å forvalte 10 millionar kroner til tilskotsordninga for å styrke kompetansemiljøa for havvind i 2024. Kompetansefondet lyste ut tilskotet i tråd med regelverket. Fondet fekk inn éin søknad frå Nasjonalt kompetansesenter for havvind AS, som fekk tildelt tilskotet.

Nasjonalt kompetansesenter for havvind la i oktober fram rapporten *Vindkomp I*, som kartlegg kompetansebehov og tilgang på kvalifisert arbeidskraft i havvindnæringa. Arbeidet med *Vindkomp II*, som skal identifisere gap mellom behov og tilbod, starta opp. I tillegg sette kompetansesenteret i gang prosjektet HavnERGI, med mål om å kartlegge behovet for kapasitet og investeringar i hamner for å realisere havvindambisjonane.

Nettstaden havvind.no blei lansert i mai, og fungerer som ein plattform der kompetansesenteret samlar, utviklar og gjer tilgjengeleg relevant og uavhengig kunnskap om havvind.

Tilskot til nasjonal kompetanseteneste for vindkraft på land

Før sommaren 2025 lyste departementet ut inntil 7,5 millionar kroner i tilskot til etablering og drift av eit uavhengig tilbod om kapasitets- og kunnskapsoppbygging, og kompetanseoverføring til kommunar, i samband med planlegging og utbygging av vindkraft på land. Tilskotet var på 2,5 millionar kroner for oppstartsåret 2025 og har ein årleg ramme på 5 millionar kroner. Departementet fekk inn fire søknader, og eit tilskot på 7,5 millionar kroner blei tildelt til Nasjonalt kompetansesenter for landvind, som er eit konsortium bestående av Advokatfirmaet Lund & Co DA, Landssammenslutninga av Norske Vindkraftkommuner (LNVK) og THEMA Consulting Group AS. I tillegg er det etablert samarbeid med Fridtjof Nansens Institutt (FNI) og Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NBMU) ved fakultetet for miljøvitskap og naturforvaltning (MINA).

Departementet foreslår å sette av 5 millionar kroner i tilskot til kompetansetenesta for vindkraft på land i 2026. Kompetansetenesta skal vere ein sjølvstendig og uavhengig aktør som skal gi eit landsdekkande tilbod om rettleiing og bistand til kommunar ved planlegging og behandling av konsesjonspliktige vindkraftanlegg etter plan- og bygningslova.

Departementet er ansvarleg for oppfølging og kontroll. Ordninga blir kunngjord på nettsidene til departementet.

Mål og målgruppe

Tilskotet skal bidra til at kommunane får betre tilgang på kunnskap og fagleg rettleiing om planlegging av vindkraft i eigen kommune. Etter lovendringane i plan- og bygningslova og energilova som tredde i kraft 1. juli 2023, har kommunane fått ei viktigare rolle i behandlinga av vindkraft på land. Mellom anna kan ikkje Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gi konsesjon til eit tiltak før dette er planavklart etter plan- og bygningslova.

Formålet med tilskotet er å etablere ei nasjonal kompetanseteneste som skal trygge kommunane i arbeidet med områderegulering og konsesjonsbehandling av vindkraft. Tenesta skal formidle og utvikle kunnskap. Vidare skal ho tilby råd og rettleiing om prosessen for områderegulering etter plan- og bygningslova og om forholdet til konsesjonsprosessen etter energilova, der NVE har ansvaret.

Kompetansetenesta skal vere eit supplement til kommunane og skal ikkje utføre oppgåver på vegner av dei. Ho skal heller ikkje gi råd om kommunen bør stille seg positiv eller negativ til konkrete utbyggingsprosjekt. Tilbodet skal primært rette seg mot kommunar, men kan også vere relevant for fylkeskommunar.

Tildelingskriterium og oppfølging

Ved behandlinga av søknader om tilskot skal det leggast særleg vekt på

- korleis tiltaka støttar utviklinga av ei nasjonal kompetanseteneste som skal rettleie og støtte kommunar i planlegginga og behandlinga av vindkraft på land, og slik bidra til lovmessig og effektiv kommunal behandling av vindkraftanlegg
- korleis tiltaka støttar formålet med ordninga elles, og om tiltaka er utløysande for gjennomføring
- om tiltaka legg godt til rette for å oppnå resultat eller etablere kunnskap om kommunale planleggingsprosessar og behandling av vindkraft på land

Tilskotsordning for kompetanseutvikling og formidling med relevans for energiområdet

Departementet foreslår å sette av 3 millionar kroner til kompetanseutvikling og formidling med relevans for energiområdet. Departementet har ansvar for oppfølging og kontroll. Ordninga blir kunngjord på nettsidene til departementet.

Mål og målgruppe

Ordninga skal bidra til å styrke kunnskapen om og arbeidet med energipolitikk i departementet. Dette omfattar forskings-, utviklings- og samar-

beidstiltak som kan gi ny eller utvida kunnskap. Det kan også omfatte samhandlingstiltak innanfor sektoren som bidrar til meir effektiv måloppnåing, kostnadseffektive løysingar og kvalitetsforbetringar.

Tiltaka skal primært, men ikkje utelukkande, dekke relevante tema som ikkje er dekte av annan offentleg finansiert forskingsinnsats eller andre ordningar.

Dei som kan få tilskot gjennom denne tilskotsordninga, er universitet, høgskolar, frittståande forskingsinstitusjonar og andre organisasjonar som arbeider med forsking, formidling, forbetringstiltak og kompetanseutvikling innanfor energiområdet.

Tildelingskriterium og oppfølging

Ved behandlinga av søknader om tilskot innanfor ordninga skal det leggast særleg vekt på

- geografiske og tematiske område som er særleg relevante for norsk energipolitikk
- verdien av tiltaka og korleis dei bidrar i departementets arbeid med å utforme energipolitikken
- den allmenngyldige verdien av tiltak der erfaringar, formidling og metodar kan nyttast av andre
- samarbeid og fellesfinansiering med organisasjonar og andre der forholda ligg til rette for å oppnå resultat som gir ny eller utvida kunnskap, formidling og/eller kompetanseoverføring om viktige tema innanfor energiområdet

Resultat 2024

Standard Noreg

Det blei utbetalt 3 millionar kroner til eit treårig næringsprosjekt (2022–2024) innanfor petroleumsstandardisering med hovudvekt på berekraft, fornybar energi og digitalisering. Prosjektet har revidert og gjort NORSOK-standardar tilgjengelege i digitalt format og utvikla nasjonale og internasjonale standardar retta mot reduserte klimagassutslepp og fornybar energi offshore. Dette inkluderer havvind, hydrogen og CO_2-fangst og -lagring.

Å digitalisere standardar gir store gevinstar i form av innsparingar, høgare kvalitet og presisjon i leveransar og ved å betre sikkerheita og informasjonsforvaltinga. Standard Noreg har arbeidd med å overføre erfaringar frå petroleumsstandardisering til havvind. Mellom anna har dei fullført ein ISO-standard for offshore strukturar, med krav til både botnfaste og flytande havvindinstallasjonar.

NHO Byggenæringen

NHO Byggenæringen fekk tilsegn om eit tilskot på 1 million kroner. Av desse blei 800 000 kroner utbetalte i 2024. Tilskotet skal gå til å heve kompetansen om energieffektivisering i byggenæringa. Energieffektivisering i byggsektoren er sentralt for at regjeringa skal nå målet om å redusere straumforbruket med 10 TWh innan 2030, samanlikna med nivået i 2015. Gjennom prosjektet skal det formidlast kunnskap og utviklast kompetanse som gir handverkarar nødvendige verktøy til å foreslå og gjennomføre energieffektive løysingar.

International Energy Agency

I 2024 blei det utbetalt 540 000 kroner til eit initiativ under Clean Energy Ministerial (CEM) som fremmer utvikling av CO_2-handtering. Formålet er å styrke karbonfangst og -lagring som ein sentral teknologi i den globale energiomstillinga.

Arbeidet omfattar erfaringsutveksling, regulering og finansielle og tekniske spørsmål, og CEM samarbeider med mellom anna finanssektoren og sementindustrien. Initiativet fungerer som ei plattform for ei internasjonal satsing på CO_2-handtering.

Kielland-nettverket

I 2024 blei det utbetalt 50 000 kroner til Kiellandnettverket for gjennomføring av eit arrangement på Den Norske Opera for dei overlevande og etterlatne etter Kielland-ulykka.

Kap. 4800 Energidepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
10	Refusjonar	72		
70	Garantiprovisjon, Gassco	2 224	2 200	2 200
	Sum kap. 4800	2 296	2 200	2 200

Post 70 Garantiprovisjon, Gassco

Energidepartementet har stilt ein garanti med ei samla ramme på inntil 1 milliard kroner for skadar og tap på mottaksterminalane på kontinentet som har oppstått som følge av forsettlege handlingar hos leiande personell i Gassco AS, jf. garantifullmakt i Vedlegg 1. Garantiprovisjonen er sett til 70 prosent av forsikringspremien for den ordinære ansvarsforsikringa til Gassco.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag	68	12 400	24 000
	Sum kap. 5582	68	12 400	24 000

Post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag

NVE krev inn sektoravgift som blir pålagd ved vilkårsrevisjonar og ved fornying av konsesjonar gitt før 1960 der det ikkje blei stilt krav om eller gjennomført arkeologiske undersøkingar før utbygging. Konsesjonæren betaler eit eingongsbeløp berekna ut frå produksjonskapasiteten i reguleringsmagasinet (GWh). NVE bereknar magasinkapasiteten for reguleringa og sender krav om innbetaling av sektoravgift til kvar enkelt konsesjonær etter vedtak om revisjon eller fornying.

I 2026 er det venta at NVE vil krevje inn sektoravgift for sakene Riksheim, Lundesokna og Holta, Vrenga/Gjuva/Høymyr, Bergsdalen/Dale, Fortun/Granfasta, Mørevassdraget og Uldalsvassdraget.

Sektoravgifta skal dekke kostnader til arkeologiske undersøkingar i vassdrag. Departementet stiller midlar frå innkrevjinga til disposisjon for Riksantikvaren, som har ansvar for oppfølging av kulturminneundersøkingar i regulerte vassdrag, jf. kap. 1800, post 21.

Programkategori 18.10 Petroleum m.m.

Denne programkategorien omfattar petroleumsverksemda og ressursforvaltninga knytt til CO_2-lagringskapasiteten og mineralførekomstane på norsk kontinentalsokkel.

Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs er omtalt i programkategori 18.60.

Utviklingstrekk

Petroleumssektoren

Petroleumsverksemda er Noregs største næring målt i verdiskaping, statlege inntekter, investeringar og eksportverdi. Det har ho vore dei siste tiåra, og det vil ho truleg vere i mange år framover også. I 2024 stod petroleumsverksemda for rundt 22 prosent av all verdiskaping i landet og 48 prosent av eksportverdiane. Næringa sysselset, direkte og indirekte, over 210 000 personar.

Petroleumsressursane tilhøyrer fellesskapen, og verksemda er viktig for finansieringa av velferdsstaten. Den samla netto kontantstraumen til staten frå petroleumsverksemda i 2024 var på 702 milliardar kroner. I 2025 er det anslått at han vil vere på 664 milliardar kroner, medan anslaget for 2026 er 521 milliardar kroner. Ein betydeleg del av den samla olje- og gassformuen kan framleis ligge i bakken, men kor stor formue som er igjen, kjem an på framtidige prisar, kostnader og produksjon.

Petroleumssektoren i Noreg er ei eksportverksemd som bidrar til å dekke det grunnleggande behovet for energi i verda, ikkje minst i Europa. Noreg er den største produsenten og einaste betydelege nettoeksportøren av olje og gass i Europa.

Felta på norsk kontinentalsokkel dekker om lag 2–3 prosent av det globale forbruket av olje og gass. Noreg er den største enkeltkjelda til gass i Europa, og no som mesteparten av dei russiske gassleveransane gjennom røyrleidningar har falle bort, har norsk gass blitt enda viktigare for energiforsyninga i EU og Storbritannia. Noreg dekker i dag 30 prosent av den samla gassbruken i Europa. Etter at Europa innførte forbod mot import av russisk olje, går også det meste av den norske oljeeksporten til Europa. Norsk oljeproduksjon svarer til om lag 15 prosent av Europas forbruk. Produksjonen frå norske olje- og gassfelt er dermed avgjerande for europeisk energisikkerheit.

Det har aldri før blitt levert så mykje gass frå norsk kontinentalsokkel som i 2024. Totalt blei det produsert og selt om lag 124 milliardar standard kubikkmeter (Sm^3) gass, ein auke på rundt 7 prosent frå 2023. Årsaka til auken var først og fremst stabil drift i alle delar av gasskjeda og noko auka kapasitet på sentrale anlegg. I 2025 er norsk gassproduksjon anslått til i underkant av 119 milliardar Sm^3. Den anslåtte nedgangen frå 2024 kjem i hovudsak av planlagde revisjonsstansar på sentrale felt på grunn av prosjekt- og vedlikehaldsarbeid.

Ein stor del av gassen Europa importerer, kjem på skip (LNG), og gassprisen i Europa blir no i hovudsak bestemt av importprisen for LNG. Denne igjen avheng av den samla etterspørselen frå regionane som importerer LNG, særleg Europa og Asia, og av det globale LNG-tilbodet.

Den samla etterspørselen frå petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel mot fastlandsnæringane ligg på eit høgt nivå og bidrar til økonomisk aktivitet og sysselsetting over heile landet. I 2024 stod petroleumsverksemda for 22 prosent av dei totale investeringane i produksjonskapital i Noreg. Både utbygging og drift har store ringverknader på fastlandet. Menon Economics (2025) har berekna den totale sysselsettinga knytt til næringa i 2023. I overkant av 210 000 personar busette over heile landet var direkte eller indirekte tilknytte næringa.

Petroleumsnæringa er teknologisk avansert og høgproduktiv. Den høge produktiviteten underbygger den høge levestandarden i Noreg. Næringa stimulerer til positiv nærings- og teknologiutvikling i heile den norske økonomien og bidrar dermed på mange måtar til ei positiv samfunnsutvikling.

Det totale estimatet for påviste og ikkje-påviste utvinnbare ressursar er på 15,6 milliardar Sm^3 oljeekvivalentar (o.e.). Ved utgangen av 2024 var 56 prosent av desse selde og leverte til marknaden. 19 prosent ligg i eksisterande felt, 3 prosent ligg i ikkje-utbygde funn, og 22 prosent er ikkje påviste enno. Estimatet for ikkje-påviste ressursar

er særleg usikkert. Det inkluderer også ressursar i område som ikkje er opna for petroleumsverksemd.

I 2024 var leiteaktiviteten noko høgare enn i 2023. Det blei avslutta 42 leitebrønnar og gjort 16 olje- og gassfunn, med eit førebels samla ressursestimat på om lag 38 millionar Sm^3 o.e. Funnsuksessen mellom 2010 og 2024 var på nær 50 prosent, noko som er høgt i internasjonal samanheng. Den samla samfunnsøkonomiske avkastninga frå leiting dei siste 20 åra har vore høg. I denne perioden har kvar krone investert i leiting gitt over 3 kroner tilbake[1]. I 2025 er det venta rundt 40 leitebrønnar, om lag like mange som 2024.

Ressursbasen på kontinentalsokkelen blir meir moden over tid ved at den akkumulerte produksjonen aukar og havområda blir meir og meir utforska. Auka modnad gjer at ressurstilveksten per leitebrønn er venta å minke gradvis, sjølv om historia har vist at det kan gjerast store overraskingsfunn i meir modne og utforska område også. Særleg Nordsjøen og Norskehavet har store område som er svært modne. Mange av funna som blir gjorde no, ligg nær eksisterande infrastruktur som dei kan fasast inn til, slik at dei kan utviklast kostnadseffektivt og dermed ha god lønnsemd. Funn som blir fasa inn til eksisterande infrastruktur, kan også bidra til å forlenge produksjonen frå eksisterande felt og levetida på infrastrukturen og gjere det lønnsamt å leite meir i nærområdet.

Dagens funnporteføljе inneheld få funn med store utvinnbare ressursar som forsvarer sjølvstendige utbyggingar. Dette vil særleg kunne påverke tilgangen på nye oppdrag for den delen av leverandørindustrien som er retta mot slike utbyggingar. Utan nye, store og drivverdige funn blir det vanskeleg å halde oppe eller bremse ein framtidig nedgang i produksjon, sysselsetting, verdiskaping og statlege inntekter – og unngå ei unødig brå endring i næringsstrukturen langs kysten. Potensialet for store funn i opne område er størst i Barentshavet, som er det minst utforska havområdet på kontinentalsokkelen.

I 2024 blei det produsert totalt 241 millionar Sm^3 o.e., noko som svarer til i overkant av 4 millionar fat o.e. per dag. Det er litt over gjennomsnittleg petroleumsproduksjon dei siste 30 åra. Dei viktige felta Troll og Johan Sverdrup er no begge på platå.

Med dagens planar og prosjekt er det venta at produksjonen på norsk kontinentalsokkel blir liggande på eit stabilt og høgt nivå dei nærmaste åra. Ut på 2030-talet reknar ein derimot med at han vil gå gradvis nedover. Produksjon frå nye investeringar vil ikkje vege opp for fallet i den eksisterande produksjonskapasiteten.

Produksjon frå gjennomførte investeringar og tiltak (reservar) er anslått å falle med over 60 prosent frå 2025 til 2034. For kontinentalsokkelen samla sett er det derfor behov for store investeringar både i lønnsame tiltak for å auke utvinninga på eksisterande felt og i utvikling av nye, lønnsame felt for å bremse det naturlege fallet i produksjonen frå eksisterande felt framover.

Dei totale petroleumsinvesteringane, inkludert leite- og fjerningskostnader, var i 2024 på rundt 253 milliardar kroner. Per 1. september er det i gang 13 nye utbyggingar og 4 prosjekt for vidareutvikling av felt i produksjon. Desse prosjekta er med og held investeringsnivået oppe. Det er viktig for å bremse fallet i produksjonen det neste tiåret.

Per 1. september 2025 var 96 felt i produksjon. Det blir kontinuerleg gjort investeringar i eksisterande felt, slik at utvinningsgraden og levetida aukar, samtidig som nye felt blir bygde ut. Dei fleste nye utbyggingar er havbotnutbyggingar som blir fasa inn til eksisterande infrastruktur. Slike utbyggingar er kvar for seg store industriprosjekt i eit nasjonalt perspektiv. I 2024 godkjende departementet plan for utbygging og drift (PUD) av felta Bestla og Eirin. Hittil i 2025 har departementet godkjent PUD for Fram Sør-prosjektet.

Oljemarknaden

Oljemarknaden har stabilisert seg etter fleire urolege år, først prega av pandemien og deretter av energikrisa etter Russlands fullskalainvasjon av Ukraina. Oljebruken aukar frå år til år, men konfliktane i Midtausten har til tider skapt uvisse om forsyningane. Dei siste åra har etterspørselen auka mykje, godt støtta av innhentinga etter pandemien. Veksten i 2024 tydar på ei normalisering.

I 2025 har nye uvissemoment prega marknaden. Amerikanske handelstiltak har skapt uro om utviklinga i verdsøkonomien og dermed også oljeetterspørselen. I tillegg har OPEC+ avvikla delar av dei frivillige produksjonskutta sine. Det har bidratt til fall i oljeprisen utover året.

Oljeetterspørselen følger den globale økonomiske veksten, og oljebruken held fram med å vekse innanfor dei fleste segment og produktområde. Auka elektrifisering av bilflåten vil dempe etterspørselen frå privatbiltransport framover,

[1] Sokkeldirektoratets ressursrapport 2024

men vekst innanfor petrokjemisk industri og luftfart vil truleg halde oppe den samla etterspørselen. Asiatiske land, særleg Kina og India, er venta å vere dei viktigaste vekstdrivarane, og med den raske veksten i indisk økonomi kan India ta over den leiarposisjonen Kina har i dag. Også andre regionar ventar aukande etterspørsel i åra framover, med unntak av Europa og Nord-Amerika.

Uvissa rundt utviklinga i etterspørselen på kort sikt er særleg knytt til verdsøkonomien. Konsekvensane av amerikanske handelstiltak er framleis svært usikre, men utgjer ein vesentleg risikofaktor for den globale økonomien og dermed også for oljeetterspørselen. Ifølge Det internasjonale pengefondet (IMF) kan handelskrig forlenge perioden med høg inflasjon, noko som kan bidra til å halde rentene høge over lengre tid.

På tilbodssida kjem veksten i hovudsak frå Atlanterhavsbassenget. Amerikansk oljeproduksjon held truleg fram med å vekse i år og neste år, men med avtakande veksttakt. Utover den er det kanadisk oljesandproduksjon og brasiliansk og guyansk offshoreproduksjon som er venta å stå for det meste av den globale produksjonsveksten, sett bort frå endringar i den ledige kapasiteten i OPEC+. Også norsk produksjon er venta å bidra noko, men kortvarig, til tilbodsveksten, særleg gjennom oppstarten av Johan Castberg og auka produksjon frå Balder-feltet.

Veksten i amerikansk skiferoljeproduksjon framover er prisavhengig. Skiferoljerevolusjonen i USA har det siste tiåret gjort at den globale oljeproduksjonen responderer raskare på prissignal no enn før. Som eit resultat av kostnadsinflasjon og at selskapa no stiller strengare krav til avkastning, har skiferoljeprodusentane blitt avhengige av høgare oljeprisar for å bore nye lønnsame brønnar. Vedvarande låge oljeprisar kan dermed dempe produksjonsveksten i USA.

Etter invasjonen av Ukraina har russisk oljeeksport vore underlagd vestlege sanksjonar. Russland har i stor grad oppretthalde eksporten, men denne går no til andre stader i verda enn Vesten. EU har nyleg vedtatt ein ny omfattande sanksjonspakke mot Russland. I tillegg har presidenten i USA varsla sekundære sanksjonar i form av høg importtoll mot dei som kjøper russisk olje. Det er usikkert om desse tiltaka blir sette i verk. Effekten på russisk produksjon over tid er også usikker.

Oljeeksporten frå Iran og Venezuela er underlagd omfattande amerikanske sanksjonar som påverkar både produksjonskapasiteten, investeringane og tilgangen til internasjonale marknader. Det bidrar til stor uvisse rundt dei framtidige eksportvoluma frå desse to landa.

Sidan pandemien har OPEC+ spelt ei sentral rolle i å stabilisere marknaden. Dei store produksjonskutta som blei vedtatt under pandemien, er no under avvikling. I april 2025 sette OPEC+ i gang med å tilføre marknaden store mengder olje gradvis over ein 18 månaders periode. Sidan da har gruppa fleire gonger framskunda produksjonsopptrappinga. Den faktiske produksjonsauken har likevel vore mindre enn annonsert, og det er framleis stor ledig kapasitet.

I 2024 var oljemarknaden prega av ein stram balanse mellom tilbod og etterspørsel, men forventningar om ein godt balansert marknad i 2025 dempa prisoppgangen. Utsiktene for 2025 har endra seg med den globale handelspolitikken og produksjonsopptrappinga frå OPEC+, noko som gir forventningar om ein overforsynt marknad i år og enda meir i 2026. Dette gir ikkje grunnlag for sterk prisvekst. Ein mogleg prisnedgang blir avgrensa av at låge prisar kan føre til redusert produksjon av amerikansk skiferolje, og at OPEC+ har signalisert vilje til å sette inn nye tiltak ved behov. Mange oljeproduserande land er dessutan avhengige av relativt høge oljeprisar for å balansere budsjetta sine.

Gassmarknaden

Før bestod gassmarknaden av fleire regionale marknader, men den kraftige veksten i gasstransport via skip (LNG) har gjort marknaden global. Dermed heng gassprisane i ulike delar av verda tettare saman.

Europa importerer no store mengder LNG for å dekke gassbehovet sitt. Norsk gass – som hovudsakleg blir eksportert via røyrleidningar – står for om lag 30 prosent av det samla gassforbruket i EU og Storbritannia. Det gjer Noreg til Europas største enkeltkjelde til gass. Etter 2022 har det komme mykje mindre russisk røyrgass til EU. Det vesle som kjem, går no via Tyrkia. LNG, særleg frå USA, men også frå Russland, har i stor grad erstatta den russiske røyrgassen. EU har i 2025 lagt fram ein plan for å fase ut all russisk fossil energi innan utgangen av 2027.

Avhengigheita av LNG-import gjer at europeiske gassprisar er sterkt styrte av den globale marknaden. Prisane er vesentleg lågare no enn under energikrisa i 2022. Europa konkurrerer særleg med Asia om LNG, og den globale etterspørselen framover blir i stor grad driven av den økonomiske utviklinga i Asia.

Etter ein vekst i den globale gassetterspørselen på nær tre prosent i 2024 har 2025 vist ei meir dempa utvikling. I første halvår dreiv Europa og

Nord-Amerika fram ein auke i forbruket globalt, medan Asia opplevde ein nedgang. Makroøkonomisk uvisse, ein relativt stram global marknadsbalanse og høge prisar dempa forbruket, spesielt i prissensitive asiatiske marknader. Både Kina og India hadde nedgang i gassforbruket, i sterk kontrast til fjoråret.

I Europa auka forbruket av gass til industri, oppvarming, kraftforsyning m.m. i første halvår av 2025, særleg i første kvartal. Hovudårsakene var auka bruk av gasskraftverk for å kompensere for låg vind- og vasskraftproduksjon og eit behov for langt høgare gasslagerfylling enn året før.

Den auka europeiske etterspørselen har blitt dekt av LNG, og i første halvår steig importen til eit historisk høgt nivå. Konkurranse med andre importregionar om tilgjengelege LNG-laster og ein vedvarande stram marknad har pressa gassprisane godt over nivået i fjor.

I Asia har konkurransen om LNG-laster ført til nedgang i importen så langt i 2025. Kina har redusert LNG-importen sin mellom anna på grunn av høgare innanlandsk gasstilbod, svakare industriaktivitet og ein mild vinter. I India har nedgangen vore enda kraftigare, på grunn av redusert bruk i industrien og kraftsektoren og overgang til billigare brensel der det har vore mogleg. Fleire land i Sør- og Søraust-Asia, som Thailand og Malaysia, har også hatt lågare gassforbruk som følge av høge spotprisar.

Den globale LNG-produksjonen har auka i 2025, særleg takka vere nye anlegg i USA. Mindre russisk røyrgass og stort lagerfyllingsbehov i Europa har absorbert mykje av tilførselen. Marknaden er venta å bli relativt stram ut 2025.

I 2026 er det venta eit skifte der LNG-tilbodet aukar i det raskaste tempoet sidan 2019, drive av store prosjekt i USA, Canada og Qatar. Desse vil samla bidra vesentleg til den globale kapasiteten. Auka tilbod kan lette presset i marknaden og dempe prisane. Prissensitive marknader som India, Pakistan og Bangladesh er derfor venta å auke LNG-importen.

Anslag frå Det internasjonale energibyrået (IEA) tilseier at det samla globale gassforbruket når eit nytt toppnivå i 2026. Industrien og kraftsektoren er venta å stå for brorparten av veksten. IEA anslår at Asia aleine vil auke forbruket med over fire prosent og dermed stå for halvparten av den globale veksten. Samtidig ventar IEA at gassforbruket i Europa fell i 2026, drive av auka fornybar kraftproduksjon og prisar som held seg relativt høge. Europa vil framleis måtte importere mykje LNG, men konkurransen om lastene kan bli mindre intens enn i 2025 dersom LNG-tilbodet utviklar seg som venta.

Uvissemomenta for 2026 er om nye LNG-prosjekt leverer som planlagt, kor stor den asiatiske LNG-etterspørselen blir, og om vêr- og temperaturforholda skaper svingingar i etterspørselen og gir behov for ekstra lagerfylling i Europa også neste år. I tillegg kan handelskrig og andre geopolitiske konfliktar ramme nøkkelleverandørar eller kritiske transportruter. LNG-prisane, og dermed både europeiske og asiatiske gassprisar, stabiliserer seg truleg på eit noko lågare nivå enn i 2025.

Tilrettelegging for kommersiell CO_2-lagring

CO_2-handtering omfattar både fangst, transport, bruk og lagring av CO_2. Regjeringa arbeider breitt for å fremme CO_2-handtering som eit klimatiltak som kan bidra til at temperaturmålet i Parisavtalen blir nådd. I Prop. 97 S (2022–2023) omtalte regjeringa arbeidet myndigheitene gjer med tildeling av lagringsareal, og reguleringsregimet rundt dette. Departementets arbeid med CO_2-handtering er også omtalt under programkategori 18.30.

Storskala CO_2-lagring på kontinentalsokkelen er i oppstartsfasen. Det er eitt prosjekt i drift, Northern Lights, der lagring av volum frå Heidelberg Materials starta i august 2025. Langskip er nærmare omtalt under programkategori 18.30. Vidare har eigarane tatt investeringsavgjerd om å utvide Northern Lights betydeleg i 2025. Utvidinga aukar lagringskapasiteten frå 1,5 til minst 5 millionar tonn CO_2 per år.

Det er utlyst areal for storskala, kommersiell CO_2-lagring under lagringsforskrifta i totalt åtte omgangar. I alt er det tildelt 14 løyve – eitt utnyttingsløyve til Northern Lights og 13 leiteløyve. Tre av desse er tildelte i 2025.

Dei 13 prosjekta i leitefasen er i gang med å gjennomføre arbeidsprogrammet sitt, og to av dei har bora leitebrønnar i 2025. Fleire av rettshavargruppene har søkt om å få utsett milepælar i arbeidsprogrammet fordi dei manglar store kundar i Europa som vil forplikte seg langsiktig til lagring. Utan slike forpliktingar er det ikkje økonomisk mogleg for rettshavargruppene å utvikle lager.

Havbotnmineral

Moglegheita for økonomisk lønnsam utvinning av havbotnmineral kan gi Noreg ei ny og viktig havnæring og bidra til å sikre framtidig tilgang på viktige metall. Behovet for utvinning av mineral

aukar. Ein ny rapport frå IEA viser at etterspørselen etter viktige mineral som kopar og kobolt heldt fram med å vekse sterkt i 2024, i stor grad drive av energiapplikasjonar som elbilar, batterilagring, fornybar energi og nett.

Den kraftige veksten i etterspørselen skaper nye utfordringar og potensielle sårbarheiter når det gjeld å sikre framtidig forsyning av desse minerala. Diversifisering er avgjerande for energisikkerheita, men når det gjeld tilgangen på kritiske mineral, har utviklinga gått i motsett retning dei siste åra. Både produksjon og foredling av mineral er i dag konsentrert i nokre få land, og den geografiske konsentrasjonen aukar – særleg innanfor raffinering og foredling.

Sirkulærøkonomi er viktig, men ikkje tilstrekkeleg for å møte etterspørselen etter metall på ein berekraftig måte. Havbotnmineral kan derfor bli ei ny kjelde til å diversifisere tilgangen på metall som verda vil trenge framover.

Kartlegging dei seinare år har vist at det finst interessante mineralførekomstar på norsk kontinentalsokkel, men ein føresetnad for å vinne dei ut er at det kan skje på ein lønnsam, berekraftig og forsvarleg måte.

Energidepartementet følger no opp regjeringa sin forvaltningsstrategi for havbotnmineral, jf. Meld. St. 25 (2022–2023), som Stortinget slutta seg til med nokre justeringar i januar 2024, jf. Innst. 162 S (2023–2024).

Departementet har hatt den første konsesjonsrunden for havbotnmineral på høyring, i tråd med forvaltningsstrategien Stortinget har lagt. Høyringsfråsegnene som kom inn, er behandla, og neste trinn vil vere at departementet lyser ut konsesjonsrunden.

Departementet har også arbeidd med forskrifter under havbotnminerallova, og desse tredde i kraft 1. september 2025.

Departementet vil halde fram den statlege ressurs- og miljøkartlegginga i djuphavsområda og utviklinga av eit heilskapleg rammeverk.

Hovudmål

Petroleum

Hovudmålet for petroleumspolitikken er å legge til rette for lønnsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv. Ressursforvaltninga skal gi Noreg inntekter og bidra til å sikre sysselsetting og velferd for noverande og framtidige generasjonar.

Aktiviteten i petroleumsverksemda bidrar til vidareutvikling av norsk leverandørindustri, noko som gir store lokale, regionale og nasjonale ringverknader i den norske fastlandsøkonomien. Ein høgkompetent leverandørindustri legg også til rette for at norskbasert industri kan lykkast i å skape verdiar og arbeidsplassar i den globale energiomlegginga.

Vidareutviklinga av petroleumssektoren vil bidra til å styrke norsk næringsliv og den industrielle utviklinga i landet. I forvaltninga skal det takast nødvendige omsyn til det ytre miljøet, distriktspolitiske interesser og anna verksemd. Regjeringa vil derfor legge vekt på at petroleumsverksemda er basert på verdsleiande teknologi, som også tar tungtvegande omsyn til helse, miljø og sikkerheit, og at verksemda framleis skjer i sameksistens med andre næringar.

Regjeringa vil halde fram med å utvikle petroleumspolitikken og legge til rette for at norsk kontinentalsokkel framleis skal vere ein stabil og langsiktig leverandør av olje og gass til Europa og verda.

Norsk petroleumsnæring er ei høgkompetent og teknologitung næring. Regjeringa vil legge til rette for eit stabilt aktivitetsnivå på norsk kontinentalsokkel med vekt på olje- og gassverksemd, men også med større innslag av andre havnæringar.

Regjeringa vil føre vidare konsesjonssystemet. Det skal framleis tildelast løyve til å leite etter olje og gass gjennom den årlege konsesjonsrunden i førehandsdefinerte område (TFO). Alle konsesjonsrundar i førehandsdefinerte område skal gjennomførast innanfor rammene i forvaltningsplanane for norske havområde.

Norsk petroleumsverksemd har i fleire tiår vore underlagd streng verkemiddelbruk for å drive effektivt og med låge utslepp. Norsk olje- og gassutvinning har allereie svært låge gjennomsnittlege utslepp i ein global samanheng. Dei samla utsleppa er på veg ned og var om lag 27 prosent lågare i 2024 enn i 2015. Regjeringa vil føre vidare økonomiske verkemiddel som hovudverkemiddel for å legge til rette for utsleppsreduksjonar i petroleumsverksemda. Dette gjer at selskapa kontinuerleg har økonomisk eigeninteresse av å redusere utsleppa sine. Regjeringa skal i samarbeid med næringa jobbe for at utsleppa frå olje- og gassproduksjonen går ytterlegare ned. Statusen for arbeidet med å redusere utsleppa frå petroleumsproduksjonen er omtalt i kapittel 6.3 Status for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda i del III av proposisjonen.

Hovudmålet til Sokkeldirektoratet er å bidra til størst moglege verdiar for samfunnet frå olje- og gassverksemda på norsk kontinentalsokkel. Dette skal gjerast gjennom ei effektiv og forsvarleg res-

sursforvaltning, der det blir tatt omsyn til helse, miljø, sikkerheit, utslepp av klimagassar og andre brukarar av havet.

Gassco AS skal som nøytral operatør for det norske gasstransportsystemet bidra til maksimal verdiskaping frå gassressursane på norsk kontinentalsokkel gjennom sikker og effektiv drift og heilskapleg utvikling av gassrøyrleidningssystemet på norsk kontinentalsokkel. Som særskild operatør har Gassco oppgåver knytte til systemdrift, kapasitetsadministrasjon og infrastrukturutvikling. Som alminneleg operatør på vegne av eigarane har dei ansvar for styring av prosessanlegg, røyrleidningar, plattformer og gassterminalar i samsvar med lovgivinga.

Kommersiell CO_2-lagring

Hovudmålet for forvaltninga av undersjøiske reservoar på kontinentalsokkelen til lagring av CO_2 er å bidra til berekraftig energi- og industriproduksjon, ved å legge til rette for utnytting av undersjøiske reservoar på kontinentalsokkelen til miljøsikker lagring av CO_2 som eit tiltak for å motverke klimaendringar.

Regjeringa vil legge til rette for kommersiell CO_2-lagring på norsk kontinentalsokkel gjennom å tildele lagringsareal til selskap med konkrete industrielle planar som gjer at dei har lagringsbehov.

Tildeling av areal som kan brukast til CO_2-lagring, er ein føresetnad for karbonfangst og -lagring. «Open dør»-politikken blir vidareført. Permanent CO_2-lagring er eit klimatiltak som kan bidra til at temperaturmålet i Parisavtalen blir nådd, ved at store utsleppspunkt blir fjerna globalt. Storskala CO_2-lagring på norsk kontinentalsokkel på kommersielle vilkår vil venteleg vere basert på utslepp som i dag skjer i andre europeiske land.

Sokkeldirektoratet har som del av sitt hovudmål å bidra vidare til forvaltninga av CO_2-lagringspotensialet på kontinentalsokkelen for å legge til rette for reduserte utslepp av klimagassar.

Forvaltning av havbotnmineralressursar

Hovudmålet for forvaltninga av norske havbotnmineralressursar er å legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen i samsvar med samfunnsmessige mål, slik at omsynet til verdiskaping, miljø, sikkerheit ved verksemda, anna næringsverksemd og andre interesser blir varetatt. Noreg vil ha ei stegvis, forsvarleg og kunnskapsbasert utvikling av mineralverksemda på norsk kontinentalsokkel. Det skal takast omsyn til miljø og sikkerheit i alle fasar av verksemda.

Det er eit aukande globalt behov for utvinning av mineral for å sikre tilgangen på nødvendige metall. Havbotnmineral kan bli ei ny kjelde til å diversifisere tilgangen på metall som verda vil trenge framover, og norske ressursar kan bli ei kjelde til ny utvinning av mineral i Vesten.

Sokkeldirektoratet har som del av sitt hovudmål å bidra vidare til forvaltninga av havbotnmineralressursar på norsk kontinentalsokkel.

Energidepartementets mål og oppgåver

Petroleum

Energidepartementet skal legge til rette for ein samordna og heilskapleg petroleumspolitikk, basert på fakta og kunnskap, slik at ein oppnår hovudmålet for politikken. Eit overordna mål er å sikre høg verdiskaping gjennom effektiv og forsvarleg forvaltning av ressursane på sokkelen. Norsk petroleumsindustri skal framleis vere leiande innanfor helse, miljø og sikkerheit.

Departementet skal vere ein ressursforvaltar med eit langsiktig perspektiv og legge til rette for lønnsam produksjon av olje og gass, mellom anna gjennom føreseielege rammevilkår for næringa.

Det er oljeselskapa som har ansvaret for og utøver den operasjonelle aktiviteten innanfor leiting, utbygging og drift på norsk kontinentalsokkel. Sentralt for å nå måla i petroleumspolitikken er derfor rettshavarar som hentar ut alle lønnsame ressursar i porteføljen sin på ein sikker og effektiv måte. Departementet vil føre vidare arbeidet med å sikre eit effektivt og heilskapleg rammeverk som er basert på kunnskap og fakta, og som legg til rette for at avgjerdene til oljeselskapa også er gode for staten som ressurseigar.

Departementet arbeider med å vidareutvikle og oppretthalde ein heilskapleg og effektiv petroleumspolitikk, forankra i Stortinget. Verkemidla for å nå hovudmålet i politikken er å

- halde fram med å utvikle petroleumspolitikken for å legge til rette for at norsk kontinentalsokkel framleis skal vere ein stabil og langsiktig leverandør av olje og gass til Europa
- føre vidare konsesjonssystemet ved å gi løyve til å leite etter olje og gass i nye område og hovudsakleg tildele nye utvinningsløyve i førehandsdefinerte område for å sikre næringa føreseieleg tilgang på leiteareal
- legge til rette for eit stabilt aktivitetsnivå i olje- og gassverksemda på norsk kontinentalsokkel

Andre kostnadseffektive verkemiddel for å oppnå lønnsam produksjon med låge utslepp skal førast vidare. Målet er å sikre ei framtidsretta og konkurransedyktig petroleumsnæring og å vidareføre god samhandling med andre brukarar av havet. Denne petroleumspolitikken skal legge til rette for

- at potensialet i eksisterande felt og infrastruktur blir utnytta fullt ut
- at alle lønnsame funn blir bygde ut

For staten som ressurseigar er det viktig å ha best mogleg oversikt over naturressursane i landet. Departementet vil halde fram med å kartlegge petroleumsressursane på norsk kontinentalsokkel, også i område som ikkje er opna for petroleumsverksemd.

Tilgang på nye leiteområde er nødvendig for å gjere nye funn og halde oppe verdiskaping, sysselsetting og statlege inntekter på lang sikt. Departementet vil føre vidare dagens praksis med jamlege konsesjonsrundar, for å gi næringa tilgang på nye prospektive leiteareal. Dei årlege konsesjonsrundane i førehandsdefinerte område (TFO-ane) er berebjelken i leitepolitikken. Desse områda omfattar mesteparten av dei opne og tilgjengelege områda, og det er der det er størst leiteaktivitet i dag. Årets konsesjonsrunde i førehandsdefinerte område (TFO 2025) er i gang. I samband med TFO 2025 er TFO-arealet utvida med 76 blokker – 68 i Barentshavet og åtte i Norskehavet. Da søknadsfristen gjekk ut 2. september, hadde departementet fått inn søknader frå 20 selskap. I samsvar med etablert praksis tar ein sikte på tildeling i januar 2026.

Departementet har starta førebuingane til den 26. konsesjonsrunden ved at Sokkeldirektoratet gjennomfører ein nominasjonsprosess. Denne prosessen dannar grunnlaget for det vidare arbeidet med 26. konsesjonsrunde.

Departementet vil følge opp leiteaktiviteten til rettshavarane under dei tildelte utvinningsløyva.

Alle planar for utbygging, anlegg og drift og alle avslutningsplanar som rettshavarane legg fram, vil bli grundig behandla i departementet. Departementet har dialog med rettshavarane også i forkant av at dei leverer inn planane for utbygging og drift (PUD). I oppfølginga og behandlinga av desse vil departementet særleg vektlegge tidsriktig utbygging og innfasing av påviste ressursar. Departementet vil halde fram med å informere Stortinget om prosjekt under utbygging med godkjend PUD. Sjå nærmare omtale i kapittel 5 Prosjekt under utbygging på norsk kontinentalsokkel i del III av proposisjonen.

Departementet vil også følge opp drifta av felta, og mellom anna behandle relevante søknader, for å bidra til effektiv ressursutnytting. I tillegg vil departementet følge opp at infrastrukturen på norsk kontinentalsokkel, inkludert gasstransportsystemet og reguleringa av det, blir brukt effektivt og utvikla på ein heilskapleg måte, slik at han fremmer god ressursforvaltning.

Departementet vil følge opp at den endra eigarorganiseringa i den sentrale gassinfrastrukturen blir forvalta i tråd med intensjonane.

Departementet vil støtte opp under arbeidet næringa gjer med å auke verdiskapinga gjennom effektivisering, digitalisering og innovasjon.

Departementet vil føre vidare arbeidet med økonomiske analysar av norsk petroleumsverksemd og mellom anna bidra med anslag til nasjonalbudsjettet og utsleppsframskrivingar.

Departementet vil halde fram med å følge og analysere sentrale utviklingstrekk i den globale energimarknaden, med vekt på marknadsutviklinga for olje og gass. Det skal sikre at departementet har god kompetanse om den samla energisituasjonen på kort, mellomlang og lang sikt.

Gjennom energidialogen som er etablert mellom Noreg og EU, følger departementet marknadsutviklinga og regelverksutforminga i EU tett. Departementet vil halde fram med å bruke handlingsrommet i EØS-avtalen gjennom å delta i relevante ekspertgrupper og komitear, og vidareføre dialogen med EU-institusjonane om regelverk som er relevant for departementet.

Departementet vil også halde fram med å delta og bidra i internasjonale energiorganisasjonar og -forum, som International Energy Agency (IEA) og International Energy Forum (IEF), i tillegg til å oppretthalde dialog og bilaterale møte med ei rekke sentrale energinasjonar.

Gjennom styringsdialogen vil departementet følge opp korleis Sokkeldirektoratet arbeider for å sikre ei effektiv og forsvarleg ressursforvaltning.

Staten eig 100 prosent av aksjane i Gassco AS, som er operatør for gasstransportsystemet på norsk kontinentalsokkel. Departementet vil bidra til at Gassco er ein effektiv og nøytral operatør for gasstransportsystemet.

Departementet vil føre vidare arbeidet som sekretariat for Petroleumsprisrådet og for implementeringa av Extractive Industries Transparency Initiative (EITI) i Noreg.

Fullmakt for godkjenning av utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Ein rettshavar som vedtar å bygge ut ein petroleumsførekomst, skal – i samsvar med petroleumslova – legge fram ein plan for utbygging og drift (PUD) som skal godkjennast av departementet. Da petroleumsnæringa var ung og det først og fremst var snakk om nye, store og sjølvstendige utbyggingar, blei slike planar lagde fram for Stortinget før departementet gjorde vedtak. Det blei gjort av to omsyn: 1) Utbyggingane hadde ei løyvingsmessig side gjennom statens direkte økonomiske engasjement (SDØE) i prosjekta. 2) Det var prinsipielle eller samfunnsøkonomisk viktige sider ved prosjekta.

Sidan St.prp. nr. 1 (1992–93) har Stortinget årleg samtykt til at Energidepartementet, under gitte føresetnader, som i all hovudsak har lege fast over tid, har fullmakt til å godkjenne utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel utan framlegging for Stortinget. Bakgrunnen for at fullmakta blei etablert var at Stortinget året før hadde bedt regjeringa komme tilbake med forslag til å forenkle behandlinga av utbyggingsplanar. Grunngivinga for oppdraget frå Stortinget var at: «det framover vil bli fremmet et økende antall mindre utbyggingsprosjekter på norsk sokkel, og at departementet vil arbeide med sikte på å effektivisere og forenkle myndighetenes behandling av utbyggingssaker», jf. St.prp. nr. 1 (1992–93). Vidare meinte Stortinget at konkrete saker myndigheitene hadde fått til behandling «illustrerer behovet for en forenklet saksbehandling for små og kurante utbyggingsprosjekter, særlig når sakene knyttes opp til utnyttelse av eksisterende infrastruktur». Stortinget gav Energidepartementet fullmakt til å godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under desse føresetnadene:

1. «Prosjektet må ikke ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.
2. Øvre grense for de samlede investeringer pr. prosjekt utgjør 5 milliarder kroner [i 1993].
3. Staten utøver full glideskala [iht. hva som er nedfelt i den enkelte utvinningstillatelse].
4. Hvert enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsomhet og være rimelig robust mot endringer i prisutviklingen for olje og naturgass.
5. Det må være budsjettmessig dekning for bevilgningen under kap. 2440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten.»

Ein av føresetnadene for at regjeringa kunne bruke fullmakta, var altså ei beløpsgrense for investeringane. Grensa på 5 milliardar kroner skulle bidra til å skape eit skilje mellom: «små og kurante utbyggingssaker på sokkelen, særlig når sakene knyttes opp til utnyttelse av eksisterende infrastruktur,» og nye, sjølvstendige utbyggingsprosjekt av særleg betydning. Samtidig blei det etablert ein sikkerheitsventil i tilfelle eit utbyggingsprosjekt med mindre investeringar skulle ha: «prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning», eller dårleg forventa lønnsemd.

Sidan tidleg på 1990-talet har både rammeverket og omfanget av det direkte statlege engasjementet gjennom SDØE endra seg. Systemet med glideskala er avvikla, slik at denne delen av den første fullmakta (punkt 3 ovanfor) ikkje lenger er relevant. Frå 2006 blei punkt 5 skilt ut som del av ei eiga fullmakt. Over tid har det komme utbyggingar der SDØE ikkje er deltakar.

Fullmakta for 2025 inneheld framleis punkt 1 og 4 som har lege fast i over 30 år. Punkt 2 i fullmakta har derimot vore endra fleire gonger sidan 1993, hovudsakeleg for å ta omsyn til aukande (nominelle) utbyggingskostnader over tid. I statsbudsjettet for 2014 blei beløpsgrensa oppjustert frå 10 milliardar kroner til 20 milliardar kroner. Denne grensa stod fram til budsjettet for 2022, da ho blei justert ned til 15 milliardar kroner etter budsjettforhandlingar. Dette er den beløpsgrensa som gjeld i dag. Beløpet reflekterer ikkje det opphavlege formålet med fullmakta, nemleg at satellittutbyggingar som blir fasa inn mot eksisterande infrastruktur, ikkje bør leggast fram for Stortinget før departementet gjer vedtak.

Det er heller ikkje tydeleg at beløpsgrensa gjeld for kvart enkelt prosjekt. I dag er det stadig fleire utbyggingar som omfattar fleire små førekomstar for å redusere investeringskostnadene gjennom å utnytte skalaeffektar. Slik departementet oppfattar intensjonen i fullmakta, skal investeringane i ei slik utbygging vurderast førekomst for førekomst opp mot fullmakta, jf. behandlinga av Fram Sør-feltet som blei omtalt i Prop. 1 S (2024–2025).

For å oppretthalde etablert praksis for forenkla myndigheitsbehandling for petroleumsprosjekt på norsk kontinentalsokkel, der enkeltprosjekt som blir bygde ut mot eksisterande infrastruktur ikkje blir lagde fram for Stortinget, foreslår departementet å vidareføre fullmakta med ei grense for utbyggingskostnadene per enkeltprosjekt på 30 milliardar 2026-kroner, jf. forslag til vedtak V. Ei grense på 30 milliardar 2026-kroner er ei tilnærma prisregulering frå 20 milliardar

2014-kroner, og representerer skiljet mellom store, sjølvstendige utbyggingar og mindre utbyggingar som er avhengige av eksisterande infrastruktur.

Utbyggingskostnadene som blir vurderte opp mot fullmakta, skal omfatte investeringar som inngår i PUD/PAD, jf. petroleumslova §§4-2 og 4-3. Kostnader som er føresetnader for utbygginga, inkludert energiløysing og eventuelle anleggsbidrag, skal takast med i vurderinga. Departementet foreslår at fullmakta ikkje skal vere tidsavgrensa, og at beløpsgrensa framover skal prisregulerast av Energidepartementet, med utgangspunkt i SSBs prisindeks for petroleumsinvesteringar, for å vareta intensjonen med fullmakta, jf. forslag til vedtak V.[2]

Kommersiell CO_2-lagring

Energidepartementet skal legge til rette for ein samordna og heilskapleg politikk for storskala CO_2-lagring på kontinentalsokkelen som er basert på fakta og kunnskap, slik at ein når hovudmålet for politikken.

Departementet skal, gjennom å legge til rette for utnytting av undersjøiske reservoar på kontinentalsokkelen til lagring av CO_2, bidra til berekraftig energi- og industriproduksjon i inn- og utland. Miljøsikker lagring av CO_2 kan bli eit tiltak for å redusere utslepp og motverke klimaendringar.

Departementet vil legge til rette for kommersiell CO_2-lagring på norsk kontinentalsokkel ved å behandle søknader frå industrielle aktørar om CO_2-lagring under lagringsforskrifta.

Industrielle aktørar arbeider med å utvikle transportrøyr for CO_2 frå Europa til Noreg. Departementet vil legge til rette for at slike prosjekt kan realiserast, ut frå omsynet til samfunnsøkonomisk lønnsam lagring av CO_2 på norsk kontinentalsokkel.

Departementet vil følge opp aktiviteten til rettshavarane under tildelte utnyttingsløyve.

Departementet vil også følge opp aktiviteten til rettshavarane under tildelte leiteløyve.

Forvaltning av havbotnmineralressursar

Energidepartementet skal legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen i samsvar med samfunnsmessige mål, slik at ein varetar omsynet til verdiskaping, miljø og sikkerheit ved slik verksemd, anna næringsverksemd og andre interesser.

Departementet vil følge opp strategien for utvikling av ei havbotnmineralnæring, jf. Meld. St. 25 (2022–2023) og Innst. 162 S (2023–2024). Dette inkluderer å vidareføre statleg ressurs- og miljøkartlegging og å utvikle eit heilskapleg rammeverk for havbotnmineralverksemd. Departementet vil legge ei stegvis og kunnskapsbasert tilnærming til grunn for tildeling av utvinningsløyve. Neste steg er å lyse ut område som aktørane kan søke løyve for, i tråd med forvaltningsstrategien Stortinget har lagt.

Energidepartementets resultat for 2024

Petroleum

Departementet bidrog i 2024 til å legge til rette for ei heilskapleg forvaltning av petroleumsressursane i eit langsiktig perspektiv. I dette arbeidet har departementet samarbeidd tett med Havindustritilsynet, Sokkeldirektoratet og Gassco AS innanfor ansvarsområda til direktorata og selskapet.

Ein stor del av ressursbasen er enno ikkje påvist. Ein føresetnad for å realisere dei store verdiane i ressursbasen er derfor at næringa får tilgang til nytt attraktivt leiteareal. Departementet har, i tråd med etablert politikk, arbeidd med konsesjonsrundar i 2024. Under tildelinga i førehandsdefinerte område (TFO) 2023 blei det i februar 2024 tildelt 62 nye utvinningsløyve til 24 selskap. Staten beheldt andelar i dei nye utvinningsløyva i samsvar med etablert politikk. TFO 2024 blei kunngjord i mai 2024. Departementet behandla søknadene som kom inn i 2024, medan sjølve tildelingane blei gjennomførte i 2025.

Departementet har følgt opp leiteverksemda til selskapa i tråd med gjeldande petroleumspolitikk.

Ein del av ressursbasen ligg i påviste, ikkjeutbygde funn. Rettshavarar som vil bygge ut eit funn, må få godkjenning frå departementet. Departementet har, innanfor ansvarsområde sitt, følgt opp det tidlege arbeidet til selskapa knytt til moglege framtidige feltutbyggingar. I 2024 godkjende departementet planar for utbygging og drift for felta Eirin og Bestla.

Enno finst det store ressursar som venteleg vil bli produserte framover gjennom allereie godkjende utbyggingar. Departementet har følgt opp arbeidet i dei ulike rettshavargruppene med felt i drift, inkludert tiltak for auka utvinning frå desse, i nært samarbeid med Sokkeldirektoratet.

---

[2] Departementet vil ta utgangspunkt i prisindeksen for bruttoinvesteringar i fast realkapital i sektoren utvinning og røyrtransport i nasjonalregsnskapet (SSB).

Departementet har gitt årlege produksjonsløyve for høvesvis gass og væske.

Eksisterande infrastruktur er eit viktig verkemiddel for å legge til rette for god samla ressursutnytting på kontinentalsokkelen. For å sikre effektiv bruk av infrastruktur regulerer departementet tilgangen til røyrleidningar, anlegg på land og feltinfrastruktur på norsk kontinentalsokkel. Departementet har i 2024 følgt opp arbeidet med å vidareføre ei effektiv infrastrukturregulering og vidareutvikle røyrtransportsystemet, i nært samarbeid med Gassco.

Sommaren 2024 sende departementet ut tilbod om å kjøpe dei private eigardelane i gasstransportinteressentskapa Gassled, Nyhamna og Polarled. Sju av ni selskap aksepterte tilbodet. Vidare aksepterte Equinor eit tilbod frå staten om å kjøpe delar av andelane til selskapet, slik at Equinor beheld ein mindre eigardel i Nyhamna og Polarled. Transaksjonane blei gjennomførte i desember 2024, jf. Prop. 27 S (2024–2025). Med dette auka staten eigarskapen sin i sentral gassinfrastruktur og oppnådde heilstatleg eigarskap i det store og viktige Gassled-systemet. Bakgrunnen for overtakinga er at staten er vurdert som den mest formålstenlege eigaren av denne infrastrukturen på vilkår som støttar opp under hovudmålet i petroleumspolitikken. For interessentskapa Nyhamna og Polarled, der eigarskapen framleis er delvis privat, tar staten sikte på å overta enten når konsesjonstida går ut, eller gjennom ein avtale før den tid.

Departementet har behandla ei rekke søknader om samtykke til overdraging av deltakarandelar mellom ulike selskap og om endringar i eigarskapen i ulike rettshavarar innanfor petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel.

I 2024 hadde departementet på høyring eit program for fagutgreiing av forbrenningsutslepp frå olje og gass utvunnen på norsk kontinentalsokkel. Departementet gjekk gjennom høyringsinnspela som kom inn, og programmet blei fastsett. I 2025 er sjølve fagutgreiinga send på høyring.

Departementet hadde også forslag til endringar i rettleiaren for PUD (plan for utbygging og drift) og PAD (plan for anlegg og drift) på høyring i 2024. Forslaga inneber at rettshavarane i konsekvensutgreiinga som ein del av PUD/PAD skal beskrive globale forbrenningsutslepp frå eventuell olje og gass som blir vunnen ut frå utbygginga, og eventuelle effektar av slike utslepp på miljøet i Noreg.

Saman med regjeringsadvokaten har departementet tatt hand om statens interesser i rettslege tvistar innanfor ansvarsområdet sitt. Det gjeld mellom anna saka der WWF saksøkte staten med påstand om at avgjerda om å opne område på norsk kontinentalsokkel for havbotnmineralverksemd var ugyldig. Vidare gjeld det søksmålet frå Greenpeace Norden og Natur og Ungdom om gyldigheita av vedtaket om å godkjenne planen for utbygging og drift av dei tre petroleumsfelta Breidablikk, Tyrving og Yggdrasil, og søksmålet frå Sametinget om gyldigheita av vedtaket om å godkjenne endra PUD og PAD knytt til elektrifiseringa av Hammerfest LNG på Melkøya. Departementet har også behandla rettssaker der rettshavarar har fremt krav om større deltakarandelar i petroleumsfelt.

Departementet har i 2024 ført vidare arbeidet med økonomiske analysar av norsk petroleumsverksemd, mellom anna anslag til nasjonalbudsjettet, og har gitt Stortinget informasjon om prosjekt under utbygging med godkjend PUD.

Vidare har departementet halde fram med å følge og analysere sentrale utviklingstrekk i den globale energimarknaden, som eit ledd i å oppretthalde kompetansen sin om den samla energisituasjonen på kort, mellomlang og lang sikt. Kontakt med andre land og internasjonale organisasjonar er sentralt i dette arbeidet, og departementet har deltatt i internasjonale energiorganisasjonar og -forum, som International Energy Agency (IEA), International Energy Forum (IEF) og Net-Zero Producers Forum (NPF). I tillegg har departementet hatt dialog og bilaterale møte med ei rekke sentrale energinasjonar.

Som sekretariat for Petroleumsprisrådet har departementet utarbeidd nødvendig avgjerdsgrunnlag for fastsetting av skattereferanseprisar (normprisar) for olje.

Departementet er ansvarleg for implementeringa av gjeldande standardar under Extractive Industries Transparency Initiative (EITI) og har arbeidd med rapportering og publisering i tråd med krava.

Departementet har følgt prosessane for regelverksutvikling i EU som påverkar marknaden for naturgass og norsk gasseksport, inkludert metanforordninga og Net Zero Industry Act. Arbeidet har inkludert møtedeltaking på både embetsnivå og politisk nivå, i tillegg til innspel og kommentarar til arbeid på gassområdet i Europakommisjonen.

Departementet har gjennomført etatsoppfølging av Sokkeldirektoratet og har følgt opp statens eigarinteresser i Gassco AS.

CO_2-lagring

Departementet har i 2024 bidratt til å legge til rette for storskala, kommersiell utnytting av undersjøiske reservoar på kontinentalsokkelen til miljøsikker lagring av CO_2, som eit tiltak for å motverke klimaendringar.

Gjennom 2024 har departementet arbeidd med å utvikle forskrifta om CO_2-lagring og -transport, tilpassa utviklinga i verksemda.

Departementet har vidareført «open dør»-politikken for tildeling av lagringsløyve. Departementet fekk søknader knytte til injeksjon og lagring av CO_2 på norsk kontinentalsokkel på fleire område i 2024 og tildelte totalt seks leiteløyve til sju selskap.

Departementet følgde også opp Northern Lights' arbeid med utbyggingsprosjektet etter at utbyggingsplanen for fase 1 blei godkjend i 2021. Injeksjon av CO_2 i lageret tok til i 2025. I tillegg følgde departementet opp arbeidet deira med å planlegge Northern Lights fase 2, som er eit prosjekt for å utvide kapasiteten i lageret. Prosjektet blei godkjent i 2025.

Vidare har departementet behandla søknader om samtykke til overdraging av deltakarandelar mellom ulike selskap og om endringar i eigarskapen i ulike rettshavarar innanfor lagringsverksemda på norsk kontinentalsokkel.

I 2024 sette Noreg i gang forhandlingar med Belgia om ein traktat for legging og drift av ein røyrleidning for transport av CO_2 til norsk kontinentalsokkel. Forhandlingane skal etter planen sluttførast i 2025.

Vurderingane av kva Net Zero Industry Act får å seie for norske interesser, og den moglege EØS-relevansen av dette regelverket, starta i 2024 og held fram i 2025.

Havbotnmineral

Departementet har i 2024 følgt opp forvaltningsstrategien for havbotnmineral på norsk kontinentalsokkel, som Stortinget har slutta seg til, jf. Meld. St. 25 (2022–2023) og Innst. 162 S (2023–2024).

Etter at areal på norsk kontinentalsokkel blei opna for mineralverksemd i april 2024, har departementet starta arbeidet med den første konsesjonsrunden og hatt forslag til areal på offentleg høyring.

Departementet gav i 2024 Sokkeldirektoratet i oppdrag å samle inn kunnskap om ressurspotensialet for havbotnmineral i opningsområdet.

I tillegg starta departementet arbeidet med tre forskrifter under havbotnminerallova i 2024. Dette arbeidet blei vidareført i 2025, mellom anna med offentleg høyring av forskriftene.

I 2024 har departementet følgt arbeidet med regelverk for utvinning av havbotnmineral i området utanfor nasjonal jurisdiksjon – det såkalla Området – i Den internasjonale havbotnmyndigheita, og har vore del av den norske delegasjonen under leiing av Utanriksdepartementet.

Departementet har i 2024 styrkt innsatsen for forsking og utvikling knytt til havbotnmineralverksemd, og har starta arbeidet med å etablere ein ny forskingsstrategi, Energi 2050, som også vil omfatte forsking på havbotnmineral. Sjå programkategori 18.30 for ein meir utfyllande omtale.

Sokkeldirektoratet

Sokkeldirektoratet har ei sentral rolle i forvaltninga av olje- og gassressursane på norsk kontinentalsokkel og er eit viktig rådgivande organ for Energidepartementet innanfor petroleumsverksemda. Direktoratet er også fagetat for forvaltninga av lagringspotensialet for CO_2 og havbotnmineralressursar og har hatt ei viktig fagleg rolle i opningsprosessen for utvinning av havbotnmineral.

Sokkeldirektoratet utøver forvaltningsmyndigheit i samband med leiting etter og utvinning av petroleumsførekomstar og gir faglege råd ved vurdering, undersøking og utbygging. Direktoratet gir også råd til departementet når det gjeld vidareutvikling av regelverk og rammevilkår, og kan på enkelte område fastsette forskrifter og gjere vedtak.

Direktoratet følger også opp at rettshavarane greier ut og vurderer tiltak for å redusere utslepp, og at rasjonelle tiltak blir gjennomførte innanfor gjeldande regelverk og etablert verkemiddelbruk for myndigheitene.

For lagring av CO_2 på norsk sokkel gir direktoratet faglege råd og kjem med innspel i samband med søknader om løyve etter CO_2-lagringsforskrifta og planar for utbygging og drift av undersjøiske reservoar.

Vidare har Sokkeldirektoratet ansvar for data frå kontinentalsokkelen og for å formidle analysar og kunnskapsgrunnlag for avgjerder. Direktoratet bidrar til god sameksistens mellom ulike brukarar av havet og er engasjert i forsking og utvikling (FoU) og internasjonalt utviklingssamarbeid innanfor ansvarsområda sine.

Ei anna viktig oppgåve er å føre tilsyn med målingar av olje- og gassproduksjonen for å sikre nøyaktig grunnlag for berekning av skattar og avgifter til staten og inntekter til rettshavarane i petroleumsverksemda (fiskal kvantumsmåling).

Sokkeldirektoratet har hovudkontor i Stavanger og eit kontor i Harstad. I 2024 blei det utført 179 årsverk i direktoratet.

Mål

Hovudmålet til Sokkeldirektoratet er å bidra til størst moglege verdiar for samfunnet frå olje- og gassverksemda på norsk kontinentalsokkel. Dette skal dei gjere gjennom ei effektiv og forsvarleg ressursforvaltning som tar omsyn til helse, miljø, sikkerheit, utslepp av klimagassar og andre brukarar av havet.

Direktoratet skal vidare bidra til forvaltninga av CO_2-lagringspotensialet på kontinentalsokkelen for å legge til rette for reduserte utslepp av klimagassar og forvaltninga av norske havbotnmineralressursar.

Direktoratet har delt inn arbeidet for å nå hovudmålet i utvalde delmål.

Rasjonell og heilskapleg arealforvaltning, tildeling av attraktivt leiteareal og langsiktig ressurstilgang

Sokkeldirektoratet har ansvar for å ha oversikt over petroleumsressursane på norsk kontinentalsokkel. Direktoratet samlar inn og analyserer data sjølv, men får også data frå næringa.

Sokkeldirektoratet gir faglege råd til departementet ved førebuing og gjennomføring av konsesjonsrundar og bidrar til oppfølging av leiteaktiviteten i tildelte utvinningsløyve.

Vidare bidrar direktoratet til at areala på norsk kontinentalsokkel blir forvalta slik at den samla verdiskapinga blir høg, og at det blir sikra god sameksistens mellom etablerte og nye næringar i havområda.

Arbeid for samfunnsøkonomisk lønnsam utvinning av petroleum gjennom forsvarleg og effektiv leiting, utbygging og drift

Sokkeldirektoratet skal vere ein pådrivar for å sikre at moglegheiter for langsiktig verdiskaping blir vurderte innanfor leiting, utbygging og drift på norsk kontinentalsokkel. Direktoratet skal bidra til at aktørane som har ansvaret for leiting, utbygging, drift og disponering innanfor sektoren, arbeider aktivt for at det tildelte arealet blir utforska tidsriktig og effektivt, at funn blir bygde ut, og at tiltak for å auke utvinninga frå felt i drift blir identifiserte og gjennomførte.

Sokkeldirektoratet skal særleg følge opp auka utvinning, effektive områdeløysingar og realisering av tidskritiske ressursar.

Direktoratet gir råd til departementet når det gjeld ulike søknader frå selskapa, og følger opp løyve i samsvar med petroleumslova og konsesjonssystemet.

Effektivt innhente, forvalte, gjere tilgjengeleg og formidle data, analysar og kunnskap om norsk kontinentalsokkel

Sokkeldirektoratet er eit nasjonalt sokkelbibliotek og samlar inn, forvaltar og formidlar data og informasjon om petroleumsverksemda.

Direktoratet har ansvar for å innhente og formidle analysar og kunnskap om petroleumspotensialet, mineralressursar og lagringspotensialet for CO_2 på norsk kontinentalsokkel, med mål om å gjere sokkelen meir attraktiv og konkurransedyktig.

Legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen

Sokkeldirektoratet skal støtte og gi råd til departementet og legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen, mellom anna i samband med gjennomføring av konsesjonsrundar innanfor opningsområdet.

Legge til rette for sikker lagring av CO_2

Sokkeldirektoratet skal støtte og gi råd til departementet når det gjeld arbeid innanfor injeksjon og lagring av CO_2, mellom anna knytt til moglege utlysingar av areal og behandling av søknader om utnyttingsløyve.

Resultat 2024

Sokkeldirektoratet har følgt opp hovudmålet og delmåla slik dei er omtalte i Prop. 1 S (2023–2024) for Energidepartementet. For å nå hovudmålet har direktoratet gjennomført ulike aktivitetar og oppgåver under dei nærmare spesifiserte delmåla.

I 2024 har direktoratet prioritert å vidareutvikle ei systematisk oppfølging av aktiviteten i utvinningsløyve, med mål om å fremme utforsking, utvikling av funn og verdiskapande aktivitet på felt i drift. Direktoratet har også utarbeidd eit oppdatert fagleg grunnlag om potensialet for utsleppsreduksjonar frå petroleumsverksemda og vurdert moglege konsekvensar for ressursforvaltninga. I tillegg har direktoratet prioritert å utvikle digitale system og prosessar for å effektivisere og forbetre innsamling og deling av data mellom industri og offentlegheit.

Rasjonell og heilskapleg arealforvaltning, tildeling av attraktivt leiteareal og langsiktig ressurstilgang

Sokkeldirektoratet har i 2024 oppdatert estimata for uoppdaga petroleumsressursar på norsk kontinentalsokkel. Estimata viser at det framleis er eit betydeleg potensial for uoppdaga ressursar i alle havområda. Ressursane er synleggjorde mellom anna gjennom publisering i *Ressursrapport 2024* og rapporten for ressursrekneskapen.

I oktober arrangerte direktoratet eit fagseminar om leiting i Barentshavet. Formålet var å belyse utfordringar og moglegheiter knytte til leiteaktivitet i området og å stimulere til meir leiting.

Direktoratet gjennomførte geologiske, tekniske og økonomiske vurderingar av alle søknadene om tildeling i førehandsdefinerte område (TFO) i 2024. Vurderingane danna grunnlag for tilrådingar til departementet om nye utvinningsløyve med tilhøyrande arbeidsforpliktingar.

Direktoratet deltok også på tre vitskaplege forskingsekspedisjonar i samarbeid med akademia.

Arbeide for samfunnsøkonomisk lønnsam utvinning av petroleum gjennom forsvarleg og effektiv leiting, utbygging og drift

Ved utgangen av 2024 var det over 520 aktive utvinningsløyve på norsk kontinentalsokkel. Dei blir forvalta av 26 rettshavarar i ulike samansetningar – i alle fasar frå leiting, via utbygging, til drift, avslutning og fjerning.

På same tidspunkt var det registrert 78 funn med eit samla utvinnbart volum på 472 millionar kubikkmeter oljeekvivalentar (Sm³ o.e.). Det er også fleire utviklingsprosjekt i gang på felt i drift.

Sokkeldirektoratet følger opp aktiviteten til rettshavarane i utvinningsløyva og legg særleg vekt på å gjere ein innsats på område der det kan førekomme marknadssvikt. Omfanget av oppfølginga blir tilpassa etter behov og kva direktoratet har kapasitet til.

Direktoratet følger opp aktiviteten i alle felt i drift, men innsatsen varierer etter ein prioriteringsprosess. Dei legg særleg vekt på å sikre at det blir arbeidd med tiltak for auka utvinning, at lønnsame tiltak blir vedtatt, og at dei blir gjennomførte i tråd med planlagd framdrift. I dialogen med rettshavarane kjem direktoratet med forventningar og etterspør tiltak.

For å kunne utfordre selskapa er det viktig at direktoratet har god kunnskap om førekomstane og om teknologi som kan nyttast for å maksimere lønnsemda og ressursuttaket. For å styrke denne kunnskapen har direktoratet tett kontakt med forskingsmiljø, leverandørindustri og rettshavarar.

I 2024 blei det gjort 16 nye funn på norsk sokkel. Dei samla utvinnbare voluma i funna er førebels estimerte til 38 millionar Sm^3 o.e. Direktoratet følger med på framdrifta, særleg på funn med tidskritiske ressursar og funn og prosjekt der det skal takast milepælsavgjerder fram mot ei utbygging.

Direktoratet vurderte og gav tilbakemelding til 22 prosjekt i planleggingsfasen som passerte milepælane BOK (avgjerd om konkretisering) eller BOV (avgjerd om vidareføring), og hadde møte med ni prosjekt i gjennomføringsfasen i 2024. Direktoratet gav også råd til departementet i samband med godkjenningsprosessen for ein PUD, og andre saker under § 4-2 i petroleumslova.

Direktoratet har gitt petroleumsressursfaglege råd til departementet ved vurdering av søknader og oppfølging av løyve, mellom anna søknader om konsesjonstidsforlengingar, fristforlengingar, produksjonsløyve og vurdering av vilkårsoppfylling.

Direktoratet bidrar til oppdateringa av forvaltningsplanane for dei norske havområda gjennom å delta i Fagleg forum og Overvakingsgruppa. Målet med forvaltningsplanane er å legge til rette for verdiskaping, samtidig som ein tar vare på naturmangfaldet. Oppdatert forvaltningsplan blei lagd fram for Stortinget i april 2024.

Direktoratet har spelt ei aktiv rolle i å følge opp at rettshavarane i utvinningsløyva arbeider målretta med teknologiutvikling og -implementering. Dei har utfordra operatørselskap på konkrete teknologiar og tema som er løfta fram i direktoratet sin teknologistrategi. I 2024 har søkelyset vore retta mot potensialet i såkalla tette reservoar og korleis dette kan realiserast, og mot innsamling av dynamiske data.

I 2024 tildelte direktoratet prisen Improved Recovery Award til rettshavarane Aker BP og Pandion Energy for arbeidet deira med felta Valhall og Hod i Nordsjøen. Selskapa har ambisiøse planar om å ta i bruk ny teknologi, mellom anna for å auke produksjonen frå tette reservoarformasjonar. Ambisjonen er å produsere ytterlegare éin milliard fat oljeekvivalentar frå felta dei neste 40 åra.

Sokkeldirektoratet har også støtta Gassco i arbeidet med Future Gas Infrastructure (FGI). FGI skal legge til rette for ein framtidig konkurransedyktig infrastruktur på norsk sokkel.

Effektivt innhente, forvalte, gjere tilgjengeleg og formidle data, analysar og kunnskap om norsk kontinentalsokkel

Sokkeldirektoratet har over mange år vore ein sentral bidragsytar i utviklinga av petroleumssektoren på norsk kontinentalsokkel gjennom innsamling, forvaltning og deling av petroleumsrelaterte data. Direktoratet forvaltar ei av dei største samlingane av undergrunnsdata i verda. Denne datadelinga gir betydelege årlege gevinstar for rettshavarane og operatørane på sokkelen.

Direktoratet er i gang med eit prosjekt for å erstatte utdaterte IKT-løysingar og oppgradere eksisterande system. Utviklinga av ny digital arkitektur legg til rette for effektiv datautveksling og betra funksjonalitet. Direktoratet samarbeider tett med operatørar på norsk sokkel om prosjektet, som skal legge til rette for automatiserte løysingar for innsamling, behandling og kvalitetssikring av data.

Direktoratet har publisert *Ressursrapport 2024*, som viser at Noreg framleis har store olje- og gassressursar på sokkelen. Ressursane kan gi grunnlag for høg produksjon, eksport og verdiskaping for samfunnet i lang tid. Rapporten viser kva moglegheiter som ligg i vidare utvikling av sokkelen, og kva som må til for at ressursane skal kunne halde fram med å skape verdiar for samfunnet. I rapporten blir det presentert tre moglegheitsbilete for den totale produksjonen av olje og gass på norsk sokkel fram til 2050. Moglegheitsbileta illustrerer store forskjellar i framtidig produksjonsnivå, verdiskaping og statlege inntekter frå petroleumsverksemda.

Legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen

Sokkeldirektoratet har ei sentral rolle i å kartlegge potensialet for mineralførekomstar på havbotnen på norsk kontinentalsokkel. I 2024 gjennomførte direktoratet tre kartleggingstokt i Grønlandshavet og eitt tokt på Knipovitsjryggen. Kartlegginga blei utført i samarbeid med Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og Universitetet i Bergen.

Direktoratet har gitt si faglege anbefaling om kva for område som er aktuelle for utlysing i den første konsesjonsrunden for havbotnmineral. Anbefalinga er basert på innspel frå industriaktørar og direktoratet sine eigne vurderingar.

I tillegg har direktoratet gitt innspel til Energidepartementet i arbeidet med forskrifta for havbotnmineralverksemd. Direktoratet har også utarbeidd utkast til ei eiga forskrift om datainnsamling og dokumentasjon for havbotnmineralverksemd.

Legge til rette for sikker lagring av CO_2

Interessa for CO_2-lagring og areal knytte til CO_2-lagring er framleis høg. Direktoratet følger opp nye og igangverande CO_2-lagringsprosjekt og gir faglege råd til departementet i samband med utlysing og tildeling av areal. I september blei det tildelt fire leiteløyve, og tilbod om ytterlegare to løyve blei sende ut i desember.

Andre oppgåver

Sokkeldirektoratet har bidratt i arbeidet med rapporten *Klimatiltak i Norge: Kunnskapsgrunnlaget 2024*, som fungerer som fagleg grunnlag for mellom anna Klimastatus og -plan.

Direktoratet har også gjennomført og fullført grunnundersøkingar for havvindområdet Utsira Nord. Direktoratet har også bidratt i ei breitt samansett gruppe av direktorat som har ansvar for å utarbeide ei konsekvensutgreiing for område som kan vere teknisk eigna for havvind, og der interessekonfliktane er relativt låge. Gruppa har levert konsekvensutgreiing for tre slike område.

Sokkeldirektoratet har etablert eit system for å få oversikt over ressursbruk knytt til ulike aktivitetar og oppgåver.

Sokkeldirektoratet bidrar til internasjonal kompetanse- og kapasitetsbygging gjennom institusjonelt samarbeid med offentlege etatar i fleire land. I 2024 samarbeidde direktoratet med tre land, med hovudvekt på ressursforvaltning. Direktoratet var også engasjert i tre land gjennom programmet Energi for utvikling (Efu).

Direktoratet har vidare gitt faglege råd til departementet i samband med rettsprosessar der staten har vore part.

Kap. 1810 Sokkeldirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	353 990	400 500	454 600
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	99 702	202 000	205 000
23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, *kan overførast*	58 308	47 500	50 000
	Sum kap. 1810	512 000	650 000	709 600

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å løyve 454,6 millionar kroner til lønnsutgifter og andre driftsutgifter for Sokkeldirektoratet. Dei lønnsrelaterte utgiftene utgjer om lag 65 prosent av den totale løyvinga.

Forutan lønns- og prisjustering heng auken frå saldert budsjett saman med heilårsverknaden av sektoravgifta som blei innført med verknad frå 1. juli 2025, jf. omtale under kap. 5582, post 74.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår ei løyving på 205 millionar kroner og ei bestillingsfullmakt på 50 millionar kroner, jf. forslag til vedtak III.

Løyvinga skal dekke utgifter til studiar, analysar og kartlegging av kontinentalsokkelen, mellom anna knytt til petroleumsressursar og mineral på havbotnen. Løyvinga skal også dekke ressurs- og miljøkartlegging i område som er opna for havbotnmineralverksemd.

Midlane vil bli nytta til å samle inn data for å føre vidare kartlegging av ressursar og miljø i opningsområdet for havbotnmineral, og til kartlegging av regionale og lokale straumforhold, jf. Meld. St. 25 (2022–2023). Det er behov for meir kunnskap om ressursane og natur- og miljøforholda i djuphavet i alle delar av norsk kontinentalsokkel, særleg i Norskehavet og Grønlandshavet.

Løyvinga skal også dekke etablering av ny digital arkitektur, og forbetring og vidareutvikling av prosessar og funksjonalitet i digitaliseringsprogrammet til direktoratet.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Departementet foreslår ei løyving på 50 millionar kroner og ei fullmakt til å overskride løyvinga mot ei tilsvarande meirinntekt under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter, jf. forslag til vedtak II.

Løyvinga skal dekke utgifter til samarbeidsprogramma Diskos og Force, som dreier seg om dataforvaltning og utvinningsteknologi. Løyvinga skal også dekke utgifter knytte til ein samarbeidsavtale med Norad om rådgiving innanfor Energi for utvikling (Efu). Efu fokuserer på klimanøytrale energisystem og tilgang til rein energi for alle, i tråd med FNs berekraftsmål nummer 7.

Sokkeldirektoratet bidrar også til arbeidet med å redusere fakling og metanutslepp i program i Nigeria, Mosambik og Tanzania. I tillegg er direktoratet involvert i kontinentalsokkelinitiativet Hav for utvikling (Hfu) i Vest-Afrika.

Kap. 4810 Sokkeldirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyrinntekter	23 527	31 900	33 000
02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	57 314	47 500	50 000
10	Refusjonar	66		
	Sum kap. 4810	80 907	79 400	83 000

Post 01 Gebyrinntekter

Posten omfattar gebyrinntekter frå konsesjonssøknader, undersøkings- og utvinningsløyve, seismiske undersøkingar, registreringar i Petroleumsregisteret og refusjon av tilsynsutgifter.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Posten omfattar inntekter frå oppdrags- og samarbeidsverksemda, jf. kap. 1810, post 23.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
74	Sektoravgifter under Sokkeldirektoratet		45 000	90 000
	Sum kap. 5582		45 000	90 000

Post 74 Sektoravgifter under Sokkeldirektoratet

Departementet har fastsett *forskrift om sektoravgift og refusjon av utgifter for tilsyn med ressursforvaltningen i petroleumsvirksomheten og virksomhet etter CO_2-lagringsforskriften* (refusjonsforskrifta), som pålegg sektoravgift på alle aktive utvinningsløyve på norsk kontinentalsokkel frå 1. juli 2025.

Sektoravgifta blir kravd inn av Sokkeldirektoratet frå rettshavarar med deltakerandelar i utvinningsløyve på norsk kontinentalsokkel. Avgifta dekker delar av kostnadene Sokkeldirektoratet har til digitalisering og forvaltning av data frå petroleumsverksemda, inkludert tenesteleveransar til næringa. Avgifta dekker også delar av kostnadene ved fellestiltak som er retta mot heile petroleumsnæringa, og som bidrar til å forenkle og effektivisere arbeidsoppgåver i selskapa, jf. kap. 1810, post 01.

Sektoravgifta blir fastsett slik at ho ikkje overstig dei faktiske kostnadene Sokkeldirektoratet har til dei formåla avgifta skal dekke.

Programkategori 18.20 Energi og vassressursar

Utviklingstrekk

Sikker tilgang på kraft er viktig for verdiskaping og velferd, og nødvendig for dei fleste samfunnsfunksjonar. Tilgang på kraft og eit velfungerande kraftsystem er også ein føresetnad for å nå Noregs ambisjonar på energi- og klimaområdet.

Etter åra med ein ekstraordinær situasjon i dei europeiske energimarknadene, som også bidrog til svært høge kraftprisar i Sør-Noreg, har kraftprisane gått betydeleg ned. Den gjennomsnittlege kraftprisen i 2024 var lågare enn året før og nærmare nivåa vi hadde før 2021. Samtidig er kraftprisane langt meir volatile enn tidlegare.

Den sikkerheitspolitiske situasjonen har dei siste åra blitt kraftig skjerpa. I januar 2025 la regjeringa fram Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen – Forberedt på kriser og krig*. I meldinga peikar regjeringa på at alle sivile sektorar må vere førebudde på situasjonar som ligg høgt i krisespekteret, inkludert væpna konflikt og i verste fall krig. Kraftforsyningsberedskap er omtalt i kapittel 8 Tilstanden i kraftforsyninga i del III av proposisjonen.

Det er behov for eit betre kunnskapsgrunnlag om kva ulike mål og utviklingstrekk vil krevje av kraftsystemet på kort og lang sikt. I 2024 publiserte Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), på oppdrag frå Energidepartementet, dei første analysane av den heilskaplege utviklinga i det norske kraftsystemet i lys av ulike utviklingstrekk og mål på klima-, nærings- og energiområdet. Departementet vil, i samarbeid med NVE, halde fram arbeidet med slike analysar, jf. omtale i kapittel 9 Status for kraftsituasjonen og perspektiva framover i del III av proposisjonen.

For å gi hushalda tryggleik og meir føreseielege straumkostnader i møte med tidvis høge og volatile kraftprisar har regjeringa ført vidare straumstønadsordninga for hushald og bustadselskap. Regjeringa har også lagt fram eit forslag til Noregspris for hushald som bruker straum og fjernvarme, som ei valfri og alternativ ordning til straumstønad. Stortinget vedtok forslaget til Noregspris i juni 2025, og ordninga tredde i kraft 1. oktober. Etter vedtaket frå Stortinget skal Noregspris gjelde til 31. desember 2029. Stortinget vedtok at straumstønadsordninga skal vidareførast til same dato, og at ordninga også skal gjelde for hushald som bruker fjernvarme.

Kraftsituasjonen

Krigen i Ukraina og bortfallet av russiske gassleveransar har prega kraftsituasjonen sterkt dei siste åra. Korleis energimarknadene vil utvikle seg framover, er framleis svært usikkert. Den norske kraftforsyninga er tett integrert med det europeiske kraftsystemet. Utviklinga i Europa påverkar kraftprisane i Noreg og har derfor mykje å seie for verdien av norske fornybarressursar.

Utbygginga av vindkraft og solkraft er stor i landa rundt oss, og fornybare energikjelder utgjer ein aukande del av kraftproduksjonen i stadig fleire europeiske land. Vind- og solkraft gir større variasjon i krafttilgangen. Samtidig aukar forbruket av elektrisitet som følge av folkeauke og økonomisk vekst, men også som følge av digitalisering, elektrifisering og bruk av nye teknologiar som krev elektrisitet. Gradvis meir bruk av elektrisitet, ein aukande andel sol- og vindkraft og ei tettare samankopling av kraftmarknadene gjer tilgangen på regulerbar og fleksibel kraftproduksjon stadig viktigare. Noreg har eit godt utgangspunkt med ein stor del regulerbar vasskraft i kraftforsyninga. Regulerbar vasskraft gjer det mogleg å produsere når behovet for kraft er størst, noko som blir stadig viktigare i og med omstillinga som no skjer i kraftmarknadene.

Å utveksle kraft med nabolanda våre har vore viktig for norsk forsyningssikkerheit i periodar med lågare vasskraftproduksjon enn normalt. I 2021 fekk Noreg ei sterkare kopling til utlandet gjennom nye kablar til Tyskland og Storbritannia. Desse kablane har ein samla kapasitet på 2 800 megawatt (MW). Tett tilknyting til utlandet gjer også at det norske kraftsystemet blir påverka av hendingar i energisystema rundt oss.

Ved inngangen til 2025 var magasinfyllinga høg i heile Noreg. I Søraust- og Vest-Noreg låg nivåa tett på maksimum for dei siste tjue åra, medan Sørvest-Noreg låg noko over medianen. Midt- og Nord-Noreg låg over maksimum for dei siste tjue åra.

Vinteren 2025 kom det mindre snø enn normalt i Sør-Noreg, og dermed blei det lågare tilsig under vårsmeltinga. I tillegg har sommaren vore varm og tørr, noko som har bidratt til redusert magasinfylling i dei sørlege prisområda utover året (per veke 33). I Nord-Noreg har den høge magasinfyllinga gitt eit stort kraftoverskot. Kombinert med god tilgang på vindkraft frå Nord-Sverige har det resultert i svært låge kraftprisar i regionen.

Dei siste somrane har det tidvis vore betydelege prisforskjellar mellom dei sørlege prisområda for straum i Noreg. I sommar (veke 25–33) har gjennomsnittsprisen i NO2 (Sør) vore 55 øre/kWh høgare enn i NO5 (Vest) og 24 øre/kWh høgare enn i NO1 (Aust). Kraftprisane i NO2 har dei siste fire åra i snitt lege på eit høgare nivå enn i NO1 og NO5, som følge av betre reguleringsevne i vassmagasina, flaskehalsar mellom prisområda og tettare tilknyting til kontinentet. Det er også prisforskjellar mellom dei nordlege og sørlege prisområda, med NO2 og NO4 som ytterpunkt. I 2024 var gjennomsnittsprisen 31 øre/kWh høgare i NO2 enn i NO4. Så langt i 2025 (per 25. september) har denne forskjellen vore på 69 øre/kWh.

NVE har berekna at det norske kraftoverskotet i eit år med normale vêrforhold er om lag 18 terawattimer (TWh). I åra framover er det venta at kraftforbruket vil auke, som følge av aukande elektrifisering av samfunnet, ny næringsverksemd med stort kraftbehov og vidare omlegging frå fossil energi til fornybar kraft.

I NVEs rapport om den langsiktige utviklinga i kraftmarknaden fram mot 2050, publisert i juni 2025, er hovudkonklusjonen at kraftbalansen framleis vil vere positiv dei neste åra. Om 2030 blir eit normalår, er det venta eit kraftoverskot på om lag 7 TWh det året. NVE peikar på at det er større uvisse knytt til veksten i kraftforbruket på kort sikt enn det er til kraftproduksjonen.

Utviklinga av kraftsystemet

Noreg har store energiressursar, god tilgang på fornybar energi og dermed låge utslepp av klimagassar. Elektrisitetsproduksjonen i Noreg er i hovudsak basert på vasskraft, men vindkraft har også ei viktig rolle. Noreg har ein stor kraftintensiv industri, og elektrisitet blir i større grad enn i andre land nytta til oppvarming i bygg.

Dei siste åra har elektrisitet blitt tatt i bruk i nye sektorar og på nye område. I transportsektoren speler elektrisitet ei stadig viktigare rolle. Elektrifisering og utvikling av industri kan føre til rask etablering av stort, nytt forbruk i ulike delar av landet. Det er derfor viktig å legge til rette for ny kraftproduksjon, energieffektivisering og utvikling av nettet.

Utviklinga av kraftsystemet med ein større andel uregulerbar produksjon, vindkraft til havs, elektrifisering av fleire samfunnssektorar og ambisjonar om næringsutvikling basert på fornybar energi krev ei omfattande og effektiv utbygging av kraftnettet.

Nettutvikling

Våren 2023 la regjeringa fram ein handlingsplan for raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet. Planen inneheld fleire viktige grep som skal bidra til raskare konsesjonsbehandling, meir effektive prosessar for tilknyting til straumnettet og betre utnytting av dagens nettkapasitet. Tiltaka som blei varsla i planen, er gjennomførte. Mellom anna er ressursane til behandling av konsesjonar og digitalisering i NVE vesentleg styrkte. Det er etablert eit hurtigspor for rask behandling av godt førebudde og lite konfliktfylte søknader om nett. I tillegg er grensa for meldeplikt for 132 kV-kraftlinjer utvida frå 15 til 50 kilometer.

I 2024 vedtok departementet ei forskriftsendring som inneber at nettselskapa skal vurdere om prosjekta er tilstrekkeleg modne før dei fordeler og tildeler nettkapasitet. Bruk av modnadskriterium skal sikre at det er prosjekta som faktisk blir gjennomførte, som får tildelt kapasitet.

Frå september 2025 er det innført endringar i myndigheitsfordelinga for konsesjonsbehandling av nye, store kraftleidningar. Frå no er det NVE som har ansvaret for å avgjere søknader om slike anlegg. Samtidig er kravet om ekstern kvalitetssikring og myndigheitsbehandling av konseptvalutgreiingar (KVU) for slike anlegg fjerna. Formålet med endringane er å forenkle og effektivisere konsesjonsbehandlinga.

Driftssikkerheita i kraftnettet i Noreg er god. Samtidig aukar krava til kraftsystemet når både Noreg og nabolanda våre fasar inn meir uregulerbar fornybar energi. Eit godt utbygd nett og ein velfungerande kraftmarknad er avgjerande for forsyningssikkerheita, men aktørar som er heilt avhengige av trygg straumforsyning, må også ta ansvar for å ha tilstrekkeleg eigenberedskap. Det er viktig for å vere førebudd ved bortfall av straum.

Straumnettet skal driftast og utviklast i tråd med samfunnsøkonomiske kriterium. Store delar av straumnettet er gammalt, og fleire anlegg nærmar seg slutten av den tekniske levetida si. I

Systemutviklingsplan 2023 skriv Statnett at dei forventar investeringar på mellom 100 og 150 milliardar kroner i transmisjonsnettet og digitalisering dei neste ti åra. I tillegg kjem moglege investeringar i nett til havs. Også på lågare nettnivå er det behov for omfattande investeringar.

Nye teknologiske løysingar og bruk av smarte styringssystem kan bidra til å styrke forsyningssikkerheita i åra framover. Tiltak som alt er sette i verk, bidrar til å betre forsyningssikkerheita regionalt og nasjonalt. Samtidig legg dei til rette for nytt forbruk og ny produksjon av fornybar kraft.

Tiltaka i straumnettet inneber store investeringar og har verknader for natur og andre samfunnsinteresser. Det er behov for å auke takten i utbygginga, men det er samtidig viktig at investeringane er riktige og blir gjennomførte på ein kostnadseffektiv måte.

Nye marknadsløysingar og ny teknologi kan bidra til meir effektiv utnytting av både straumnettet og fleksibiliteten i kraftsystemet. Investeringane i straumnettet blir i hovudsak finansierte gjennom nettleige og anleggsbidrag. Nettselskapa skal utforme desse slik at dei i størst mogleg grad gir signal om effektiv bruk og utvikling av nettet.

Ny kraftproduksjon

Noreg har framleis eit stort potensial for utbygging av fornybar kraft. Tilgangen til nett og avvegingar mellom verdien av ny kraftproduksjon, miljøomsyn og andre interesser vil påverke kor mykje ny kraftproduksjon som faktisk blir bygd.

I februar 2025 la departementet fram forslag til fleire endringar i energilova, mellom anna innføring av ein heimel for tidleg saksavslutning og henteplikt for områdekonsesjonærar. Endringane blei vedtatt av Stortinget våren 2025, og dei fleste tredde i kraft 1. juli 2025. Henteplikta for områdekonsesjonærar, som inneber at fleire småkraftverk og solkraftanlegg slepp å søke NVE om eigen nettkonsesjon, trer i kraft 1. januar 2026, etter at nødvendige forskriftsendringar er på plass.

Noreg har store vassressursar og ein verdifull vassdragsnatur, og vasskrafta er den viktigaste økonomiske utnyttinga av vassressursane våre. Ved utgangen av 2024 var produksjonen av vasskraft i eit år med normal nedbør berekna til 137,6 TWh per år.

Evna til å produsere når behovet er størst, skal vektleggast i konsesjonsbehandlinga av regulerbar vasskraft. I 2024 blei det sett i drift vasskraft med ein produksjonskapasitet på om lag 0,3 TWh. Ved utgangen av første kvartal 2025 var om lag 1 TWh ny vasskraftproduksjon under utbygging. I tillegg får NVE inn fleire søknader om effektoppgraderingar som vil betre kraftforsyninga i timane med topplast. Det har stor betydning for kraftsystemet at vasskrafta som er bygd ut blir halden oppe og utvikla vidare. Samtidig skal det leggast til rette for miljøforbetringar i vassdrag med eksisterande vasskraftutbyggingar, basert på avvegingar av samfunnsnytte og ulemper. Dei nærmaste åra vil det bli behandla fleire saker som gjeld revisjon av vilkår i eldre konsesjonar.

Sikkerheita ved norske vassdragsanlegg er generelt god, med få alvorlege hendingar dei siste åra. NVE fører tilsyn basert på risikovurderingar for å sjå til at eigarane oppfyller krava til sikkerheit i regelverket. NVE har avdekt enkelte avvik, men desse blir følgde opp. Samtidig fører klimaendringar til utfordringar i arbeidet med damsikkerheit.

Vindkraft har blitt ein viktig del av den norske energiforsyninga. Noreg har svært gode vindressursar, og vindkraft på land er blant dei teknologiane med lågast gjennomsnittleg utbyggingskostnad. Normalårsproduksjonen for norsk vindkraft ved utgangen av 2024 var i underkant av 16 TWh, noko som svarer til rundt 10 prosent av den samla norske produksjonen i eit normalår. Vi ser no ei aukande interesse for å utvikle vindkraft, og det er venta fleire prosjekt til konsesjonsbehandling. NVE prioriterer konsesjonsbehandling av nett og produksjon i Finnmark i tråd med regjeringa sitt kraft- og industriløft for landsdelen.

Regjeringa ønsker å legge til rette for meir utbygging av solkraft og lokal energiproduksjon. Departementet har mellom anna frå 1. juli 2025 innført ei effektgrense for konsesjonsplikt etter energilova for solkraftanlegg på 10 MW. Denne effektgrensa legg ansvaret for å behandle dei minste solkraftanlegga til kommunane. NVE skal framleis behandle konsesjonssøknader for solkraftanlegg med installert effekt på meir enn 10 MW. Regjeringa har også fastsett ei delingsordning for lokal fornybar energiproduksjon tilpassa næringsområde som vil gi aktørar større insentiv til å investere i fornybar kraft på utbygd areal. Ordninga trer i kraft 1. januar 2026.

Ved utbygging av nett og ny kraftproduksjon er regjeringa opptatt av å vareta interessene til reindrifta. Prosjekt for nett og kraft skal ikkje gå ut over urfolksrettane etter artikkel 27 i konvensjonen om sivile og politiske rettar. Dette er eit heilt sentralt spørsmål i konsesjonsbehandlinga i område med reindrift.

Regjeringa har lagt til rette for at lokalsamfunn som stiller naturressursar til disposisjon for

utbygging, skal få meir igjen ved at dei blir sikra ein del av verdiskapinga. Innføringa av grunnrenteskatt på landbasert vindkraft frå 2024 gir føreseielege og trygge rammer for dei som vil investere i vindkraft, samtidig som fellesskapen og lokalsamfunnet sit igjen med ein større del av overskotet. I 2025 har avgifta på vindkraft auka frå 2,3 til 2,37 øre per kilowattime (kWh). I tillegg er det innført ei tilskotsordning der 0,2 øre per kWh vindkraftproduksjon blir sett av til lokale formål, som natur, reindrift og eventuelt andre formål som er direkte påverka av arealbruken.

Regjeringa si satsing på havvind er viktig for å auke produksjonen av fornybar kraft i Noreg. Prosjektområdet for første fase av Sørlege Nordsjø II blei tildelt våren 2024. Dette blir det første store havvindprosjektet på norsk sokkel. Prosjektet vil bli kopla til Fastlands-Noreg og gi meir fornybar kraft i Sør-Noreg. Det same vil Utsira Nord, det første storskala flytande havvindprosjektet i Noreg. Havvindarbeidet er nærmare omtalt under programkategori 18.30.

Regjeringa har sett ned eit ekspertutval som skal greie ut kjernekraft som mogleg energikjelde i Noreg. Formålet med utgreiinga er å få ein brei gjennomgang og ei vurdering av ulike sider ved ei eventuell framtidig etablering av kjernekraft i Noreg. Utvalet skal levere utgreiinga si innan 1. april 2026.

Departementet har fått fleire meldingar frå Norsk Kjernekraft AS med forslag til eit utgreiingsprogram for etablering av kjernekraft ulike stader i landet.

Energibruk

Energieffektivisering er viktig for å redusere veksten i energiforbruket. Verknaden av energieffektivisering er ofte størst om vinteren, når behovet for kraft er størst og prisane er på sitt høgaste. Energieffektivisering, fleksibelt straumforbruk og meir bruk av fjernvarme og andre oppvarmingsløysingar som reduserer forbrukstoppane, kan over tid redusere behovet for nettinvesteringar og andre tiltak for å sikre effektbalansen. Regjeringa har styrkt arbeidet med energieffektivisering betydeleg, og har lagt fram ein handlingsplan med fleire verkemiddel som bidrar til å utløyse meir energieffektivisering, inkludert særskilde krav og målretta informasjonstiltak. Dei fleste verkemidla i handlingsplanen er no gjennomførte eller blir følgde opp gjennom løpande oppgåver.

Utviklinga i energibruken blir påverka av langsiktige utviklingstrekk i samfunnet, som samansetninga av og nivået på den økonomiske veksten, utvikling av meir energieffektiv teknologi, endra busettingsmønster, befolkningsutvikling og endringar i næringsstruktur. Prisnivå, skattar, avgifter og direkte reguleringar på energi-, miljø- og klimaområdet påverkar også energibruken. I tillegg svingar energibruken mellom år som følge av temperaturvariasjonar.

Elektrifisering av energibruken er ei utvikling som pregar dei fleste land, ettersom eit aukande velferdsnivå og teknologiutviklinga legg til rette for bruk av straum på nye område. Elektrisitet blir tatt i bruk i stadig større omfang både i hushald, i industrien og i anna næringsliv. I åra som kjem, vil fleire sektorar i norsk økonomi erstatte bruk av fossil energi med fornybar kraft. Dette aukar behovet for elektrisitet, men fører også til meir effektiv bruk av energi.

Ifølge tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) brukte vi om lag 215 TWh energi innanlands i 2024, noko som er ein reduksjon på 2 TWh frå 2023. Bruken av elektrisitet har auka, medan energibruk frå olje, oljeprodukt og naturgass har gått ned. Industri, transport, hushald og privat og offentleg tenesteyting stod for høvesvis 72, 53, 47 og 44 TWh. Sidan 1990 har det årlege energiforbruket innanlands auka med 17 prosent, og i perioden 2011–2022 låg det i snitt på om lag 217 TWh.

Noreg har eit mål om å forbetre energiintensiteten med 30 prosent innan 2030 samanlikna med nivået i 2015. Energiforbruket innanlands var omtrent på same nivå i 2024 som i 2015. I same periode har bruttonasjonalproduktet (BNP) for Fastlands-Noreg auka med 15,3 prosent, noko som har gitt ei forbetring i energiintensiteten på rundt 13 prosent sidan 2015.

Flaum og skred

Flaum- og skredhendingar fører til store kostnader i form av helseskadar, tap av liv og materielle skadar på eigedom, infrastruktur og miljø. Dei siste åra har Noreg opplevd fleire flaum- og skredhendingar med omfattande skadar. Farekartlegging har avdekt fleire fareområde og bidratt til større merksemd i samfunnet om risikoen slike hendingar utgjer. Aukande folketal og økonomisk vekst bidrar til at skadepotensialet veks, og klimaendringar fører til meir ekstremvêr og fleire flaum- og skredhendingar.

I 2024 la regjeringa fram ei stortingsmelding om flaum og skred, Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred*, jf. Innst. 123 S (2024–2025). Meldinga legg vekt på styrkt førebygging for å auke sikkerheita for folk,

med tiltak innanfor kartlegging, arealplanlegging, sikring, overvaking og varsling.

NVE skal gi bistand til kommunane med å førebygge flaum- og skredskadar. I arealplanleggingа prioriterer NVE å uttale seg om overordna kommuneplanar og områdereguleringsplanar, men har inga rolle i byggesaksbehandling. NVE skal også bidra med kunnskap om avrenning i tettbygde strøk og rettleiing om kommunal arealplanlegging for å redusere skadar frå overvatn. Bistanden blir prioritert etter samfunnsøkonomiske kriterium, slik at samfunnet får mest mogleg igjen i form av redusert risiko for skadar.

NVE bidrar til fysiske sikringstiltak for å redusere risikoen. Dei statlege bistandsordningane for flaum- og skredsikring er baserte på lokal medfinansiering (distriktsandel). Frå 2025 blei distriktsandelen for ordinære sikringstiltak redusert frå normalt 20 til 10 prosent. Samtidig blei den nedre grensa for å få tilskot heva til 1 million kroner, og grensa for å få bistand til tiltak i regi av NVE blei heva til 10 millionar kroner. Dette gjer at NVE kan konsentrere innsatsen om større og meir krevjande tiltak.

Utfordringane på flaum- og skredområdet er store, og det har vore eit mål at fleire aktørar skal utvikle kompetanse til å bygge sikringsanlegg. I dag er det hovudsakleg private entreprenørar som står for bygging av slike tiltak, enten det er i regi av NVE, kommunar eller andre.

Hovudmål

Dei overordna måla på energi- og vassressursområdet er å

- legge til rette for ei effektiv, sikker og miljøvennleg energiforsyning
- bidra til ei heilskapleg og miljøvennleg forvalting av vassressursane
- sette samfunnet i betre stand til å handtere flaum- og skredrisiko i eit klima i endring

NVE har ansvar for å forvalte energi- og vassressursane, og støttar kommunane og andre aktørar i arbeidet med å førebygge flaum- og skredskadar.

I NVEs organisasjon inngår også Reguleringsmyndigheita for energi (RME). RME er reguleringsmyndigheit for kraft- og gassmarknadene i Noreg.

Statnett er operatør og eigar av transmisjonsnettet (TSO) og er det systemansvarlege nettselskapet i Noreg. Statnett har ansvar for samfunnsøkonomisk rasjonell drift og utvikling av transmisjonsnettet.

Energidepartementets mål og oppgåver

Energidepartementet skal legge til rette for eit effektivt og velfungerande energisystem.

Departementet skal legge til rette for auka produksjon av fornybar energi frå vasskraft, havvind, vindkraft på land der det er gode vindforhold og lokal aksept, og i tillegg solkraft og lokal energiproduksjon. Vidare skal departementet arbeide for å forbetre og forenkle konsesjonsbehandlinga av produksjons- og nettanlegg, med mål om meir effektiv saksbehandling.

Departementet skal arbeide for raskare utbygging og betre utnytting av straumnettet.

Departementet skal sørge for god beredskap i kraftforsyninga. NVE har ansvar for sentrale beredskapsoppgåver på området.

Departementet skal følge opp relevant EU-regelverk på energiområdet og bidra til god tilpassing til det europeiske energisystemet. Det omfattar mellom anna oppfølging av Rein energipakken, inkludert innlemminga av fornybardirektivet, bygningsenergidirektivet og energieffektivitetsdirektivet, og vurdering av konsekvensar og behov for tilpassing i norsk regelverk. Departementet skal arbeide vidare med sikte på å redusere det såkalla etterslepet i EØS-avtalen. EØS-relevant regelverk skal i utgangspunktet innlemmast i avtalen utan unødig opphald, men det er viktig å bruke tilstrekkeleg tid for å sikre norske interesser der det er nødvendig.

Departementet skal vareta heilskapen i energieffektiviseringspolitikken og legge til rette for energieffektivisering, fleksibel energibruk og lokal energiproduksjon.

Utan fjernvarme vil behovet for både straumnett og effektkapasitet auke, særleg i tettbygde område der effektbehovet allereie er høgt. Ein slik auke vil føre til høge kostnader for samfunnet. Departementet skal i 2026 vurdere endringar i prisreguleringa av fjernvarme, som varsla i Prop. 1 S (2024–2025). Målet er å sikre at reguleringa er tilpassa dagens varme- og straummarknad, og at ho fungerer som eit godt rammevilkår for fjernvarmebransjen. Eventuelle endringar i prisreguleringa skal gjennomførast på ein måte som varetar hushald som nyttar fjernvarme til oppvarming.

I tillegg til å redusere straumrekninga for folk og bedrifter vil regjeringa unngå at fjernvarme blir valt bort til fordel for straum. Regjeringa vil derfor vurdere om det er behov for tiltak for å oppretthalde samfunnsøkonomisk lønnsam fjernvarmeproduksjon, og Energidepartementet vil følge opp dette arbeidet.

Departementet skal følge opp forvaltninga av elsertifikatsystemet i tett dialog med Klimat- och näringslivsdepartementet i Sverige, for å sikre ei koordinert og effektiv gjennomføring av ordninga.

Departementet skal følge opp dei vedtatte endringane i energimerkeforskrifta, som gjer ordninga meir relevant for heile bygningsmassen og premierer oppvarmingsløysingar som samspeler godt med kraftsystemet. Departementet vil også jobbe for at ordninga kan støtte opp under andre verkemiddel i energipolitikken. Endringane trer i kraft 1. januar 2026.

Departementet skal følge opp NVE i arbeidet med å sette samfunnet i betre stand til å handtere flaum- og skredrisiko og med å sørge for at sikkerheita ved vassdragsanlegg er tilfredsstillande.

Departementet skal følge opp Meld. St. 27 (2023–2024*) Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred*, som blei behandla av Stortinget i februar 2025, og bidra til at tiltaka i meldinga blir gjennomførte i tråd med målet om styrkt førebygging.

Departementet skal bidra til ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassressursane. Det inneber mellom anna å ta miljøomsyn ved ny utbygging og å legge til rette for miljøforbetring i allereie regulerte vassdrag, mellom anna for å følge opp godkjende forvaltningsplanar etter vassforskrifta. Departementet skal også arbeide med revisjon av konsesjonsvilkår for å oppfylle miljøkrava innanfor dei fristane som følger av planane.

Departementet skal sikre god forvaltning av dei innanlandske energi- og vassressursane gjennom styringsdialogen med NVE, og følge opp den statlege eigarskapen i Statnett for å sikre ansvarleg og målretta styring av selskapet.

Energidepartementets resultat for 2024

I 2024 bidrog departementet til ei effektiv og miljøvennleg forvaltning av energiressursane, ei sikker kraftforsyning og ein effektiv og velfungerande kraftmarknad. Departementet medverka også til ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassressursane og ei forbetring av evna til å handtere flaum- og skredrisiko.

Departementet følgde kraftsituasjonen tett gjennom året og bidrog til å sikre forsyningssikkerheit og god marknadsfunksjon gjennom oppfølging av relevante verkemiddel og samarbeid med sentrale aktørar. Kraftsituasjonen var meir stabil enn dei føregåande åra, men prega av store svingingar i prisane. Sommaren hadde svært låge prisar som følge av høg produksjon frå sol- og vindkraft, medan vinteren hadde periodar med stram effektsituasjon og høge prisar, påverka av låg vindkraftproduksjon og høge gassprisar i Europa. Krigen i Ukraina bidrog til ein vedvarande usikker situasjon i den europeiske energimarknaden, noko som også påverka kraftsituasjonen i Noreg.

I 2024 blei det produsert 157,2 TWh elektrisk kraft i Noreg. Det er den høgaste årlege kraftproduksjonen som er registrert nokosinne. Til saman 140 TWh elektrisitet kom frå vasskraftverka og vindkraftproduksjonen bidrog med 14,5 TWh. Det norske kraftforbruket i 2024 enda på om lag 137 TWh, noko som gav ein positiv kraftbalanse. Samla eksport enda i 2024 på 33,1 TWh. Med ein samla import på 14,7 TWh blei nettoeksporten av straum på 18,4 TWh. Det er 0,7 TWh høgare enn i 2023.

Leveringskvaliteten på straum i Noreg er høg, og leveringspålitelegheita i 2024 var på 99,985 prosent. I snitt opplevde ein straumkunde 1,73 langvarige avbrot (over 3 minutt) og 1,55 kortvarige avbrot (under 3 minutt). Den gjennomsnittlege gjenopprettingstida for langvarige avbrot var 3 timar og 31 minutt. Tydelege krav til beredskapsarbeid og omfattande informasjonsverksemd frå NVE bidrar til at nettselskapa fokuserer meir på beredskap.

I desember 2024 blei det vedtatt at straumstønadsordninga skal vare ut heile 2025, jf. lovvedtak 28 (2024–2025). Departementet følger opp ordninga, som skal bidra til å skjerme hushald mot høge straumprisar.

For å styrke forbrukarvernet og gjere det enklare for forbrukarane å orientere seg i straummarknaden blei det innført nye reglar 1. juli 2024. Endringane i energilova og tilhøyrande forskrifter inneber mellom anna at det blir stilt strengare krav om å informere forbrukarane om brotgebyr, at straumsalselskapa kan miste moglegheita til å selje straum dersom dei ikkje følger forbrukarreglane, og at det blir innført ein nedkjølingsperiode på 24 timar ved sal av straumavtalar ved telefonsal, dørsal, standsal og butikksal.

I 2023 blei det fastsett eit krav i energilova om at aktørar som bygger eller oppgraderer anlegg med høgt energibehov, må gjennomføre ein kostnytteanalyse av moglegheitene for å utnytte overskotsvarme. Energidepartementet konkretiserte reglane i forskrift i 2024, og kravet tredde i kraft 1. april 2025. Hausten 2024 blei det også innført eit krav om at føretak med stort energiforbruk må kartlegge energibruken sin og vurdere moglegheitene for energieffektivisering. Målet med krava er å legge til rette for meir effektiv energibruk hos føretak med stort energiforbruk.

Våren 2023 la departementet fram *Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet*, og i 2024 har departementet følgt opp planen med fleire tiltak for å bidra til raskare konsesjonsbehandling av nettanlegg, meir effektive prosessar for nettilknyting og betre utnytting av kapasiteten i straumnettet. Departementet har vedtatt ei forskriftsendring som pålegg nettselskapa å vurdere om eit prosjekt er tilstrekkeleg modent, før dei tildeler nettkapasitet. Bruk av modnadskriterium skal bidra til at kapasitet blir tildelt prosjekt som faktisk blir gjennomførte.

Departementet fekk også ei tilråding frå RME om å gjere forskriftsendringar som tydeleggjer at nettselskap i regional- og transmisjonsnettet skal halde av kapasitet til «vanleg forbruk», som hushald, mindre næringar og nødvendige samfunnsfunksjonar.

I tillegg rådde RME departementet til å gjere forskriftsendringar om prinsippa for korleis nettselskapa vurderer kva som er driftsmessig forsvarleg, og moglegheita deira for å trekke tilbake kapasitet som ikkje er i bruk. Energidepartementet hadde i samråd med Klima- og miljødepartementet på høyring eit forslag om å endre konsekvensutgreiingsforskrifta slik at grensa for når ein tiltakshavar må førehandsmelde kraftleidningar på 132 kV, blir heva frå 15 til 50 km.

Departementet har i 2024 forvalta den statlege eigarskapen i Statnett, som er systemansvarleg i det norske kraftsystemet og eit viktig sektorpolitisk føretak med ansvar for kritisk infrastruktur. Som eigar har departementet halde seg løpande orientert om mellom anna investeringsporteføljen, økonomien og drifta i føretaket.

Departementet har hatt eit forslag til endringar i energimerkeordninga for bygg på høyring. Målet med endringane er mellom anna å gjere ordninga meir relevant for eksisterande bygg og premiere oppvarmingsløysingar som avlastar kraftsystemet. Forskriftsendringane blei vedtatt 2. april 2025, og den reviderte ordninga trer i kraft 1. januar 2026.

Departementet har hatt det overordna ansvaret for gjennomføringa av EU-forordningar under økodesigndirektivet og energimerkeforordninga. I oppfølginga av forordningar under økodesigndirektivet har departementet samarbeidd med Klima- og miljødepartementet for å sikre koordinert og effektiv implementering.

Departementet har i 2024 samarbeidd med NVE og RME om å utforme forslag til regulering av forsyninga av elektrisk energi og varme i Longyearbyen.

Departementet har også følgt og analysert utviklinga i dei nordiske og nordeuropeiske kraftmarknadene. Departementet har deltatt i arbeidsgrupper på nordisk nivå for å føre vidare det nordiske energisamarbeidet, og har bidratt til felles forståing og koordinering av energipolitiske spørsmål.

Departementet har følgt prosessane for EUs regelverksutvikling på energiområdet tett gjennom 2024. Rein energi-pakken blei vedtatt i EU i 2018 og 2019, og departementet har i 2024 halde fram arbeidet med å vurdere innhaldet i dette og anna vedtatt regelverk.

I 2024 blei det ikkje behandla nokre klagesaker som gjaldt konsesjon til nye produksjonsanlegg etter energilova, men departementet behandla 19 søknader og klagesaker om kraftleidningar.

Departementet har i 2023 og 2024 medverka til å finne ei løysing i saka om Roan og Storheia vindkraftverk på Fosen. Saka blei løyst gjennom ein statleg initiert meklingsprosess mellom partane, der departementet hadde ei sentral rolle i koordineringa og oppfølginga. Meklingsprosessen førte til at kraftselskapa inngjekk avtalar med dei to driftsgruppene på Fosen, først med Sør-Fosen sijte i desember 2023 og så med Nord-Fosen siida i mars 2024. Staten har vidare tatt ansvar for å gjennomføre ein prosess med sikte på å skaffe eit tilleggsbeiteareal for reindrifta på Fosen. Denne prosessen er i gang, under leiing av Landbruks- og matdepartementet.

Ved kongeleg resolusjon blei det i 2024 gitt konsesjon til eit nytt vasskraftprosjekt med ein samla produksjon på om lag 110 GWh. Departementet gjorde endeleg vedtak i to saker om små vasskraftverk og sluttbehandla tre saker om fornying av reguleringskonsesjon etter vassdragsreguleringslova.

Departementet har følgt opp vassforvaltningsplanane etter vassforskrifta med sikte på at miljømåla blir nådde innan tidsfristane som er sette i planane. Departementet har også følgt opp NVEs arbeid med å førebygge flaum- og skredskadar.

Våren 2024 la regjeringa fram Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare samfunn – førebudd på flaum og skred*, jf. Innst. 123 S (2024–2025). Regjeringa vil styrke arbeidet med førebygging for å auke sikkerheita for folk, både gjennom sikringstiltak og med tiltak knytte til kartlegging, arealplanlegging, overvaking og varsling.

Departementet har styrkt arbeidet med havvind, og tildelte det første prosjektområdet for havvind på norsk kontinentalsokkel i 2024. Dette markerer eit viktig steg i utviklinga av havvind i Noreg og er nærmare omtalt under programkate-

gori 18.30 i Energidepartementets resultatrapport for 2024.

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ansvar for å forvalte dei innanlandske energiressursane. Vidare har direktoratet ansvar for å forvalte Noregs vassressursar og vareta statlege forvaltningsoppgåver innanfor førebygging av flaum- og skredskadar. NVE er engasjert i forsking og utvikling (FoU) og internasjonalt utviklingssamarbeid innanfor ansvarsområda sine. NVE skal bidra med kunnskap og analysar til departementet, til andre myndigheiter og sektorar, og til allmenta.

NVE har hovudkontor i Oslo og regionkontor i Tønsberg, Hamar, Førde, Trondheim og Narvik. I tillegg har NVE kontor på Stranda i Møre og Romsdal og i Kåfjord i Troms. Det blei utført 665 årsverk i NVE i 2024.

Mål

NVE har fire hovudmål:

Bidra til ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassdraga

NVE skal ha oversikt over hydrologi og vassressursar i Noreg, og korleis klimaendringar påverkar desse. Direktoratet skal sikre samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. Når nye tiltak eller endringar i eksisterande tiltak blir behandla, skal dei vege miljøinteresser og brukarinteresser mot kvarandre. I tillegg skal dei sjå til at miljø- og sikkerheitskrav som blir stilte til nye og eksisterande vassdragsanlegg, blir oppfylte, og bidra til ei god forvaltning av vassdragsvernet.

Fremme samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring og bruk av energi

NVE skal prioritere å behandle konsesjonssøknader om nett og om produksjon som bidrar til betydeleg auka kraftproduksjon eller gir større fleksibilitet i kraftsystemet. Vidare skal direktoratet bidra i oppfølginga av regjeringa sitt kraft- og industriløft for Finnmark. NVE skal også bidra i arbeidet med å følge opp handlingsplanen for energieffektivisering, arbeide for eit effektivt og fleksibelt energisystem og støtte satsinga på vindkraft til havs. Direktoratet skal sjå til at krav til utbygging og drift av anlegg for produksjon og overføring av energi blir oppfylte. I tillegg skal NVE ha god oversikt over relevante utviklingstrekk i det europeiske energisystemet og regelverksutviklinga i EU, og korleis utviklinga påverkar Noreg.

Fremme ei sikker kraftforsyning

NVE skal overvake og analysere utviklinga i kraft- og effektbalansane på kort og lang sikt, ha god oversikt over kraftsituasjonen i dei ulike regionane og vere førebudd på situasjonar med anstrengde kraftsituasjonar. Direktoratet skal også sjå til at sikkerheita og beredskapen i kraftforsyninga er god, gitt risikoen som følger av klimaendringar, digitalisering og eit nytt sikkerheitspolitisk bilete, og at krava til sikkerheit og beredskap blir oppfylte.

Betre evna til å handtere flaum- og skredrisiko i eit klima i endring

Regjeringa sin politikk for å førebygge flaum- og skredskadar følger av Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred*, jf. Innst. 123 S (2024–2025). NVE skal støtte departementet i arbeidet med å følge opp meldinga og gi bistand til kommunane og samfunnet elles med å førebygge skadar frå flaum, skred og overvatn. NVE skal legge ei risikobasert tilnærming til grunn og prioritere innsats og tiltak ut frå kostnytte-vurderingar.

Resultat 2024

Bidra til ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassdraga

NVE overvaker vassressursane i Noreg ved hjelp av over 600 hydrologiske målestasjonar i elver og innsjøar. I tillegg blir det gjennomført målingar av markvatn, grunnvasstand, vasstemperaturar, brear, snø, is og sedimenttransport på utvalde stader. Dei hydrologiske målestasjonane gir god oversikt over vassressursane og er viktige for mellom anna flaum- og jordskredvarslinga.

Drifta av det hydrologiske stasjonsnettet blir prioritert høgt. I 2024 har det vore stor feltaktivitet for å sikre hydrologiske data av god kvalitet gjennom heile året. Instrumenteringa på store delar av stasjonsnettet nærmar seg teknisk levealder, og stasjonar må også oppgraderast fordi 2G-nettet skal fasast ut. 250 stasjonar blei oppgraderte i 2024.

Målestasjonar som vassdragsregulantane er pålagde å drive, er ein viktig del av det hydro-

logiske stasjonsnettet. I 2024 har NVE gitt tre varsel og åtte pålegg om hydrologiske målingar i vassdrag. Dei har også revidert retningslinjene for pålagde hydrologiske undersøkingar og oppdatert dei digitale systema for å gjere det enklare å få data frå vassdragsregulantar.

NVE har formidla informasjon om klimaendringar og klimatilpassing og vore involvert i ulike FoU-prosjekt, mellom anna knytte til samarbeidet i Norsk klimaservicesenter. I 2024 har direktoratet arbeidd med analysar og tekst til rapporten *Klima i Norge 2100*, som etter planen skal publiserast i 2025.

I konsesjonsbehandlinga av tiltak i vassdrag har NVE greidd ut påverknaden på miljø- og brukarinteresser og vurdert denne heilskapleg. Dei har prioritert framdrift i vilkårsrevisjonar innanfor vasskraft, i tillegg til innkallings- og omgjeringssaker i vassdrag som etter vassforskrifta skal oppnå høgare miljømål innan 2027. Ved utgangen av 2024 hadde NVE totalt 46 vilkårsrevisjonar til behandling. I tillegg gav dei konsesjon eller innstilling om nedlegging av fem vassdragsanlegg.

NVE har behandla søknader om uttak av vatn til akvakulturanlegg og andre inngrep i vassdrag. For å sikre at pålagde konsesjonsvilkår blir oppfylte i planlegging, bygging og drift av anlegg, har direktoratet gjort 156 vedtak om godkjenning av detaljplanar for miljø og landskap, inkludert planendringar.

Det er framleis høg aktivitet i bygginga av småkraftverk, mellom anna sidan mange kraftverk har fått forlengd byggefrist. NVE har prioritert miljøtilsyn med vassdragsanlegg i byggefasen og har gjennomført 134 synfaringar før og etter byggestart. Dei har også hatt tilsyn med vassdragsanlegg i drift og fortløpande følgt opp innrapporterte hendingar. NVE har gjort eitt vedtak om retting og tre vedtak om gebyr for brot på vilkår i konsesjonen eller vilkår som følger direkte av vassressurslova.

For å bidra til forbetring informerer NVE breitt om krav, regelverk og erfaringar, mellom anna gjennom webinar og seminar. I 2024 etablerte dei også ei ny innmeldingsløysing for tips om uønskte hendingar på nettsidene sine. Løysinga vil gjere det enklare for allmenta å melde frå om moglege lovbrot til direktoratet.

Dammar har ein viktig funksjon for kraftforsyninga og kan ofte vere viktige for flaumdemping i vassdrag. Brot på dammar kan ha svært store konsekvensar for samfunnet. Dammar og vassvegar skal klassifiserast i éin av fem konsekvensklassar, slik at det blir stilt riktige krav til sikkerheita ved planlegging, bygging og drift. NVE prioriterer å følge opp anlegga der konsekvensane av brot er størst. I 2024 gjorde dei vedtak om konsekvensklasse i 113 saker. Å vedta konsekvensklassar har vore ei prioritert oppgåve ei stund, og talet på klassifiseringssaker har gått kraftig ned. Det står no igjen å klassifisere om lag 50 mindre anlegg.

Som eit ledd i arbeidet med god damsikkerheit blir det stilt krav om bruk av kvalifisert personell. For dameigarar gjeld dette leiar, vassdragsteknisk ansvarleg (VTA) og anna tilsynspersonell. I 2024 har NVE behandla 148 VTA-søknader, og 32 fagansvarleg-søknader.

Vassdragsvernet omfattar 390 objekt som er verna mot kraftutbygging. Ved vurdering av tiltak i verna vassdrag har NVE lagt stor vekt på verneverdiar. Dei gir informasjon om verna vassdrag på nettsidene sine, vurderer potensielle konfliktar med vassdragsvern i høyringar av kommunale arealplanar og har motsegnskompetanse knytt til fagområda sine. I 2024 har NVE starta opp eit FoU-prosjekt om verna vassdrag. Norsk institutt for naturforsking (NINA) har fått i oppdrag å gjennomføre prosjektet, som mellom anna skal gi ei oppdatert oversikt over verneverdiane som ligg til grunn for vernevedtaka i verna vassdrag.

NVE har sektoransvaret for å gjennomføre vassforskrifta innanfor sine område. Direktoratet har gjennomført prioriterte vilkårsrevisjonar, innkallings- og omgjeringssaker og bidratt til miljøtiltak gjennom tilskots- og bistandsordningane. Vidare har direktoratet deltatt i alle vassregionutvala i 2024 og bidratt til oppdatering av datagrunnlaget. NVE har også deltatt i nasjonal koordinering, både i direktoratsgruppa for vassdirektivet og i nasjonale faggrupper. Tema i 2024 har mellom anna vore hydromorfologisk klassifisering av vassførekomstar og nasjonal handlingsplan for vassdragsrestaurering. I tillegg har NVE bidratt med førebuingar for rapportering av data til EFTAs overvakingsorgan, ESA.

Gjennom tilskot til Anno Norsk skogmuseum, Kraftmuseet, det freda kraftanlegget Tysso I og Telemarkskanalen har NVE bidratt til bevaring og formidling av norsk vassdrags- og energihistorie.

I 2023 starta NVE ei stor satsing på å digitalisere analogt arkivmateriale, mellom anna elektrisitets- og vassdragskonsesjonar og dokument frå damtilsynet. Arbeidet med dette har halde fram i 2024. Direktoratet har i tillegg arbeidd vidare med å revidere listeførte kulturminne i samarbeid med Riksantikvaren og den regionale kulturmiljøforvaltninga. Oversikta over og utvalet av kulturminne med nasjonal verdi gir eit betre grunnlag for å ta omsyn til kulturminna.

Departementet vurderer det slik at NVE har lagt til rette for ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassdraga.

Fremme samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring og bruk av energi

NVE har gjort vedtak eller innstilling i totalt 109 vasskraftsaker om både mikro- og minikraftverk, småkraftverk og større kraftverk.

For vindkraft på land tilseier nye reglar at NVE kan samordne saksbehandlinga med kommunane, og NVE har derfor arbeidd med å utvikle gode rutinar for behandling av vindkraftsaker framover. I 2024 har dei fått inn fem meldingar om ny vindkraftproduksjon på land, i tillegg til 21 meldingar knytte til kraft- og industriløftet for Finnmark.

Interessa for bakkemontert solkraft auka mykje i 2024. Ved utgangen av året var totalt 26 konsesjonssaker for solkraftanlegg under behandling. NVE har gjennomført fleire høyringar, halde folkemøte og fastsett utgreiingsprogram for solkraftanlegg.

NVE har også gjort vedtak i 18 fjernvarmesaker i 2024. Dei fleste sakene gjeld endringar og utvidingar av eksisterande anlegg.

NVE har etablert kriterium for konsesjonsbehandlinga som sikrar prioritering av større prosjekt og prosjekt som er viktige for forsyningssikkerheita og effektbalansen.

Pågangen av søknader om nettkonsesjonar har vore stabilt høg i 2024 som tidlegare år. Som ei oppfølging av NOU 2022: 6 *Nett i tide – om utvikling av strømnettet* har NVE utvikla og sett i verk ei rekke tiltak for raskare realisering av nettutbygging. Ei digital løysing for konsesjonsbehandling av nettanlegg, *Min side*, blei lansert i september 2024.

NVE har fått inn 279 søknader og gjort totalt 298 vedtak eller innstillingar gjennom året. Anlegg i Finnmark har vore prioriterte som følge av kraft- og industriløftet for dette fylket. I tråd med handlingsplanen for raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet har NVE halde fram utviklinga av eit hurtigspor for konsesjonsbehandling av søknader som er godt førebudde og har små verknader for allmenne og private interesser. I 2024 har dei også vidareført arbeidet med å oppdatere rettleiarar for nettanlegg. I tillegg har dei publisert ein sektorrettleiar for samfunnsøkonomisk analyse av nettiltak i samarbeid med fleire andre aktørar.

NVEs analysearbeid er viktig for å oppretthalde og vidareutvikle god kunnskap om utviklinga innanfor aktuelle energiteknologiar, kraftproduksjon og -forbruk, forsyningssikkerheit og ulike energiberarar. NVE har i 2024 oppdatert oversikta over potensial for norsk vasskraft og publisert kvartalsvise oversikter over kor mykje kraftproduksjon som blir bygd ut. Dei har også gjennomført ei omfattande oppdatering av kostnadstal for vass-, vind- og solkraft, og gass- og kjernekraft, og publisert kostnadstala i eit nytt, digitalt format som er tilgjengeleg på nettsidene deira. NVE har også utvida referansebanen i den langsiktige kraftmarknadsanalysen til 2050, publisert ein ny analyse av utviklinga i norsk og nordisk effektbalanse og den første scenarioanalysen for ein alternativ utviklingsbane til referansebanen. I 2024 har direktoratet modernisert og vidareutvikla analyseverktøy, mellom anna modelleringa av energibruk i bygningane i Noreg.

NVE har retta stor merksemd mot forsyningssikkerheita i kraftsystemet på kort sikt gjennom 2024. I etterkant av den ekstraordinære kraftsituasjonen i 2022 har dei utvikla modellar og metodar for å utarbeide prognosar for kraftsituasjonen kvar veke. I 2024 har dei vidareført den vekevise oppdateringa av kraftsituasjonen og supplert med kvartalsrapportar og ei oppdatert femårsframskriving av tilstanden i kraftsystemet.

For havvind har ein stor del av arbeidet i 2024 vore knytt til strategisk konsekvensutgreiing av dei 20 utgreiingsområda som blei identifiserte som eigna for havvind i 2023. NVE har hatt ei referansegruppe med fleire relevante direktorat som har gitt innspel. Gjennom året har dei også fått inn utgreiingar frå eksterne fagmiljø til den strategiske konsekvensutgreiinga. Mot slutten av året la NVE fram resultat og tilrådingar for dei tre første områda.

NVE bidrog i gruppa som evaluerte prekvalifiseringssøknadane for deltaking i auksjonen for Sørlege Nordsjø II. I 2024 behandla dei meldinga for utbygginga i Sørlege Nordsjø II og fastsette utgreiingsprogram for havvindanlegget og nettilknytinga.

Energidepartementet har gitt NVE i oppdrag å bidra med vurderingar knytte til eit framtidig forvaltningsregime for havvind, og direktoratet leverte to rapportar i 2024. I rapporten om tilsynsroller for havvindanlegg kjem dei med ei rekke råd om korleis tilsynsrollene for utbygging og drift av havvindanlegg bør vere. I rapporten om varetaking av kraftforsyningssikkerheit til havs har dei vurdert eit forvaltningsregime for sikkerheit og beredskap.

Departementet har gitt NVE ei koordineringsrolle for arbeidet med naturkartlegging. Gjennom

deltaking i programgruppene til Mareano og SEAPOP/SEATRACK for kartlegging av høvesvis botnforhold og sjøfugl har direktoratet følgt opp midlar som er tildelte frå Energidepartementet, slik at dei blir spissa mot innhenting av kunnskap om havvindområde som er aktuelle for utlysing i 2025. NVE har også følgt opp midlar som er tildelte Havforskingsinstituttet til kartlegging av fisk og sjøpattedyr.

Ei anna viktig oppgåve for NVE er å følge utviklinga i det europeiske energisystemet og sjå på korleis EUs politikk- og regelverksutvikling påverkar Noreg. I 2024 har NVE arbeidd med artikkelgjennomgang av to EU-direktiv på oppdrag frå Energidepartementet. Det gjeld fornybardirektivet (2023/2413) og energieffektivitetsdirektivet (2023/1791). Innanfor regelverksutviklinga i EU, på områda økodesign og energimerking, har NVE mellom anna arbeidd med fleire forskrifter og bidratt i forskriftsarbeidet til miljømyndigheitene for gjennomføring av ei ny økodesignforordning, publisert ei rekke nyheiter om produktregelverk og gjennomført statusmøte for aktørar.

Handlingsplanen for energieffektivisering, som regjeringa la fram hausten 2023, har vore ein viktig premissgivar for NVE sitt arbeid med energieffektivisering i 2024. Rolla deira innanfor energieffektivisering blei tydeleggjord i handlingsplanen, og planen lanserte fleire nye oppgåver for NVE. Mellom anna har direktoratet etablert ein kommunefordelt energirekneskap og eit kompetanseforum for kommunar og kartlagt arbeid med energieffektivisering i kommunane. NVE har også utarbeidd eit utkast til endring av energimerkeordninga for bygg.

NVE og RME har i løpet av 2024 støtta Energidepartementet i arbeidet med regelverksutvikling for energiforsyninga i Longyearbyen.

NVE lanserte den digitale plattforma PlanNett i august 2022, som da var frivillig å ta i bruk. Da ny forskrift om energiutgreiingar tok til å gjelde i første kvartal 2024, blei det obligatorisk for nettselskapa å melde inn tiltak i PlanNett. Forskrifta har gjort det mogleg å fase ut kraftsystemutgreiingane som nettselskapa tidlegare leverte i pdf-format annakvart år. PlanNett gjer det også lettare å få oversikt over dei samla planane til nettselskapa.

Gjennom tilsyn kontrollerer NVE at lovkrav, vilkår og føresetnader i energi- og vassdragslovgivinga og konsesjonar som er gitt, blir følgde opp ved planlegging, bygging og drift. Direktoratet har prioritert tilsyn og godkjenning av planar høgt i 2024, og har gjennomført både inspeksjonar og dokumentkontrollar. I enkelte tilfelle har dei gitt varsel om reaksjonar fordi ikkje alle konsesjonsvilkår har vore oppfylte. NVE har i 2024 hatt fleire saker knytte til ulovleg bygging av elektriske anlegg utan anleggskonsesjon. Dette er eit alvorleg brot på regelverket. I 2024 har NVE prioritert tilsyn og oppfølging av bakkemontert solkraft.

Departementet meiner at NVE gjennom arbeidet sitt har bidratt til samfunnsøkonomisk effektiv produksjon, overføring, omsetning og bruk av energi.

Fremme ei sikker kraftforsyning

Arbeidet med sikkerheit og beredskap i kraftforsyninga er viktig for forsyningssikkerheita. NVE har lagt stor vekt på tiltak som sikrar kraftforsyninga mot uønskte hendingar, og på beredskap for å handtere slike hendingar og gjenopprette forsyninga ved utfall. Forsyningssikkerheita er god i Noreg, men auka digitalisering, endra trusselbilete og endra klima med meir uvêr og sterk skogvekst krev at NVE følger opp energibransjen framover også for å halde forsyningssikkerheita på eit høgt nivå.

NVE følger nøye med på både kraftsituasjonen og den sikkerheitspolitiske situasjonen. Den endra sikkerheitspolitiske situasjonen har prega prioriteringane og arbeidet med sikkerheit og beredskap i NVE i 2024. På grunn av kraftsituasjonen har direktoratet gjennomført prognosar med modellapparatet sitt kvar veke for å følge situasjonen særleg tett, og laga jamlege prognosar for utviklinga framover.

Den nye kraftrasjoneringsforskrifta tok til å gjelde 1. januar 2024, og NVE publiserte ein rettleiar til forskrifta i 2024. I samband med den nye forskrifta har direktoratet gjennomført to øvingar med temaet kraftrasjonering, med interne og eksterne aktørar. Vidare har dei halde fleire dialogmøte med nettselskap og hatt dialog med store sluttbrukarar som eit ledd i arbeidet med å utarbeide ein rasjoneringsplan etter den nye forskrifta. NVE har også samarbeidd tett med Forsvaret, Gassco og Bane Nor om utarbeiding av rasjoneringsplanar for deira sektorar.

Den 1. juli 2024 tredde fleire endringar i vassdragsreguleringslova og energilova i kraft. NVE har følgt opp lovendringane gjennom dialogmøte med konsesjonærar og ved å publisere ein rettleiar.

Kraftbransjen blir stadig meir digitalisert og dermed også meir sårbar for digitale angrep. Trusselbiletet er i endring, og risikoen for digitale angrep har auka. NVE har retta auka merksemd

mot oppfølging av IKT-sikkerheit i sektoren og har arbeidd med rettleiing og gjennomført scenarioanalysar. NVE har rolla som sektorvis responsmiljø (SRM) for IKT-hendingar i kraftforsyninga og har sett ut oppgåver som varsling og analyse til KraftCERT. I 2024 oppretta NVE ein eigen seksjon for digital sikkerheit i kraftforsyninga. Direktoratet har god dialog med bransjen og andre myndigheiter på området.

I mars 2021 leverte Riksrevisjonen ein forvaltningsrevisjon av NVEs arbeid med IKT-sikkerheit i kraftforsyninga. Riksrevisjonen konkluderte med at NVE ikkje i tilstrekkeleg grad har sett til at kraftselskap har god nok beredskap for å handtere IKT-angrep. NVE har følgt opp revisjonen med fleire tiltak og har vidareutvikla tilsynsmetodikken og gjennomført fleire tilsyn. I 2024 har Riksrevisjonen avslutta saka.

NVE har i 2024 gjennomført 39 tilsynsrevisjonar og éin dokumentkontroll innanfor kraftforsyningsberedskap. Tre av revisjonane var oppfølgingar etter alvorlege hendingar. IKT og driftskontroll, informasjonssikkerheit, sikringstiltak og reperasjonsberedskap har vore prioriterte tema. NVE har ikkje gjort nokon vedtak som del av tilsynsverksemda i 2024, berre varsla vedtak om retting.

NVE er beredskapsmyndigheit og leiar beredskapsorganisasjonen for kraftforsyninga (KBO). NVE har bidratt til å halde merksemda retta mot førebyggande sikkerheit og beredskap i kraftforsyninga på eit høgt nivå, mellom anna gjennom informasjonsarbeid. Direktoratet har også bidratt til ulike tiltak for kompetanseheving, særleg innanfor IKT-sikkerheit. Vidare har dei arbeidd med å vidareutvikle risiko- og sårbarheitsanalysen for kraftforsyninga (KraftROS), som inneheld særleg alvorlege scenario for kraftforsyninga.

Samhandling mellom sektormyndigheiter har komme meir i fokus, og NVE har styrkt dialogen med Havindustritilsynet (Havtil), Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) og Nasjonalt tryggingsorgan (NSM). NVE har laga ei oppdatert oversikt over kraftforsyninga og kartlagt korleis KBO-einingane arbeider med risikovurderingar. NVE har også utarbeidd ein rapport om bruk av kunstig intelligens (KI) i kraftsektoren, og funna tyder at mange verksemder er umodne i bruken av KI. Mot slutten av 2024 publiserte NVE ei oppdatert rettleiing til kraftberedskapsforskrifta med dei nye krava når det gjeld kraftsensitiv informasjon.

NVE arbeider også med bistand til Ukraina. Den ukrainske kraftforsyninga er hardt ramma etter fleire angrep. KBO og andre norske verksemder har bidratt med aggregat og kraftforsyningsmateriell til Ukraina. Dette er materiell som ikkje inngår i den norske reparasjonsberedskapen.

NVE deltar i arbeidet med ei framtidig løysing for nød- og beredskapskommunikasjon i regi av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Nkom. NVE har vidareført samarbeidet med Nkom om oppfølging av Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur*.

Vidare har NVE deltatt i arbeidsgruppa for IKT-sikkerheit innanfor Nordisk beredskapssamarbeid (NordBER). Samarbeidet involverer beredskapsmyndigheiter og systemansvarlege nettselskap i dei nordiske landa og bidrar til ei felles forståing av utfordringar og moglegheiter i kraftforsyningsberedskapen.

NVE har ført vidare arbeidet med læring etter øvingar og hendingar ved systematisk å utvikle planverk og arrangere felles læringsarenaer.

Gjennom analysearbeid vurderer NVE utviklinga i kraft- og effektbalansen på lang sikt. I 2024 som i 2023 har NVE utarbeidd eit datasett for framskrivingar av produksjon og forbruk for Norden dei neste fem åra, for å overvake utviklinga i kraft- og effektbalansen. På grunn av nye krav er det oppretta eit program for betre kraftmarknadsmodellar. Programmet skal levere nye modellar og eit modellrammeverk som vil gjere analysearbeidet meir effektivt, slik at NVE kan levere fleire, betre og meir samansette analysar i åra som kjem. NVE har brukt modellrammeverket i analysen av utviklinga av kraftmarknaden fram mot 2050.

I tillegg har NVE, Statnett og Statkraft oppretta eit fagleg nettverk for kraftmodellering. Det har vore fleire samlingar i det nasjonale forumet for kraftmarknadsmodellar. Forumet bidrar til å styrke samarbeidet om kraftmarknadsmodellering i heile bransjen og sette brukarane av kraftmarknadsmodellar i førarsetet for utvikling av nye modellar. NVE skaffa i 2024 ein ny modell for nettanalysar, og arbeidde med å få på plass eit rammeverk for å køyre modellen, med bistand frå Statnett.

Departementet meiner at NVE gjennom arbeidet sitt og prioriteringane sine har bidratt til å vareta sikkerheit og beredskap i kraftforsyninga i ein krevjande periode.

Betre evna til å handtere flaum- og skredrisiko i eit klima i endring

Flaum og skred kan føre til store skadar for samfunnet og ramme både liv, helse og verdiar, noko

ekstremvêret Hans i august 2023 demonstrerte. Trass i vellykka varsling under Hans blei det identifisert fleire oppfølgingspunkt relaterte til rutinar, tekniske utfordringar og målestasjonar. NVE har også i 2024 planlagt og gjennomført sikringstiltak som oppfølging av Hans og gitt tilskot til sikringstiltak i regi av kommunane.

Det er eit langsiktig arbeid å sette samfunnet i betre stand til å handtere flaum- og skredrisiko i eit klima som endrar seg. I 2024 har NVE mellom anna bidratt i arbeidet med stortingsmeldinga om flaum og skred som blei lagd fram i mai 2024 (Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred*) og i arbeidet med regelverksutvikling knytt til sikkerheit mot naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17).

Når det gjeld kartlegging av fare for flaum og skred, har NVE i 2024 prioritert mellom anna lausmassekartlegging i regi av Noregs geologiske undersøking (NGU) og tilgjengeleggjering av grunnlagsdata. Utgreiinga av kvikkleirefare i kommunane Ullensaker, Nannestad og Gjerdrum har vore omfattande, og 98 soner er utgreidde og kvalitetssikra i dei tre kommunane. NVE har også utført grunnundersøkingar for kvikkleiresoner i Trøndelag og ferdigstilt ein ny generasjon aktsemdskart for kvikkleire i 2024.

Tilgang til laserdata for å lage detaljerte høgdemodellar er vesentleg for all farekartlegging. I 2024 blei NVE fullverdig medlem av Geovekstsamarbeidet. Geovekst er eit offentleg partssamarbeid om felles etablering, forvaltning, drift, vedlikehald og bruk av geografisk informasjon.

NVE har halde fram arbeidet med å samle inn og gjere tilgjengeleg fareutgreiingar, oversikter over faresoner og geotekniske grunnundersøkingar som andre aktørar har gjennomført. Det gjeld for både flaumfare, fare for skred i bratt terreng og fare for kvikkleireskred. NVE har arbeidd med å gjere ferdig nye IT-løysingar som implementerer innmeldingsplikta for naturfareutgreiingar.

NVE har arbeidd vidare med rettleiing og vidareutvikling av verktøy for arealplanlegging i 2024. Dette er viktig for at kommunar, konsulentar og utbyggarar kan ta omsyn til naturfare i planlegginga. Direktoratet er i gang med å revidere ein rettleiar om nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområdet sitt i arealplanlegginga, og dei har arbeidd vidare med digitale løysingar for saksbehandling og rettleiing gjennom året. I tillegg har dei fått utført ei ekstern evaluering av arbeidet med arealplanlegging.

I 2024 har NVE prioritert opplæring og rettleiing av kommunar med store utfordringar særskilt. I plansaker har direktoratet prioritert å gi fråsegn der kommunen sjølv har bedt om bistand. I tillegg har dei prioritert kommunar med høg risiko for naturfare eller andre interesser innanfor NVEs ansvarsområde.

NVE har gitt 4 801 innspel og fråsegner til arealplan- og dispensasjonssaker i 2024. Direktoratet arbeider løpande med å vidareutvikle saksbehandlingsverktøy som skal forbetre og effektivisere arbeidet med fråsegner til arealplanar. Formidling, rettleiing og innspel frå NVE i samband med dei enkelte arealplanane har også i 2024 bidratt til at kommunane i aukande grad tar omsyn til flaum- og skredfare i arealplanlegginga.

Mange bustadområde i Noreg ligg utsett til for flaum- og skredhendingar. Når det gjeld beredskap og sikringstiltak, har NVE arbeidd både med oppfølging under og etter hendingar og med ordinære sikringstiltak i 2024. NVE gir faglege råd til kommunar, statsforvaltarar og nødetatar om tiltak som flytting, evakuering, innhenting av fagleg bistand, tekniske undersøkingar og eventuelle fysiske tiltak.

NVE kan gi bistand til sikringstiltak enten ved å gi eit økonomisk tilskot der kommunen eller private tar på seg ansvaret for å planlegge og gjennomføre sjølve tiltaka, eller ved å ta på seg dette ansvaret på vegner av kommunen. NVE arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle verktøy i mellom anna saksbehandlinga for å effektivisere arbeidet og auke gjennomføringstakten for sikringstiltak.

I 2024 blei det sluttført 22 sikrings- og miljøtiltak mot flaum og skred, og til saman rundt 876 bueiningar og 163 bygg blei sikra. Fleire tiltak er under planlegging og gjennomføring. Nokre av tiltaka som blei ferdigstilte, var sikringstiltaka langs Vika kvikkleiresone i Drammen kommune, som del av eit større arbeid knytt til flaumsikring av Mjøndalen sentrum. Sikring mot flaum i Bismo er også ferdigstilt, og arbeidet med sikringstiltak på Svalbard er i stor grad sluttført. Det er i tillegg gitt og utbetalt mange tilskot til kommunar, særleg som oppfølging etter ekstremvêret Hans.

NVEs overvakings- og varslingstenester for flaum og skred har hatt høg prioritet, og tenestene blir kontinuerleg vidareutvikla. Nettstaden varsom.no med tilhøyrande abonnementsløysing har gitt viktig informasjon til kommunar, andre myndigheiter og allmenta.

I 2024 sende NVE ut 52 jordskredvarsel og 86 flaumvarsel, noko som er litt under gjennomsnittet for dei siste ti åra. I tillegg var det 36 dagar med varsel om styrtregn i løpet av sommaren.

Varslingstenesta med abonnementsløysing på SMS og e-post for varsling av flaum og skred omfattar også alle landbaserte naturfarevarsel frå

Meteorologisk institutt. Bruken av tenesta auka med om lag 7 prosent i 2024, og tenesta hadde om lag 20 070 unike brukarar i starten av 2025.

NVE har halde fram arbeidet med å auke bevisstheita om snøskred. I 2024 blei det lansert nye brattleiks- og utløpskart for snøskredterreng i Noreg.

NVE samarbeider med Meteorologisk institutt og Statens vegvesen om risiko- og konsekvensbasert varsling av farleg vêr, flaum og skred. Målet er å innrette varslingstenesta slik at dei i større grad enn i dag kan varsle konsekvensar av ekstremvêr og naturfare for bustader og infrastruktur. NVE leiar eitt prosjekt om risikobasert varsling av flaum, FlaumRisk, og eitt om risikobasert varsling av snøskred, SnøRisk.

Beredskap ved flaum- og skredhendingar har kravd ressursar av NVE også i 2024. Ved større hendingar, særleg slike som gjeld busetnad, har direktoratet gitt kommunar, politiet, redningstenesta og andre beredskapsmyndigheiter fagleg og praktisk bistand. Det gjeld mellom anna uvêret i Innlandet i september og ekstremvêret Jakob, som trefte Vestlandet i oktober.

NVE har hatt normal drift på overvakinga av høgrisikoobjekta for fjellskred. NVE kartlegg og følger opp fjellskredfare gjennom det statlege kartleggingsprogrammet for fjellskred, i samarbeid med Noregs geologiske undersøking (NGU). I 2024 har NVE og NGU arbeidd med å revidere metodikken for risikoklassifiseringa av ustabile fjellparti.

I 2024 har det vore kontinuerleg overvaking av ti ustabile fjellparti med høg risiko i Noreg. Det er tre objekt i Troms, tre i Møre og Romsdal, tre i Vestland og eitt i Innlandet. Det blei sett i gang periodisk overvaking av fleire nye objekt med middels risiko i 2024. Samla overvaker NVE no periodisk 23 objekt.

Saman med Norsk romsenter (no Direktoratet for romverksemd) og NGU har NVE etablert eit senter for nedlasting, handtering og analyse av radardata frå satellittmålingar som er blitt implementerte i fjellskredovervakinga. På oppdrag frå NVE har NGU utført ei kartlegging over ustabile fjellparti i heile landet.

Eit forprosjekt om drenering av det ustabile fjellpartiet Åknes i Stranda kommune blei ferdig i 2021. I 2024 har NVE halde fram med planlegging av prosjektet.

Gjennom ulike forum for samarbeid, og ved konkrete hendingar, har NVE bidratt til godt samarbeid og god koordinering mellom aktørar på flaum- og skredområdet, mellom anna gjennom Naturfareforum og Norsk klimaservicesenter.

NVE skal gi bistand til kommunane med å førebygge skadar frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk og gi rettleiing til kommunal planlegging. Ønsket om fagleg rettleiing frå kommunane på dette området er stort. NVE har prioritert kompetanse- og kapasitetsbygging, slik at kommunane skal bli betre i stand til å handtere utfordringane knytte til overvatn.

Departementet meiner at NVE har bidratt til at samfunnet har blitt betre i stand til å handtere flaum- og skredrisiko.

Reguleringsmyndigheita for energi

Reguleringsmyndigheita for energi (RME) er reguleringsmyndigheit for kraft- og gassmarknadene i Noreg. Oppgåvene og ansvarsområda til RME følger av Prop. 5 L (2017–2018) og Prop. 6 L (2017–2018), jf. Prop. 4 S (2017–2018), og tilhøyrande forskrifter til energilova og naturgasslova.

RME har ansvar for tilsyn med dei nasjonale marknadene for elektrisitet og naturgass, utvikling og oppfølging av regelverk for marknadene, og samarbeid med andre norske myndigheiter, reguleringsmyndigheitene i andre land og internasjonale organisasjonar. Dette skjer i tråd med EØS-rettslege forpliktingar.

RME er organisert som ei eiga og uavhengig eining innanfor NVEs organisasjon, og har eit eige budsjett som blir fastsett av Stortinget gjennom løyvingsvedtak, jf. kap. 1820, post 26 Reguleringsmyndigheita for energi.

Mål

RMEs hovudmål er å fremme ein samfunnsøkonomisk effektiv kraftmarknad og eit velfungerande kraftsystem. For å oppnå hovudmålet skal RME ha god oversikt over utviklingstrekka i det europeiske energisystemet, energipolitikken og energimarknadsregelverket i EU, og korleis dette påverkar den norske energimarknaden.

Gjennom å utvikle og handheve reguleringa skal RME ha tilsyn med elektrisitetsmarknadene og bidra til effektive marknader, bidra til effektiv drift, utnytting og utvikling av kraftnettet og følge opp Statnett som systemansvarleg.

RME skal også bidra til å sikre at innanlands distribusjonsnett for naturgass blir drifta på ein samfunnsmessig rasjonell måte.

Resultat 2024

Det norske kraftsystemet er tett integrert med Norden og Europa, og ein meir integrert kraft-

sektor i Norden og Europa gir behov for meir harmoniserte regelverk og metodar. I 2024 har RME arbeidd aktivt med å påverke utviklinga av regelverk for å vareta norske interesser. I denne samanhengen har dei deltatt aktivt i dei europeiske og regionale regulatorsamarbeida NordREG, CEER og ACER. I 2024 har RME prioritert spørsmål knytte til marknad og systemdrift.

RME har i 2024 arbeidd med implementering av kommisjonsforordningane med tilhøyrande vilkår og metodar (forordninga om kapasitetstildeling og handtering av flaskehalsar (CACM), forordninga om kapasitetsfastsetting (FCA), forordninga om systemdrift (SOGL) og forordninga om balansering av kraftsystemet (EB)). Arbeidet med forordningane inneber at systemansvarlege og kraftbørsar har utvikla rundt 75 metodeforslag som er relevante for Noreg. Ved utgangen av 2024 var 58 av desse godkjende. I tillegg har RME gjort eit omfattande arbeid med å utvikle nye og endre eksisterande vilkår og metodar knytte til system og marknad. Statnett og dei andre nordiske systemansvarlege har mellom anna også førebudd ein ny nordisk balanseringsmodell med automatisering, finare tidsoppløysing og nye marknader for balansekapasitet. I den samanhengen har RME samarbeidd tett med Statnett og dei andre nordiske reguleringsmyndigheitene.

I februar 2024 vedtok RME endringar i Statnetts konsesjon for kabelen North Sea Link (NSL), inkludert eit vilkår om å legge til rette for konkurranse mellom marknadsplassar i ei ny handelsløysing for NSL.

Alle selskap som produserer eller sel elektrisk energi, eller som eig og driftar overføringsnett, må ha ein omsetningskonsesjon. Ved utgangen av 2024 hadde 813 selskap gyldig omsetningskonsesjon. I august 2024 starta RME førebuinga av ein ny konsesjonsperiode frå 2025 til 2028.

Dei siste åra er det vedtatt fleire tiltak for å styrke reguleringa i sluttbrukarmarknaden. Ei viktig oppgåve for RME har vore å følge opp både nytt og eksisterande regelverk. I 2024 gjennomførte RME eit tematilsyn med alle kraftleverandørane som sel straum til hushaldskundar, og dei varsla brot på regelverket hos 68 av 69 leverandørar. Våren 2025 hadde alle kraftleverandørane retta opp i brota. RME prioriterte i 2024 også tilsyn med Elhub og teknisk kontroll av sikkerheita i AMS (avansert måle- og styringssystem – automatisk straummålar).

RME har i 2024 gitt tilrådingar til Energidepartementet om forskriftsendringar som kan bidra til meir effektiv utnytting av kapasiteten i straumnettet. Dei har tilrådd at nettselskapa skal bruke prosjektmodning som eit kriterium når dei vurderer førespurnader om ny eller auka nettkapasitet frå kundar. For mindre kundar (under 1 MW) har dei også tilrådd at nettselskapa må rapportere kor lang tid dei bruker på å knyte til kunden. Forskriftsendringane tredde i kraft 1. januar 2025.

RME har også endra delar av inntektsreguleringa for å gi sterkare insentiv til raskare tilknyting av kundar. Éi endring er at nettselskapa frå 2024 får dekt alle kostnader til tidleg utgreiing i regional- og transmisjonsnettet. Ei anna endring er at den tillatne inntekta aukar med 100 millionar kroner, som går til selskap som har knytt til nye kundar og levert auka kapasitet. Ordninga er mellombels og skal avviklast seinast med inntektsrammene for 2029.

Talet på avbrot blir årleg rapportert frå nettselskapa til RME. Tala viser at leveringskvaliteten har vore god – på 99,985 prosent. RME har ført tilsyn med nettselskapa for å undersøke korleis dei følger opp kundeklagar som gjeld leveringskvalitet og saksbehandling.

RME har i 2024 bygd opp kompetanse på kapasitetsberekning og nettmodellar for å følge opp den systemansvarlege og sikre effektiv marknadsovervaking. Hausten 2024 påla RME Statnett å implementere 15 minutts balanseavrekning innan 11. mars 2025, med varsel om tvangsmulkt. Implementeringa blei gjennomført 19. mars 2025. RME har også godkjent fleire oppdateringar i Statnetts retningslinjer for systemansvaret.

Sidan desember 2021 har RME forvalta straumstønadsordninga for hushalda. Etter straumstønadslova skal RME føre tilsyn med ordninga og kontrollere på overordna nivå at utbetalingane av straumstønad er korrekte. I 2024 har RME engasjert eit revisjonsselskap til å revidere utbetalingar av straumstønad frå nettselskapa til hushalda.

RME forvaltar og administrerer den mellombelse ordninga der Statnett overfører delar av flaskehalsinntektene til underliggande nettselskap. I 2024 vedtok RME at totalt 781 millionar kroner skal betalast frå Statnett til underliggande nettselskap.

RME har utført fleire oppdrag frå departementet gjennom 2024. Det har mellom anna vore oppdrag knytte til endringar i *forskrift om nettregulering og energimarkedet (NEM)* som eit ledd i oppfølginga av regjeringa sin handlingsplan for raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet, oppdrag knytte til endringar i *forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet* og oppdrag knytte til delingsordninga for næringsområde.

RME har også levert ein rapport til departementet med vurderingar av forvaltningsregimet til havs, kva rolle reguleringsmyndigheita bør ha, og kva problemstillingar som bør vurderast tidleg i utgreiinga og bygginga av havvind.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	902 491	928 000	1 031 800
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	99 649	107 000	110 500
22	Flaum- og skredførebygging, *kan overførast, kan nyttast under postane 45 og 60*	338 226	353 000	383 000
23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, *kan overførast*	51 375	60 000	60 000
25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, *kan overførast, kan nyttast under post 61*	69 307	100 000	150 000
26	Reguleringsmyndigheita for energi	80 746	83 500	96 300
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under post 22*	20 797	32 000	39 000
60	Tilskot til flaum- og skredførebygging, *kan overførast, kan nyttast under post 22*	33 801	100 000	210 000
61	Tilskot til krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, *kan nyttast under post 25*	108 383	100 000	
62	Fordeling av inntekt frå avgift på vindkraft	278 630	371 000	360 000
72	Tilskot til flaum- og skredførebygging, *kan overførast, kan nyttast under postane 22 og 60*	8 653		
73	Tilskot til utjamning av overføringstariffar	18 000	18 000	
74	Tilskot til museums- og kulturminnetiltak, *kan overførast*	7 100	9 100	9 100
75	Straumstønadsordning, *overslagsløyving*	3 688 256	4 800 000	1 900 000
76	Straumstønad for nærvarme, *kan overførast*	3 773	5 000	4 500
77	Noregspris for straum, *overslagsløyving*			9 100 000
78	Noregspris for fjernvarme, *overslagsløyving*			500 000
79	Straumstønad for fjernvarme, *overslagsløyving*			35 000
	Sum kap. 1820	5 709 187	7 066 600	13 989 200

Om 2025

Ved vedtak i Stortinget 20. juni 2025 blei post 01 auka med 6 millionar kroner og post 26 med 7 millionar kroner. Vidare blei post 62 redusert med 38,1 millionar kroner og post 75 med 1 400 millionar kroner. I tillegg blei det løyvd 1 200 millionar kroner på post 77 og 65 millionar kroner på post 78, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å løyve 1 031,8 millionar kroner til lønnsutgifter og andre driftsutgifter for NVE. Lønnsrelaterte utgifter utgjer om lag 75 prosent.

Auken frå saldert budsjett 2025, utover pris- og lønnsjustering, heng saman med fleire prioriterte satsingar:

- styrking av saksbehandlingskapasiteten og driftsutgifter til flaum- og skredførebygging, mellom anna overvakings- og varslingstenestene til NVE
- styrking av digitaliseringsarbeidet og vidareutvikling av digitale tenester og system i NVE, med vekt på automatisering, effektivisering av arbeidet med konsesjonsbehandling og detaljplanar, analyse og naturfarevurderingar, og forvaltning og drift av den digitale infrastrukturen, inkludert sentrale plattformer for GIS og dataanalyse
- styrking av saksbehandlingskapasiteten innanfor havvind og fornybar energiproduksjon, inkludert kraft- og industriløftet i Finnmark, behandling av detaljplanar for nett og kraftproduksjon, tekniske planar og tilsyn i byggefasen
- nye oppgåver som følge av innføringa av Noregspris og straumstønad for fjernvarme

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 110,5 millionar kroner og ei bestillingsfullmakt på 50 millionar kroner på posten, jf. forslag til vedtak III.

Løyvinga skal dekke utgifter til prosjekt som skal bidra til å auke forvaltningskompetansen og kvaliteten innanfor ansvarsområdet til direktoratet. Prosjekta omfattar mellom anna faglege utgreiingar som underlag for opningsprosessar for havvind. NVE samarbeider med ei rekke utdannings- og forskingsinstitusjonar, både nasjonalt og internasjonalt.

Vidare skal løyvinga dekke utgifter til NVEs digitaliseringsprogram, som omfattar oppgradering og vidareutvikling av IKT-systema. Dette inkluderer økt funksjonalitet, forbetringar og effektivisering av arbeidet med konsesjonsprosessar og detaljplanar m.m., digitalisering av innrapportering og andre arbeidsprosessar, analyse og naturfareområdet. Målet er mellom anna å sikre betre og meir effektiv koordinering av konsesjonsprosessen og nettutvikling m.m.

NVE har rolla som sektorvist responsmiljø (SRM) for IKT-hendingar i kraftforsyninga, og har sett ut oppgåver som varsling og analyse til KraftCERT. KraftCERT støttar kraftbransjen både i førebyggande arbeid og i handtering av digitale hendingar. Utgifter til dette blir dekte av løyvinga.

Auken frå saldert budsjett 2025 heng saman med behovet for å kjøpe eksterne tenester innanfor digitalisering og effektivisering av arbeidsprosessar, og utviklinga av varslingstenestene til NVE.

Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 45 og 60

(i 1 000 kr)

Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
Sikrings- og miljøtiltak	216 428	245 000	260 000
Kartlegging av flaum og skred	96 277	86 000	100 000
Fjellskredovervaking	25 521	22 000	23 000
Sum post 22	338 226	353 000	383 000

Departementet foreslår å løyve 383 millionar kroner til sikringstiltak og andre førebyggande tiltak mot flaum- og skredskadar som blir gjennomførte i regi av NVE. Vidare foreslår departementet ei bestillingsfullmakt på 330 millionar kroner, jf. forslag til vedtak III.

Auken frå saldert budsjett 2025 skal nyttast til å auke framdrifta i gjennomføring av sikringstiltak, kartlegging og fjellskredovervaking. Ordinære driftsutgifter blir dekte under post 01.

Sikrings- og miljøtiltak

Departementet foreslår å sette av 260 millionar kroner til sikrings- og miljøtiltak i regi av NVE.

Sikringstiltak er fysiske tiltak som skal verne eksisterande busetnad mot skredmassar og flaumvatn, hindre erosjon eller redusere sannsynet for at det blir utløyst skred. NVE prioriterer dei tiltaka som gir størst samfunnsnytte i form av redusert risiko for flaum- og skredskadar, sett opp mot kostnaden. Alle tiltak som staten bidrar til å realisere, blir vurderte samla med sikte på ei best mogleg nasjonal prioritering innanfor den tilgjengelege budsjettramma.

Miljøtiltak skal mildne verknadene av fysiske inngrep i vassdrag, som kanalisering og forbyggingar. Eksempel på slike tiltak er å opne stengde sideløp og meandersvingar, etablere vegetasjon, legge ut store steinar for å skape variasjon i elva og tilføre gytegrus.

Bistand kan bli gitt ved at NVE utfører arbeidet på vegner av kommunen, eller ved at kommunen får tilskot og sjølv står for utgreiing, planlegging og gjennomføring, jf. kap. 1820, post 60. Det blir normalt ikkje gitt bistand til å gjennomføre sikringstiltak som kostar mindre enn 10 millionar kroner. NVE kan normalt dekke inntil 90 prosent av kostnadene ved gjennomføring av sikringstiltak, medan kommunen er ansvarleg for dei resterande 10 prosentane, jf. kap. 4820, post 40.

NVEs eiga anleggsdrift har vore gjennom ei omstilling og nedskalering over tid. Det er no i all hovudsak private entreprenørar som bygger sikringstiltak, enten det er i regi av NVE, kommunar eller andre. NVE vurderer det ikkje lenger som formålstenleg å ha eiga anleggsdrift, og det blir lagt opp til ei styrt avvikling over ein femårsperiode basert på naturleg avgang. Departementet meiner at dette ikkje vil svekke NVEs evne til å gi bistand til kommunane eller samfunnet elles på flaum- og skredområdet.

Kartlegging av flaum- og skredfare

Departementet foreslår å sette av 100 millionar kroner til kartlegging av flaum- og skredfare. Løyvinga dekker mellom anna utgifter til samarbeid om geografisk informasjon.

Fare- og risikokartlegging gir kunnskap om kva område som er utsette, og kva konsekvensar flaum og skred kan ha. Slik kunnskap er ein føresetnad for ei systematisk og effektiv handtering av flaum- og skredrisiko.

NVE er ansvarleg for den statlege delen av farekartleggingа når det gjeld flaum og skred. Denne tar utgangspunkt i område med eksisterande busetnad der dei naturgitte forholda fører til størst risiko. Effektar av klimaendringar vil inngå i vurderingane av risiko. Kommunane vil framleis drive farekartlegging av både nyare og eldre busetnad som ein del av det ansvaret dei har for arealplanlegging og for lokal beredskap. Statlege infrastruktureigarar har som eigarar og utbyggarar eit sjølvstendig ansvar for nødvendig kartlegging i tilknyting til anlegga sine.

Bistand kan bli gitt enten ved at NVE tar på seg dette arbeidet på vegner av kommunen, eller ved at kommunen får tilskot og sjølv tar på seg å greie ut, planlegge og gjennomføre arbeidet, jf. kap. 1820, post 60.

Systematisk førebyggande arbeid inneber å kartlegge farane, identifisere områda med størst risiko og gjennomføre dei tiltaka som har størst nytte i forhold til kostnaden. Gode farekart som avklarer kva område som er utsette, legg fundamentet for resten av arbeidet med førebygging.

Fjellskredovervaking

Departementet foreslår å sette av 23 millionar kroner til drift, utvikling og vedlikehald av anlegg for fjellskredovervaking.

NVE overvaker og har varslingsrutinar for ustabile fjellparti basert på ei systematisk kartlegging av prioriterte område. Overvaking er eit effektivt risikoreduserande tiltak. Måledata blir overførte til NVEs overvakingssenter på Stranda i Møre og Romsdal eller i Kåfjord i Troms. Formålet er å kunne varsle beredskapsmyndigheitene i god tid, slik at befolkninga kan evakuerast før det går eit fjellskred.

Per i dag er det kontinuerleg overvaking på ti ustabile fjellparti med høg risiko:

- Møre og Romsdal: Åknes, Hegguraksla og Mannen
- Troms: Jettan, Indre Nordnes og Gámanjunni 3

– Vestland: Joasetbergi, Tussafoten og Stiksmoen
– Innlandet: Skutshorn

I tillegg overvaker NVE 23 ustabile fjellparti periodisk.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Departementet foreslår ei løyving på 60 millionar kroner og ei fullmakt til å overskride løyvinga mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter, jf. forslag til vedtak II.

Løyvinga skal dekke utgifter til hydrologisk oppdragsverksemd og institusjonelle oppdrag, drift av hydrologiske målestasjonar for regulantar og andre kundar, og oppdragsforsking og rådgiving i Noreg og utlandet. Vidare skal løyvinga dekke utgifter til ein samarbeidsavtale med Norad om rådgiving innanfor vassdrags- og energisektoren, der NVE skal bidra til kompetanse- og institusjonsbygging i utvalde samarbeidsland, med særleg vekt på fornybar energi og berekraftig forvaltning av naturressursar.

Post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, kan overførast, kan nyttast under post 61

Departementet foreslår ei løyving på 150 millionar kroner og ei bestillingsfullmakt på 350 millionar kroner på posten, jf. forslag til vedtak III.

Av forslag til løyvinga gjeld 100 millionar kroner andel av bestillingsfullmakta som er nytta i 2025, medan 50 millionar kroner er sett av til utgifter til nye krise- og hastetiltak som følge av eventuelle nye flaum- og skredhendingar i 2026.

Av bestillingsfullmakta er 300 millionar kroner knytt til hastetiltak i Nesbyen sentrum etter ekstremvêret Hans. Sikringsarbeidet er venta å halde fram til 2029. Dei resterande 50 millionar kroner er sett av til nye krise- og hastetiltak i samband med eventuelle andre flaum- og skredhendingar.

Løyvinga dekker utgifter til
– krisetiltak som NVE gjennomfører på vegner av kommunar, og som er nødvendige for å hindre overhengande fare like før, under og rett etter ei flaum- eller skredhending. Det blir ikkje stilt krav om distriktsandel for krisetiltak.
– hastetiltak som må gjennomførast raskt for å hindre eller redusere ytterlegare skadeutvikling, men der det er tid til planlegging og saksbehandling. Distriktsandelen for hastetiltak er normalt 10 prosent, jf. kap. 4820, post 40.

Løyvinga og bestillingsfullmakta under posten dekker også utbetaling av tilskot til krise- og hastetiltak som NVE gir tilsegn om, og som blir utgiftsført under kap. 1820, post 61 Tilskot til krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, jf. stikkordet «kan nyttast under post 61».

Post 26 Reguleringsmyndigheita for energi

Departementet foreslår å løyve 96,3 millionar kroner til lønnsutgifter og andre driftsutgifter for RME i 2026. Auken frå saldert budsjett 2025 heng samen med lønns- og prisjustering, og nye oppgåver som følge av at RME skal forvalte Noregspris for straum. Lønnsrelaterte utgifter utgjer om lag 90 prosent.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 22

Departementet foreslår å løyve 39 millionar kroner og ei fullmakt til å overskride løyvinga mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4820, post 03 Sal av utstyr mv., jf. forslag til vedtak II.

Løyvinga skal dekke utgifter til større investeringar i instrumentering og utstyr til fjellskredovervaking, oppgraderingar og utvikling av det hydrologiske stasjonsnettet, urbanhydrologiske målestasjonar og målestasjonar for jord- og snøskredvarsling.

Auken frå saldert budsjett 2025 skal nyttast til auka investeringar i fjellskredovervaking.

Post 60 Tilskot til flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 22

Departementet foreslår å løyve 210 millionar kroner og ei tilsegnsfullmakt på 350 millionar kroner, jf. forslag til vedtak IV.

Auken frå saldert budsjett 2025 skal nyttast til naturfaretilskot til kartlegging og gjennomføring av tiltak for flaum- og skredførebygging i regi av kommunar.

Forskrift om naturfaretilskot er heimla i Stortingets årlege løyvingsvedtak under posten.

Mål

Ordninga skal bidra til å
- redusere faren for tap av menneskeliv og førebygge store skadar på miljø og eigedom som følge av flaum og skred
- betre kunnskapsgrunnlaget om flaum- og skredfare

Målgruppe, tildelingskriterium og oppfølging

Kommunar og Longyearbyen lokalstyre kan søke om tilskot til
- utgreiing, planlegging, prosjektering og gjennomføring av fysiske tiltak for å redusere faren for skadar frå flaum og skred på eksisterande busetnad
- andre typar risikoreduserande tiltak, slik som overvaking og varsling, der fysiske sikringstiltak ikkje har late seg gjennomføre av praktiske eller økonomiske årsaker
- kartlegging av kritiske punkt i bekker og bratte vassdrag, faresonekartlegging av flaum, faresonekartlegging av skred i bratt terreng og detaljutgreiing av kvikkleiresoner
- riving og flytting av fareutsette bueiningar med personopphald i heilt spesielle tilfelle

Søknader skal prioriterast etter samfunnsøkonomiske kriterium, slik at samfunnet får mest mogleg igjen i form av redusert risiko for flaum- og skredskadar. Alle tiltak som staten bidrar til å realisere, skal vurderast samla, med sikte på ei best mogleg nasjonal prioritering innanfor den samla tilgjengelege budsjettramma.

Ved prioritering av søknader skal det leggast vekt på om kommunen har gjort det som blir vurdert som rimeleg for å ta omsyn til kjende farar for flaum og skred, i arealplanlegging og byggesaksbehandling. Dersom det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til kjende farar, kan søknader bli avslått eller kravet om eigenandel aukast. Det same gjeld dersom flaum- eller skredfaren er ei følge av inngrep i terrenget eller andre tiltak som kommunen eller ein annan part har ansvaret for.

Det blir normalt ikkje gitt tilskot til tiltak som kostar mindre enn 1 million kroner. NVE kan normalt gi tilskot på inntil 90 prosent av kostnadene ved eit tiltak. Kommunen er ansvarleg for å dekke dei resterande minimum 10 prosentane.

NVE er ansvarleg for oppfølging og kontroll av ordninga. Direktoratet kunngjer ordninga på nettsidene sine

Resultat 2024

I 2024 blei det utbetalt om lag 33,8 millionar kroner i tilskot til kommunar til flaum- og skredførebygging, miljøtiltak og kartlegging av kritiske punkt i bekker og bratte vassdrag.

Dei største utbetalingane gjekk til flaum- og skredsikring i kommunane Grue, Steinkjer, Tvedestrand og Birkenes. Utestående forpliktingar ved utgangen av 2024 var om lag 235 millionar kroner.

Post 61 Tilskot til krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, kan nyttast under post 25

Departementet foreslår inga løyving under posten. Tilskot blir dekte av løyvinga under kap. 1820, post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, jf. stikkordet «kan nyttast under post 61».

Forskrift om naturfaretilskot er heimla i Stortingets årlege løyvingsvedtak under posten.

Mål

Ordninga skal bidra til å redusere faren for tap av menneskeliv og førebygge store skadar på miljø og eigedom som følge av flaum og skred.

Målgruppe, tildelingskriterium og oppfølging

Kommunar og Longyearbyen lokalstyre kan søke om tilskot for å dekke utgifter til
- krisetiltak som er nødvendige for å hindre overhengande fare for eksisterande busetnad rett før, under og etter ei flaum- eller skredhending. Det blir ikkje stilt krav om distriktsandel for krisetiltak.
- hastetiltak som må gjennomførast raskt for å hindre eller redusere ytterlegare skadeutvikling for eksisterande busetnad. Hastetiltak skal planleggast og saksbehandlast som sikringstiltak. Distriktsandelen for hastetiltak er normalt 10 prosent.

Søknader skal prioriterast etter kva samfunnsøkonomisk nytteverdi dei har i forhold til kostnadene, med mål om å redusere risikoen for liv, helse og vesentlege verdiar for samfunnet etter flaum- og skredhendingar.

Tiltak som staten bidrar til å realisere, skal vurderast med sikte på ei best mogleg nasjonal prioritering innanfor den samla tilgjengelege budsjettramma for krise- og hastetiltak. Dersom

flaum- eller skredhendingar kjem som følge av inngrep i terrenget eller andre tiltak som kommunen eller ein annan part har ansvar for, kan søknader bli avslått eller kravet om distriktsandel aukast.

NVE er ansvarleg for oppfølging og kontroll av ordninga.

Resultat 2024

I 2024 har NVE utbetalt tilskot på om lag 108 millionar kroner til krise- og hastetiltak. Tilskota er i hovudsak knytte til tiltak etter ekstremvêret Hans i 2023. Utestående forpliktingar ved utgangen av 2024 var om lag 91 millionar kroner.

Post 62 Fordeling av inntekt frå avgift på vindkraft

Departementet foreslår å løyve 360 millionar kroner til fordeling av inntekter frå avgift på landbasert vindkraft til vertskommunane.

For 2025 er avgiftssatsen 2,37 øre per kWh. Skatteetaten står for innkrevjinga av avgifta frå konsesjonærane. Året etter fordeler NVE inntektene frå fjorårets avgift til vertskommunane. Beløpet som blir fordelt, svarer til løyvinga på denne posten etter at ho er justert i samband med revidert budsjett på bakgrunn av faktisk innbetalt avgift for førre budsjettår.

Kriterium for fordeling av avgift og oppfølging

Avgiftsinntektene skal fordelast til vertskommunane året etter at avgifta er kravd inn, i tråd med ein fordelingsnøkkel utarbeidd av NVE. Fordelingsnøkkelen viser kor stor andel av den avgiftspliktige vindkraftproduksjonen som kan tilskrivast kvar enkelt kommune.

Fordelingsnøkkelen er basert på produksjonsdata for vindkraftverk i den enkelte kommunen, slik dei blir rapporterte i Elhub. Dersom eit vindkraftverk har turbinar i fleire kommunar, vil produksjonen bli fordelt etter ein prosentvis andel av den installerte effekten i dei respektive kommunane, slik det står i den godkjende detaljplanen. Det er ikkje høve til å klage på korleis inntektene frå vindkraftavgifta blir fordelte til vertskommunane.

Resultat 2024

Produksjonsavgifta i 2023 var 2 øre per kWh. Inntektene frå avgifta i 2023 blei førte tilbake gjennom utbetalingar frå NVE til vertskommunane i 2024. I 2024 utbetalte NVE 278,6 millionar kroner til vertskommunane.

Post 72 Tilskot til flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 22 og 60

Tilskot til snøskredforsking ved Norges Geotekniske Institutt (NGI) inngår frå og med 2025 i løyvinga under Forskingsrådet, jf. kap. 1850, post 73 Noregs forskingsråd. Frå 2025 gir NVE ikkje lenger tilskot til private eigarar av busetnader til planlegging og gjennomføring av flaum- og skredførebygging eller miljøtiltak langs vassdrag.

Resultat 2024

I 2024 blei det utbetalt om lag 8,7 millionar kroner til tilskot til flaum- og skredførebygging. Av dette beløpet gjekk 4 millionar kroner til NGI som tilskot til drift av den nasjonale forskingsinfrastrukturen på testområdet på Strynefjellet. Dette området er eitt av berre to fullskala testområde for snøskred i verda, og speler ei viktig rolle i forsking og utvikling innanfor skredsikring.

Dei resterande 4,7 millionar kronene blei nytta til flaum- og skredsikringstiltak i kommunane Kvam, Ålesund, Stryn og Bjørnafjorden. Tiltaka bidrar til å styrke sikkerheita og redusere risikoen for naturskadar i utsette område.

Post 73 Tilskot til utjamning av overføringstariffar

Departementet foreslår at tilskotsordninga for utjamning av overføringstariffar blir avvikla frå og med 2026.

Resultat 2024

I 2024 blei det utbetalt 18 millionar kroner i tilskot til utjamning av overføringstariffar. Tilskotet blei fordelt på tre nettselskap med lokalt distribusjonsnett med meir enn 300 kundar i Noreg ved utgangen av 2024: Sandøy Nett AS, Telemark Nett AS og DE Nett AS.

Ordninga bidrog til at 20 120 kundar fekk redusert nettleiga med mellom 3,65 og 15,77 øre per kWh. Den høgaste nettkostnaden som ikkje førte til tilskot, var 107,63 øre per kWh.

Post 74 Tilskot til museums- og kulturminnetiltak, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 9,1 millionar kroner i tilskot til museums- og kulturminnetiltak. Midlane skal bidra til å sikre og formidle kulturarv knytt til vassdrag, energi og tekniske kulturminne.

Telemarkskanalen

Departementet foreslår eit tilskot på 5 millionar kroner til rehabilitering og vedlikehald av dei vassdragstekniske anlegga i Telemarkskanalen. Tilskotet skal sikre at anlegga er i samsvar med NVEs retningslinjer for tilsyn og revurdering av vassdragsanlegg, forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg og vassressurslova.

Resultat 2024

Det blei utbetalt 3 millionar kroner til rehabilitering og vedlikehald av dei vassdragstekniske anlegga.

Kraftmuseet

Departementet foreslår eit tilskot på 2,3 millionar kroner til Kraftmuseet i Ullensvang kommune. Tilskotet skal dekke lønns- og prosjektkostnader til eitt årsverk ved museet og kostnader til vedlikehald av det freda kraftanlegget Tysso I. Det skal bidra til å formidle og dokumentere historier om vatn og energi med hovudvekt på vasskraft, kraftoverføring, flaum, konsekvensar av inngrep og dessutan miljøtiltak og vern av vassdrag. Midlane skal også nyttast til drift og vidareutvikling av nettstaden kraftlandet.no, ein felles nettstad for museumssamarbeidet som dokumenterer og formidlar vassdrags- og energihistoria. I tillegg skal det utviklast og arrangerast ulike aktivitetar for undervisningssektoren.

Resultat 2024

Det blei utbetalt 2,3 millionar kroner til dokumentasjon og formidling ved Kraftmuseet, inkludert 0,5 millionar kroner til vedlikehald av det freda kraftanlegget Tysso I. Museet har også i 2024 bidratt til bevaring og formidling av norsk vassdrags- og energihistorie.

Anno Norsk skogmuseum

Departementet foreslår eit tilskot på 1,8 millionar kroner til Anno Norsk skogmuseum i Elverum kommune. Tilskotet skal dekke lønns- og prosjektkostnader til eitt årsverk ved museet og bidra til formidling og dokumentasjon av historier om vatn og energi med hovudvekt på vasskraft, kraftoverføring, flaum, konsekvensar av inngrep og i tillegg miljøtiltak og vern av vassdrag. Midlane skal også nyttast til drift og vidareutvikling av nettstaden kraftlandet.no og til utvikling og gjennomføring av aktivitetar for undervisningssektoren.

Resultat 2024

Det blei utbetalt 1,8 millionar kroner til dokumentasjon og formidling ved Anno Norsk skogmuseum. Museet har også i 2024 bidratt til bevaring og formidling av norsk vassdrags- og energihistorie.

Post 75 Straumstønadsordning, overslagsløyving

Departementet foreslår å løyve 1 900 millionar kroner til straumstønadsordninga og at terskelverdien blir prisjustert frå 75 til 77 øre per kWh frå og med 1. januar 2026. Løyvinga er basert på straumprisar frå terminmarknaden i slutten av juli 2025 og skal dekke utbetaling av straumstønad i perioden frå desember 2025 til november 2026. Stønad for straumforbruk i desember 2026 blir utbetalt i januar 2027.

Det er stor uvisse knytt til kostnadsanslaget for straumstønadsordninga. Statens utgifter vil avhenge av kor mange som beheld straumstønadsordninga, og utviklinga i straumprisar og straumforbruk. I kostnadsanslaget for 2026 er det, på usikkert grunnlag, lagt til grunn at 30 prosent av bustadene i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) beheld straumstønadsordninga og at alle i Midt- og Nord-Noreg (NO3 og NO4) vil bli omfatta av straumstønadsordninga.

Dersom alle hushalda i Noreg hadde fått straumstønad, og Noregspris ikkje var innført, er det anslått at det ville kosta staten om lag 5,6 milliardar kroner i 2026.

Mål og målgruppe

Ordninga skal bidra til å redusere utgiftene til straumforbruk i den månadlege straumrekninga for private hushald, dersom straumprisen overstig ein fastsett terskelverdi. Ordninga omfattar også

fellesmålt hushaldsforbruk i bustadselskap som burettslag, bustadsameige og bustadaksjeselskap, og hushald med fritidsbustad som fast bustad og hushald som er knytte til gards- og grendeverk med private straumnett. Ordninga gjeld ikkje fritidsbustader som ikkje er fast bustad, og heller ikkje næringsverksemd.

Det blir ikkje kravd søknad frå hushalda. Stønaden blir utbetalt gjennom eit fråtrekk på nettleiga.

Tildelingskriterium og oppfølging

Stønadsordninga er basert på straumprisen time for time i det prisområdet hushaldet høyrer til. Stønaden trer inn dersom spotprisen i det aktuelle prisområdet overstig ein fastsett terskelverdi. Frå og med 1. januar 2026 er terskelverdien sett til 77 øre per kWh. Stønadsgraden over terskelverdien er 90 prosent, og det blir gitt stønad for dei timane der straumprisen overstig terskelverdien.

Det blir ikkje gitt stønad til forbruk over 5 000 kWh per månad per målepunkt.

For fellesmålt hushaldsforbruk i bustadselskap blir det ikkje gitt stønad til forbruk som overstig 5 000 kWh per månad per bueining. Bustadselskapa skal rapportere overskriding av forbrukstaket til nettselskapet sitt. Dersom eit bustadselskap har eit visst innslag av anna forbruk enn hushaldsforbruk, skal det rapportere dette også.

I juni 2025 vedtok Stortinget at straumstønadsordninga skal vare ut 2029. RME forvaltar ordninga og har ansvar for tildeling av stønad via det enkelte nettselskapet, og for oppfølging og tilsyn med ordninga, inkludert opplegg for kontroll.

Stønadssatsen blir berekna automatisk i systema til nettselskapa time for time. Nettselskapa bereknar stønaden for kvar enkelt nettkunde med rett til stønad på grunnlag av stønadssatsen og timesforbruket. RME skal også berekne og offentleggjere stønadssatsane for kvar enkelt time, slik at forbrukarane skal kunne rekne på stønadsbeløpet dei har fått utbetalt.

Stønaden blir utbetalt som frådrag på fakturaen for nettleiga. Dersom stønadsbeløpet overstig nettleiga, blir det overskytande beløpet utbetalt til kundar som ikkje har gjennomfakturering (felles faktura for nettleige og straum). For kundar med gjennomfakturering blir stønaden trekt frå det samla beløpet på fakturaen frå straumleverandøren. Dette skjer ved at straumleverandøren blir kompensert av nettselskapet gjennom ein etablert og automatisert oppgjersmetode.

Resultat 2024

I 2024 blei det utbetalt om lag 3,7 milliardar kroner i straumstønad til hushalda. Den gjennomsnittlege stønaden per hushald var størst i februar 2024, da kvart hushald i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) i snitt fekk om lag 600 kroner i stønad. Hushald i Sørvest-Noreg (NO2) fekk mest stønad i snitt gjennom året, med om lag 1 800 kroner per hushald.

Straumstønaden bidrog til å redusere den gjennomsnittlege straumprisen, inkludert meirverdiavgift, for hushald i Sør-Noreg med om lag 12 prosent, frå 73,93 til 64,76 øre per kWh.

Som følge av prisforskjellane mellom nord og sør gjennom 2024, med høgare prisar i Sør-Noreg enn i Midt- og Nord-Noreg, var det hushalda i dei tre sørlege prisområda NO1, NO2 og NO5 som fekk mest i straumstønad.

Post 76 Straumstønad for nærvarme, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 4,5 millionar kroner i tilskot til stønad til hushaldskundar av nærvarmeanlegg som baserer seg på straum. Løyvinga skal dekke både utbetaling av stønad og administrative kostnader til drift av ordninga.

Mål og målgruppe

Ordninga skal bidra til å redusere utgiftene til varmeforbruk for private hushald knytte til nærvarmeanlegg som baserer seg på straum, dersom straumprisen overstig ein fastsett terskelverdi. Ordninga omfattar også hushaldsforbruk i bustadselskap, som burettslag, bustadsameige og bustadaksjeselskap. Ho gjeld ikkje fritidsbustader som ikkje er fast bustad, og heller ikkje næringsverksemd.

Ordninga er søknadsbasert, og nærvarmekundar må søke NVE om stønad. Dersom eit nærvarmeselskap vel å delta i dei nye ordningane for Noregspris og straumstønad, jf. omtale under post 78 Noregspris for fjernvarme og 79 Straumstønad for fjernvarme, vil kundane til selskapet miste retten til stønad under denne særskilde ordninga. I lys av innføringa av dei nye ordningane for straumstønad og Noregspris for fjernvarme vil departementet vurdere om det er behov for å vidareføre den særskilde ordninga for nærvarme.

Tildelingskriterium og oppfølging

Stønadsordninga er basert på straumprisen i det prisområdet hushalda høyrer til. Stønaden trer inn dersom straumprisen i det aktuelle prisområdet overstig ein fastsett terskelverdi. Departementet forslår å prisjustere terskelverdien til 77 øre per kWh frå og med 1. januar 2026. Med straumpris meiner vi her spotprisen i det prisområdet hushaldet høyrer til.

Nærvarmestøtta blir berekna ut frå den månadlege gjennomsnittsprisen på straum. Departementet legg til grunn ein stønadsgrad på 90 prosent i heile perioden.

For å unngå at ordninga dekker eit usedvanleg høgt forbruk, blir det ikkje gitt stønad til forbruk som overstig 5 000 kWh per månad i straumforbruk. For fellesmålt hushaldsforbruk i bustadselskap blir det ikkje gitt stønad til forbruk som overstig 5 000 kWh per månad per bueining. Bustadselskapa skal rapportere overskridingar av forbrukstaket til NVE. Bustadselskap med eit visst innslag av anna forbruk enn hushaldsforbruk skal også rapportere dette til NVE.

NVE forvaltar stønadsordninga og har ansvar for tildeling av støtta, tilsyn med ordninga og opplegg for oppfølging og kontroll.

Resultat 2024

I 2024 blei det utbetalt totalt om lag 3,8 millionar kroner i stønad til hushaldskundar av nærvarmeanlegg baserte på straum. Til saman fekk 3 014 nærvarmekundar stønad gjennom ordninga. Stønadsordninga har bidratt til å redusere energikostnadene for desse hushalda. Kostnadene til administrasjon av ordninga utgjorde 139 000 kroner hos Enova.

Stønaden er avhengig av at straumprisen overstig terskelverdien for straumstønad. I 2024 var straumprisen høg i starten av året, men i store delar av resten av året låg han under terskelverdien.

Post 77 Noregspris for straum, overslagsløyving

Departementet foreslår å løyve 9 100 millionar kroner til ein Noregspris på 40 øre per kWh eksklusiv meirverdiavgift i 2026 (referanseprisen). Løyvinga skal dekke netto utbetaling av prissikringsbeløp i perioden frå desember 2025 til november 2026. Prissikringsbeløpa vil netto bli avrekna mellom staten og kundane per månad. På månadsbasis er det totalt rekna med utbetalingar på om lag 9 250 millionar kroner og innbetalingar på om lag 150 millionar kroner i brutto prissikring. Som følge av dette blir det foreslått ei fullmakt til å nettoføre ut- og innbetalingar av prissikringsbeløp som følger av månadleg avrekning på budsjettposten, jf. forslag til vedtak VI. Fullmakta skal sikre at månadlege avrekningar mellom staten og kundane kan førast netto i statsrekneskapen i tråd med oppgjersordninga som er fastsett av departementet.

Det er stor uvisse knytt til kostnadsanslaget for Noregspris for straum. Statens utgifter og inntekter vil avhenge av kor mange som vel Noregspris, og utviklinga i straumprisar og straumforbruk. Basert på straumprisar frå terminmarknaden i slutten av juli 2025, er det meir sannsynleg at hushald i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) vil velje Noregspris. Dette påverkar anslaga for kor stor andel av hushalda som vil ta i bruk ordninga. I kostnadsanslaget for 2026 er det, på usikkert grunnlag, lagt til grunn at 70 prosent av bustadene i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) inngår avtale om Noregspris for straum. For fritidsbustader er det føresett at 90 prosent av fritidsbustadene i Sør-Noreg inngår avtale om Noregspris. For Midt- og Nord-Noreg (NO3 og NO4) er det føresett at ingen bustader eller fritidsbustader vil velje Noregspris.

Det er anslått at Noregspris for straum vil gi ein netto auka løyvingsbehov på post 75 Straumstønadsordning og post 77 Noregspris for straum på til saman om lag 5 400 millionar kroner i 2026, samanlikna med berre vidareføring av straumstønadsordning med terskelverdi på 77 øre per kWh.

Mål og målgruppe

Ordninga skal gi norske hushald føreseielege straumutgifter i ei tid med volatile og tidvis svært høge prisar. Noregspris er ei valfri, statleg finansiert ordning der hushalda blir avrekna mot ein fast referansepris per kilowattime.

Ordninga omfattar både bustader og fritidsbustader og gjeld også fellesmålt hushalds- og fritidsbustadsforbruk i bustadselskap som burettslag, bustadsameige og bustadaksjeselskap. I tillegg omfattar ordninga bustader og fritidsbustader som er knytte til gards- og grendeverk med private straumnett. Ordninga gjeld ikkje næringsverksemd.

Tildelingskriterium og oppfølging

Hushalda kan bestille Noregspris for bustadene og fritidsbustadene sine. Hushald som ikkje vel

Noregspris for bustaden sin, er omfatta av straumstønadsordninga.

Når spotprisen i prisområdet til hushaldet er høgare enn referanseprisen, får hushaldet ein stønad frå staten tilsvarande differansen mellom spotpris og referansepris. Når spotprisen er lågare enn referanseprisen, må hushaldet betale differansen mellom spotpris og referansepris. Berekningane skjer time for time og blir multiplisert med forbruket i den enkelte timen. Summen av dette kan innebere både ut- og innbetalingar mellom staten og hushaldet. Beløpet blir omtalt som eit prissikringsbeløp.

Prissikringsbeløpet blir utbetalt eller innbetalt månadleg. Desse transaksjonane skjer etterskotsvis, basert på forbruket den føregåande månaden. Nettselskapet bereknar beløpet, som enten blir trekt frå eller lagt til på nettleiga til hushaldet. Dersom prissikringsbeløpet overstig nettleiga, blir det overskytande beløpet utbetalt til kundar som ikkje har gjennomfakturering, det vil seie felles faktura for nettleige og straum. For kundar med gjennomfakturering blir prissikringsbeløpet trekt frå det samla beløpet på fakturaen frå straumleverandøren.

Etter avrekning vil hushaldet stå overfor ein fast pris per kilowattime. Nettleige, avgifter og påslag frå kraftleverandøren kjem i tillegg.

Noregspris omfattar dei første 5 000 kWh med straumforbruk per månad per målepunkt for bustader og tilsvarande dei første 1 000 kWh for fritidsbustader. For straumforbruk som er registrert på målepunktet for eit bustadselskap, gjeld Noregspris for inntil 5 000 kWh per månad per bueining og inntil 1 000 kWh per månad per fritidsbustad.

Hushalda kan bestille Noregspris for bustadene og/eller fritidsbustadene sine for inntil eitt kalenderår om gongen. Når eit målepunkt er knytt til Noregspris, blir det bunde til ordninga ut kalenderåret. Dersom bestillinga skjer mellom 1. oktober og 31. desember 2025, blir målepunktet bunde til Noregspris ut 2026.

RME forvaltar ordninga og er ansvarleg for inn- og utbetaling av prissikringsbeløp via det enkelte nettselskapet og for tilsyn og kontroll med ordninga.

Post 78 Noregspris for fjernvarme, overslagsløyving

Departementet foreslår å løyve 500 millionar kroner til ein Noregspris for fjernvarme med ein referansepris på 40 øre per kWh før avgifter i 2026. Løyvinga skal dekke netto utbetaling av prissikringsbeløp i perioden frå desember 2025 til november 2026. Prissikringsbeløpa vil bli netto avrekna mellom staten og kundane per månad. På månadsbasis er det totalt rekna med utbetalingar på om lag 510 millionar kroner og innbetalingar på om lag 10 millionar kroner i brutto prissikring. Som følge av dette blir det foreslått ei fullmakt til å nettoføre ut- og innbetalingar av prissikringsbeløp som følger av månadleg avrekning på budsjettposten, jf. forslag til vedtak VI. Fullmakta skal sikre at månadlege avrekningar mellom staten og kundane kan førast netto i statsrekneskapen i tråd med oppgjersordninga som er fastsett av departementet.

Det er stor uvisse knytt til kostnadsanslaget for Noregspris for fjernvarme. Statens utgifter og inntekter vil avhenge av kor mange som vel Noregspris, og utviklinga i straumprisar og fjernvarmeforbruk. Basert på straumprisar frå terminmarknaden i slutten av juli 2025, er det meir sannsynleg at hushald i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) vil velje Noregspris for fjernvarme. Dette påverkar anslaga for kor stor andel av hushalda som vil ta i bruk ordninga. I kostnadsanslaget for 2026 er det, på usikkert grunnlag, lagt til grunn at 80 prosent av bustadene og fritidsbustadene i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) inngår avtale om Noregspris for fjernvarme. For Midt- og Nord-Noreg (NO3 og NO4) er det føresett at ingen bustader eller fritidsbustader vil velje Noregspris.

Mål og målgruppe

Ordninga skal bidra til å gi føreseielege og reduserte utgifter til oppvarming for hushaldskundar av fjernvarmeanlegg. Noregspris for fjernvarme har om lag same innretning som Noregspris for straum, jf. post 77 Noregspris for straum. Det er ei valfri, statleg finansiert ordning der hushalda blir avrekna mot ein fast referansepris per kilowattime. Ordninga omfattar bustader og fritidsbustader og gjeld også fellesmålt hushalds- og fritidsbustadsforbruk i bustadselskap som burettslag, bustadsameige og bustadaksjeselskap. Noregspris for fjernvarme gjeld ikkje for næringsverksemd. Fjernvarmeselskapet reknar ut prissikringsbeløpet og betaler det, eller krev det inn, gjennom fakturaen for levert fjernvarme.

Hushaldskundar av fjernvarmeanlegg med konsesjon etter energilova har rett til Noregspris. Fjernvarmeanlegg utan konsesjon, såkalla nærvarmeselskap, kan tilby Noregspris til kundane sine dersom dei registrerer seg hos NVE.

Når dei har registrert seg, kan nærvarmeselskapa vidareformidle prissikringsbeløp til fjern-

varmekundane sine på lik linje med fjernvarmeselskap med konsesjon. Kundar av eit nærvarmeselskap mistar retten til støtte under den eksisterande mellombelse nærvarmeordninga, jf. post 76 Straumstønad for nærvarme, dersom nærvarmeselskapet vel å delta i dei nye ordningane for Noregspris eller straumstønad for fjernvarme.

Tildelingskriterium og oppfølging

Hushald kan bestille Noregspris for fjernvarme for bustadene og fritidsbustadene sine. Hushald som ikkje vel Noregspris for bustaden sin, er omfatta av straumstønadsordninga for fjernvarme, jf. post 79 Straumstønad for fjernvarme.

Når den uvekta gjennomsnittlege månadlege spotprisen i prisområdet til hushaldet er høgare enn referanseprisen, får hushaldet ein stønad frå staten tilsvarande differansen mellom spotpris og referansepris. Når den gjennomsnittlege månadlege spotprisen er lågare enn referanseprisen, må hushaldet betale inn differansen mellom referansepris og spotpris. Denne spotprisen blir berekna månadleg og blir multiplisert med forbruket den aktuelle månaden. Det kan innebere både ut- og innbetalingar mellom staten og hushaldet. Beløpet blir omtalt som eit prissikringsbeløp.

Prissikringsbeløpet blir utbetalt eller skal innbetalast månadleg. Fjernvarmeselskapet bereknar og betaler ut, eller krev inn, prissikringsbeløp gjennom fakturaen for levert fjernvarme. Inn- og utbetalingar til og frå hushalda skjer etterskotsvis, basert på forbruket den føregåande månaden. Enova betaler ut eller krev inn prissikringsbeløpet frå fjernvarmeselskapa. Prissikringsbeløpet vil variere med forbruket og utviklinga i spotprisen.

Prisen frå fjernvarmeselskapet til kundane skal dekke kostnader knytte til både varmelevering og distribusjon (røyrnett). Dette skil seg frå levering av straum, der nettleiga dekker distribusjonen.

Noregspris omfattar opptil 4 500 kWh fjernvarmeforbruk per månad per energimålar for bustader og tilsvarande opptil 1 000 kWh for fritidsbustader. For fjernvarmeforbruk registrert på energimålaren til eit bustadselskap, gjeld Noregspris opptil 4 500 kWh per månad per bueining og opptil 1 000 kWh per månad per fritidsbustad i bustadselskapet. Bustadselskapa skal rapportere overskriding av forbrukstaket til fjernvarmeselskapet sitt. Dersom dei har eit visst innslag av anna forbruk enn hushaldsforbruk, skal dei rapportere dette også.

Hushalda kan bestille Noregspris for bustadene og/eller fritidsbustadene sine for inntil eitt kalenderår om gongen. Når ein energimålar er knytt til Noregspris, blir han bunden til ordninga ut kalenderåret. Dersom bestillinga skjer mellom 1. oktober og 31. desember 2025, blir energimålaren bunden til Noregspris ut 2026.

Enova er ansvarleg for inn- og utbetaling av prissikringsbeløp via det enkelte fjernvarmeselskapet. NVE har ansvar for tilsyn og kontroll med ordninga.

Post 79 Straumstønad for fjernvarme, overslagsløyving

Departementet foreslår å løyve 35 millionar kroner i stønad til fjernvarmekundar, og at terskelverdien blir prisjustert frå 75 til 77 øre per kWh frå og med 1. januar 2026. Løyvinga er basert på straumprisar frå terminmarknaden i slutten av juli 2025 og skal dekke utbetaling av straumstønad til fjernvarme i perioden frå desember 2025 til november 2026. Stønad for fjernvarmeforbruk i desember 2026 blir utbetalt i januar 2027.

Det er stor uvisse knytt til kostnadsanslaget for ordninga. Statens utgifter vil avhenge av kor mange som beheld straumstønad for fjernvarme, og utviklinga i straumprisar og fjernvarmeforbruk. I kostnadsanslaget for 2026 er det, på usikkert grunnlag, lagt til grunn at 20 prosent av bustadene i Sør-Noreg (NO1, NO2 og NO5) beheld straumstønadsordninga og at alle i Midt- og Nord-Noreg (NO3 og NO4) blir omfatta av straumstønad for fjernvarme.

Mål og målgruppe

Ordninga skal bidra til å redusere utgiftene til fjernvarmeforbruk på den månadlege fjernvarmerekninga for private hushald dersom straumprisen overstig ein fastsett terskelverdi. Straumstønad for fjernvarme har om lag same innretninga som straumstønad for straum, jf. post 75 Straumstønadsordning. Ordninga omfattar også fellesmålt hushaldsforbruk i bustadselskap som burettslag, bustadsameige og bustadaksjeselskap, og hushald som nyttar fritidsbustad som fast bustad. Ordninga gjeld ikkje fritidsbustader som ikkje er fast bustad, og heller ikkje næringsverksemd.

Det blir ikkje kravd søknad frå hushalda. Stønaden blir utbetalt gjennom eit fråtrekk på fjernvarmerekninga.

Hushaldskundar av fjernvarmeanlegg med konsesjon etter energilova har rett til stønad etter ordninga. Fjernvarmeanlegg utan konsesjon, såkalla nærvarmeselskap, kan tilby straumstønad

til kundane sine dersom dei registrerer seg hos NVE. Når dei har registrert seg, kan nærvarmeselskap vidareformidle straumstønad til fjernvarmekundane sine på lik linje med fjernvarmeselskap med konsesjon. Kundar av nærvarmeselskap mistar retten til støtte under den eksisterande mellombelse nærvarmeordninga, jf. post 76 Straumstønad for nærvarme, dersom nærvarmeselskapet vel å delta i dei nye ordningane for Noregspris eller straumstønad for fjernvarme.

Tildelingskriterium og oppfølging

Stønadsordninga er basert på uvekta månadleg gjennomsnittleg straumpris i det prisområdet hushaldet høyrer til. Stønaden trer inn dersom denne prisen overstig ein fastsett terskelverdi. Frå og med 1. januar 2026 er terskelverdien sett til 77 øre per kWh. Stønadsgraden over terskelverdien er 90 prosent.

Det blir ikkje gitt stønad til forbruk over 4 500 kWh per månad per energimålar. For fellesmålt hushaldsforbruk i bustadselskap blir det ikkje gitt stønad til forbruk som overstig 4 500 kWh per månad per bueining. Bustadselskapa skal rapportere overskriding av forbrukstaket til fjernvarmeselskapet sitt. Dersom dei har eit visst innslag av anna forbruk enn hushaldsforbruk, skal dei rapportere dette også.

I juni 2025 vedtok Stortinget at straumstønadsordninga for fjernvarme skal vare ut 2029.

Enova er ansvarleg for utbetaling av stønad via det enkelte fjernvarmeselskapet, medan NVE fører tilsyn og kontroll med ordninga.

Fjernvarmeselskapa bereknar stønaden til kvar enkelt kunde med rett til stønad basert på månadleg forbruk og gjeldande stønadssats. NVE skal rekne ut og offentleggjere stønadsgrunnlaget og stønadssatsane kvar månad, slik at forbrukarane kan kontrollere stønadsbeløpet. Stønaden blir trekt frå det samla beløpet på fakturaen for fjernvarme.

Prisen frå fjernvarmeselskapet til kundane skal dekke kostnader knytte til både varmelevering og distribusjon (røyrnett). Dette skil seg frå straumprisen, som berre dekker sjølve straumleveringa, medan nettleiga dekker distribusjonen.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyrinntekter	8 775	10 000	10 300
02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	49 533	60 000	60 000
03	Sal av utstyr mv.	99		
10	Refusjonar	6 148		
40	Flaum- og skredførebygging	26 325	20 000	20 000
	Sum kap. 4820	90 880	90 000	90 300

Post 01 Gebyrinntekter

Posten omfattar gebyrinntekter frå innhenting og kontroll av hydrologiske målingar og tilsyn med utanlandskonsesjonar.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Posten omfattar inntekter frå oppdrags- og samarbeidsverksemda, jf. kap. 1820, post 23.

Post 40 Flaum- og skredførebygging

Posten omfattar innbetalingar frå kommunar for gjennomføring av sikrings- og miljøtiltak i regi av NVE, jf. omtale under kap. 1820, post 22 og 25. Kommunane betaler ein distriktsandel som normalt utgjer 10 prosent for både ordinære sikringstiltak og hastetiltak. For krisetiltak blir det ikkje kravd distriktsandel. Det er fastsett ei øvre grense for distriktsandelen på 40 millionar kroner per tiltak.

Kap. 1825 Energieffektivisering og -omlegging

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	11 567	14 000	14 000
50	Klima- og energifondet	1 130 000	1 377 000	1 300 000
60	Tilskot til energitiltak i kommunale bygg, *kan overførast*	23 472	450 000	300 000
	Sum kap. 1825	1 165 039	1 841 000	1 614 000

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 14 millionar kroner til NVE, Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) og Husbanken for å følge opp regjeringa si satsing på energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi.

NVE har ansvar for oppgåver knytte til regelverksutvikling, informasjons- og kompetanseheving, styrking av datagrunnlag og rapportering om energieffektivisering. DiBK har ansvar for regelverksutvikling og kompetanse i byggsektoren. Løyvinga skal også dekke utgifter Husbanken har til å forvalte tilskotsordninga for energitilskot i kommunale bygg.

Post 50 Klima- og energifondet

Departementet foreslår ei samla løyving til Klima- og energifondet på 1 300 millionar kroner, inkludert inntekter frå påslaget på nettariffen på anslagsvis 690 millionar kroner, og ei fullmakt til å overskride løyvinga mot tilsvarande meirinntekter under kap. 5582, post 73 Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet, jf. forslag til vedtak II.

Midlane skal forvaltast i samsvar med måla og føringane i styringsavtalen mellom Enova SF og Klima- og miljødepartementet. Sjå nærmare omtale av styringsavtalen, tildelings- og oppfølgingskriterium under kap. 1428 Enova SF, post 50 Overføring til Klima- og energifondet i Klima- og miljødepartementets budsjett.

Av den samla løyvinga skal om lag 600 millionar kroner øyremerkast til stønad til energieffektvisering i hushaldssektoren. Stønaden skal bidra til å auke merksemda rundt energibruk og styrke handlingskompetansen i hushalda, slik at dei kan gjere gode val. Stønaden kan nyttast til kjøp av tilgjengelege og velprøvde teknologiar og løysingar, og det blir derfor ikkje stilt krav om at stønaden skal bidra til varige marknadsendringar gjennom teknologi- og marknadsutvikling. Løyvinga inngår som ein sentral del av regjeringa si satsing på energieffektivisering.

Løyvinga dekker også utgifter til administrasjon av støtteordningar for energieffektivisering i hushaldssektoren. I tillegg skal løyvinga dekke Enovas oppgåver knytte til inn- og utbetaling av straumstønad og prissikringsbeløp under ordningane straumstønad og Noregspris for fjernvarme, jf. kap. 1820, post 78 Noregspris for fjernvarme og post 79 Straumstønad for fjernvarme.

Resultat 2024

I 2024 blei det totalt overført 1 130 millionar kroner til Klima- og energifondet som var øyremerkte satsinga på energieffektivisering. Midlane bidrog til å styrke Enovas innsats for energitiltak i bygg og var ein del av regjeringa sin handlingsplan for energieffektivisering. Enova nytta midlane i støtteprogram for energitiltak i yrkesbygg og bustadselskap, og til å støtte energikartlegging i slike bygg. Gjennom programma har bygg fått støtte til etterisolering, utskifting av vindauge, installasjon av solcelleanlegg og andre tiltak som har bidratt til å redusere behovet for levert energi. Midlane har ifølge Enova bidratt til 250 GWh i kontraktsfesta energiresultat.

Post 60 Tilskot til energitiltak i kommunale bygg, kan overførast

Departementet foreslår ei løyving på 300 millionar kroner og ei tilsegnsfullmakt på 150 millionar kroner, jf. forslag til vedtak IV, til tilskotsordninga for energitiltak i kommunale bygg. Tilskot til energitiltak i kommunale bygg inneber ofte aktivitetar som det tar tid å fullføre, og ofte må mottakaren

oppfylle visse vilkår og rapportere før tilskotet blir utbetalt. Det kan i sin tur føre til at utbetalingane ikkje kjem før i eit seinare budsjettår. Tilsegnsfullmakta er nødvendig for at Husbanken kan gi tilsegn om å forplikte staten til framtidige utbetalingar og som eit supplement for å avgrense uvissa om utbetalingstakten og redusere overføringane mellom budsjettår.

Løyvinga er eit sentralt verkemiddel i regjeringa si satsing på energieffektivisering.

Mål og målgruppe

Ordninga skal bidra til energioppgradering av kommunalt eigde utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar. Tilskotsordninga er søknadsbasert og blir administrert av Husbanken. Kommunar og kommunale føretak kan søke om tilskot.

Tildelingskriterium og oppfølging

Tilskotet kan gå til energieffektiviseringstiltak i kommunalt eigde utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar. Søknader knytte til kommunalt eigde utleigebustader skal prioriterast. Husbanken behandlar søknadene og gjer vedtak om tildeling. Tilskotet kan utgjere inntil 50 prosent av dei faktiske kostnadene. Det blir ikkje utbetalt tilskot før tiltaka er gjennomførte og dokumenterte. Kommunar som har fått tilskot til energitiltak, skal rapportere om gjennomføringa av tiltaka, talet på bustader og institusjonar det er sett i verk tiltak for, og forventa redusert energibehov.

Resultat 2024

Husbanken har gitt tilsegn om tilskot på 377 millionar kroner til energitiltak i kommunale bygg. Tilsegna omfatta nær 6 000 bustader i kommunalt eigde utleigebustader, sjukeheimar og omsorgsbustader.

Forskrift om tilskudd til energitiltak i kommunalt eide utleieboliger, omsorgsboliger og sykehjem var på høyring i 2024. Endringane i forskrifta inneber at utbetalt tilskot per prosjekt ikkje kan overstige 50 prosent av dei faktiske kostnadene. Fristen for å søke om tilskot blei utsett i 2024. Den utsette søknadsfristen har ført til låge utbetalingar frå Husbanken i 2024 – om lag 23,5 millionar kroner. Av dei utbetalte beløpa gjekk om lag 55 prosent til energitiltak i kommunalt eide utleigebustader, 31 prosent til energitiltak i omsorgsbustader og om lag 14 prosent til energitiltak i sjukeheimar.

Ifølge Husbanken har støtteordninga bidratt til at meir enn 100 kommunar har gjennomført energitiltak. I 2024 var det over 50 prosent fleire kommunar som søkte om tilskot enn året før.

Dei mest populære tiltaka i dei kommunale utleigebustadene var etterisolering av vegger og tak og utskifting av vindauge. For sjukeheimar var etablering av solceller, etterisolering av tak og vegger og energieffektive vindauge dei mest brukte tiltaka. Det blei også gjennomført fleire prosjekt med varmepumper.

Den samla energisparinga frå tiltaka det er gitt tilsegn til i 2024, er berekna til 16,6 GWh per år.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
71	Konsesjonsavgifter frå vasskraftutbygging	197 098	198 500	200 400
72	Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energidirektorat	144 116	160 500	167 000
73	Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet		690 000	690 000
	Sum kap. 5582	341 214	1 049 000	1 057 400

Post 71 Konsesjonsavgifter frå vasskraftutbygging

Ved konsesjonar gitt etter vassdragsreguleringslova eller industrikonsesjonslova pliktar eigarane av kraftverka å betale ei årleg avgift til staten og til vertskommunen. Konsesjonsavgifta til staten skal bidra til å finansiere forsking, utvikling, opplæring og informasjon på energi- og vassdragsområdet. I særskilde tilfelle kan avgifta også nyttast til å førebygge, erstatte og bøte på skadar som følge av eller i samband med kraftutbyggingar eller reguleringar.

Anslaget for inntekter frå konsesjonsavgiftene for vasskraft er basert på eksisterande avgiftspliktige konsesjonar. Avgiftssatsane blir indeksjusterte kvart femte år, med utgangspunkt i konsesjonsdatoen. Nye konsesjonar vil i tillegg utløyse konsesjonsavgift. NVE har ansvar for å krevje inn konsesjonsavgifter frå vasskraftutbygging.

Post 72 Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE dekker kostnader knytte til tilsyn og kontroll av vassdrag, energianlegg og fjernvarme gjennom sektoravgifter. Heimlar for å krevje inn avgiftene er gitt i *forskrift om sektoravgift for dekning av kostnader til NVEs tilsyns- og kontrollarbeid*, kraftberedskapsforskrifta § 8-7 og damsikkerheitsforskrifta § 8-3.

Sektoravgiftsordningane omfattar kraftberedskapstilsyn, damsikkerheitstilsyn, miljøtilsyn med vassdragstiltak, miljøtilsyn med energianlegg, fjernvarmetilsyn og driftstilsyn av elektriske anlegg. Sektoravgiftene blir fastsette slik at dei ikkje overstig dei faktiske kostnadene NVE har til dei formåla avgiftene skal dekke.

Post 73 Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet

Omsetningskonsesjonærar, det vil seie nettselskapa som tarifferer for uttak av elektrisk energi, skal i samband med fakturering legge eit påslag på tariffen til alle sluttbrukarar, uavhengig av nettnivå. For hushaldsbruk skal dette påslaget utgjere 1 øre per kWh, medan det for andre sluttbrukarar enn hushald skal utgjere 800 kroner per år per målepunkt-ID.

Det beløpet omsetningskonsesjonærane skal betale til Klima- og energifondet, skal svare til 1 øre per kWh multiplisert med den energimengda som er fakturert hushaldsbruk, og summen av påslag per målepunkt-ID som er fakturert andre sluttbrukarar enn hushald, i den aktuelle terminen. Påslaget blir betalt direkte til Klima- og energifondet. Enova har ansvaret for å følge opp og krevje inn påslaget frå nettselskapa.

Departementet foreslår ei fullmakt til å gjere unntak frå kontantprinsippet ved bruttoføring av inntektene frå påslaget og overføring av tilsvarande utgifter til Klima- og energifondet, jf. forslag til vedtak VII. Fullmakta inneber at inntektene frå påslaget og overføringa til fondet kan førast brutto i statsrekneskapen, sjølv om innbetalingane skjer direkte til Klima- og energifondet.

Statnett SF

Statnett er det systemansvarlege nettselskapet i det norske kraftsystemet og har ansvar for å utvikle, drifte og vedlikehalde transmisjonsnettet på ein samfunnsøkonomisk rasjonell måte.

Statnett har monopol på å eige og drive transmisjonsnettet i Noreg og skal sikre momentan balanse mellom produksjon og forbruk av elektrisk kraft i Noreg til kvar tid.

Tabell 4.1 Hovudtal for Statnett SF (i millionar kroner)

	2022	2023	2024
Driftsinntekter	22 993	11 600	18 961
Driftsresultat	8 433	-1 547	4 621
Resultat etter skatt	5 949	-2 617	1 720
Resultat etter skatt, justert for endring i meir-/ mindreinntekt (utbyttegrunnlaget)	592	1 585	1 218
Investeringar	4 985	6 078	7 619
Varige driftsmiddel	68 247	71 119	72 279
Eigenkapital	26 978	24 118	25 482
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt[1]	24,6 prosent	-10,2 prosent[2]	6,9 prosent
Eigenkapitalprosent	30,9 prosent	26,7 prosent	24,1 prosent

[1] Eigenkapitalrentabilitet etter skatt = årsresultat etter skatt / gjennomsnittleg eigenkapital dei to siste rekneskapsåra.
[2] Årsaka til den negative eigenkapitalrentabiliteten etter skatt er at driftsinntektene er halverte for å balansere delar av meirinntekta frå året før.

Inntektene til Statnett blir regulerte av RME, som årleg fastset ei tillaten inntekt. Denne inntekta skal over tid dekke kostnadene ved drift og vedlikehald av nettet og samtidig gi ei rimeleg avkastning på investert kapital, gitt effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet.

Kap. 5680 Statnett SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Utbytte	793 000	1 660 000	
	Sum kap. 5680	793 000	1 660 000	

Om 2025

Ved vedtak i Stortinget 20. juni 2025 blei post 85 redusert med 1 051 millionar kroner, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025). Utbyttet som blei vedtatt for Statnett i føretaksmøtet for 2025, var 609 millionar kroner.

Post 85 Utbytte

Det er lagt til grunn ein utbyttepolitikk der inntil 50 prosent av årsresultatet etter skatt, justert for endringar i meir-/mindreinntekt, kan delast ut som utbytte.

For rekneskapsåret 2025 er resultatanslaget sett til null, og det er dermed ikkje grunnlag for å budsjettere med utbetaling av utbytte i 2026. Endeleg vedtak om utbyttet for 2025 blir gjort på føretaksmøte våren 2026, basert på det faktiske årsresultat.

Endringa i det underliggande resultatet heng i hovudsak saman med ein oppjustert prognose for systemdriftskostnader. Auken er særleg driven av behov for større innkjøp av reservar til å balansere kraftsystemet, høgare kraftprisar og auka kapasitet for kraftutveksling.

Programkategori 18.30 Klima, industri og teknologi

Utviklingstrekk

Globale utviklingstrekk fører til at energimarknadene er i endring. Kampen mot klimaendringane og behovet for energisikkerheit aukar etterspørselen etter fornybare energiressursar og lågutsleppsløysingar. Europa står i ei energiomstilling og skal nå ambisiøse mål for 2030, 2040 og 2050, samtidig som ein skal sikre stabil og trygg energiforsyning utan unødvendig høge kostnader. Den geopolitiske situasjonen i verda påverkar energinæringane i stor grad, og energi får aukande strategisk og sikkerheitspolitisk betydning.

Energi har lenge vore sentralt for norsk verdiskaping – som grunnlag for kraftkrevjande industri og utviklinga av ein petroleumsindustri på sokkelen, med store ringverknader på land. Desse næringane speler ei sentral rolle i overgangen til lågutsleppssamfunnet. Næringane bidrar til utbygging av fornybar energi, utsleppskutt i petroleumssektoren og utvikling av nye teknologiar og lågkarbonløysingar som er nødvendige for å nå klimamåla. Noreg og norske aktørar har gode føresetnader for å lykkast, takka vere industriell, teknologisk og vitskapleg kompetanse, store fornybare ressursar, ein godt utbygd infrastruktur og erfaring frå produksjon og foredling av energi.

Regjeringa fører ein ambisiøs politikk for utsleppskutt, grøn vekst og verdiskaping. Overgangen til eit lågutsleppssamfunn krev forsking og teknologiutvikling, effektiv ressursbruk, tilgang på kapital og andre sentrale innsatsfaktorar, og føreseielege rammevilkår.

Internasjonale marknader og godt fungerande verdikjeder for sentrale innsatsfaktorar er ein føresetnad for å lykkast med grøn omstilling globalt og for å nå målet om å auke norsk eksport utanom olje og gass. Gjennom samarbeid med andre myndigheiter og deltaking i forum og forhandlingsutval varetar vi norske interesser. Noreg har dei siste åra styrkt samarbeidet med andre land og EU og inngått fleire samarbeidsavtalar internasjonalt.

Eit velfungerande og sikkert kraftsystem er grunnleggande for å møte overgangen frå fossil energi til elektrisitet i mellom anna industri og transport. Meir bruk av elektrisk kraft til fleire formål er eit sentralt tiltak i klimapolitikken. Regjeringa sine ambisjonar om å auke kraftproduksjonen, kapasiteten og fleksibiliteten i straumnettet, og satsinga på energieffektiviseringstiltak, er viktige for å legge til rette for overgangen til lågutsleppssamfunnet.

Havvindsatsinga til regjeringa er ein viktig del av innsatsen for å auke den fornybare kraftproduksjonen i Noreg. Tiltak for å integrere meir ikkje-regulerbar kraftproduksjon vil også vere avgjerande for å sikre effektbalansen.

Med større press på kraftsystemet, større konkurranse om arbeidskrafta og mindre handlingsrom i offentlege budsjett er det enda viktigare å ha gode rammer for korleis innsatsfaktorane våre skal brukast.

Det er gjennom industridrivne prosessar dei beste prosjekta veks fram, og det er bedriftene som har ansvaret for å utnytte marknadsmoglegheitene som følger av behovet for omstilling. Men den grøne omstillinga av næringslivet er eit langsiktig arbeid der staten og næringslivet må spele saman. Eit av dei viktigaste tiltaka frå regjeringa si side vil vere å legge til rette for stabile og føreseielege rammevilkår som banar veg for private investeringar og vidare vekst. Staten bidrar også betydeleg for å legge til rette for nye, lønnsame næringar – gjennom direktestøtte til mange store og små prosjekt og eit breitt verkemiddelapparat som bidrar med lån, garantiar og eigenkapital, støtte til forsking og teknologiutvikling og dessutan næringsfremming og internasjonalisering.

Regjeringa er godt i gang med å følge opp havvindambisjonane sine. Sørlege Nordsjø II blei tildelt Ventyr SN II AS i 2024, og Utsira Nord blei lyst ut i 2025.

I 2024 blei det installert 2,6 GW ny havvindkapasitet i Europa, ein nedgang på 32 prosent frå året før. Totalt var det omtrent 37 GW installert kapasitet i drift i Europa ved utgangen av 2024, medan det globalt var omtrent 80 GW i drift. Ambisjonane for havvind i Europa framover er betydelege, og landa rundt Nordsjøen har samla ambisjonar om 300 GW frå havvind i Nordsjøen innan 2050. Det meste av dagens havvindkapasitet i Europa ligg i Nordsjøen, og Nordsjøen vil også

stå for hovuddelen av den nye kapasiteten fram mot 2050.

Dei siste tiåra har kostnadene for havvind gått ned. Dei siste åra, derimot, har kostnadene auka, mellom anna som følge av forstyrringar og press i leverandørkjeder, høgare råvareprisar, inflasjon og auka renter. Det har medført at fleire havvindprosjekt har blitt kansellerte, og det er gjennomført havvindauksjonar utan at det har komme bod. Dette reflekterer utfordringane i bransjen. Det er brei konsensus i analysemiljøa om at utviklinga vil snu, men det er svært usikkert når det vil skje. Ei samla europeisk havvindnæring meiner det er behov for eit nytt auksjonsdesign og forbetra støttemekanismar for at havvindprosjekt skal vere moglege å gjennomføre frå eit bedriftsøkonomisk synspunkt. Myndigheitene i europeiske land arbeider med å utvikle nye løysingar for å støtte vidare vekst i havvindsektoren.

I 2024 leverte NVE, saman med ei direktoratsgruppe, ei strategisk konsekvensutgreiing av områda Vestavind B, Vestavind F og Sørvest F. Dei 17 resterande områda som kan eigne seg for havvind, blei greidde ut i løpet av første halvår 2025, og NVE leverte den strategiske konsekvensutgreiinga av desse områda i juni 2025. Utgreiinga blei send på offentleg høyring, og departementet vil, mellom anna basert på utgreiinga og innspela frå høyringa, lage ein plan for utviklinga av havvind framover. Regjeringa legg vidare opp til jamlege utlysingar av areal og støttekonkurransar. Statsstøtte vil bli vurdert og tatt stilling til i samband med utlysingsrundane.

Regjeringa sine tiltak for å fremme CO_2-handtering omfattar eit breitt spekter av aktivitetar, inkludert forsking, utvikling og demonstrasjon, i tillegg til internasjonalt arbeid. CLIMIT-programmet for forsking, utvikling og demonstrasjon av teknologi for CO_2-handtering, og ordninga med forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) er særleg sentrale verkemiddel.

Noreg har ein leiande posisjon internasjonalt innanfor CO_2-handtering. Med Langskip i drift demonstrerer Noreg ei komplett verdikjede frå fangst via transport til lagring. Prosjektet inneber etablering av ein operativ CO_2-lagerinfrastruktur, som allereie er tilgjengeleg for industriverksemder i både Noreg og Europa. I juni 2025 godkjende Energidepartementet utbyggingsplanen for fase 2 av Northern Lights. Denne fasen inneber ei betydeleg utviding av lagringskapasiteten for CO_2 på norsk sokkel – frå 1,5 til minst 5 millionar tonn per år. Dette markerer eit viktig steg i utviklinga av CO_2-lagring som ei ny norsk havnæring. Investeringa på 7,5 milliardar kroner blir gjennomført på kommersielt grunnlag, med støtte frå EU. Langskip demonstrerer at CO_2-handtering er både teknisk mogleg og trygt, og det legg grunnlaget for vidare læring, erfaringsdeling og gradvise kostnadsreduksjonar som kan komme framtidige prosjekt til gode. Utbygging av fleire anlegg i Europa og globalt vil vere avgjerande for at CO_2-handtering skal utvikle seg til eit effektivt og konkurransedyktig klimatiltak.

Fleire europeiske land anerkjenner no at CO_2-handtering er ein avgjerande teknologi for å redusere utslepp frå tungindustri og andre sektorar, der tiltak som elektrifisering eller endring av råvarer ikkje kan gi tilstrekkelege kutt. For å nå målet om å redusere utsleppa med minst 55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990-nivå har EU gitt CO_2-handtering ein stadig meir sentral plass i den overordna klimapolitikken. Denne utviklinga er også eit resultat av at næringslivet i aukande grad ser CO_2-handtering som ein føresetnad for å kunne halde oppe produksjonen i Europa og samtidig redusere utslepp. Større aktørar i sement-, stål- og kjemikalieindustrien inngår no partnarskap for å dele infrastruktur og kostnader, noko som bidrar til å senke terskelen for å ta teknologien i bruk. Samtidig gir EU økonomisk prosjektstøtte til innovative lågutsleppsteknologiar og til utvikling av grensekryssande infrastruktur for energiløysingar gjennom Innovasjonsfondet og Connecting Europe Facility (CEF). Kombinasjonen av nasjonale initiativ som Langskip og ei aukande europeisk satsing gjer at CO_2-handtering er i ferd med å utvikle seg frå eit pilotkonsept til ein viktig klimateknologi. Samtidig krev CO_2-handteringsprosjekt store investeringar, og dei er ofte prega av høg teknologisk og økonomisk risiko. Kostnadene er høge, og dagens CO_2-prisar er ikkje tilstrekkelege til å utløyse slike prosjekt utan betydeleg offentleg støtte. I tillegg tar utviklinga tid, og usikkerheit om framtidige rammevilkår og inntektsstraumar gjer det krevjande å ta investeringsavgjerder.

Hydrogen produsert utan eller med låge utslepp kan få ned utsleppa i sektorar der mellom anna direkte elektrifisering ikkje er eit alternativ. Regjeringa har som mål å medverke til samanhengande verdikjeder for hydrogen produsert utan eller med låge utslepp, og bidrar med ei rekke verkemiddel for å støtte opp under dette målet. Verkemidla omfattar støtte til forsking, utvikling og demonstrasjon, og marknadsintroduksjon. I perioden 2021–2024 blei det løyvd meir enn 7,5 milliardar kroner til hydrogenformål gjennom Enova, Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg.

I Noreg er det særleg den maritime sektoren som er venta å ta i bruk hydrogen tidleg. Enova gav tilsegn om støtte til etablering av hydrogenknutepunkt langs kysten i 2024, og vil følge opp med ei eiga støtteordning for ammoniakkbunkringsanlegg. Enova har også støtta meir enn 30 fartøy som vil kunne drivast med hydrogen eller ammoniakk. Eitt av selskapa som har fått støtte, er GreenH, som mellom anna skal levere hydrogen til Noregs lengste ferjesamband, mellom Bodø og Lofoten. Om få år vil Torghatten Nord drifte sambandet med hydrogendrivne ferjer, som skal byggast på Myklebust Verft utanfor Ålesund. Våren 2025 blei den andre auksjonsrunden til EUs hydrogenbank offentleggjort. Tre norske prosjekt – i Rjukan, Mosjøen og Hammerfest – fekk tilsegn om støtte i sterk europeisk konkurranse. Alle prosjekta rettar seg primært mot maritim sektor.

Trass i dette har utviklinga på hydrogenområdet gått seinare enn mange hadde venta. Bruk og produksjon av hydrogen utan eller med låge utslepp er svært kostbart og inneber vesentlege energitap. I tillegg er det stor uvisse om den framtidige marknaden. Sjølv med betydeleg offentleg støtte og merksemd både i EU og andre delar av verda har mange prosjekt hatt utfordringar med investeringsavgjerder og gjennomføring.

Å utvikle ny kunnskap, ny teknologi og nye løysingar for å auke verdiskapinga og redusere klimagassutsleppa frå energi- og petroleumsverksemda er sentralt for at Noreg skal ha eit godt velferdsnivå og eit sikkert energisystem og nå målet om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Denne satsinga er, og må vere, langsiktig. Historisk har satsinga ført til at Noreg er verdsleiande innanfor anlegg for produksjon av olje og gass under vatn og innanfor teknologi og løysingar for havvind og CO_2-handtering. Forskinga som blir finansiert over budsjettet til departementet, skal mellom anna bidra til å auke fornybar energiproduksjon, effektivisere energisystemet, sørge for sikker energiforsyning og erstatte fossil energi med fornybare energikjelder og energiberarar som hydrogen produsert utan eller med låge utslepp. Forskinga skal også bidra til å redusere klimagassutsleppa frå produksjon og bruk av fossile energikjelder.

Den langsiktige og omfattande satsinga på forsking og utvikling innanfor energi og petroleum har resultert i internasjonalt konkurransedyktige bedrifter og forskings- og teknologimiljø i Noreg. Satsinga på energiforsking samsvarer godt med satsinga i EU og elles i verda. Norske universitet, institutt og bedrifter gjer det svært godt i klima-, energi- og mobilitetsdelen av det europeiske forskingsprogrammet Horisont Europa. I 2024 blei det signert 62 kontraktar, og norske miljø har samla tatt imot 525,5 millionar euro (om lag 6,2 milliardar kroner) til prosjekt på energiområda i perioden frå januar 2021 til hausten 2024.

Leverandørindustrien i den norske fornybarnæringa har auka omsetninga over tid, og dei internasjonale marknadene har stått for ein stor del av auken. Ifølge rapporten *Utredning av de norske energinæringene i 2023*, utarbeidd av Multiconsult, gjeld dette særleg for havvind og solkraft. I 2023 hadde leverandørnæringa innanfor havvind ein auke i omsetninga på nær 30 prosent samanlikna med 2022. Det er den internasjonale omsetninga til havbasert vindkraft som er den største drivaren til omsetningsveksten i den norsk fornybarnæringa. Fleirtalet av leverandørane innanfor havvind kjem frå oljeserviceindustrien. Mange av dei har ein strategi for å omstille seg gradvis frå oljeservice til vekst innanfor havvind og fornybar energi, og er på ulike stadium i denne omstillinga.

Den petroleumsretta delen av leverandørindustrien er framleis størst i omsetning, verdiskaping og sysselsetting, og har ein sterk posisjon internasjonalt. Rapporten viser ei positiv utvikling i norske energinæringar, der den petroleumsretta industrien beheld styrken sin, medan fornybarnæringa ekspanderer.

Tabell 4.2 Omsetning frå fornybar energi, CO_2-handtering og hydrogen

(i mrd. kroner)

Bransje	Total omsetning	Nasjonal omsetning	Eksport-omsetning	Utanlands-omsetning
Havbasert vindkraft	44,6	6,0	20,2	18,4
Solenergi	13,3	4,2	2,9	6,2
Vasskraft	11,8	10,0	0,7	1,1
Landbasert vindkraft	8,1	3,9	1,8	2,4
Bioenergi	4,5	2,5	0,9	1,1
Totalt fornybar energi	82,3	26,6	26,5	29,2
Hydrogen	4,0	1,1	1,5	1,4
CO_2-handtering	3,9	3,2	0,4	0,3
Totalt	90,2	30,9	28,4	30,9

Kjelde: Multiconsult, 2023

Tabell 4.3 Omsetning frå petroleumsnæringa

(i mrd. kroner)

Bransje	Total omsetning	Nasjonal omsetning	Eksport-omsetning	Utanlands-omsetning
Topside	112,4	84,8	15,9	11,7
Subsea	78,8	39,3	36,1	3,4
Boring og brønn	96,2	83,1	11,2	1,9
Seismikk	31,5	6,9	20,3	4,3
Maritim	59,9	28,0	22,7	9,1
Støttefunksjon	63,5	51,7	7,0	4,8
Totalt	442,3	293,8	113,2	35,2

Kjelde: Multiconsult, 2023

Havvindprosjekt under utvikling

Sørlege Nordsjø II

Prosjektområdet i Sørlege Nordsjø II, første fase, blei tildelt Ventyr SN II AS etter ein auksjon i 2024. Ventyr har starta arbeidet med konsekvensutgreiingane og planlegg å levere konsesjonssøknad i mars 2026. Investeringsavgjerd er venta i 2028, og selskapet har mål om at prosjektet skal vere i drift innan utgangen av 2031.

Dei overordna utbyggingsplanane for prosjektet omfattar ein storskala havvindpark med mellom 81 og 100 turbinar og ein samla installert effekt på 1 500 MW. Prosjektet inkluderer ein omformarstasjon til havs, interne kablar i vindparken, sjøkabel for transport av kraft til land, jordkabel og/eller mikrotunnel på land, ein ny omformarstasjon på land og kraftleidning. Tilkopling til sentralnettet skal skje ved Statnetts eksisterande transformatorstasjon i Kvinesdal.

Staten har inngått ein differansekontrakt med Ventyr, med ei øvre kostnadsramme på 23 milliardar 2023-kroner, jf. fullmakt i Vedlegg 1. Det er utbyggaren som skal bygge, eige, drifte og vedlikehalde havvindparken. Når parken startar kraftproduksjon, vil staten betale utbyggaren differan-

sen mellom kontraktsprisen (115 øre per kWh, 2023-kroner) og ein referansepris. Dersom referanseprisen overstig kontraktsprisen, skal utbyggaren betale differansen tilbake til staten.

Departementet legg til grunn at teknikken i rammeverket for OPS-prosjekt (offentleg-privat samarbeid) skal nyttast ved løyvingane av støtte til havvindprosjekta. Det inneber at løyvingane skal komme om lag i takt med aktiviteten i prosjekta, som i hovudsak skjer i utbyggingsfasen. Ein del av løyvingane, om lag tilsvarande dei anslåtte kostnadene til drift, vedlikehald, fjerning og opprydding, foreslår departementet likevel å utsette til driftsfasen. For Sørlege Nordsjø II er denne delen anslått til 20 prosent av dei samla utgiftene for staten. Basert på denne løyvingstakten, og med ein føresett utbyggingsstart i 2028, er det anslått at den første løyvinga vil komme same år og utgjere 6,9 milliardar 2026-kroner.

Utsira Nord

Utsira Nord omfattar tre prosjektområde for flytande havvind, kvar med ein kapasitet på 500 MW. Tildelinga av områda skal skje gjennom ein kvalitativ konkurranse på objektive og ikkje-diskriminerande vilkår. Søknadsfrist var 15. september 2025. Departementet fekk inn to søknader.

Aktørar som får tildelt prosjektområde, får høve til å vidareutvikle prosjektet sitt gjennom ein modningsfase før dei kan delta i ein konkurranse om statsstøtte. Konkurransen blir gjennomført dersom minst to aktørar har levert ein konsesjonssøknad som oppfyller alle krav i, eller i medhald av, energilova og havenergilova.

I samsvar med havenergilovforskrifta § 7 har rettshavar to år på seg til å sende inn konsesjonssøknad med prosjektspesifikk konsekvensutgreiing. Støttekonkurransen blir i utgangspunktet gjennomført så snart som mogleg etter dette. Vinnaren er den aktøren som treng minst støtte per MW. Statsstøtta blir gitt som investeringsstøtte, der 10 prosent blir utbetalt etter at investeringsavgjerda er tatt. Resten av støtta blir utbetalt når anlegget er ferdigstilt.

Investeringsstøtta kan ikkje overstige ei kostnadsramme på 35 milliardar 2025-kroner, jf. fullmakt i Vedlegg 1. Departementet legg til grunn at teknikken i rammeverket for OPS-prosjekt skal nyttast for å løyve støtte også til Utsira Nord. Basert på den informasjonen departementet har om framdrifta i prosjekta i dag, er det venta at første løyving til Utsira Nord kjem i 2030. Storleiken på løyvinga vil avhenge av resultatet i støttekonkurransen.

Hovudmål

Regjeringa legg til rette for utbygging av havvind og etablering av CO_2-handtering som ein del av det å omstille økonomien til eit lågutsleppssamfunn. Regjeringa vil også legge til rette for at Noreg skal bidra aktivt til, og dra nytte av, den globale energiomstillinga som er nødvendig for at verda og Noreg skal nå klimamåla.

Eit hovudprinsipp for ei grøn dreiing av det næringsretta verkemiddelapparatet er at prosjekt som får støtte, skal ha ein plass på vegen mot å oppfylle Noregs forpliktingar under Parisavtalen og bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Prinsippet omfattar både prosjekt med nøytral effekt og prosjekt med positiv effekt på den grøne omstillinga, og er for eksempel ikkje til hinder for å støtte gode prosjekt i petroleumsnæringa.

Havvind

Regjeringa har som mål at satsinga på havvind skal fremme industriutvikling, legge til rette for innovasjon og teknologiutvikling, og bidra til meir utsleppsfri kraftproduksjon i Noreg. Ambisjonen er å tildele areal med potensial for 30 GW havvindproduksjon på norsk sokkel innan 2040.

CO_2-handtering

Noreg har ein leiande posisjon innanfor CO_2-handtering i Europa, og regjeringa vil halde fram med å fremme CO_2-handtering, med mål om at det skal bli eit kostnadseffektivt klimatiltak. Satsinga på Langskip er hovudsatsinga på området, og legg grunnlaget for ein ny grøn industri både i Noreg og i Europa. Prosjektet viser at det er mogleg å kombinere industriell utvikling med ambisiøse klimamål.

Hydrogen

Regjeringa vil bidra til å utvikle ei samanhengande verdikjede for hydrogen produsert utan eller med låge utslepp, der produksjon, distribusjon og bruk blir utvikla parallelt. Innsatsen omfattar deltaking i europeiske samarbeidsforum og -program, regelverksutforming innanfor EØS, forskingssamarbeid, bilateralt samarbeid med relevante land og utvikling av ein nasjonal marknad for hydrogen.

Energi – eksport, forsking og utvikling

Forsking, teknologiutvikling og demonstrasjon innanfor energiområdet skal bidra til langsiktig

verdiskaping og ei sikker, kostnadseffektiv og berekraftig utnytting av energi- og petroleumsressursane i eit lågutsleppssamfunn.

Satsinga på energi- og petroleumsforsking er avgjerande for å nå måla om energiomstilling, nye grøne næringar og reduserte klimagassutslepp i Noreg, og for å auke eksportinntektene. Forskinga skal også bidra til å vidareutvikle energinæringane og sikre at dei er lønnsame i framtida. Forsking og utvikling skal dessutan bidra til å utvikle kunnskapsgrunnlaget om sikkerheit, sikring, arbeidsmiljø, arbeidshelse og risikoforhold i petroleumsnæringa.

Forskings- og utviklingsinnsatsen har følgande delmål:

- bidra til langsiktig kunnskaps- og teknologiutvikling for eit sikkert, robust og fleksibelt energisystem
- fremme konkurranseevne og auka verdiskaping i energi- og petroleumsnæringane i Noreg
- bidra til ei kunnskapsbasert energiomstilling fram mot lågutsleppssamfunnet innan 2050
- bidra med ny kompetanse, teknologi og innovasjon som forbetrar HMS-tilstanden i havindustrinæringane og sikringa i petroleums- og energinæringa

Forskingsinnsatsen og teknologiutviklinga skal ha føreseielege rammevilkår, vere langsiktige og samtidig kunne tilpasse seg nye behov og endringar i samfunnet. Offentleg støtte skal forsterke og utløyse FoU-aktivitet i næringane sjølve. Midlane skal gå til prosjekt med samfunnsøkonomisk nytte som ikkje ville blitt realiserte, eller som ville fått mindre omfang, utan støtte.

Som ein del av eksportløftet «Hele Norge eksporterer» har regjeringa sett i verk tiltak som kan bidra til at Noreg når målet om å auke eksporten utanom olje og gass. Havvind er den største sektorsatsinga, og Innovasjon Noreg og Norwegian Energy Partners (NORWEP) er sentrale verkemiddel i denne satsinga.

For å oppnå best mogleg effekt av dei samla ressursane er det nødvendig med godt samarbeid på tvers av verkemiddelaktørane. Det er også viktig at næringslivet held fram med å bidra, både finansielt og med faglege ressursar, slik at innsatsen blir styrt av dei samla marknadsprioriteringane i næringa.

Tabell 4.4 Oversikt over sentrale strategiar og verkemiddelaktørar

Verkemiddel	Formål
Energi2050 – nytt strategiorgan for forsking og innovasjon på energiområdet	Energidepartementet har vedtatt å utvikle ein samla FoU-strategi kalla Energi2050. Strategien omfattar verksemda til departementet og dekker energi, petroleum, CO_2-handtering og havbotnmineralutvinning. Departementet har utarbeidd eit mandat for eit nytt strategistyre, som blei etablert i april 2025. Energi2050 skal erstatte dei eksisterande strategiane Energi21 og OG21, som vil gjelde fram til Energi2050 har etablert sin strategi.
Noregs forskingsråd	Forskingsrådet har ansvar for å auke kunnskapsgrunnlaget og bidra til å dekke det behovet samfunnet har for forsking og teknologiutvikling ved å fremme grunnleggande og anvend forsking og innovasjon. Forskingsrådet, som er underlagt Kunnskapsdepartementet, har fem mål: – å auke den vitskaplege kvaliteten – å auke verdiskapinga i næringslivet – å møte store samfunnsutfordringar – å sikre eit velfungerande forskingssystem – å tilby god rådgiving Den samla måloppnåinga for verksemda i Noregs forskingsråd er omtalt i budsjettproposisjonen for Kunnskapsdepartementet.
Gassnova SF	Gassnova skal fremme teknologiutvikling og kompetanseoppbygging for kostnadseffektive og framtidsretta løysingar for fangst, transport og lagring av CO_2.

Tabell 4.4 Oversikt over sentrale strategiar og verkemiddelaktørar

Verkemiddel	Formål
Enova SF	Enova skal bidra til at Noreg oppfyller klimaforpliktingane sine, og til omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Aktiviteten i Enova skal rettast mot seinfase teknologiutvikling og tidleg marknadsintroduksjon, med sikte på å oppnå varige marknadsendringar slik at løysingar som er tilpassa lågutsleppssamfunnet, på sikt blir føretrekte utan støtte. Aktiviteten kan rettast inn mot alle sektorar.
Nordisk Energiforsking	Nordisk Energiforsking støttar opp under det nordiske energisamarbeidet ved å finansiere og fremme nordisk forskingssamarbeid og skape eit forskingsbasert grunnlag for energipolitiske avgjerder. Nordisk Energiforsking blir finansiert i fellesskap av dei nordiske landa og høyrer inn under Nordisk ministerråd.
Teknologisenter Mongstad	Teknologisenter Mongstad skal bidra til teknologiutvikling og kvalifisering av teknologi for større utbreiing av CO_2-fangst globalt, og for reduksjon i kostnader og risiko ved fullskala CO_2-fangst.
Langskip	Langskip skal demonstrere at CO_2-handtering er trygt og mogleg, og i tillegg legge til rette for læring og kostnadsreduksjonar for etterfølgande prosjekt i Europa og verda.
Norwegian Energy Partners	Norwegian Energy Partners skal styrke det langsiktige grunnlaget for norsk verdiskaping og sysselsetting i energirelaterte verksemder ved å legge til rette for internasjonal forretningsutvikling.
Nasjonalt eksportråd	Eksportrådet skal bidra til å samle dei ulike verkemiddelaktørane som arbeider med eksportnæringane, gi innspel til større satsingar på eksportfremming og gi regjeringa råd om ei strategisk innretning på eksportarbeidet. Rådet består av representantar frå næringslivet og partane i arbeidslivet.
Team Norway	Team Norway er eit nettverksbasert samarbeid mellom ulike offentlege og private aktørar som arbeider for å fremme norske næringsinteresser internasjonalt.

Energidepartementets mål og oppgåver

Energidepartementet har ansvar for å følge opp regjeringa sin politikk for klima, industri og teknologi innanfor ansvarsområda sine. Dette arbeidet er forankra i Meld. St. 11 (2021–2022) *Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiressurser*. Satsingane på havvind, hydrogen og CO_2-handtering står sentralt i denne samanhengen.

Havvind

Departementet vil i 2026 arbeide for at satsinga på havvind bidrar til industriutvikling, legge til rette for innovasjon og teknologiutvikling og støtte opp under målet om meir utsleppsfri kraftproduksjon i Noreg. Som del av dette arbeidet planlegg departementet å tildele prosjektområde for Utsira Nord, som blei lyste ut i 2025, og etter tildelinga følge opp den vidare prosjektutviklinga for dei tildelte områda. Departementet vil også følge opp Ventyr, som er i gang med den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga av Sørlege Nordsjø II-prosjektet.

Departementet vil i 2026 utarbeide ein plan for den framtidige utviklinga av havvind i Noreg. Planen skal, mellom anna bygge på NVEs strategiske konsekvensutgreiing av område som er aktuelle for fornybar energiproduksjon til havs, og høyringa av utgreiinga. Målet er å etablere eit godt grunnlag for vidare områdeutpeiking og utlysingar.

I utvikling av havvind vil departementet halde fram med å samarbeide med andre land. Departementet vil delta aktivt i Nordsjøsamarbeidet (NSEC), som er ein sentral arena for samarbeid

om utvikling av havvind i Nordsjøbassenget. Departementet vil også vidareføre dialogen med myndigheitene i andre land og EU om utviklinga av havvind og regelverk for havvind.

Departementet vil, i samarbeid med NORWEP og andre delar av verkemiddelapparatet, arbeide for å realisere vekstpotensialet innanfor internasjonal omsetning og eksport av norske havvindløysingar.

CO_2-handtering

Energidepartementet skal legge til rette for utvikling av teknologi for fangst, transport og geologisk lagring eller alternativ bruk av CO_2 som reduserer utslepp av klimagassar og bidrar til utbreiing av CO_2-handtering internasjonalt.

Departementet skal – i samarbeid med utanrikstenesta, andre departement, Noregs forskingsråd og Gassnova – arbeide for å fremme fangst og lagring av CO_2 som klimatiltak internasjonalt. Vidare skal departementet arbeide tett med EU og delta i internasjonalt samarbeid for å dele kunnskap om CO_2-handtering og bidra til utviklinga av rammer og regelverk for fangst og lagring av CO_2.

I 2026 vil departementet halde fram med å følge opp Langskip og arbeidet med å realisere gevinstar frå prosjektet. I august 2025 blei dei første CO_2-voluma frå fangstprosjektet til Heidelberg Materials i Brevik injiserte i Northern Lights sitt lager under havbotnen på norsk sokkel. Hafslund Celsio gjorde ei ny investeringsavgjerd for CO_2-fangstprosjektet på avfallsforbrenningsanlegget på Klemetsrud i Oslo i januar 2025 og planlegg å starte fangst av CO_2 i 2029.

I statsbudsjettet for 2027 tar regjeringa sikte på å legge fram eit forslag om ei ordning som gir rett til eit fast tilskot per tonn CO_2 for negative utslepp. Negative utslepp omfattar fangst av biogene utslepp eller fangst av CO_2 direkte frå atmosfæren. Ei slik ordning, ofte kalla «omvend avgift», inneber at kvalifiserte aktørar får eit fast beløp per tonn biogent CO_2 som dei fangar og lagrar, tilsvarande for eksempel CO_2-avgift eller kvotepris. Negative utslepp står i dag ikkje overfor ein CO_2-pris, slik fossile utslepp gjer. Ei ordning for negative utslepp har derfor som mål å gi insentiv til å redusere også biogene utslepp. Ei slik ordning kan dessutan vere administrativt effektiv, for både staten og for støttemottakarane. Ordninga skal gi føreseieleg støtte og legge til rette for eit normalt prosjektmodningsløp. Ei slik ordning vil kunne utløyse samfunnsøkonomisk effektive prosjekt. Ordninga vil bli tilpassa EUs kvotesystem dersom dette på sikt opnar for å inkludere negative utslepp. Departementet vil gå i dialog med ESA for å avklare spørsmål om statsstøtte. Det blir elles vist til omtale under kapittel 3 Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak i del I av proposisjonen.

Teknologisenter Mongstad (TCM) er verdas største og mest fleksible testsenter for CO_2-fangstteknologi. Avtalen for drift av teknologisenteret går ut 31. desember 2025. Gassnova samarbeider med industriaktørar for å etablere ein berekraftig forretningsmodell og langsiktig avtale for vidare drift. Vidare statleg eigarskap og deltaking føreset auka brukarbetaling, reduserte utgifter for staten eller andre kommersielle løysingar som reduserer staten sine utgifter på lang sikt. Dersom partane ikkje blir einige om ei løysing, kan senteret bli avvikla. Det vil innebere kostnader til selskapsavvikling, demobilisering og fjerning av infrastruktur. Departementet følger opp Gassnova og arbeidet med å planlegge vegen vidare for teknologisenteret.

Hydrogen

Energidepartementet følger opp hydrogenpolitikken gjennom tett samarbeid med eit breitt verkemiddelapparat og fleire departement, for å sikre ein heilskapleg og effektiv innsats. Hydrogen, dersom det blir produsert utan eller med låge utslepp, er ein utsleppsfri energiberar som kan redusere utslepp der elektrifisering ikkje er mogleg, og som ein innsatsfaktor i industriprosessar.

Samtidig er det enno ikkje etablert ein moden marknad for hydrogen, og utviklinga går seinare enn mange venta. Produksjon av hydrogen utan eller med låge utslepp krev store ressursar, mellom anna kraft eller naturgass, kompetent arbeidskraft, CO_2-lager og eigna areal som også er etterspurde av andre næringar. Utviklinga av hydrogenverdikjeder skjer i konkurranse med anna industri- og næringsverksemd i Noreg. Departementet er opptatt av at behov og prioriteringar på hydrogenområdet derfor må vegast opp mot andre samfunnsinteresser og annan ressursbruk, for å sikre at innsatsen er målretta og balansert i lys av nasjonale behov og moglegheiter.

Departementet følger utviklinga på hydrogenområdet både nasjonalt og internasjonalt, med særleg vekt på Europa. Deltakinga i relevante internasjonale samarbeidsforum vil bli ført vidare i 2026, mellom anna i Nordisk ministerråd, EU og Mission Innovation. Det same vil bilateralt samarbeid med land som Tyskland, Nederland og Storbritannia. Departementet vil

også bidra aktivt til utviklinga av regelverk og rammevilkår i EU.

Forsking og teknologiutvikling

I forvaltninga av løyvingar til Forskingsrådet vil departementet følge opp Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forsking og høyere utdanning 2023–2032*.

Departementet vil føre vidare den etablerte forvaltninga av FoU-løyvingane til Forskingsrådet og Gassnova gjennom tildelings- og oppdragsbrev og ordinære styringsmøte og som observatør i porteføljestyret for energi og transport. I 2026 vil departementet også følge opp oppstarten av strategiorganet Energi2050 og utviklinga av ein ny forskingsstrategi. Saman med Gassnova og Forskingsrådet vil departementet sørge for vidareføring av CLIMIT-programmet.

Departementet vil følge med på aktiviteten ved forskingssentera for miljøvennleg energi (FME) og forskingssentera for petroleum (PETROSENTER). Dette er konsentrerte og langsiktige satsingar på nye energi- og petroleumsteknologiar, der forsking og teknologiutvikling skjer i eit tett samarbeid mellom forskingsmiljø, næringsliv og forvaltning.

I 2026 vil departementet rette særleg merksemd mot Forskingsrådets utlysing av nye forskingssenter for petroleum, tildelinga av eit nytt senter for berekraftig areal og naturbruk og arbeidet med ei utlysing for nye samfunnsfaglege senter med søkelys på energiomstilling og konsekvensar for samfunn, klima og natur.

I arbeidet med utgreiinga av kjernekraft som ei mogleg energikjelde i Noreg vil kunnskap, forsking og teknologiutvikling stå sentralt. Utgreiinga skal vere ferdig innan 1. april 2026.

Departementet vil føre vidare FoU-innsatsen innanfor helse, miljø, sikkerheit og sikring i petroleumsnæringa. Innsatsen skal bidra til grunnleggande og anvend forsking med sikte på ny kompetanse, teknologi og innovasjon som bidrar til å forhindre storulykker og forbetre HMS-tilstanden og sikringa i næringa. Eit mest mogleg relevant kunnskapsgrunnlag er avgjerande for å halde oppe det høge nivået på HMS og sikring.

Departementet er engasjert i ei rekke internasjonale samarbeidsforum retta mot energi- og petroleumsforsking. Departementet er opptatt av at norske energiaktørar skal lykkast med deltaking i EUs forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa (2021–2027), og at det skal vere gode moglegheiter for norske energiaktørar til å delta i det kommande rammeprogrammet, FP10 (2028–2034). Departementet legg til rette for dette gjennom å delta i relevante komitear og møteplassar nasjonalt og i EU, inkludert styringsgruppa for SET-planen (EUs Strategic Energy Technology Plan). Det finansierer verkemiddel i Forskingsrådet som skal styrke deltakinga i og påverke innretninga av EUs forskings- og innovasjonssatsing i tråd med norske interesser.

Departementet er også med på andre internasjonale samarbeidsarenaer for FoU, som Det internasjonale energibyrået (IEA), Mission Innovation og Nordisk Energiforsking. Dessutan følger departementet opp ulike bilaterale FoU-samarbeid, mellom anna med USA og Brasil.

Næringsutvikling og internasjonalisering

Departementets arbeid med næringsutvikling og internasjonalisering skal støtte opp under utviklinga av konkurransekraft for energiindustrien, både i Noreg og i internasjonale marknader. Norske selskap innanfor alle delane av energinæringane har gode føresetnader for å delta i globale marknader for lågutsleppsløysingar. Teknologioverføringar mellom næringane, høg grad av digitalisering og næringsretta forsking og eit fleksibelt næringsliv med høg kompetanse er alle viktige faktorar for å halde oppe konkurransekrafta.

Å støtte norske selskap internasjonalt er viktig for sysselsetting og verdiskaping over heile landet. Å bidra til at næringa lykkast i internasjonale marknader, gjer at norsk eksport kan auke også innanfor nye næringar. Energidepartementet følger derfor opp energinæringane i dette arbeidet og deltar i eksportsatsinga til regjeringa saman med andre verkemiddelaktørar.

Departementet arbeider for eit høgt nivå på verdiskaping, sysselsetting og kompetanse i energinæringane. Departementet skal halde fram med å bidra til konkurransekrafta i energinæringane både i Noreg og i globale marknader. Dette blir gjort mellom anna ved hjelp av eit fagleg sterkt og relevant verkemiddelapparat og ei næringsretta energiforsking. Departementet vil i tillegg arbeide for å realisere potensialet for omstilling og kompetanseoverføring gjennom eit tett samspel mellom petroleumsnæringa, fornybarnæringa og maritime næringar. Målet er å auke konkurransekrafta internasjonalt og med det også å auke eksporten frå næringane.

Det er nødvendig at norske myndigheiter målrettar bruken av dei samla ressursane i det norske verkemiddelapparatet. Dette blir gjort i nært samarbeid med aktørar innanfor Team Norway og med Nasjonalt eksportråd.

Energidepartementets resultat for 2024

Havvind

Departementet styrkte arbeidet med havvind i 2024, mellom anna gjennom fleire nye stillingar. I mars 2024 gjennomførte departementet den første auksjonen for prosjektområde for havvind på norsk kontinentalsokkel. I forkant av auksjonen vurderte departementet fleire søknader om deltaking. Vinnaren blei Ventyr SN II AS med ein bodpris på 115 øre per kWh. Ventyr inngjekk ein differansekontrakt med staten, fekk tildelt prosjektområdet og sende inn melding med forslag til eit prosjektspesifikt utgreiingsprogram som var på høyring. Utgreiingsprogrammet blei fastsett av NVE i oktober 2024.

Basert på erfaringar frå den første utlysinga og evalueringa av den arbeidde departementet i 2024 med å førebu utlysinga av Utsira Nord i 2025. Departementet fekk den strategiske konsekvensutgreiinga frå NVE for områda Vestavind F, Vestavind B og Sørvest F i november 2024 og sende denne på høyring i desember.

Departementet har over tid arbeidd med ein modell for tildeling av areal og statsstøtte til flytande havvind og har mellom anna hatt dialog med ESA om notifisering av støtteordninga. Innretninga av støtteprogrammet var på offentleg høyring sommaren 2024. Stortinget har gitt Energidepartementet fullmakt til å inngå forpliktingar om støtte til flytande havvind i Vestavind F og Vestavind B, innanfor ei samla kostnadsramme på 35 milliardar 2025-kroner. Departementet har fått fullmakt til å prisjustere kostnadsramma, jf. fullmakt i Vedlegg 1.

Som ein del av opningsprosessen og førebuinga til havvindutlysinga i 2025 har departementet sett i gang ei omfattande naturkartlegging av dei aktuelle havvindområda. Kartlegginga kjem i tillegg til den strategiske og prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga og omfattar feltundersøkingar av sjøfugl gjennom SEAPOP og SEATRACK, Mareano-kartlegging, overvaking av fisk og sjøpattedyr ved Havforskingsinstituttet og auka radardekning som gir betre havvarslingstenester i Nordsjøen.

Departementet har gitt NVE ei koordineringsrolle for arbeidet med naturkartlegging. Som del av denne satsinga fekk Havforskingsinstituttet, Kartverket, Noregs geologiske undersøking (NGU) og Meteorologisk institutt i 2024 tildelt til saman 113 millionar kroner til arbeid med kunnskapsinnhenting i havvindområda som var aktuelle for utlysing i 2025.

På oppdrag frå departementet blei det i 2024 gjennomført to tokt under Mareano-programmet som dekte havvindområda Vestavind B, Vestavind F og Sørvest F. Målet med tokta var å kartlegge havdjupna i dei områda i Sørvest F og Vestavind F der denne mangla, og gjere geologi-, biologi- og kjemitokt (GKB) og kvalitetssikring og behandling av data. Kartverket ferdigstilte kartlegginga av havdjupna i felt, medan Havforskingsinstituttet og NGU gjennomførte GKB-kartlegging i ein del av områda. Arbeidet blei ikkje fullført som planlagt på grunn av dårleg vêr og tekniske utfordringar.

På oppdrag frå departementet har Havforskingsinstituttet starta eit kartleggings- og overvakingsprogram for fisk og sjøpattedyr og sett i gang innkjøpsprosessar for mellom anna observasjonsplattformer, kystglidarar og akustiske mottakarar for telemetri og hydrofonar. Leveringsutfordringar førte til at noko utstyr ikkje kom på plass som planlagt i 2024, og innkjøpsprosessane held derfor fram i 2025.

Som del av satsinga på kunnskapsinnhenting for havvind fekk Meteorologisk institutt tilskot til innkjøp av to nye høgfrekvensradarar (HF-radarar). Desse blei bestilte hausten 2024, og radarinstallasjonane er forventa å bli klare i løpet av 2025. Dei nye HF-radarane vil gi kunnskap om havstraumar og om kva miljøeffektar havvind kan ha på økosystemnivå.

Resultata frå SEAPOP/SEATRACK er omtalte under kap. 1850, post 73.

Departementet har arbeidd vidare med korleis konsesjonsprosessen og myndigheitsbehandlinga kan organiserast og effektiviserast. NVE og RME har levert fire rapporter med innspel til forvaltningsregimet for havvind, inkludert ansvars- og oppgåvefordelinga mellom departementet, NVE og RME for både energiproduksjonen og nettanlegg.

Departementet har i 2024 deltatt aktivt i Nordsjøsamarbeidet (NSEC), ein viktig arena for mellom anna utvikling av nettinfrastruktur. Gjennom deltakinga har departementet fremt norske interesser og styrkt samarbeidet med nabolanda, mellom anna gjennom bilateral dialog med landa rundt Nordsjøen.

CO_2-handtering

Energidepartementet har i 2024 bidratt til utbreiing av CO_2-handtering, mellom anna gjennom finansiering av Langskip, støtte til teknologiutvikling og internasjonalt samarbeid. Departementet har hatt eigaroppfølging av Gassnova og har saman med dei følgt opp Langskip og eigarinteressene i Teknologisenter Mongstad. Departe-

mentet har også følgt opp arbeidet med å realisere gevinstar frå Langskip, og ein ser no resultat av dette arbeidet.

I 2024 blei det etablert eit kunnskapsgrunnlag om nye verkemiddel som kan legge til rette for CO_2-handtering i Noreg. På oppdrag frå departementet leverte Oslo Economics og Sintef Energi ei utgreiing om verkemiddel for CO_2-handtering ved avfallsforbrenning og i industrien. Utgreiinga omfattar heile CO_2-handteringskjeda og vurderer eit breitt sett med tiltak, som utgangspunkt for ei vidare satsing på CO_2-handtering.

Energidepartementet arbeider saman med andre departement og utanriksapparatet om å fremme CO_2-handtering internasjonalt. Noreg har signert bilaterale intensjonsavtalar med Belgia, Danmark, Nederland, Sverige, Frankrike og Finland om grensekryssande transport og lagring av CO_2. Intensjonsavtalane gjer det mogleg å importere CO_2 for lagring på norsk sokkel. Noreg har også hatt eit nært samarbeid med EU om CO_2-handtering i Europa.

Hydrogen

I 2024 blei det løyvd om lag 3,1 milliardar kroner til hydrogenformål gjennom Enova, Forskingsrådet og Innovasjon Noreg. Størsteparten av midlane gjekk til Enova sine program for hydrogen og ammoniakk i den maritime sektoren. Enova gav i løpet av året mellom anna støtte til 24 fartøy som skal nytte hydrogen eller ammoniakk som drivstoff – 11 hydrogenfartøy og 13 ammoniakkfartøy. I tillegg gav Enova i november tilsegn om støtte til fem nye knutepunkt for hydrogenproduksjon til maritim transport langs kysten, frå Kristiansand i sør til Bodø i nord.

Departementet har i 2024 følgt opp det etablerte internasjonale samarbeidet på hydrogenområdet. Dette omfattar mellom anna samarbeid på nordisk nivå og bilateralt samarbeid med Storbritannia og Tyskland. Samarbeidet med Tyskland har vore særleg prioritert og har blitt følgt opp gjennom ei felles arbeidsgruppe (task force) for norske og tyske myndigheiter, etablert hausten 2023. Frå norsk side har arbeidet vore leia av Energidepartementet i samarbeid med Utanriksdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Arbeidsgruppa har mellom anna kartlagt regulatoriske barrierar for storskala eksport av hydrogen frå Noreg til Tyskland. Departementet har lagt vekt på ei stegvis tilnærming, der det har vore viktig at ein eventuell hydrogeneksport er driven fram av industrien. Hausten 2024 blei dei industrielle prosjekta for produksjon av lågkarbonhydrogen basert på naturgass med CO_2-fangst og etablering av ei hydrogenrøyrleidning til Tyskland avslutta. Viktige årsaker var manglande etterspørsel frå europeisk industri. Departementet og tyske myndigheiter er einige om å vidareføre ein myndigheitsdialog på energiområdet.

Forsking og teknologiutvikling

Energidepartementet har i 2024 følgt opp FoU-løyvingane til Forskingsrådet og Gassnova i tråd med etablert praksis. Det inneber å delta som observatør i programstyret for CLIMIT og i porteføljestyret for energi og transport til Forskingsrådet og å ha dialog med Forskingsrådet og Gassnova i oppfølginga av løyvingane, mellom anna gjennom dei årlege styremøta. Departementet har også følgt opp arbeidet i FoU-strategiane OG21 og Energi21, mellom anna gjennom observatørrolla i dei departementsoppnemnde strategistyra.

Utover den ordinære forvaltningspraksisen har departementet hatt fleire strategiske oppgåver i 2024. Departementet har samarbeidd med Forskingsrådet om å slå saman dei to strategiane Energi21 og OG21 til strategien Energi2050, og har fått på plass eit interimsstyre som har komme med forslag til mandat for eit endeleg styre med oppstart i 2025.

Departementet har også bedt Forskingsrådet om å gjennomføre ein studie av effektane av energiforskinga, inkludert dei åtte FME-ane som blei avslutta i 2024/2025. Studien blei ferdigstilt i mai 2025. I 2024 blei det gjennomført ei markering rundt lanseringa av dei åtte nye FME-ane, som får til saman omkring 1,28 milliardar kroner over ein åtteårsperiode.

Departementet har vidare vore i dialog med Gassnova og Forskingsrådet om den framtidige organiseringa av CLIMIT-programmet. Det er foreslått ein ny struktur der programstyret blir avvikla og CLIMIT-FoU blir forvalta av Forskingsrådets porteføljestyre for energi og transport, medan CLIMIT-Demo blir forvalta av Gassnova.

Departementet har, i samarbeid med Forskingsrådet, deltatt i internasjonale forum for FoU-samarbeid på energi- og petroleumsområdet, hovudsakleg gjennom EU-samarbeidet, IEA og Nordisk Energiforsking. På EU-arenaen har departementet engasjert seg i arbeidet med EUs Strategic Energy Technology Plan (SET-planen), først og fremst gjennom å delta i styringsgruppa og den underliggande arbeidsgruppa for CO_2-handtering, som Noreg leiar saman med Nederland. Departementet har også deltatt i arbeid

knytt til programkomiteen for klima, energi og mobilitet i EUs forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa (2021–2027).

Innanfor IEA-samarbeidet har departementet mellom anna vore engasjert i den teknologiretta styringsgruppa CERT (Committee on Energy Research and Technology) og har saman med Forskingsrådet deltatt i oppfølginga av Nordisk Energiforsking og Mission Innovation (MI), eit globalt initiativ for å få fart på utbreiinga av nye energiteknologiar.

Departementet har ført vidare det bilaterale forskings- og teknologisamarbeidet med Brasil innanfor petroleum og fornybar energi, mellom anna gjennom arbeid med ei felles utlysing av midlar til forskingsprosjekt. Norsk industri og norske universitet og forskingsinstitutt har deltatt i dette samarbeidet.

I 2024 har departementet hatt dialog med Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo om oppfølginga av tilskot til gjennomføringa av Energikonferansen og Energioppdraget. Begge initiativa er resultat av eit samarbeid mellom Offshore Norge, Fornybar Norge, Universitet i Oslo og Energidepartementet.

Næringsutvikling og internasjonalisering

Departementet har i 2024 arbeidd aktivt for å styrke kunnskapsgrunnlaget for næringsutvikling og eksport innanfor energinæringane, mellom anna gjennom ei rekke møte med aktørar i energinæringane, inkludert bedrifter, relevante interesseorganisasjonar, NORWEP, andre verkemiddelaktørar og forskingsinstitutt. Det har vore ein omfattande kontakt med utanlandske aktørar, inkludert relevante myndigheiter, både ved besøk til Noreg og ved norske delegasjonar til utlandet.

Departementet har fått gjennomført ein studie av internasjonal omsetning og sysselsetting innanfor energinæringane, CO_2-handtering og hydrogen. Studien har gitt viktig kunnskap for arbeidet med eksport og bidratt med innsikt i utviklingstrekk framover og i korleis næringane blir påverka av marknadssituasjonen nasjonalt og internasjonalt.

Departementet har også deltatt aktivt i Team Norway-samarbeidet, saman med andre relevante departement og verkemiddelaktørar, og medverka i eksportsatsinga til regjeringa gjennom Nasjonalt eksportråd.

Kap. 1850 Klima, industri og teknologi

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	39 648	88 000	70 000
50	Fond for CO_2-handtering[1]	988 200	80 000	80 000
70	Gassnova SF	94 300	118 000	105 000
71	Teknologisenter Mongstad	65 924	89 000	69 000
72	Langskip – fangst og lagring av CO_2, *kan overførast*	2 109 225	2 160 000	1 900 000
73	Noregs forskingsråd, *kan overførast*		966 000	1 085 000
75	Norwegian Energy Partners	28 900	28 500	45 000
	Sum kap. 1850	3 326 197	3 529 500	3 354 000

[1] Rekneskap 2024 under post 50 inkluderer 913,2 millionar kroner til Noregs forskingsråd og 75 millionar kroner til Fond for CO_2-handtering. Midlane til Noregs forskingsråd er frå og med 2025 løyvde over post 73.

Om 2025

Ved vedtak i Stortinget 20. juni 2025 blei post 73 redusert med 12 millionar kroner, jf. Prop. 146 S (2024–2025) og Innst. 540 S (2024–2025).

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 70 millionar kroner til arbeid med havvind, der midlane mellom anna nyttast til å hente inn kunnskap om effektane havvind kan ha på natur og miljø i dei utlyste

havvindområda. Kunnskapsinnhentinga inngår i regjeringa sin heilskaplege plan for naturkartlegging og omfattar mellom anna overvaking av fisk og sjøpattedyr.

Tilrettelegging for havvind krev omfattande undersøkingar, fagutgreiingar og anna utgreiing med ulike typar ekstern bistand. Dette inkluderer også utvikling av det regulatoriske rammeverket for havvind, arbeid med auksjonsmodellar, evaluering og førebuing av framtidige utlysingar.

Som ein del av oppfølginga av dei strategiske konsekvensutgreiingane NVE har gjennomført, vil tilsegnsramma til Forskingsrådet i 2026 dekke utlysing av midlar for å tette kunnskapshòl knytte til havvind og påverknaden på natur og miljø, jf. nærmare omtale under kap. 1850, post 73 Noregs forskingsråd. Vidare vil undersøkingar av sjøfugl bli gjennomførte gjennom programma SEAPOP og SEATRACK, finansierte med eit øyremerkt tilskot på 30 millionar kroner under Forskingsrådet, jf. nærmare omtale under kap. 1850, post 73 Noregs forskingsråd.

Post 50 Fond for CO_2-handtering

Departementet foreslår å overføre 80 millionar kroner til Fond for CO_2-handtering.

Fondet skal vere ei føreseieleg og langsiktig finansieringskjelde for utvikling og demonstrasjon av teknologi for CO_2-handtering. Fondet finansierer CLIMIT-Demo og vidareutvikling av Teknologisenter Mongstad. Gassnova er ansvarleg for å forvalte midlane i fondet.

CLIMIT-Demo

CLIMIT er ei ordning for forsking, utvikling og demonstrasjon av teknologi for CO_2-handtering. Ordninga er delt i to delprogram:

- CLIMIT-FoU, som blir forvalta av Forskingsrådet og støttar langsiktig teknologiutvikling, sjå omtale under kap. 1850, post 73 Noregs forskingsråd.
- CLIMIT-Demo, som blir forvalta av Gassnova og støttar meir marknadsnær teknologiutvikling, og som er omtalt i dette kapitelet.

Mål og målgruppe

Hovudmålet med CLIMIT er å bidra til å utvikle teknologi og løysingar for CO_2-handtering. Delprogrammet CLIMIT-Demo skal gi økonomisk støtte til utvikling og demonstrasjon av teknologiar for CO_2-handtering som bidrar til

- utvikling av kunnskap, kompetanse, teknologi og løysingar som kan gi viktige bidrag til kostnadsreduksjonar og stor internasjonal utbreiing av CO_2-handtering
- utnytting av nasjonale fortrinn og utvikling av ny teknologi og tenestekonsept med kommersielt og internasjonalt potensial

Bedrifter, forskingsinstitusjonar, universitet og høgskular kan søke om støtte til prosjekt som utviklar teknologi for CO_2-handtering.

Tildelingskriterium og oppfølging

CLIMIT-Demo skal støtte utvikling og demonstrasjon av kunnskap, kompetanse, teknologi og løysingar for

- CO_2-fangst
- kompresjon eller anna handtering av CO_2
- transport av CO_2
- langtidslagring av CO_2 i form av injeksjon og deponering
- bruk av CO_2 som fører til langtidslagring

CLIMIT-Demo kan gi økonomisk støtte til

a. teknisk-økonomiske moglegheitsstudiar der ein ny teknologi blir vurdert enkeltvis eller i ei verdikjede med tanke på å belyse det tekniske og kommersielle potensialet til teknologien
b. utprøving av teknologi i pilotskala
c. demonstrasjonsanlegg: forsøk med testing og drift av anlegg i teknisk eller halvindustriell skala der formålet er å få fram data som kan belyse ytinga til teknologien, driftsoptimaliseringa og kor tilgjengeleg og påliteleg teknologien er
d. utvikling av tenestekonsept eller metodeverk som kan kommersialiserast, som er direkte relaterte til CO_2-handtering, og som er nødvendige for å realisere fullskala CO_2-fangst og -lagring
e. fagleg nettverksbygging og kompetansespreiing der dette har ei klar fagleg og internasjonal forankring i internasjonale prosjekt der aktiviteten er delfinansiert av EU-program og/eller nasjonale program med tilsvarande formål som CLIMIT i andre land
f. prosjekt som bidrar til gevinstrealisering for Langskip

Gassnova er ansvarleg for oppfølging og kontroll. Ordninga blir kunngjord på nettsida climit.no.



Figur 4.1 Tildelingar frå CLIMIT-Demo

Kjelde: Gassnova

Resultat 2024

I 2024 blei det utbetalt 81 millionar kroner frå Fond for CO_2-handtering til prosjekt som er i gang. Vidare blei det tildelt 74,3 millionar kroner til 29 nye prosjekt, mellom anna 37,2 millionar kroner til lagring, 24,3 millionar kroner til fangst og 8,2 millionar kroner til transport.

Porteføljen i 2024 bestod av 81 aktive prosjekt med ei samla kontraktfesta støtte på 775 millionar kroner over prosjektperiodane. Av dette utgjorde 349 millionar kroner støtte frå CLIMIT-Demo, medan prosjekteigarar og partnarar bidrar med 426 millionar kroner.

Prosjekta fordelte seg på 14 fangstprosjekt, 21 undergrunnsprosjekt, 12 transportprosjekt og 34

Boks 4.1 Prosjekteksempel frå CLIMIT-Demo: innebygd fangstteknologi og korrosjonsrisiko i røyrleidningar

På CO_2-fangstområdet vurderer industrien endringar av prosesstrinn som kan gi innebygd fangstteknologi. Det kan redusere kostnader, og det representerer eit alternativ til eit eige fangstanlegg integrert ved utsleppspunktet. Eksempel finn vi hos Hydro Aluminium og Heidelberg Materials.

Hydro Aluminium har utvikla HalZero-teknologi gjennom prosjektet Ny prosess for aluminiumproduksjon uten CO_2-utslipp. Dette arbeidet har blitt vidareført i prosjektet HalZero CO_2 til CO – konseptstudier for konverting av CO_2 til CO for HalZero-prosessen, som blei avslutta i november 2024. Teknologien blir også vidareutvikla i ein pilot støtta av Enova. HalZero er ein ny prosess for aluminiumsproduksjon utan CO_2-utslepp – basert på elektrolyse av karboklorinert alumina, der klor og karbon blir sirkulerte i eit lukka system.

Prosjektet *Kjeller Dense Phase CO_2 Corrosion Project IV (KDC IV)*, leia av IFE, har som mål å forstå og handtere korrosjonsutfordringar ved transport av CO_2 i tettfase i røyrleidningar. Tettfase referer til tilstanden der CO_2 er under høgt trykk og opptrer som ei superkritisk væske, ei vanleg transportform i CCS-prosjekt. Når CO_2 inneheld ureine komponentar som vatn, svoveloksid (SOx) og nitrogenoksid (NOx), kan korrosjonsrisikoen auke. KDC-IV er spesielt relevant for norske CCS-prosjekt, der CO_2 blir transportert over lange avstandar og lagra under havbotnen. Å forstå korrosjonsrisikoen og utvikle eigna materiale og designløysingar er avgjerande for å sikre langsiktig, trygg og påliteleg drift av CO_2-transportinfrastrukturen.

heilkjedeprosjekt. Av desse blei 22 avslutta i løpet av året.

Prosjekta i CLIMIT-Demo bidrar til gevinstrealisering av Langskip, mellom anna gjennom deltaking frå industripartnarane i Northern Lights. Dei fremmer teknologioverføring og kompetansebygging og støttar innovasjon og kostnadsreduksjonar på tvers av heile verdikjeda. Prosjekta er relevante for norske CCS-initiativ.

Gassnova har gjennomført fleire tiltak for å forbetre kvaliteten og effektiviteten i drifta av CLIMIT, mellom anna gjennom etablering av eit system for registrering av potensiell risiko, utvikling av nøkkelindikatorar for søknadsbehandling og kartlegging av ressursbruk i administrasjonen, inkludert prosjektoppfølging.

Post 70 Gassnova SF

Departementet foreslår ei løyving på 105 millionar kroner og ei tilsegnsfullmakt på 20 millionar kroner, jf. forslag til vedtak IV, til administrasjon av statsføretaket Gassnova.

Gassnova har ansvar for å ta hand om statens interesser knytte til CO_2-handtering (fangst, transport og geologisk lagring av CO_2). TCM Assets AS er eit heileigd dotterselskap av Gassnova SF, og har som formål å eige og leige ut testanlegga på Mongstad.

Gassnova held til i Porsgrunn. I 2024 blei det utført om lag 31 årsverk i statsføretaket.

Mål og oppgåver

Hovudmålet til Gassnova er å fremme teknologiutvikling og kompetansebygging for kostnadseffektive og framtidsretta løysingar for CO_2-handtering. Gassnova følger opp Langskip, demonstrasjonsdelen av CLIMIT-programmet og Teknologisenter Mongstad, og legg til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling i Noreg og utlandet.

Gassnova skal
- koordinere og følge opp tilskotsavtalane og korleis industriaktørane styrer prosjekta i Langskip
- identifisere læringspunkt, koordinere arbeidet med gevinstrealisering frå Langskip og legge til rette for kunnskaps- og erfaringsdeling i Noreg og utlandet som kan nyttast i vidare teknologiutvikling
- vareta statens interesser i Teknologisenter Mongstad og forvaltning av demonstrasjonsdelen av CLIMIT-programmet
- kartlegge moglegheiter og verkemiddel for CO_2-handtering i Noreg
- bidra til å knyte saman fagmiljø innanfor forsking, industri og offentlege verksemd på området CO_2-handtering

Resultat 2024

Gassnova hadde eit positivt årsresultat på om lag 6,3 millionar kroner. Ved utgangen av året hadde føretaket ein eigenkapital på om lag 101 millionar kroner, inkludert innskotskapital.

Gevinstrealisering, kunnskapsdeling og læring

I 2024 har Gassnova koordinert arbeidet med gevinstrealisering frå Langskip. Gassnova har bidratt med fagleg innsikt innanfor CO_2-handtering og delt erfaringar frå Langskip i tråd med gevinstrealiseringsplanen.

Gjennom året har Gassnova delt erfaringar frå Langskip med ei rekke aktørar som planlegg nye CO_2-handteringsprosjekt, både i Europa og globalt, inkludert delegasjonar frå Thailand, Singapore, Japan og Colombia, i regi av programmet Energi for utvikling. Erfaring frå modning og planlegging av Langskip er også delt med Enova, Gassco og andre statlege aktørar. Gassnova har dessutan presentert erfaringar frå Langskip og førebuingar til driftsfasen i relevante forum, mellom anna hos EU-kommisjonen.

Hausten 2024 starta Gassnova eit arbeid med å identifisere moglegheiter for kostnadsreduksjonar, systemforenklingar og optimalisering av CCS-kjeda, basert på innsikt frå Langskip.

Varetaking av interessene til staten i Teknologisenter Mongstad

I 2024 har Gassnova representert staten som eigar i Teknologisenter Mongstad (TCM) og bidratt aktivt i strategiske vurderingar og styrearbeid. Statens eigardel på 34 prosent blir følgd opp gjennom Gassnova, medan dei industrielle eigarane Equinor ASA (Equinor), A/S Norske Shell (Shell) og TotalEnergies har eigarandelar på 22 prosent kvar.

Oppfølging og koordinering av støtteavtalane i Langskip

Langskip hadde god framdrift i 2024. Gassnova har halde fram i rolla som koordinator og lagt til rette for prosjektet med vekt på å sikre effektiv gjennomføring og riktig bruk av statlege midlar.

I 2024 har Gassnova oppretta ein kvalitetsplan og prosedyre for utbetaling av statsstøtte. Gjen-

nom månadlege møte og rapporteringar følger Gassnova opp prosjektstyringa til aktørane og utviklinga i kostnader og framdrift. Under oppfølginga har Gassnova vurdert risikoar i prosjektet, slik at moglege utfordringar kan identifiserast tidleg i rapporteringa til departementet.

Gassnova har retta særleg merksemd mot kostnadene for staten i støtteavtalane og har arbeidd for at mekanismane for deling av kostnader blir tolka korrekt.

Post 71 Teknologisenter Mongstad

Departementet foreslår å løyve 69 millionar kroner til statens andel av utgiftene til Teknologisenter Mongstad (TCM). Statens andel av investeringar og vidareutvikling ved TCM blir dekt frå Fond for CO_2-handtering, jf. kap. 1850, post 50 Fond for CO_2-handtering.

TCM skal fremme CO_2-fangst som eit verkemiddel for ei reinare og grønare framtid, ved å bygge bru mellom teknologiutviklarar, vitskap og industriell bruk av fangstteknologi. Den viktigaste oppgåva til teknologisenteret er å teste, verifisere og demonstrere forskjellige teknologiar for kostnadseffektiv og industriell CO_2-fangst i full skala. Målet er å legge til rette for utbreiing av CO_2-fangstteknologi i ulike bransjar og industrisektorar.

TCM DA er eigd av den norske staten gjennom Gassnova saman med industrielle partnarar (Equinor, Shell og TotalEnergies) i inneverande avtaleperiode. Equinor er operatør for anlegget. TCM er inne i den fjerde driftsperioden sidan oppstarten i 2012. Den inneverande avtaleperioden varer ut 2025, og vidare drift avheng av forhandlingar mellom aktørane som er i gang no. For at staten skal delta vidare og framleis vere eigar i TCM, må dei statlege utgiftene til teknologisenteret reduserast frå og med 2026. Dersom partane ikkje blir einige om ei løysing, kan senteret bli avvikla. Det vil innebere kostnader til selskapsavvikling, demobilisering og fjerning av infrastruktur. Det kan også bli behov for å innhente fullmakt frå Stortinget på eit seinare tidspunkt for å dekke utgifter til avvikling m.m. som kjem etter 2026.

TCM Assets AS, som eig anlegga ved teknologisenteret og betaler den kommunale eigedomsskatten, er eit dotterselskap av Gassnova.

Resultat 2024

I 2024 var det stor interesse for å gjennomføre testkampanjar på TCM. Senteret blei nytta til å teste, verifisere og demonstrere ulike teknologiar for CO_2-fangst. Testaktiviteten bidrar til å modne både teknologi og leverandørar, noko som kan føre til auka konkurranse og lågare kostnader i marknaden. Teknologisenteret blei også brukt av leverandørar som skal levere teknologi til konkrete industriprosjekt, og bidrar til å redusere risiko ved oppstart av nye anlegg.

Gjennom året blei det formidla kunnskap om teknologi for CO_2-fangst på fleire måtar. Resultat frå testaktiviteten blei publiserte i vitskaplege artiklar og presenterte på konferansar. Delegasjonar frå ei rekke land har besøkt testfasilitetane på Mongstad i 2024. Senteret tilbydde også rådgivingstenester retta mot prosjekteigarar og utviklarar, for å gjere kundane betre rusta til å møte utfordringar knytte til CO_2-handtering.

I 2024 blei moglegheitsrommet for teknologisenteret kartlagt, med mål om å etablere ein berekraftig forretningsmodell. Dei siste åra har TCM arbeidd systematisk for å redusere driftskostnadene. Testaktørane betaler no meir for å bruke anlegget, men betalingsviljen er framleis ikkje høg nok til å dekke alle driftskostnadene. Eigarane ved TCM må derfor dekke delar av kostnadene for vidare drift. Det er gjennomført ein omfattande analyse av ulike alternativ for å auke inntektene og modne fram ei berekraftig løysing.

Post 72 Langskip – fangst og lagring av CO_2, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 1 900 millionar kroner til Langskip. Prosjektet består av CO_2-fangst ved sementfabrikken til Heidelberg Materials i Brevik og ved avfallsforbrenningsanlegget til Hafslund Celsio på Klemetsrud. I tillegg består det av transport og lagring av CO_2 på kontinentalsokkelen gjennom Northern Lights – eit samarbeid mellom Equinor, TotalEnergies og Shell.

Bygging og ti års drift av lager og dei to fangstanlegga i Langskip har ei pris- og valutajustert styringsramme (P50) på om lag 35 milliardar 2025-kroner. Det statlege bidraget (P50) er anslått til om lag 23 milliardar 2025-kroner. Kostnadsramma er i samsvar med statens prosjektstyringsmodell sett til P85, som inneber eit kostnadsestimat med 85 prosent sannsyn for ikkje å bli overskride.

Tabell 4.5 Kostnadsramme for Langskip (i millionar kroner)

		Kostnadsramme (P85) i 2025-kroner	
		Totalt	Statsstøtte
Investeringar	Northern Lights		
	Heidelberg Materials	18 300	13 800
	Hafslund Celsio	7 300	2 700
Drift (10 år)	Northern Lights		
	Heidelberg Materials	8 000	6 250
	Hafslund Celsio	4 100	1 500

Mål og aktivitetar

Samfunnsmålet for Langskip er at demonstrasjon av CO_2-handtering skal gi den nødvendige utviklinga av CO_2-handtering, slik at ein kan nå dei langsiktige klimamåla i Noreg og EU til lågast mogleg kostnad.

Effektmåla for Langskip er å

- gi kunnskap som viser at det er mogleg og trygt å gjennomføre fullskala CO_2-handtering
- bidra til produktivitetsgevinstar i kommande prosjekt gjennom lærings- og skalaeffektar
- gi læring knytt til regulering og intensivering av CO_2-handteringsaktivitetar
- legge til rette for næringsutvikling

Langskip skal demonstrere at CO_2-handtering er trygt og mogleg, og legge til rette for læring og kostnadsreduksjonar i framtidige prosjekt. Prosjektet vil berre lykkast dersom seinare prosjekt nyttar infrastrukturen og/eller læringa frå Langskip, og dersom Europa og verda følger etter det norske demonstrasjonsprosjektet. Lagerinfrastrukturen blir derfor bygd ut med kapasitet som kan nyttast av fangstprosjekt i andre land. Nye anlegg i Europa og globalt er ein føresetnad for at CO_2-handtering skal kunne bli eit effektivt og konkurransedyktig klimatiltak.

Det er ei klar forventning om at Europa følger etter, og at restkapasiteten i lageret skal kunne nyttast av tredjepartar som ikkje får direkte støtte frå den norske staten. Selskapa bak fangst-, transport- og lagerprosjekta skal eige og drive sine respektive delar av prosjektet. Tilskotsavtalane regulerer kostnads- og risikodelinga mellom selskapa og staten. Staten ber ein vesentleg del av kostnadene og risikoen, mellom anna risikoen i grensesnittet mellom fangst, transport og lager.

Resultat 2024

I 2024 har Langskip bidratt til vesentlege framsteg innanfor CO_2-handtering i Noreg. Tilskotet har støtta tre hovudaktørar: Northern Lights, Heidelberg Materials og Hafslund Celsio.

Northern Lights

Ved utgangen av 2024 stod Northern Lights sitt landanlegg i Øygarden klart for mottak, transport og lagring av CO_2. Anlegget består av ein mottaksterminal for CO_2-skip, eit mellomlageranlegg og eit pumpesystem for injeksjon. Det er lagt eit CO_2-injeksjonsrøyr frå Øygarden og 110 kilometer ut Hjeltefjorden og vest til Aurora-feltet, der to lagringsbrønnar er bora. Skipa Northern Pioneer og Northern Pathfinder blei ferdigstilte frå produsenten og overleverte til Northern Lights.

Opninga av anlegget blei markert 26. september 2024, og prosjektet gjekk ved årsskiftet over i driftsfasen med første CO_2-leveranse førebudd for injeksjon i 2025.

Heidelberg Materials

Fangstprosjektet til Heidelberg Materials i Brevik har gjort store framsteg i 2024. Ved utgangen av året hadde prosjektet oppnådd mekanisk ferdigstilling, noko som inneber at alle større komponentar er installerte og anlegget er klart til å testast og settast i drift. Framdrifta gjennom året har vore god, med viktige milepælar som løfting av kompressor og kompressormotor i mai og montering av absorber og absorberstabel i august.

Ved utgangen av 2024 var anlegget klart for å gå inn i testfasen. Brevik CCS er det første fullskala karbonfangstanlegget i sementindustrien internasjonalt. Når det er i drift, vil det fange om

lag 400 000 tonn CO_2 årleg, tilsvarande rundt halvparten av utsleppa frå fabrikken.

Hafslund Celsio

Hafslund Celsio har i 2024 modna CO_2-fangstprosjektet sitt ved avfallsforbrenningsanlegget på Klemetsrud fram mot ei investeringsavgjerd. Etter at prosjektet blei sett på pause våren 2023 på grunn av kostnadsoverskridingar, la selskapet fram eit nytt prosjektgrunnlag i august 2024. Ei investeringsavgjerd blei tatt tidleg i 2025. Anlegget skal etter planen stå klart til drift i 2029 og vil ha kapasitet til å fange om lag 350 000 tonn CO_2 årleg, fordelte mellom fossile og biogene utslepp.

Post 73 Noregs forskingsråd, kan overførast

Departementet foreslår ei løyving på 1 085 millionar kroner og ei tilsegnsfullmakt på 4 155 millionar kroner til Forskingsrådet i 2026, jf. forslag til vedtak V.

Hovuddelen av aktiviteten til Forskingsrådet er knytt til finansiering av fleirårige forskingsprosjekt. Midlane skal nyttast til å vidareføre og styrke forskinga og utviklinga innanfor energi, petroleum, CO_2-handtering og havbotnmineralutvinning, i tråd med ein samla FoU-strategi for energiområdet.

Forslag til løyving og tilsegnsfullmakt inneber ei samla tilsegnsramme på 1 340 millionar kroner til nye utlysingar og øyremerkte tilskot i 2026. Ved inngangen til budsjettåret er det tilsegnsramma som avgjer kor mykje ny aktivitet Forskingsrådet kan sette i gang, det vil seie omfanget av nye forpliktingar, jf. boks 4.2. Auken i tilsegnsramma frå saldert budsjett 2025 kjem av fleire forhold:

- Det er lagt opp til ei ny og auka ramme for utlysing av forskingssentera for petroleum.
- Det er lagt opp til ei brei senterutlysing knytt til berekraftig areal- og naturbruk, finansiert frå fleire departement, inkludert Energidepartementet.
- Øyremerkte tilskot på totalt 50 millionar kroner til Nordisk Energiforsking, The International Ocean Discovery Program, sjøfuglprogramma SEAPOP og SEATRACK, og snøskredforsking ved Norges Geotekniske Institutt (NGI) inngår frå og med 2026 i den årlege tilsegnsramma, jf. tabell 4.6.

Boks 4.2 Omgrep

- *Løyving* skal dekke utbetaling av tidlegare gitte tilsegner, nye tilsegner som blir gitt i løpet av budsjettåret, og øyremerkte tilskot.
- *Tilsegnsfullmakt* er det samla fullmaktsbeløpet som Stortinget vedtar, og som utgjer summen av moglege forpliktingar Forskingsrådet kan inngå med forfall etter budsjettåret.
- *Aktivitetsramme* er summen av løyving og tilsegnsfullmakt, det vil seie den samla ramma for Forskingsrådets tilskotsverksemd i budsjettåret og dei neste åra.
- *Tilsegnsramme* er ramma for ny aktivitet og angir kva for nye forpliktingar Forskingsrådet kan inngå i løpet av budsjettåret. Det er i hovudsak tilsegnsramma som seier noko om kor mykje ny aktivitet Forskingsrådet kan legge opp til i budsjettåret. Ny aktivitet må ha dekning i gjeldande løyving eller tilsegnsfullmakt.

Tabell 4.6 Oversikt over løyving, tilsegnsfullmakt, aktivitets- og tilsegnsramme

(i 1 000 kroner)

Om	Løyving	Tilsegns-fullmakt	Aktivitets-ramme	Tilsegns-ramme
Utlysingar innan *energi, petroleum, CO_2-handtering og havbotnmineralutvinning*. Tentativ fordeling innan tilsegnsramma for 2026: – energi: 60 prosent – petroleum: 25 prosent – CO_2-handtering: 10 prosent – havbotnmineralutvinning: 5 prosent	1 035 000	4 134 000	5 169 000	1 290 000
Nordisk Energiforsking er ein institusjon under Nordisk ministerråd, finansiert i fellesskap av dei nordiske landa etter ein fastsett fordelingsnøkkel basert på bruttonasjonalbudsjett. Målet er å utvikle forskingsbaserte grunnlag for energipolitiske avgjerder og å vere ein møteplass for industri, forsking og politikarar. Institusjonen fokuserer særleg på berekraftige og konkurransedyktige energiløysingar.	12 000	12 000	24 000	12 000
The International Ocean Discovery Program (IODP) er eit internasjonalt marint forskingssamarbeid som studerer geologien under havbotnen, mellom anna i arktiske område. Samarbeidet er organisert gjennom ECORD[1] Managing Agency, som koordinerer deltakinga frå dei europeiske medlemslanda i IODP.	3 000	9 000	12 000	3 000
Sjøfuglprogrammet SEAPOP (SEAbird POPulations) blir forvalta av Norsk institutt for naturforsking (NINA) og Norsk polarinstitutt. Programmet skal gi betre kunnskap om utbreiing, tilstand og utvikling av norske sjøfuglbestandar, med særleg vekt på påverknad frå menneskeleg aktivitet i havområda og kystsona. *Sporingsprogrammet SEATRACK* (SEAbird TRACKing), som kartlegg arealbruken til sjøfuglane utanom hekkesesongen, inngår som ein del av SEAPOP.	30 000		30 000	30 000
Snøskredforsking ved Norges Geotekniske Institutt (NGI), inkludert fullskala forsøksfelt på Ryggfonn, skal bidra til å auke kunnskapen om snøskred og redusere samfunnsutfordringar og tap av verdiar som følge av snøskred.	5 000		5 000	5 000
SUM	*1 085 000*	*4 155 000*	*5 240 000*	*1 340 000*

[1] European Consortium for Ocean Research Drilling

Midlar til drift av verksemda til Forskingsrådet blir løyvde over Kunnskapsdepartementets kap. 285 Noregs forskingsråd, post 55 Verksemdskostnader.

Prioriteringar for 2026

Løyvinga og tilsegnsfullmakta skal nyttast til å vidareføre og styrke forsking og utvikling innanfor energi, petroleum, CO_2-handtering og havbotnmineralutvinning gjennom Forskingsrådet. Midlane skal støtte både langsiktig strategisk forsking, anvend forsking, teknologiutvikling, pilot- og demonstrasjonsprosjekt og samfunnsfagleg forsking, og inngå i ein samla FoU-strategi for energiområdet. Konkurranseutsetting av forskingsmidlane i samarbeid med andre aktørar i innovasjonskjeda legg til rette for høg kvalitet og relevans.

Forskingsrådet skal i 2026 prioritere tildelinga til sentera for berekraftig areal og naturbruk, som er eit samarbeid mellom Energidepartementet, Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Samferdselsdepartementet. Forskingsrådet skal også førebu ei utlysing av inntil tre nye forskingssenter for miljøvennleg energi (FME Samfunn), med planlagd tildeling i andre halvår 2027. Desse sentera skal fokusere på energiomstilling og konsekvensar for samfunn, klima og natur.

Innanfor petroleumsforsking skal midlane bidra til betre ressursutnytting og reduserte utslepp frå norsk sokkel, og samtidig sikre inntekter, verdiskaping og arbeidsplassar. Helse, miljø og sikkerheit (HMS) skal vere ein integrert del av forskingsaktivitetane. I 2026 skal Forskingsrådet prioritere å lyse ut midlar til nye petrosenter, som skal erstatte det eksisterande petrosenteret LowEmission.

Det skal også prioriterast midlar til innhenting av meir kunnskap om naturmangfald og miljø, særleg når det gjeld effektar av havvind på natur og miljø. Dei strategiske konsekvensutgreiingane for havvind blei ferdigstilte sommaren 2025, men behovet for vidare kunnskapsinnhenting er allereie tydeleg. Det er derfor øyremerkt midlar til sjøfuglprogramma SEAPOP og SEATRACK, som skal bidra til vidare kartlegging av sjøfugl i Nordsjøen og førebu undersøkingar i dei andre havvindområda.

Opninga av område for utvinning av havbotnmineral medfører eit behov for forsking på biologisk mangfald og miljøkonsekvensar ved eventuell utvinning. I 2026 skal Forskingsrådet prioritere oppfølging av den etablerte satsinga på forsking og innovasjon knytt til havbotnmineral, som rådet forvaltar på oppdrag frå departementet. I januar 2025 publiserte Forskingsrådet ei utlysing av kompetanse- og samarbeidsprosjekt (KSP) med ei totalramme på 50 millionar kroner, og tildeling er planlagd i desember 2025. I 2026 skal det leggast til rette for å gjennomføre dei utvalde prosjekta, med mål om å styrke kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og miljøpåverknad ved eventuell mineralutvinning på norsk kontinentalsokkel.

Energidepartementet har vedtatt å utvikle ein samla strategi for forsking og utvikling på energiområdet som omfattar både energi, petroleum, CO_2-handtering og havbotnmineralutvinning. Strategien skal erstatte dei tidlegare separate strategiane Energi21 og OG21. Eit strategistyre med mandat frå departementet blei etablert i starten av 2025 for å leie dette arbeidet. Fram til den nye strategien er overrekt til energiministeren, skal Forskingsrådet legge tilrådingane og prioriteringane frå Energi21 og OG21 til grunn for verksemda si. Forskingsrådet vil bruke den nye strategien til å oppdatere prioriteringane sine og til å utforme kommande utlysingar.

Figur 4.2 viser dei mest sentrale verkemidla i den nye strategien og illustrerer korleis Forskingsrådets rolle inngår i heilskapen av offentlege verkemiddel for forsking, utvikling og innovasjon på energiområdet.

Energi på veg mot eit lågutsleppssamfunn

Energi21 er Noregs nasjonale strategi for forsking og innovasjon innanfor ny klimavennleg energiteknologi, med mandat frå Energidepartementet. Strategien skal støtte opp under det overordna målet for departementet om å bidra til større verdiskaping og ei sikker, kostnadseffektiv og berekraftig utnytting av energiressursane. Dette omfattar både langsiktig kunnskapsutvikling, utvikling av nye klimavennlege teknologiar og løysingar og fremming av konkurranseevne i energinæringa.

Strategien er næringsdriven og gir råd til departementet om innretning og prioritering av forskings- og utviklingsinnsatsen retta mot klimavennleg energiteknologi og løysingar for heile energisektoren, inkludert stasjonære formål og transport.

Energi21 peikar på åtte prioriterte satsingsområde: havvind, hydrogen, solenergi, CO_2-handtering, batteri, vasskraft og dei tverrgåande områda «integrerte og effektive energisystem» og «energimarknader og regulering».



Figur 4.2 Verkemiddel for forsking, utvikling og innovasjon på energiområdet

Kjelde: Energidepartementet

Utviklinga av energisystemet og auka sektorkopling gjer at det er behov for finansiering og verkemiddel frå fleire departement på energiområdet. Dette blir følgt opp i Forskingsrådets porteføljestyre for energi og transport og gjennom samarbeid med relevante departement.

Tabell 4.7 Verkemiddel i Energi21-strategien

Energiporteføljen – utvikling av eit heilskapleg energisystem	Energiporteføljen støttar ei langsiktig og berekraftig utvikling av energisystemet og skal bidra til omstilling til lågutsleppssamfunnet. Det femner breitt og dekker alle bransjar, næringar og samfunnssektorar som produserer varme eller elektrisitet, utviklar og driftar infrastruktur for energidistribusjon, bruker fornybar energi og utviklar og nyttar kunnskap og løysingar for redusert energibruk eller omlegging til fornybar energibruk i bygg, område, transport og industri. Målet er at Noreg har nok fornybar energi og eit sikkert, robust og fleksibelt energisystem, at samfunnet er klimanøytralt og tar vare på naturmangfald, og at omstillinga skjer kunnskapsbasert, inkluderande og rettferdig. Satsinga skal også bidra til at vitskaplege miljø innanfor energi og transport er relevante og framifrå. Porteføljen nyttar eit breitt spekter av søknadstypar i heile innovasjonskjeda, frå grunnleggande energiforsking til innovasjonsprosjekt. Ein stor del av innsatsen blir retta mot innovasjon og kunnskapsbygging som er relevant for næringslivet, for å sikre at eksisterande og nytt næringsliv innanfor energi er konkurranse- og omstillingsdyktig.
Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME)	Sentera arbeider med forsking som er retta mot fornybar energi, energieffektivisering, CO_2-handtering og samfunnsvitskaplege problemstillingar som er relaterte til energiomstilling. Forskinga skjer i eit tett samarbeid mellom forskingsmiljø, næringsliv og forvaltning. Sentera gir brukarpartnarane høve til langtidsperspektiv, kontinuitet og risikoavlasting i satsinga på forsking. For forskingsmiljøa gir sentera høve til langsiktig kompetanseoppbygging gjennom forsking og utdanning av kandidatar på eit høgt internasjonalt nivå i nært samarbeid med dei som bruker forskingsresultata. Prosjekt ved dei ulike sentera kan også hente prosjektfinansiering frå andre verkemiddel med finansiering frå Energidepartementet. Dette bidrar til god fleksibilitet og dynamikk i energiforskinga som blir finansiert av Forskingsrådet.
PILOT-E	PILOT-E er eit finansieringstilbod til norsk næringsliv, etablert av Forskingsrådet, Innovasjon Noreg og Enova. Målet med tilbodet er at heilt nye produkt og tenester innanfor miljøvennleg energiteknologi skal utviklast raskare. Dei skal også takast i bruk for å bidra til utsleppskutt både i Noreg og internasjonalt. PILOT-E følger opp aktørane gjennom heile teknologiutviklingsløpet – frå idé til marknad.
CLIMIT – forsking, utvikling og demonstrasjon av CO_2-handteringsteknologi	CLIMIT skal bidra til å utvikle teknologi og løysingar for CO_2-handtering og til å redusere kostnader og risiko for dei som tar teknologien i bruk. Det er konkretisert følgande satsingsområde: – avkarbonisering av industri- og energiressursar – storskala CO_2-lager på norsk sokkel – nyskapande teknologiutvikling og løysingar for CO_2-handtering CLIMIT har stor internasjonal aktivitet, mellom anna gjennom EUs samfinansieringsprogram Clean Energy Transition Partnership (CETP). CLIMIT er eit samarbeid mellom Forskingsrådet, som handterer FoU-delen, og Gassnova, som handterer demonstrasjonsdelen.
HEILO på hydrogen, havvind og CO_2-handtering	HEILO er eit samarbeid mellom Forskingsrådet, Innovasjon Noreg, Gassnova og Enova som skal bidra til betre samkøyring og koordinering av verkemidla og aktivitetane til aktørane. Gjennom verkemiddelapparatet blir det finansiert prosjekt langs heile verdikjeda og i heile spennet frå grunnforsking til utvikling, innovasjon og marknadsintroduksjon. HEILO gir ei oversikt over prosjekt som har fått støtte gjennom verkemiddelapparatet på dei ulike teknologiområda.

Meir informasjon om verkemidla finst på forskningsradet.no, innovasjonnorge.no, gassnova.no og enova.no.

Tabell 4.8 Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME)

Namn	Om	Vertskap	Avtaleperiode
INCLUsive Decarbonization and Energy Transition (INCLUDE) (samfunnsvitskap)	Forskingssenter for sosialt inkluderande energiomstilling som skal skaffe kunnskap om korleis ein kan realisere eit rettferdig lågutsleppssamfunn	UiO	2019–2027
Norsk senter for energiomstillingsstrategiar (NTRANS) (samfunnsvitskap)	Forskingssenter som skal forske på kva rolle energisystemet har i avkarbonisering av sektorar som energi, transport, industri, bygg og hushald	NTNU	2019–2027
Norwegian Research Centre on Wind Energy (NorthWind)	Forskingssenter for vindenergi som skal bidra til å redusere kostnadene ved vindkraft, legge til rette for berekraftig utvikling, skape arbeidsplassar og auke eksporten	SINTEF Energi	2021–2029
Norwegian research and innovation centre for hydrogen and ammonia (HYDROGENi)	Forskingssenter som skal bidra til FoU i heile verdikjeda for hydrogen, inkludert kostnadseffektiv og skalerbar produksjon, transport og lagring i Noreg og Europa, sluttbruksteknologiar og sikkerheit og materialintegritet	SINTEF Energi	2022–2030
Norwegian Centre for Hydrogen Research (HyValue)	Forskingssenter som mellom anna skal forske på metodar for produksjon av hydrogen og ammoniakk, løysingar for transport, lagring og fylling/bunkring av hydrogenbasert drivstoff, maritime verdikjeder og utvikling av ein metodikk for å styrke forankringa i samfunnet	NORCE	2022–2030
Norwegian Research Centre of Excellence for Carbon Capture and Storage (GigaCCS)	Forskingssenter som tar for seg FoU-utfordringar i heile verdikjeda for at CO_2-handtering skal realiserast i stor skala	SINTEF Energi	2024–2032
Secure, resilient, and sustainable electricity distribution grids (SecureEL)	Forskingssenter som fokuserer på dei nye behova for kunnskap, innovasjon og løysingar som oppstår frå dei grunnleggande endringane i distribusjonsnettet drivne av elektrifiseringa av samfunnet	SINTEF Energi	2024–2032
Integrated Hub for Energy System Analyses (InterPlay)	Forskingssenter som skal mogleggjere auka integrasjon av energisystemet ved å etablere ei open plattform for deling av modellar og for kopling og analyse ved hjelp av energi- og systemmodellar	SINTEF Energi	2024–2032

Tabell 4.8 Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME)

Namn	Om	Vertskap	Avtaleperiode
Norwegian research centre for renewal of hydropower technology (RenewHydro)	Forskingssenter som skal løyse utfordringar vasskrafta blir stilt overfor når innfasing av store mengder uregulerbar kraft aukar krava til fleksibilitet, og når ein skal drive effektivt og berekraftig i eit uføreseieleg klima	NTNU	2024–2032
Norwegian R&D centre for Maritime Energy Transitions (MarTrans)	Forskingssenter med ei heilskapleg tilnærming som dekker heile verdikjeda knytt til reduksjon av energiforbruk og bruk av alternative drivstoff innanfor maritim transport	SINTEF Ocean	2024–2032
Zero Emission Metal Production (ZeMe)	Forskingssenter som vil utvikle ny, klimanøytral og energieffektiv teknologi for metallurgisk industri	NTNU	2024–2032
Research centre for solar power (SOLAR)	Forskingssenter som fokuserer på utvikling, installasjon, integrasjon og drift av solkraftverk i og utanfor Noreg, og som også ser på heile utviklinga på tvers av verdikjeda frå silisiumproduksjon til viktige applikasjonar som bygnings-integrerte og flytande solanlegg, og resirkulering av solcelleanlegg	IFE	2024–2032
Next-generation and improved circular sustainable battery technology value chain (Battery)	Forskingssenter som fokuserer på teknologiforbetringar på alle dei viktigaste områda for norsk batteriindustri: batteri-materiale, celleproduksjon, batteripakkar/ -system og gjenvinning/gjenbruk	NTNU	2024–2032

Meir informasjon om sentera finst på forskningsradet.no.

Petroleum på veg mot eit lågutsleppssamfunn

OG21 er den nasjonale teknologistrategien for petroleumssektoren og har mandat frå Energidepartementet. Formålet med strategien er å fremme effektiv, sikker og miljøvennleg verdiskaping frå norske olje- og gassressursar gjennom eit samordna engasjement i petroleumsklynga innanfor forsking og innovasjon. Strategien skal inspirere til utvikling og bruk av ny og betre kompetanse og teknologi, tilpassa eit energisystem i endring og målet om reduserte klimagassutslepp.

OG21-strategien peikar på åtte teknologiområde der forsking, teknologiutvikling og innovasjon er spesielt viktig: forbetra undergrunnsforståing, kostnadseffektiv boring og nedstenging av brønnar, energieffektivitet og kostnadseffektiv elektrifisering, CO_2-handtering, digitalisering og sikkerheit og arbeidsmiljø. Strategien løftar også fram teknologiområde der kompetansen frå petroleumsverksemda kan nyttast i nye næringar, som hydrogen og hydrogenberarar, flytande havvind og utvinning av mineral frå havbotnen.

Forskingsrådet forvaltar verkemiddel som skal bidra til at OG21-strategien blir følgd opp og realisert. I 2026 skal innsatsen rettast mot å utvikle petroleumssektoren i retning lågutslepp, samtidig som det blir lagt til rette for kostnadseffektiv utnytting av ressursane. Målet er ein utsleppsfri petroleumssektor i 2050. Samtidig skal forskinga bidra til å redusere det direkte og indirekte inntektstapet for staten ved den økonomiske omstillinga av Noreg.

Petroleumsforskinga som blir finansiert gjennom Forskingsrådet, er særleg retta mot leverandørindustrien, instituttsektoren og universiteta. Løyvingane utløyser ein betydeleg eigeninnsats og medfinansiering frå både forskingsmiljø og næringsliv.

Tabell 4.9 Verkemiddel i OG21-strategien

Namn	Om
Petroleumsporteføljen – petroleum på veg mot lågutsleppssamfunnet	Porteføljen skal bidra til auka verdiskaping og sikker, kostnadseffektiv og berekraftig utnytting av petroleumsressursane i eit lågutsleppssamfunn. Han er avgrensa til olje- og gassverksemd, og alle prosjekt i porteføljen skal ha ei kopling til problemstillingar knytte til petroleumsverksemda i opna område på norsk kontinentalsokkel og/eller sikkerheit på landanlegga i Noreg. Den samla aktiviteten omfattar strategisk grunnforsking, kunnskaps- og kompetansebygging, forskarrekruttering, anvend forsking og teknologiutvikling og demonstrasjon.
Forskingssenter for petroleum	Sentera skal gjennom fokusert og langsiktig forskingsinnsats på høgt internasjonalt nivå løyse utpeika utfordringar for utnytting av petroleumsressursane på norsk sokkel. Næringsretta forskarutdanning og langsiktig kompetansebygging står sentralt for sentera. Dei utviklar kunnskap og teknologi som har stor betydning for verdiskaping og utnytting av gjenverande petroleumsressursar, og bygger samtidig bru til framveksande næringar som hydrogen og CO_2-lagring.

Meir informasjon om verkemidla finst på forskningsradet.no.

Tabell 4.10 Forskingssenter for petroleum

Namn	Om	Vertskap	Avtaleperiode
Lågutsleppsenteret (Low Emission)	Senteret skal bidra til å utvikle nye teknologiar og konsept for offshore energisystem, energieffektivisering og integrasjon av eksisterande infrastruktur for fornybar kraftproduksjonsteknologi for implementering på norsk sokkel.	SINTEF Energi	2019–2027
Senter for berekraftig utnytting av petroleumsressursar på norsk sokkel (NCS2030)	Senteret skal bidra til å skape ei berekraftig verdikjede for hydrokarbonressursane ved utvikling av løysingar som maksimerer verdiskapinga av ressursane, samtidig som ein skal nå regjeringa sitt mål om lågutslepp.	Universitetet i Stavanger	2022–2029
Senter for auka undergrunns- og reservoarforståing (CSSR)	Senteret skal bidra til å sikre langsiktig verdi for petroleumsindustrien i overgangen til eit nytt energilandskap. Forståing av undergrunnen for energieffektiv utnytting av reservoaret og utvikling av ny kunnskap og digitale løysingar står sentralt.	NORCE	2022–2029

Meir informasjon om sentera finst på forskningsradet.no.

Havbotnmineralutvinning

Den globale energiomstillinga har auka merksemda om sikker tilgang på kritiske råmateriale med høg forsyningsrisiko som er nødvendige for å utvikle lågutsleppsteknologi. I april 2024 blei det opna opp for mineralverksemd på delar av kontinentalsokkelen i Norskehavet og Grønlandshavet, jf. programkategori 18.10.

Hovudmålet for forvaltninga av norske havbotnmineralressursar er å legge til rette for undersøking og utvinning av mineralførekomstar på kontinentalsokkelen i samsvar med samfunnsmåla, og slik at omsynet til verdiskaping, miljø,

sikkerheit ved verksemda, anna næringsverksemd og andre interesser blir varetatt. Noreg skal utvikle havbotnmineralressursar på norsk kontinentalsokkel stegvis, forsvarleg og kunnskapsbasert, og miljø og sikkerheit skal varetakast i alle fasar av verksemda.

På norsk sokkel er det påvist førekomstar av mineral som inneheld metall med aukande global etterspørsel. Desse minerala er viktige byggesteinar i teknologiar som mogleggjer det grøne skiftet, og mineralutvinning på havbotnen kan bli ei ny og viktig havnæring for Noreg.

I Meld. St. 25 (2022–2023) har regjeringa varsla ei målretta og heilskapleg satsing på forsking og innovasjon for å styrke kunnskapen om miljø- og naturverdiar i djuphavet og føresetnadene for berekraftig utvinning. Satsinga skal også omfatte berekraftige teknologiar og løysingar, med mogleg overføring av kunnskap og teknologi frå olje- og gassektoren.

Det er behov for meir forsking i heile verdikjeda, frå geologiske undersøkingar til effektiv og berekraftig utvinning, og det må forskast meir på påverknader på det ytre miljøet og økosystemet. Departementet foreslår derfor å vidareføre satsinga på forsking og utvikling knytt til utvinning av havbotnmineral som blei starta i 2025. Det er lyst ut tilskot til samarbeidsprosjekt som skal møte utfordringar i samfunn og næringsliv. Godkjende forskingsorganisasjonar kan søke i samarbeid med næringsliv eller andre brukarar av forsking. Prosjekta kan etter planen starte våren 2026.

Satsinga skal bidra til å auke kunnskapen om det biologiske mangfaldet på havbotnen der minerala finst, og om kva konsekvensar eventuell utvinning kan ha for havmiljøet. Ho skal også bidra til utvikling av berekraftige utvinningsmetodar.

Internasjonalt forskings- og teknologisamarbeid

Deltaking i internasjonalt forskings- og teknologisamarbeid på energi- og petroleumsområdet har høg prioritet og er eit viktig supplement til den nasjonale FoU-satsinga. Noreg deltar i samarbeidsaktivitetar gjennom EU, Det internasjonale energibyrået (IEA) og Nordisk Energiforsking og i bilateralt samarbeid med fleire land. I tillegg er Noreg aktiv i store fleirnasjonale samarbeidsforum som Mission Innovation.

Internasjonalt samarbeid er avgjerande for å halde eit høgt fagleg nivå i norske forskingsmiljø og for å etablere strategiske kontaktar og alliansar med andre land. Å delta i internasjonale prosjekt bygger kompetanse og gir både fagleg og økonomisk meirverdi. Samarbeidet fungerer også som eit utstillingsvindauge for norske teknologi- og kunnskapsmiljø og kan opne dører til nye marknader.

Forskingsrådet skal stimulere til internasjonalt forskingssamarbeid gjennom målretta aktivitetar innanfor energi- og petroleumsforskinga. Dette omfattar deltaking i EU-program, fleirnasjonale initiativ og bilateralt samarbeid med prioriterte samarbeidsland som USA, Brasil og Canada. Forskingssentera er viktige kontaktpunkt for internasjonalt samarbeid, både generelt og i bilaterale relasjonar.

Samarbeid på EU-arenaen er særleg viktig for norske forskingsaktørar og norsk næringsliv. Noreg har i fleire år hatt høg deltaking og god utteljing i EUs rammeprogram for forsking og innovasjon, Horisont Europa. Per mai 2025 har norske deltakarar fått 357 millionar euro i prosjektstøtte innanfor energi-, klima- og transportdelen av programmet. Om lag 30 prosent av alle søknader med norsk deltaking har blitt innstilte for finansiering. Energiprosjekt står for den største andelen og norske aktørar har særleg utmerkt seg innanfor fornybar energiteknologi, materiale til batteri og energilagring, kraftnett, berekraftig brensel, hydrogen og elektrolyse.

Departementet har som mål at norske forskingsinstitusjonar og norsk næringsliv skal halde fram med å, og i enda større grad, utnytte moglegheitene Horisont Europa gir på energiområdet. Neste rammeprogramperiode går frå 2028 til 2034, og Noreg vil halde fram med å fremme synspunkt på struktur og innhald i programmet. Vidare norsk deltaking vil vere avgjerande for å løyse store utfordringar på energi- og transportområda i samarbeid med dei fremste forskings- og industrimiljøa i Europa.

Tabell 4.11 Internasjonale forskingssamarbeid og deltaking i internasjonale fellesutlysingar

EUs rammeprogram for forsking og innovasjon, Horisont Europa (2021–2027)	Programmet skal bidra til arbeidsplassar og økonomisk vekst i Europa, til å møte samfunnsutfordringar og til ein styrkt posisjon for Europa innanfor forsking, innovasjon og teknologi. I programdelen «Klima, energi og mobilitet» blir det gitt støtte til forsking og innovasjon innanfor mellom anna fornybare energiteknologiar, energibruk i bygg og industri, energilagring, CO_2-handtering og nettinfrastruktur. Tematisk korresponderer desse områda godt med norske FoU-satsingar. Horisont Europa har ein stor portefølje av partnarskapar innanfor energi og transport, mellom anna Clean Energy Transition Partnership (CETP), som er omtalt nedanfor.
Clean Energy Transition Partnership (CETP)	CETP er ein internasjonal partnarskap under Horisont Europa der om lag 50 nasjonale og regionale forskings- og innovasjonsprogram (FoI) i 30 land samarbeider. Partnarskapen gjennomfører fellesutlysingar der formålet er internasjonalt samarbeid om forsking og innovasjon for å hindre fragmentering i FoI-landskapet, for på den måten å nå det overordna målet om europeisk energiomstilling og eit klimanøytralt Europa innan 2050. CETP samlar nasjonale og regionale midlar saman med midlar frå EU-kommisjonen for å finansiere løysingar som er alleuropeisk viktige for energiomstillinga. Nokre ikkje-europeiske land deltar også i partnarskapen. CETP blir frå norsk side følgd opp av Forskingsrådet.
Det internasjonale energibyrået (IEA)	IEA er ein organisasjon for nærmare 30 medlemsland som arbeider med myndigheiter og industri for å skape ei sikker og berekraftig energiframtid for alle. IEA har oppretta ei rekke samarbeidsprogram for forsking på ulike energitema. Noreg er medlem i rundt 20 slike program, som fordeler seg på områda sluttbrukarteknologiar, fornybare energiteknologiar, olje og gass og informasjonsutveksling. Deltakarane frå norsk side kan vere frå industrien, forskingsmiljøa eller myndigheitene, avhengig av aktivitetane i programma. Forskingsrådet er koordinator for dei norske forskingsaktivitetane.
Mission Innovation	Mission Innovation er eit internasjonalt samarbeid med 23 deltakande land pluss EU-kommisjonen som har som mål å auke utviklinga og bruken av nye klimavennlege energiteknologiar. Gjennom Forskingsrådet og Gassnova bidrar Noreg aktivt i arbeidet innanfor dei prioriterte områda hydrogen, utsleppsfri maritim transport og CO_2-handtering. Noreg er medleiar i Zero Emission Shipping Mission og medlem i Clean Hydrogen Mission og Carbon Dioxide Removal Mission.
Memorandum of Understanding (MoU[1]) mellom Noreg og USA	USA og Noreg samarbeider innanfor energirelatert forsking og teknologi. Samarbeidet er i hovudsak konsentrert om CO_2-handtering og vasskraftforsking.
BN21 – Brazil-Norway in the 21st. century	Brasil og Noreg samarbeider om forsking på område som er av interesse for begge landa. Særleg innanfor petroleumsforsking har dei to landa mange av dei same teknologiske utfordringane. Noregs forskingsråd og den brasilianske motparten, FINEP, har gjennomført fleire fellesutlysingar av forskingsmidlar.

[1] Intensjonsavtalar

Resultat 2024

I 2024 har Forskingsrådet finansiert totalt 474 aktive prosjekt med utbetalingar på til saman 737 millionar kroner og vedtatt tildeling av støtte på til saman 833 millionar kroner til 85 nye prosjekt innanfor petroleum, miljøvennleg energi og CO_2-handtering. Forskingsrådet fekk tildelt 913,2 millionar kroner frå Energidepartementet og hadde eit disponibelt budsjett på omkring 1,2 milliardar kroner i 2024, inkludert overførte midlar frå tidlegare budsjettår.

Årsaka til det låge forbruket i 2024 er i hovudsak omlegginga av budsjettmodellen for Forskingsrådet, som 1. januar 2025 gjekk frå å vere nettobudsjettert til å bli bruttobudsjettert. Denne omlegginga medførte endra periodisering av budsjettet. Rekneskapen for 2024 blei avslutta 12. desember; før har han blitt avslutta 20. januar i det påfølgande kalenderåret.

Samla resultat og framdrift:

- Langskip, som omfattar CO_2-fangst ved industriverksemder og transport og lagring gjennom Northern Lights, er ved utgangen av 2024 Europas første fullskala verdikjede for fangst, transport og lagring av CO_2. Langsiktig forsking, innovasjon og demonstrasjonar gjennom 20 år med finansiering frå CLIMIT-programmet og FME-ane har vore avgjerande for utviklinga av CO_2-handtering i Noreg.
- Forskingsrådet har i 2024 vidareført arbeidet med havbotnmineral og lansert si første utlysing om temaet, med frist i juni 2025.
- Midtvegsevalueringa av dei samfunnsvitskaplege FME-ane (INCLUDE og NTRANS) er gjennomført og viser svært gode resultat.
- Dei utgåande sentera innanfor FME Teknologi er avslutta, og åtte nye senter har fått løyving.
- Forskingsrådet bidrog i 2024 til arbeidet med effektstudien for energiforsking, som blei publisert i mai 2025. Studien er utført av Menon Economics og Multiconsult i samarbeid med FME-ane.
- ONS Innovation Park 2024 blei gjennomført i Stavanger med Forskingsrådet som sentral aktør. Arrangementet hadde god deltaking og synleggjorde innovasjon i energisektoren.
- Internasjonalt samarbeid, både bilateralt og multilateralt, har vore høgt prioritert, med særleg vekt på oppdrag frå Energidepartementet.
- Det er lagt ned store ressursar i strategisk arbeid knytt til Noregs rolle i den fornya SET-planen og i EUs kommande rammeprogram for forsking og innovasjon (FP10).
- Etter nedbemanning og omorganisering i Forskingsrådet i 2023 har aktivitetsnivået stabilisert seg i 2024. Tilskotsforvaltninga blir framleis gjennomført med høg kvalitet.

Tabell 4.12 Finansiering av forsking og utvikling gjennom Forskingsrådet i 2024

(i mill. kroner)

Tema	
Ny klimavennleg teknologi	492,7
Petroleum på veg mot nullutsleppssamfunn	206,8
Nordisk Energiforsking	10,3
The International Ocean Discovery Program	3,0
Stønad til prosjektetablering under EU-programmet Horisont 2020	2,7
Sjøfuglprogramma SEAPOP og SEATRACK	21,2
Sum	736,8

Tabell 4.13 Tildelingar til energiforsking i 2024

(i mill. kroner)

Søknadstype	Energi	Petroleum	CO_2-handtering	Sum
Innovasjonsprosjekt i næringslivet	189,5	126,6		316,1
Kompetansebyggande prosjekt for næringslivet	194	89,1		283,1
Clean Energy Transition Partnership (EUs partnarskap for finansiering av FoUoI-prosjekt)	35,2		40,0	75,2
Forskarprosjekt	35,7	21,1		56,8
Samarbeidsprosjekt for å møte utfordringar i samfunn og næringsliv	55,6			55,6
PILOT-E	28,7			28,7
Fellesutlysing Brasil	4,0	9,2		13,2
Andre tildelingar			4,0	4,0
Sum	542,7	246,0	44,0	832,7

Ny miljøvennleg energiteknologi

Den målretta satsinga til Forskingsrådet innanfor ny, miljøvennleg energiteknologi omfatta i 2024 prosjektfinansiering innanfor miljøvennleg energi, forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) og CO_2-handtering. Av løyvingane frå Energidepartementet gjekk til saman 641 millionar kroner til klima- og miljøvennleg teknologi.

Ved utgangen av 2024 var det totalt 328 aktive prosjekt, fordelte på ulike tematikkområde som vist i figur 4.3. Det har vore ein auke i talet på prosjekt innanfor energiomstilling (10,7 prosent), batteri og elektrifisering i transport (10 prosent) og hydrogen og biodrivstoff (19,8 prosent). Samtidig har talet på prosjekt innanfor CO_2-handtering (13,7 prosent), fornybar energi (18,9 prosent), industriprosessar (4,6 prosent), bygg og utbygde område (8,5 prosent) og energidistribusjon (13,7 prosent) gått ned.

At det har blitt færre prosjekt innanfor fornybar energi, kjem mellom anna av at fleire prosjekt har blitt avslutta før planlagd sluttdato, av kommersielle årsaker.

Prosjekteigarane fordelte seg med om lag 16 prosent frå universitets- og høgskulesektoren (UH), 35 prosent frå næringslivet og 49 prosent frå instituttsektoren. Delen frå UH-sektoren har gått ned dei siste åra, som følge av reduserte tildelingar til forskingsprosjekt, til fordel for samarbeidsprosjekt med næringslivet.

I løpet av 2024 fekk totalt 62 nye prosjekt tildelt 586,7 millionar kroner gjennom Forskingsrådet. Søknadstilfanget har auka, medan den økonomiske ramma har vore stabil, noko som har ført til sterkare konkurranse. Dette kjem til uttrykk gjennom høge karakterar på evaluering av søknadene til dei ulike prosjekttypane.

I 2024 ble det løyvd 1,28 milliardar kroner til åtte nye teknologiske forskingssenter for miljøvennleg energi. Desse sentera vil erstatte delar av FME-sentera som blir avslutta i 2024/2025, og markerer ei vidareføring av satsinga på langsiktig, tverrfagleg energiforsking.

Forskingsrådet samarbeider med andre verkemiddelaktørar gjennom ordningar som CLIMIT, Grønn vekst, HEILO, Grønn Plattform og PILOT-E. I 2024 blei det kunngjort midlar til PILOT-E i samarbeid med Innovasjon Noreg og Enova. Den samla tildelinga var på 80 millionar kroner, og 29 millionar kroner kom frå Forskingsrådet.

Samarbeid mellom porteføljar med finansiering frå ulike departement skjer også gjennom fellesutlysingar under tverrgåande tema som «Areal under press» og «Samfunnstryggleik og beredskap». Tildelingane gjennom «Areal under press» har vore på totalt 700 millionar kroner i perioden 2020–2024.

Internasjonalt samarbeid står sentralt i aktivitetane i porteføljen, med til saman 300 registrerte samarbeidsrelasjonar i aktive prosjekt i 2024. Dei fleste relasjonane er med forskingsmiljø i



Figur 4.3 Aktive prosjekt innanfor miljøvennleg energiforsking fordelte på tema

Kjelde: Forskingsrådet

Tyskland og Sverige, etterfølgde av Storbritannia, Danmark, USA, Italia, Nederland og Frankrike. Forskingsrådet har også hatt samarbeid på myndigheitsnivå med mellom anna USA, Brasil, Japan og Sør-Korea, og deltok i 2024 i planlegginga av ei ny utlysing til Nordisk Energiforsking for 2025.

Norske forskingsmiljø markerer seg sterkt innanfor fornybar energiproduksjon og kraftnett i det europeiske rammeprogrammet for forsking og innovasjon, Horisont Europa. I 2024 blei det signert 62 kontraktar på desse områda. Frå januar 2021 til hausten 2024 har norske aktørar samla fått

Boks 4.3 Effektstudien av energiforskinga

På oppdrag frå Forskingsrådet har Menon Economics og Multiconsult gjennomført ein studie av effektane av energiforskinga, delfinansiert av Forskingsrådet i perioden 2016–2025. Studien måler dei direkte effektane av 60 prosjekteksempel på fornybar energiproduksjon, energieffektivisering, reduserte klimagassutslepp, redusert miljøpåverknad, auka forsyningssikkerheit, reduserte kostnader og næringslivspotensial.

Prosjekteksempla er baserte på innspel frå ni forskingssenter for miljøvennleg energi som har vore aktive i perioden. Seks av prosjekteksempla har gjennomgått ein djupare analyse som viser ein potensiell samfunnsøkonomisk gevinst på mellom 9 og 36 milliardar kroner i Noreg. Analysen viser også at 5 milliardar kroner allereie er realiserte.

Eitt av desse seks prosjekteksempla er Dynamic Line Rating (DLR), der nettselskap får informasjon i sanntid frå sensorteknologi installert på straumlinjene. DLR har potensial til å auke nettkapasiteten med 20 prosent.

Effektstudien vurderer også dei ni aktive FME-ane innanfor vindkraft (NorthWind), CO_2-handtering (NCCS), biodrivstoff (Bio4Fuels), solenergi (SuSolTech), intelligente nett (CINELDI), nullutsleppsløysingar i bygg og nabolag (ZEN), vasskraft (HydroCen), transport (MoZEES) og energieffektivisering i industrien (HighEFF). Samanlikna med tidlegare FME-ar har desse sentera inkludert fleire konsortiepartnarar og rekruttert fleire masterstudentar. Sentera har også bidratt til mange ph.d.-kandidatar, med ein stor andel internasjonale kandidatar og internasjonale medforfattarar i vitskaplege publikasjonar av høg kvalitet. FME-ane har i litt mindre grad bidratt til patent og spinoffselskap.



Figur 4.4 Aktive prosjekt innanfor petroleumsforsking fordelte på tema

Kjelde: Forskingsrådet

525,5 millionar euro (om lag 6,2 milliardar kroner) til energiprosjekt. I den europeiske partnarskapen for rein energiteknologi, CETP, fekk 62 nye prosjekt innvilga støtte i august 2024, med ei samla tildeling på 100 millionar euro. Ti av prosjekta inkluderte norske partnarar, som til saman får 75 millionar kroner i støtte.

Petroleum på veg mot eit lågutsleppssamfunn

Forskingsrådets satsing på petroleum omfattar aktivitetar frå grunnforsking og kompetansebygging til innovasjon og demonstrasjon av ny teknologi. Energidepartementet har finansiert hovuddelen av aktivitetane, med ei samla løyving på om lag 230 millionar kroner. Forskinga og teknologiutviklinga gir stor samfunnsnytte gjennom å bidra til kompetansebygging i sektoren, auka verdiskaping, lågare klimagassutslepp på norsk sokkel og styrkt energisikkerheit for Europa.

Ved utgangen av 2024 var det totalt 146 aktive prosjekt innanfor petroleum, fordelte på ulike temaområde som vist i figur 4.4. Utviklinga sidan 2020 viser ein samla nedgang i prosjektmengda på om lag 30 prosent. Prosjekteigarane fordelte seg med om lag 20 prosent frå universitets- og høgskolesektoren, 47 prosent frå næringslivet og 33 prosent frå instituttsektoren. I 2024 tildelte Forskingsrådet 246 millionar kroner til 22 nye prosjekt innanfor petroleum. Søknadene heldt jamt høg kvalitet, men søknadstilfanget innanfor FoU-prosjekt retta mot reduksjon av klimagassar var svakt. Porteføljen av aktive prosjekt er likevel tilfredsstillande.

Petroleumsporteføljen har avgrensa moglegheiter i EUs rammeprogram, men Forskingsrådet har i 2024 stimulert til internasjonalt samarbeid gjennom fellesutlysingar med tilsvarande organisasjonar i andre land. I 2024 var den norsk-brasilianske fellesutlysinga med FINEP eit viktig bidrag.

Boks 4.4 Prosjekteksempel: robotisert vedlikehaldsarbeid

Aldrande infrastruktur skaper eit aukande behov for reparasjonar og vedlikehald på norsk sokkel. Eit innovasjonsprosjekt hos Kongsberg Ferrotech med SINTEF, Equinor, Gassco og Shell Global Technology som partnarar har utvikla ny teknologi som mogleggjer permanent reparasjon av undervasskomponentar på staden, utan at produksjonen må stansast. Prosjektet har utvikla ny robotisert metodikk for reparasjonar under vatn ved bruk av 3D-printing, noko som kan gi store innsparingar for vedlikehaldsarbeid på røyrleidningar, strukturar og skipsskrog. I tillegg kan dei robotiserte metodane redusere HMS-risikoen og heve kvaliteten på arbeidet som blir utført.

Utlysinga har stimulert til auka samarbeid mellom norske og brasilianske bedrifter for utvikling av nye teknologiar og tenester innanfor miljøvennleg energi og offshore petroleumsverksemd. Totalt fekk fem prosjekt støtte. Gjennom JPI Oceans finansierte Forskingsrådet to prosjekt som undersøkte økologiske effektar av støy i havet. Prosjekta har relevans for både petroleum og havvind.

Havbotnmineralutvinning

Arbeidet med havbotnmineralutvinning i 2024 har i hovudsak vore knytt til deltaking i den internasjonale JPI Oceans-utlysinga. Aktiviteten har bidratt til å styrke det faglege grunnlaget og samarbeidet som skal vidareførast i 2025. Innsatsen har lagt til rette for ei målretta og heilskapleg satsing på forsking og innovasjon, i tråd med Meld. St. 25 (2022–2023) om mineralverksemd på norsk kontinentalsokkel.

I 2024 har Forskingsrådet arbeidd med fagleg og strategisk førebuing av ei ny satsing på havbotnmineralutvinning. Dette inkluderer planlegging av ei utlysing i 2025 for samarbeidsprosjekt som skal styrke kunnskapen om miljø- og naturverdiar i djuphavet og føresetnadene for berekraftig utvinning av havbotnmineral – inkludert berekraftige teknologiar og løysingar. Sentrale tema vil vere livssyklusen til geologiske ressursar, samspelet med økosystemet, miljørisiko og teknologi.

Kartlegging av sjøfugl

I 2024 blei det utbetalt 22 millionar kroner til sjøfuglprogramma SEAPOP og SEATRACK, som blir organiserte og utførte av Norsk institutt for naturforsking (NINA) og Norsk polarinstitutt. Arbeidet på dei nye lokalitetane rundt Nordsjøen (Sverige, Danmark, Tyskland, Nederland, Storbritannia og Noreg) blei ført vidare og styrkt i 2024. Å kartlegge og spore sjøfugl for å vurdere konsekvensar av havvindutbygging var høgt prioritert.

Frå dei innsamla datasetta er det utvikla dedikerte kartprodukt som har blitt nytta i dei strategiske konsekvensutgreiingane for havvind. Utvidinga av SEAPOP med nye lokalitetar og artar vil gi betre grunnlagsdata for å vurdere konsekvensen av havvindutbyggingar i Nordsjøen og andre havområde.

Internasjonalt forskings- og teknologisamarbeid

Energidepartementet støttar det internasjonale sekretariatet for energiforsking, noko som inneber at departementet også deltar i Mission Innovation, IEA og SET-planen. I 2024 deltok Noreg i 19 av dei 38 teknologi- og samarbeidsprogramma (TCP-ane) i IEA. Det blei arrangert ei delegatsamling for alle norske TCP-representantar og vararepresentantar i november 2024.

I Mission Innovation har departementet prioritert arbeidet med Carbon Dioxide Removal Mission (karbonfjerning) og Hydrogen Mission. I tillegg har departementet støtta Klima- og miljødepartementets arbeid med Zero Emission Shipping Mission, som har nytteverdi for arbeidet med grøn skipsfart.

I tillegg er det etablert ein samarbeidsavtale og pilotprosjekt med Brasil. I denne samanhengen har Forskingsrådet engasjert DNV til å utarbeide ein moglegheitsstudie for ein grøn skipskorridor mellom Noreg og Brasil.

Post 75 Norwegian Energy Partners

Departementet foreslår å løyve 45 millionar kroner til stiftinga Norwegian Energy Partners (NORWEP). Tilskotet skal bidra til å fremme internasjonal eksportretta verksemd for norske selskap i energisektoren og til at informasjon om moglegheiter i internasjonale marknader blir delt. Dette skjer mellom anna ved at det blir halde seminar og lagt til rette for møteplassar som er opne for alle verksemder som ønsker å delta.

Auken frå saldert budsjett 2025 skal dekke den generelle lønns- og prisveksten dei seinaste åra og negative valutaeffektar som følge av driftsutgifter i utanlandsk valuta, og gjere NORWEP i stand til å halde oppe aktivitetsnivået. I tillegg skal auken styrke arbeidet med nye satsingar.

Mål og aktivitetar

NORWEP har som mål å styrke grunnlaget for norsk verdiskaping og sysselsetting i norskbaserte energiverksemder ved å legge til rette for internasjonal satsing. Dette gjer dei mellom anna gjennom å fremme samarbeid og dialog mellom norsk industri og internasjonale selskap og myndigheiter.

Arbeidet med å fremme eksport omfattar både å styrke posisjonen til norsk leverandørindustri innanfor fornybar energi og å halde oppe den sterke posisjonen norsk leverandørindustri har i olje- og gassnæringa. NORWEP har også ei viktig rolle i å følge opp regjeringa sin ambisjon om auka eksport.

I 2026 vil NORWEP starte fire nye satsingar i tillegg til oppgåvene dei alt er i gang med. Dei vil

styrke kapasiteten sin nasjonalt og internasjonalt innanfor energisystem, karbonfangst og -lagring (CCUS) og hydrogen, og dei vil arbeide vidare med å auke eksporten av norske løysingar for lågare utslepp.

Vidareføring av satsinga på havvind blir viktig i 2026. I den internasjonale marknaden for fornybar energi er det innanfor havvind vekstmoglegheitene er størst og det er mogleg å auke den norske marknadsandelen. Innsatsen elles innanfor fornybar energi har hovudvekt på vasskraft og såkalla mogleggjerande teknologiar, det vil seie system og teknologiar som høyrer til produksjon av fornybar energi. NORWEP ønsker også å støtte opp under nye initiativ som kan bidra til å bygge opp igjen energiinfrastrukturen i Ukraina.

Som ledd i den digitale transformasjonen skal NORWEP investere i løysingar for kunstig intelligens og digitale plattformer, noko som vil bidra til eit betre og meir effektivt samarbeid på tvers av selskap, organisasjonar og andre delar av verkemiddelapparatet.

For små selskap er det krevjande å nå fram i internasjonale marknader. Ved å opptre samla får særleg små og mellomstore bedrifter lettare tilgang til myndigheiter og kundar i utlandet.

Framover vil NORWEP konsentrere seg om teknologiområde der kompetanse frå både fornybarnæringa og petroleumsnæringa kan utnyttast for å auke eksporten av norske varer og tenester. Innanfor CO_2-handtering og hydrogen vil NORWEP støtte norskbaserte selskap i konkurransen på den internasjonale marknaden.

NORWEP er til stades på alle relevante teknologiområde og har eit internasjonalt apparat med lokale rådgivarar i om lag 25 marknader utanfor Noreg. Dei internasjonale rådgivarane skal dekke heile energifeltet.

Resultat 2024

NORWEP hadde driftsinntekter på om lag 79 millionar kroner i 2024. Av desse utgjorde 28,9 millionar kroner tilskot frå Energidepartementet, medan 10 millionar kroner kom frå Nærings- og fiskeridepartementet og var øyremerkte havvindsatsinga. Andre inntekter kom frå partnarbidrag og in-kind-bidrag frå industrien. Ved utgangen av året hadde NORWEP ein eigenkapital på om lag 20 millionar kroner, inkludert stiftingskapitalen.

Talet på partnarar var 342 per 31. desember 2024, ein auke på fem frå året før.

I 2024 sette NORWEP kundane i fokus og la vekt på B2B-møteplassar (business to business). Over 2 000 slike møteplassar arrangerte dei i løpet av året. B2B-møte blir i aukande grad ein integrert del av arrangementa til NORWEP.

NORWEP gjennomførte 98 arrangement i 2024, og over 60 prosent av dei handla om fornybare løysingar og lågutsleppsløysingar, for eksempel karbonfangst og -lagring (CCS) og hydrogen.

Under ONS i Stavanger i august arrangerte NORWEP International Market Days, som blei ein viktig arena for å samle kundar, partnarar og industrien elles. NORWEP samla over 1 000 deltakarar, inkludert meir enn 250 internasjonale delegatar. Det var totalt 1 000 deltakarar på dei ulike teknologi- og marknadssesjonane, og i samband med desse blei det gjennomført meir enn 500 forretningsmøte (B2B).

NORWEP brukte i 2024 ein del ressursar på strategiutvikling og tredjeparts omdømmevurdering. Den nye strategien, *NORWEP 2.0: Closer to contract*, inneber at NORWEP vil prioritere kontraktsnære forretningsmøte framfor delegasjonsreiser til store internasjonale messer framover.

Programkategori 18.60 Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs

Utviklingstrekk

Petroleumsverksemda har over tid utvikla eit høgt nivå innanfor helse, miljø og sikkerheit (HMS). Myndigheitene legg til rette for dette gjennom utvikling og forvaltning av regelverk, kunnskapsutvikling og oppfølging av at næringa tar ansvar i samsvar med gjeldande krav. Eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø og sikker drift i næringa blir sikra over tid ved at det blir lagt til rette for medverknad, systematisk risikovurdering, førebyggande tiltak og kontinuerleg forbetring og læring.

Prosjektet Risikonivå i norsk petroleumsverksemd (RNNP) har overvaka utviklinga i risikonivået i petroleumsverksemda sidan år 2000. Prosjektet er organisert som eit samarbeid mellom Havindustritilsynet (Havtil), partane i næringa og relevante forskingsmiljø. RNNP omfattar fire årlege rapportar: Hovudrapporten, landrapporten og samandragsrapporten blir publiserte i april, medan rapporten om akutte utslepp kjem i oktober. Sjå omtale i kapittel 6 Omtale av klima- og miljøpolitikk i del III av proposisjonen. Datagrunnlaget for RNNP bygger mellom anna på innrapportering frå næringa. Annakvart år blir det gjennomført ei spørjeundersøking blant tilsette i petroleumsverksemda om HMS-tilstand, arbeidsmiljø og vurdering av eiga helse. Det er utvikla eigne storulykkeindikatorar for arbeidet med RNNP, og selskapa rapporterer inn data for 21 definerte fare- og ulykkeshendingar (DFU-ar). I tillegg blir utviklinga på andre risikorelaterte område målt, mellom anna ved hjelp av data frå testar av sikkerheitskritiske barrierar og informasjon om utført og utestående vedlikehald.

RNNP viser at HMS-nivået i petroleumsverksemda over tid har utvikla seg i ei positiv retning, og myndigheitene og partane er einige om at HMS-nivået i norsk petroleumsverksemd er høgt. Totalindikatoren for storulykker, som reflekterer både talet på alvorlege hendingar og potensialet for tap av liv som følge av hendingane, viser ei langsiktig positiv utvikling på sokkelen. Dei fleste indikatorane som inngår i RNNP for sokkelen, inkludert alvorlege personskadar, har lege stabilt på eit lågt nivå siste åra. Resultata for landanlegga viser at talet på hendingar med storulykkepotensial har gått ned frå 2023 til 2024, og indikatorane elles er stabile. Samtidig viser RNNP 2024 at talet på timar med identifisert korrigerande vedlikehald som ikkje er utført, samla for sokkelen og landanlegga har auka med om lag 8,5 prosent frå 2023.

Arbeidsmiljøet i petroleumsverksemda har i hovudsak hatt ei positiv utvikling over tid, men næringa har framleis nokre utfordringar. Tal frå RNNP 2024 viser at det på norsk sokkel blei meldt 223 rapporteringspliktige personskadar til Havtil, mot 185 i 2023. Talet på alvorlege personskadar på sokkelen viser samtidig ein svak nedgang i 2024, da det blei registrert 21 slike hendingar, mot 25 i 2023. Sidan 2010 har det vore to dødsulykker i norsk petroleumsverksemd, mot seks i tiårsperioden før. Spørjeundersøkinga i samband med RNNP viser for 2024 ei positiv utvikling knytt til fleire arbeidsmiljøforhold og sikkerheitsfaktorar for tilsette på sokkelen. På landanlegga har utviklinga vore stabil sidan siste måling i 2021.

Trusselbiletet for norsk petroleumsverksemd er varig endra som følge av Russlands krig mot Ukraina. Europa har eit stort behov for at Noreg framleis er ein sikker leverandør av gass. Dette har medført auka beredskap og merksemd rundt sikkerheit og sikring både på sokkelen og ved landanlegga. Samtidig er aktivitetsnivået i næringa høgt, med ei rekke feltutbyggingar og modifikasjonsprosjekt som går føre seg på same tid. Bransjen står også midt i eit generasjonsskifte, noko som samla sett legg press på både kapasitet og kompetanse. I tillegg har pandemien og den låge kronekursen gjort det særleg utfordrande for verft og landanlegg å erstatte tidlegare utanlandske fagarbeidarar med erfarne fagarbeidarar frå norske verksemder.

Både myndigheitene og næringa følger med på utviklinga i risiko- og trusselbiletet. Myndigheitene forventar at næringa følger opp i tråd med regelverket. Sidan 2013 har Havtil sett ei tydeleg positiv utvikling i korleis næringa arbeider med sikring, og frå 2022 har både selskapa og myndigheitene retta enda meir merksemd mot dette og intensivert oppfølginga av tiltak. Arbeid med sik-

kerheit og beredskap innanfor petroleumsverksemda er omtalt i kapittel 7 Sikkerheit- og beredskapsarbeid i del III av proposisjonen.

Klimautfordringane påverkar utviklinga i petroleumsverksemda. Næringa utviklar og tar i bruk meir ressurseffektive og miljøvennlege løysingar, og omstiller seg for også å bidra innanfor nye energiformer. Endringsprosessane er ofte komplekse, og det kan vere utfordrande å gjennomføre heilskaplege vurderingar av kva konsekvensar endringane kan få for sikkerheit og arbeidsmiljø. Myndigheitene følger utviklinga tett, mellom anna gjennom dialog med relevante partar og samarbeid mellom aktuelle myndigheiter.

Ny teknologi, som kunstig intelligens, kan bidra til å redusere risiko, men dette føreset rett bruk. Ei heilskapleg risikoforståing og god barrierestyring er grunnlaget for sikkerheit, også når ein tar i bruk ny teknologi. Det er derfor viktig å både forstå og handtere dei spesifikke risikoane som er knytte til teknologien, og dei risikoane som oppstår når teknologien blir brukt i eit domene som har stort storulykkepotensial og er avgjerande for energisikkerheita.

Hovudmål

Regjeringa har som ambisjon at norsk petroleumsverksemd skal vere verdsleiande på HMS. Det gjeld også for dei nye industrinæringane på sokkelen. Ambisjonen skal bidra til sikker drift, og sikkerheit for arbeidstakarane på sokkelen.

Eit høgt HMS-nivå er ikkje noko ein kan ta for gitt. På enkelte område er det framleis behov for betre førebyggande arbeid og tilpassa oppfølging av risiko. Regjeringa legg til grunn at det etablerte HMS-regimet, med godt partssamarbeid og ei tydeleg tilsynsmyndigheit, framleis vil vere avgjerande for ei kontinuerleg forbetring av HMS-nivået på sokkelen.

Både ansvaret for og nøkkelen til kontinuerleg forbetring av HMS-nivået og effektiv drift ligg hos næringa sjølv. Oppfølginga frå myndigheitene kjem i tillegg til, ikkje som erstatning for, oppfølging frå selskapa sjølve. Dette ansvaret inneber også oppfølging av kontrollplikta, både operatøren si oppfølging av leverandørar nedover i kjeda og rettshavaren si oppfølging av operatøren. Myndigheitene forventar at næringa er i stand til å styre og tilpasse seg endringar og samtidig ta ansvar for å vidareutvikle og styrke sikkerheita og arbeidsmiljøet.

Kunnskapen og teknologien utviklar seg raskt i petroleumsverksemda og i ny industriverksemd til havs. Teknologiutvikling fører i hovudsak til betre sikkerheit og effektivitet, men kan også føre med seg nye utfordringar som verksemdene må handtere. Det er forventa at aktørane utviklar og tar i bruk ny teknologi som bidrar til auka effektivitet og sikkerheit, og til kontinuerleg forbetring av HMS-nivået.

Det er nødvendig med kontinuerleg kunnskapsutvikling og god dokumentasjon av HMS, ikkje minst som følge av den teknologiske utviklinga. I petroleumsverksemda er den løpande utviklinga og oppfølginga av RNNP eit viktig tiltak i denne samanhengen.

Det er behov for å satse vidare på forsking og innovasjon innanfor HMS i sektoren. Grunnleggande og anvend forsking, mellom anna finansiert gjennom midlar til Forskingsrådet, bidrar til ny kompetanse, teknologi og innovasjon som kan forhindre storulykker og forbetre helsa, arbeidsmiljøet, sikkerheita og sikringa i sektoren jf. omtale under programkategori 18.30.

Energidepartementets mål og oppgåver

Energidepartementet har ansvar for etatsstyringa av Havtil og forvaltningsansvaret for arbeidsmiljø, sikkerheit, beredskap og sikring etter petroleumslova, havenergilova og havbotnminerallova og dessutan for arbeidsmiljølova når det gjeld verksemd på tilsynsområdet til Havtil. Departementet har også fått delegert myndigheit etter lov om andre undersjøiske naturførekomstar når det gjeld transport og lagring av CO_2 på kontinentalsokkelen.

Departementet har det overordna ansvaret for forvaltninga av arbeidsmiljøet og for sikkerheit og beredskap i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs. Departementet skal sørge for ei samordna og heilskapleg forvaltning av regelverk som gjeld krav til og tilsyn med arbeidsmiljø, sikkerheit, beredskap og sikring.

Gjennom styringsdialogen skal departementet følge opp korleis Havtil arbeider med arbeidsmiljø, sikkerheit, beredskap og sikring i tilknyting til sitt myndigheitsansvar.

Gjennom etatsstyringa skal departementet arbeide for at Havtil følger opp myndigheitsutøvinga i verksemdene aktivt. Departementet legg vekt på at Havtil er tydeleg i bruken av verkemiddel og reaksjonar.

Ved gjennomføringa av konsesjonsrundar og godkjenning av utbyggingsplanar skal departementet sjå til at aktørane på norsk sokkel er seriøse og kompetente, og slik bidra til å oppretthalde eit høgt nivå for helse, miljø og sikkerheit på norsk sokkel.

Den norske modellen, med eit velfungerande to- og trepartssamarbeid, er ein vesentleg føresetnad og ein viktig arena for HMS-regimet på sokkelen. Eit godt samarbeid føreset god og open kommunikasjon, gjensidig anerkjenning av roller og ansvar, og reell medverknad frå arbeidstakarane. Departementet vil legge vekt på at Havtil, i samarbeid med partane, held fram med å legge til rette for eit godt partssamarbeid.

Energidepartementets resultat for 2024

Energidepartementet har som nemnt ansvaret for etatsstyringa av Havtil og forvaltningsansvaret for arbeidsmiljø, sikkerheit, beredskap og sikring etter petroleumslova, havenergilova, havbotnminerallova og lov om andre undersjøiske naturførekomstar, og i tillegg etter arbeidsmiljølova for verksemd innanfor tilsynsområdet til Havtil.

I 2024 har departementet følgt opp Havtil gjennom styringsdialogen og arbeidd for å sikre ei heilskapleg og koordinert forvaltning på dei nemnde områda.

Departementet har også følgt opp arbeidet Havtil gjer med ei ny forskrift om sikkerheit og arbeidsmiljø ved fornybar energiproduksjon til havs, og arbeidd med å utvide arbeidsmiljølova slik at ho gjeld for denne typen verksemd.

Vidare har departementet følgt opp Havtil sitt arbeid med å utvikle ei sikkerheitsforskrift for havbotnmineralverksemd.

Departementet har elles i 2024 følgt med på risikobiletet i petroleumsverksemda og på relevant forskings- og utviklingsarbeid knytt til arbeidsmiljø, sikkerheit, beredskap og sikring.

Havindustritilsynet

Havindustritilsynet (Havtil) skal legge premissar for og følge opp at aktørane innanfor myndigheitsområdet deira held eit høgt nivå når det gjeld sikkerheit, helse, arbeidsmiljø og sikring.

Myndigheitsansvaret til Havtil omfattar petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel i tillegg til enkelte nærmare angitte petroleumsanlegg på land. Havtil har også ansvar for å følge opp sikringstiltaka til aktørane og beredskapen deira mot bevisste anslag.

Havtil er sektortilsyn etter sikkerheitslova for petroleumsverksemda, og følger opp at verksemdene tar ansvar for sikkerheit og sikring i tråd med sektorregelverket og sikkerheitsregelverket.

Havtil har også tilsynsansvar for arbeidsmiljø, sikkerheit og beredskap for transport og lagring av CO_2 i undersjøiske geologiske formasjonar på kontinentalsokkelen. Havtil har vidare ansvar knytt til havenergilova § 5-1 om beredskap, sikkerheit og arbeidsmiljø og havbotnminerallova kapittel 6 og § 9-1 om sikkerheit og beredskap.

Havtil skal, på eit fagleg og sjølvstendig grunnlag, følge opp at aktørane følger opp ansvaret dei har etter petroleumslovgivinga, arbeidsmiljølovgivinga og anna relevant regelverk som ligg til myndigheita til Havtil.

Havtil har kontor i Stavanger. Det blei utført 168 årsverk i 2024.

Mål

Havtil skal bidra til å nå følgande hovudmål innanfor sitt ansvarsområde:

- at risikoen for storulykker i petroleumsverksemda blir redusert
- at verksemdene har eit systematisk førebyggande arbeid med helse, arbeidsmiljø og sikkerheit, og at arbeidsforholda er forsvarlege
- at verksemdene har nødvendige sikringstiltak som bidrar til å hindre uønskte hendingar, og at dei sørger for beredskap tilpassa det til kvar tid gjeldande risikobiletet

Havtil følger opp verksemdene gjennom tilsyn, rettleiing og informasjon. I denne oppfølginga legg dei vekt på å vere ei sterk og tydeleg tilsynsmyndigheit med nødvendig tillit og legitimitet.

Det er verksemdene sjølve som har ansvaret for HMS-nivået på eigne anlegg og innretningar. Havtil fører tilsyn med at aktørane følger opp dette ansvaret gjennom alle fasar av verksemda.

I petroleumsverksemda er det potensial for storulykker. Verksemdene er derfor ansvarlege for å førebygge, ha beredskap for og sette i verk risikoreduserande tiltak i tråd med gjeldande regelverk.

Ein føresetnad for å sikre trygg drift og eit forsvarleg arbeidsmiljø i tråd med regelverket er at verksemdene på kvar arbeidsplass legg til rette for eit godt fungerande topartssamarbeid, gjer systematiske risikovurderingar og set i verk risikoreduserande tiltak for kontinuerleg læring og forbetring.

Resultat 2024

Redusere risikoen for storulykker i petroleumsverksemda

Havtil nyttar resultat frå RNNP, saman med informasjon frå tilsynsaktivitetar og oppdatert kunn-

skap, som grunnlag for å sikre ei målretta og risikobasert tilsynsoppfølging.

Ved alvorlege hendingar kan Havtil gjennomføre granskingar. Talet på slike granskingar varierer frå år til år, avhengig av kor mange alvorlege hendingar det er i næringa. I 2024 blei det starta seks granskingar, noko som er på nivå med dei tre føregåande åra.

Havtil publiserer granskings- og tilsynsrapportane sine for å fremme erfaringsdeling og styrke læringa på tvers av sektoren.

Brønnkontroll

Brønnkontrollhendingar kan innebere fare for ei storulykke og har høg prioritet. I 2024 har etaten retta merksemda mot årsakene til slike hendingar, særleg utfordringar knytte til estimering av pore- og oppsprekkingstrykk.

Etaten har også bidratt til utviklinga av ei ny internasjonal retningslinje i regi av International Association of Oil & Gas Producers. Retningslinja vil vere viktig i arbeidet med å utvikle metodar og ny teknologi innanfor brønnkontroll.

Havtil har gjennomført tilsyn med planlegging og utføring av bore- og brønnintervensjonsoperasjonar og vurdering av brønnkontrollkompetanse hos entreprenørane. Gjennom kunnskapsformidling har etaten også vore ein pådrivar for ytterlegare reduksjon av risiko på området.

Hydrokarbonlekkasjar

Hydrokarbonlekkasjar kan resultere i brann eller eksplosjon og dermed tap av menneskeliv, akutte utslepp av hydrokarbon til luft og sjø og tap av store materielle verdiar. Totalt sett har talet på hydrokarbonlekkasjar på sokkelen gått markant ned i perioden 2005–2023, med nokre svingingar dei siste åra. På landanlegga var det færre hydrokarbonlekkasjar i 2024 enn tidlegare år. Tilsyn og rettleiing frå Havtil skjer gjennom oppfølging av hendingar og av system og arbeidsprosessar som skal hindre lekkasjar. Havtil prioriterer å følge opp dei innretningane og anlegga der utfordringane og risikoen er størst.

Elsikkerheit

Feil i elektrisk utsyr kan vere tennkjelde og føre til personskadar. Havtil har gjennomført fleire tilsyn med elsikkerheit for å styrke forståinga av kor viktig god barrierestyring er for forsvarleg drift. Samla gir tilsynserfaringar og data frå RNNP eit bilete av ei næring som stadig blir betre til å styre sikkerheitskritiske barrierar.

Vedlikehald

Manglande vedlikehald er ofte ein medverkande faktor ved konstruksjonshendingar. Tilsyn viser at selskapa prioriterer vedlikehald av sikkerheitskritisk utstyr, men at det framleis er rom for forbetring. RNNP 2024 viser at vedlikehaldsetterslepet har auka både på sokkelen og ved landanlegga. Etaten har følgt opp gjennom revisjonar, studiar og deltaking i bransjeforum.

Konstruksjonsintegritet

Havtil har gjennomført ei rekke tilsyn og studiar av korleis selskapa handterer integriteten til konstruksjonar, med mål om å bidra til betre sikkerheit.

Oppfølginga har særleg vore retta mot korrosjon under isolasjon i prosessanlegg, marine system og røyrleidningar for transport av olje og gass.

Gjennom kunnskapsformidling bidrar Havtil til å løfte vedlikehald som tema og auke bevisstheita rundt god vedlikehaldsstyring som verkemiddel for å redusere risikoen for storulykker.

Førebyggande helse-, arbeidsmiljø- og sikkerheitsarbeid

Havtil har også i 2024 prioritert oppfølging av førebyggande helse-, arbeidsmiljø- og sikkerheitsarbeid, med særleg vekt på korleis selskapa handterer det fysiske og kjemiske arbeidsmiljøet, det organisatoriske og psykososiale arbeidsmiljøet og ergonomi. Dette kjem i tillegg til den kontinuerlege oppfølginga av tiltak for å redusere arbeidsmiljørisiko, hindre akutte personskadar og sikre seriøse og anstendige arbeidsvilkår.

Etaten har lagt særleg vekt på risiko knytt til eksponering for kreftframkallande kjemikaliar som benzen, dieseleksos, asbest, formaldehyd og alfa-kvarts. Desse stoffa blir nytta i ulike delar av petroleumsverksemda, som boring og brønn, vedlikehald, prosess og produksjon. I samarbeid med Statens arbeidsmiljøinstitutt har Havtil utvikla betre datagrunnlag for eksponering, særleg for dieseleksos og formaldehyd. Oppfølginga skjer både gjennom tilsyn med enkeltselskap og gjennom informasjonsinnhenting og kunnskapsutvikling.

I løpet av året har Havtil også retta merksemd mot førebygging av personskadar ved løfteopera-

sjonar, som ofte er knytte til operasjonelle forhold på innretningar og anlegg. Psykososiale og organisatoriske faktorar som kan føre til muskel- og skjelettplager er inkluderte i risikovurderingane, og Havtil har vore opptatt av at selskapa balanserer førebyggande og reaktive tiltak.

I juni 2025 vedtok Stortinget endringar i arbeidsmiljøloven § 4-3 som tydeleggjer krava til det psykososiale arbeidsmiljøet. Målet er å gi betre rettleiing og styrke bevisstheita om kva verksemdene skal arbeide med for å sikre eit forsvarleg psykososialt arbeidsmiljø. Havtil ser ei positiv utvikling i bransjen med auka merksemd på dette området.

Medverknad frå arbeidstakarane har vore eit sentralt tema i tilsyn og oppfølging av selskapa og i dialogen med partane i næringa. Det varierer framleis korleis selskapa legg til rette for medverknad, men oppfølginga har bidratt til at det har fått høgare prioritet.

Rammevilkår har også vore eit høgt prioritert tema, og Havtil har følgt opp moglege negative HMS-konsekvensar gjennom tilsyn og møte med aktørar i heile leverandørkjeda. Resultata viser at det framleis må rettast merksemd mot dette området.

Ny industriverksemd til havs

Når det gjeld ny industriverksemd til havs, blei det i 2024 gjennomført høyring av forslag til forskrift om sikkerheit og arbeidsmiljø for fornybar energiproduksjon til havs. Vidare arbeid med å ferdigstille forskrifta og nødvendige lovendringar blir følgt opp av Havtil og Energidepartementet.

Etaten har også prioritert utvikling av kunnskapsgrunnlag og risikobilete knytte til havbotnmineralverksemd. Høyringa av forskriftsforslaget hadde frist 15. mai 2025 og blir no følgt opp vidare.

Sikker CO_2-handtering er eit viktig tiltak for å redusere dei globale utsleppa av klimagassar. Havtil regulerer og fører tilsyn med transport og injeksjon av CO_2 på norsk sokkel og har utarbeidd eit arbeidsmiljø- og sikkerheitsregelverk på området. Etaten følger med på utviklinga i næringa og tilpassar oppfølginga i takt med denne.

Petroleumsnæringa arbeider aktivt for å redusere klimaavtrykket ved produksjon av olje og gass, mellom anna gjennom elektrifisering og fangst, transport og lagring av CO_2. Havtil har i 2024 følgt utviklinga for å identifisere område med høg HMS-risiko og har arbeidd med kunnskapsinnhenting og regelverksutvikling.

Sikring og beredskap for å bidra til å hindre uønskte hendingar

Både sikring og samfunnssikkerheit har vore i fokus i petroleumsverksemda dei siste åra, noko som heng saman med den krevjande sikkerheitssituasjonen i Europa. Både myndigheitene og næringa følger med på utviklinga i risiko- og trusselbiletet. Myndigheitene forventar at næringa, i tråd med regelverket, følger opp og tilpassar sikringstiltak og beredskap til det risikobiletet som gjeld til kvar tid.

Havtil har bidratt til å forbetre sikringstilstanden gjennom tilsynsaktivitet, dialog og møte med aktørane i næringa og gjennom samhandling og dialog med andre myndigheiter. Etaten har også bidratt til den nasjonale beredskaps- og krisehandteringa ved å dele kunnskapen om situasjonsbiletet i petroleumsverksemda. Ei felles situasjonsforståing og eit klarare og meir presist situasjonsbilete er viktig for at myndigheitene skal kunne få eit betre avgjerdsgrunnlag for handtering av situasjonen, god samhandling om iverksetting av tiltak og tilpassa oppfølging av aktørane.

Petroleumsnæringa har over lengre tid vore opptatt av å styrke motstandskrafta mot tilsikta handlingar. Tilstrekkeleg grunnsikring og god reparasjonskapasitet er viktige tema som både næringa og myndigheitene har lagt vekt på. Samtidig utviklar trusselaktørane stadig verktøya og metodane sine. Selskapa må derfor følge med heile tida, og ved behov utvikle sikringstiltaka sine og tilpasse beredskapen. Havtil har i 2024 følgt opp at selskapa held oppe forbetringstakten og integrerer sikring enda betre i den daglege drifta. Etaten har dei seinare åra også styrkt innsatsen knytt til arbeid med hybride truslar, cyberhendingar, IKT-sikkerheit og sikring av industrielle IKT-system, mellom anna gjennom tilsyn, kunnskapsutvikling og formidling.

Havtil har erfart at det framleis er behov for øving og samhandling med leverandørar på dette området. I 2024 har etaten ferdigstilt eit sett med øvingsrettleiarar til bruk i næringa. I tillegg har dei retta merksemd mot kunstig intelligens, som i aukande grad blir tatt i bruk på innretningar og anlegg i petroleumsverksemda. Havtil er mellom anna opptatt av risikostyring og forsvarleg bruk. På oppdrag frå Havtil har DNV i 2024 utarbeidd rapporten *Kunnskapsoversikt knyttet til forsvarlig bruk av kunstig intelligens i petroleumssektoren*. Det har bidratt til auka kunnskap og bevisstheit i næringa, og til at selskapa legg meir vekt på risikostyring ved bruk av kunstig intelligens.

I 2024 har Havtil gjennomført fleire revisjonar knytte til sikring etter petroleumslova, både til havs og ved landanlegg. Revisjonane har vore retta mot handtering av sikringsrisiko, forståing av verdiar og truslar, sikringstiltak, kompetanse og interne verifikasjonssystem i selskapa. Gjennom revisjonane har Havtil merka seg at sikring må integrerast betre i den daglege drifta. Dei har også observert at trusselbileta som sikkerheitsmyndigheitene teiknar opp, kan bli oppfatta ulikt både internt i selskapa og på tvers av sektoren.

Kap. 1860 Havindustritilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21*	353 347	374 000	385 300
21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	33 503	25 500	26 000
23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, *kan overførast*		4 000	4 000
	Sum kap. 1860	386 850	403 500	415 300

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21

Departementet foreslår å løyve 385,3 millionar kroner til lønnsutgifter og andre driftsutgifter for Havindustritilsynet. Lønnsrelaterte utgifter utgjer om lag 75 prosent. Vidare foreslår departementet å gi fullmakt til å overskride løyvinga mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4860, post 10 Refusjonar, jf. forslag til vedtak II.

Auken frå saldert budsjett 2025 heng saman med lønns- og prisjustering.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Departementet foreslår å løyve 26 millionar kroner til tilsyn med petroleumsaktivitetar som Havindustritilsynet utfører på eiga hand eller med bistand frå andre.

Utgiftene blir finansierte gjennom gebyrinntekter eller sektoravgifter frå operatørselskap og kontraktørar. Inntektene blir førte under kap. 4860, post 01 Gebyrinntekter, eller kap. 5582, post 75 Sektoravgifter under Havindustritilsynet.

Post 23 Oppdrag- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Departementet foreslår ei løyving på 4 millionar kroner og ei fullmakt til å overskride løyvinga mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4860, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter, jf. forslag til vedtak II.

Løyvinga skal dekke utgifter knytte til samarbeidsavtalar om rådgiving til utviklingsland innanfor områda sikkerheit og arbeidsmiljø, jf. tilsvarande inntektsløyving under kap. 4860, post 02.

Kap. 4860 Havindustritilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Gebyrinntekter	83 731	89 000	92 312
02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	10 019	4 000	4 000
	Sum kap. 4860	93 750	93 000	96 312

Post 01 Gebyrinntekter

Posten omfattar gebyrinntekter frå tilsyn med helse, miljø og sikkerheit i petroleumssektoren, retta mot enkeltselskap.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Posten omfattar inntekter frå oppdrags- og samarbeidsverksemda, jf. kap. 1860, post 23.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
75	Sektoravgifter under Havindustritilsynet	140 219	145 000	145 000
	Sum kap. 5582	140 219	145 000	145 000

Post 75 Sektoravgifter under Havindustritilsynet

Havindustritilsynet finansierer tiltak retta mot heile eller delar av petroleumsnæringa gjennom sektoravgifter, med heimel i forskrift om gebyrinnkrevjing ved petroleumstilsyn.

Sektoravgiftene blir fastsette slik at dei ikkje overstig dei faktiske kostnadene Havindustritilsynet har til dei formåla avgiftene skal dekke.

Del III
Omtale av særskilde tema

5 Prosjekt under utbygging på norsk kontinentalsokkel

Før nye førekomstar eller anlegg på norsk kontinentalsokkel kan byggast ut, drivast eller nyttast til transport, må rettshavargruppene levere ein plan for utbygging og drift (PUD) eller ein plan for anlegg og drift (PAD) til godkjenning hos myndigheitene. Det krevjast også at rettshavargruppene sende inn ein endra PUD eller PAD dersom dei ønsker å gjere større endringar i ein allereie godkjend plan. Rettshavargruppene har ansvaret for å utarbeide planane og for å gjennomføre utbygginga i samsvar med dei godkjende planane.

I dette kapittelet følger ein omtale av utviklinga for dei prosjekta som har fått utbyggingsplanen godkjend av myndigheitene, men som framleis er under utbygging, og dei prosjekta som har komme i produksjon sidan rapporteringa til Stortinget i fjor.

Per 1. september 2025 var 17 utbyggingsprosjekt eller feltutbyggingar med ein godkjend utbyggingsplan i gang på norsk kontinentalsokkel. Åtte av prosjekta er i Nordsjøen, åtte i Norskehavet og eitt i Barentshavet. Sidan fjorårets rapportering har utbyggingsprosjektet Fram Sør blitt godkjent. Sju utbyggingsprosjekt er ferdigstilte og sette i produksjon etter 1. august 2024: Johan Castberg, Balder Future, Gina Krog – alternativ eksportløysing, Ormen Lange fase 3, Halten Øst, Tyrving og Maria fase 2. Departementet har henta inn oppdaterte opplysningar frå operatørselskapa for dei ulike prosjekta fram mot september 2025, som bakgrunn for omtala av prosjekta. For Fram Sør bruker vi tal frå PUD, ettersom utbyggingsplanen først blei innlevert i andre kvartal 2025.

Olje- og gassnæringa er ein syklisk og global industri. Utbyggingar er ofte store og komplekse prosjekt som omfattar fleire ulike aktivitetar. Desse aktivitetane involverer leveransar frå mange nasjonale og internasjonale aktørar. Sidan aktivitetane skjer på ulike stader, krevst det utstrekt kommunikasjon og godt samarbeid mellom dei involverte aktørane. For at resultatet skal bli vellykka, er det for eksempel avgjerande at aktørane ferdigstiller leveransane til rett tid. At næringa er syklisk, aukar kompleksiteten ved at det påverkar tilgangen på varer og tenester av god kvalitet. God planlegging og god styring av gjennomføringa er nødvendig for å lykkast, men eksterne marknadsforhold er svært krevjande å føreseie presist.

For utbyggingar der ein stor del av kostnadene er knytte til kontraktar, for eksempel i amerikanske dollar, vil større, uventa endringar i valutakursar ha stor innverknad på investeringskostnadene målte i kroner. Dei siste åra har den norske krona svekt seg vesentleg i forhold til amerikanske dollar og euro. Det har ført til høgare investeringar målte i norske kroner, sjølv om leveransane har skjedd til avtalt pris.

For mange av prosjekta utgjer valutaeffekten ein betydeleg auke i investeringsanslaga. Ein svekt kronekurs, samanlikna med føresetnadene i ein utbyggingsplan, bidrar såleis til høgare kostnader målte i norske kroner, ikkje berre som direkte følge av auka importkostnader, men også fordi indirekte innkjøpskostnader i leverandørkjeda kan ha auka i norske kroner. For eksempel hadde prosjekta for 2024 i snitt lagt til grunn ein dollarkurs på 8,50 kroner i utbyggingsplanane, medan den faktiske gjennomsnittskursen enda på 10,74 kroner, altså ein auke på meir enn 25 prosent. For prosjekt som framleis er under utbygging, er risikoen knytt til den framtidige valutakursen ein vesentleg usikkerheitsfaktor i kostnadsanslaga.[1] Vedvarande endringar i kronekursen har elles også eit oppsidepotensial med tanke på inntektsstraumen frå prosjekta når dei blir sette i drift.

Utbyggingskostnadene blir i stor grad påverka av eksterne forhold, inklusive geopolitiske utviklingstrekk som endrar rammevilkåra for handel, investeringar og tilgang på innsatsfaktorar. Eit meir uføreseieleg globalt risikobilete påverkar leverandørkjeda – både kostnadsnivået og faren for forseinka leveransar. I fleire av prosjekta som er under utbygging, har kostnadene auka som følge av geopolitiske forhold. For eksempel har

[1] Selskapa nyttar eigne føresetnader i sine anslag for investeringane. Det inneber at det kan vere forskjellar i korleis kostnader og andre nøkkeltal blir estimerte, mellom anna framtidige inflasjons- og valutaføresetnader.

krig i Europa i periodar ført til høgare prisar på viktige innsatsfaktorar, som stål. Marknadsutviklinga i leverandørindustrien utgjer ei stor usikkerheit i investeringsanslaga framover også.

Blant prosjekta som er under utbygging, skil dei to sjølvstendige prosjekta Yggdrasil og Valhall-Fenris seg ut med ein betydeleg absolutt kostnadsauke. Operatøren for prosjekta opplyser om at kostnadsauken i hovudsak kan tilskrivast fire faktorar: 1) indirekte og direkte valutaeffektar, 2) endringar i prosjektet som gir auka verdi, 3) vekst og kapasitetsutvidingar og 4) marknadsforhold. Sidan prosjekta blei kostnadsestimerte, har den norske krona svekt seg betydeleg, og dette er noko rettshavarane ikkje kan påverke. Ettersom nesten all norsk olje og gass blir eksportert og omsett i utanlandsk valuta, vil også inntektene målte i norske kroner bli høgare, gitt at kronekursen held seg. Verdiaukande prosjektendringar inneber endringar som styrker verdipotensialet i prosjekta. Ei nærmare omtale av desse faktorane for Yggdrasil, Valhall-Fenris og Skarv satelittar (Alve Nord, Idun Nord og Ørn) følger nedanfor.

Sidan førre rapportering er som nemnt Johan Castberg og Balder Future sette i produksjon. Begge desse prosjekta har hatt ein stor kostnadsauke og forseinka oppstart, mellom anna på grunn av utfordringar som følge av koronapandemien.

Status for utbyggingsprosjekta

På investeringstidspunktet er det usikkert kor store kostnader og investeringar eit prosjekt faktisk vil medføre. Kostnadsanslaga i PUD/PAD har eit usikkerheitsspenn på +/– 20 prosent. Porteføljen av prosjekt inneheld både prosjekt med lågare investeringar enn anslått på investeringstidspunktet og prosjekt med betydeleg høgare investeringar. 16 av 24 prosjekt som er under utbygging eller har komme i produksjon sidan 1. august 2024, har kostnadsanslag som ligg innanfor usikkerheitsspennet i utbyggingsplanen. Seks av prosjekta som er under utbygging, har hatt ein kostnadsauke som ligg over usikkerheitsspennet som var oppgitt i PUD/PAD.

Operatøren for Snøhvit Future har innrapportert ei inflasjonsjustering av investeringsestimatet frå i fjor. Operatøren viser til at ein forlenga revisjonsstans på Hammerfest LNG og lågare framdrift indikerer at investeringskostnadene kjem til å auke ved rapporteringa neste år, men det er ikkje grunnlag for å oppdatere estimatet per medio september.

Eit høgare investeringsnivå enn anslått i utbyggingsplanen er ikkje nødvendigvis negativt for lønnsemda i eit prosjekt. Dersom dei auka investeringane gir høgare inntekter, kan det medverke til større verdiskaping frå prosjektet. Dette gjer seg spesielt gjeldande for Yggdrasil-utbygginga.

Tabell 5.1 og 5.2 gir oversikt over investeringsanslaga til operatørane målte i norske kroner på tidspunktet for innlevering av den aktuelle utbyggingsplanen, anslaga deira per september 2025, forskjellen mellom desse to anslaga og endringa i investeringsanslaga sidan fjorårets rapportering i Prop. 1 S (2024–2025) frå departementet.[2]

Samla sett har prosjekta som er under utbygging no anslåtte investeringar på om lag 416 milliardar 2025-kroner, mot om lag 330 milliardar 2025-kroner på PUD/PAD-tidspunktet. Dette utgjer ein auke på om lag 26 prosent.

Tilsvarande har prosjekta som er sette i produksjon det siste året, oppdaterte investeringar på om lag 178 milliardar 2025-kroner, mot om lag 122 milliardar 2025-kroner på PUD/PAD-tidspunktet. Dette utgjer ein auke på om lag 46 prosent.

Basert på innrapporteringa har departementet berekna verdien av å føre vidare prosjekta, og internrenta for den samla prosjektporteføljen. Det er departementet sine eigne prisanslag for olje og gass som ligg til grunn for berekningane.

Verdien av å føre vidare prosjektporteføljen er berekna ut frå noverdien av dei forventa framtidige kontantstraumane frå prosjekta. Historiske kontantstraumar er da ikkje tatt med, ettersom dei ikkje kan påverkast. Samla har prosjekta ein berekna noverdi framover på om lag 900 milliardar kroner med 7 prosent kalkulasjonsrente reelt før skatt, og om lag 1 100 milliardar kroner med 4 prosent kalkulasjonsrente.[3]

Internrenta er eit prosentmål på avkastninga for ei investering. Dei historiske kontantstraumane er kjende, medan dei framtidige er anslått basert på oppdaterte forventningar frå operatørane. Internrenta til den samla porteføljen av prosjekta under utbygging frå tidspunktet da utbyggingsplanane blei leverte, er berekna til om lag 18 prosent.

---

[2] På grunn av berekningstekniske endringar, mellom anna oppdateringar i framtidige valutaprognosar, samanlikna med fjorårets rapportering, er endringa sidan i fjor høgare enn den reelle kostnadsauken frå førre rapportering for fleire av prosjekta.

[3] Om det var dei berekningstekniske prisane i nasjonalbudsjettet som låg til grunn, ville verdiane vore høvesvis om lag 700 milliardar kroner, 900 milliardar kroner og 15 prosent.

Tabell 5.1 Investeringsanslag, prosjekt under utbygging per 1. september 2025

(i mrd. 2025-kroner)

	PUD/PAD-godkjent	PUD/PAD-estimat	Nye anslag	Endring frå i fjor	Total-endring	Totalendring i pst.
Troll Vest kraft frå land (TWEL)	2021	9,3	10,1	0,1	0,8	8
Oseberg OGP	2022	11,9	14,4	-0,0	2,5	21
Draugen og Njord kraft frå land	2023	8,2	10,4	0,9	2,2	27
Yggdrasil	2023	128,5	177,6	39,7	49,0	38
Valhall-Fenris	2023	56,3	75,9	13,5	19,7	35
Symra	2023	10,2	11,7	0,8	1,5	15
Irpa	2023	16,6	17,8	0,3	1,2	7
Verdande	2023	5,3	6,2	0,5	0,9	17
Alve Nord	2023	7,0	8,6	1,1	1,6	23
Idun Nord	2023	4,3	5,1	0,7	0,8	18
Ørn	2023	7,3	9,5	1,5	2,2	31
Dvalin Nord	2023	8,4	8,3	-0,2	-0,1	-2
Berling	2023	10,1	11,3	1,0	1,2	12
Snøhvit Future	2023	14,7	16,8	-	2,1	14
Eirin	2024	4,3	4,3	0,0	0,1	1
Bestla	2024	6,2	6,5	-	0,3	6
Fram Sør	2025	21,4	21,4	-	-	-
Sum		*329,9*	*415,8*	*59,9*	*85,9*	*26*

Berekningane er gjorde ut frå tal som ikkje er avrunda til nærmaste desimal.

Tabell 5.2 Investeringsanslag, prosjekt som er ferdigstilte etter 1. august 2024

(i mrd. 2025-kroner)

	PUD/PAD-godkjent	PUD/PAD-estimat	Nye anslag	Endring frå i fjor	Total-endring	Totalendring i pst.
Johan Castberg	2018	61,4	87,8	0,1	26,4	43
Balder Future	2020	24,0	55,0	3,4	30,9	129
Gina Krog – alternativ oljeeksportløysing	2022	1,4	1,5	-0,1	0,0	3
Ormen Lange fase 3	2022	13,8	12,3	-0,4	-1,6	-11
Halten Øst	2023	9,9	10,5	0,7	0,6	6
Tyrving	2023	6,9	6,5	-0,2	-0,4	-6
Maria fase 2	2023	4,5	4,6	-0,1	0,0	1
Sum		*122,1*	*178,1*	*3,4*	*56,0*	*46*

Berekningane er gjorde ut frå tal som ikkje er avrunda til nærmaste desimal.

Nærmare omtale av enkelte prosjekt

Nedanfor følger ein nærmare omtale av dei prosjekta som no har eit investeringsanslag eller realiserte investeringar på meir enn +/– 20 prosent.

Prosjekt under utbygging

Yggdrasil

Yggdrasil-utbygginga er ei samordna utbygging som omfattar felta Hugin, Munin og Fulla. I 2025 skjer ei omfattande samanstilling av plattformmodular hos verft og leverandørar nasjonalt og internasjonalt. Installasjon av havbotninfrastruktur er også godt i gang. Boring av produksjonsbrønnar starta etter sommaren 2025.

Prosjektet inneber planar, og betinga avgjerder, om utbygging av påviste og ikkje-påviste ressursar i Yggdrasilområdet. I 2023 blei det påvist utvinnbare ressursar i Øst Frigg. Øst Frigg er ein del av Yggdrasil-prosjektet og skal byggast ut med ei havbotnramme som skal knytast til Hugin A-plattforma. Å bygge ut Øst Frigg aukar ressursgrunnlaget, men krev også ein auke i investeringsanslaget. Øst Frigg er venta å auke verdien av Yggdrasil-utbygginga vesentleg.

Investeringsanslaget har auka betydeleg sidan PUD. Auken kjem hovudsakleg av direkte og indirekte valutaeffektar som følge av kontraktar i amerikanske dollar og euro, og verdiaukande prosjektendringar, inkludert integreringa av Øst Frigg og brønnoptimalisering. Desse effektane aleine utgjer om lag 70 prosent av auken, som er på om lag 49 milliardar 2025-kroner i alt. Andre årsaker til auken er tiltak for å handtere ein stram leverandørmarknad og geopolitisk uro, saman med generell prisvekst utover det som var forventa i PUD.

Framdrifta følger planen, og produksjonen startar venteleg i 2027.

Valhall-Fenris

Prosjektet er ei samordna utbygging av Valhall PWP (produksjons- og brønnhovudplattform) og Fenrisfeltet. I 2025 skjer det ei omfattande bygging ved verft både nasjonalt og internasjonalt.

Understell og bru til Valhall PWP blei installert sommaren 2025, og boreoperasjonane er starta. Plattformdekk til Fenris og Valhall PWP blir klargjorde for installasjon i 2026.

Endringane i investeringsanslaget sidan PUD utgjer om lag 20 milliardar 2025-kroner. Auken i investeringsanslaget kjem hovudsakleg av valutaeffektar og verdiaukande prosjektendringar. Desse effektane utgjer om lag 55 prosent av auken. Resten av auken kjem frå marknadsforhold, prisvekst utover føresetnadene i PUD, kapasitetsutvidingar og tiltak for å handtere ein stram leverandørmarknad, inkludert bygging på fleire lokasjonar enn planlagt.

Framdrifta følger planen, og produksjonen startar venteleg i 2027.

Skarv satellittar (Alve Nord, Idun Nord, Ørn)

Utbygginga av dei tre felta Alve Nord, Idun Nord og Ørn er koordinert under eit felles prosjekt kalla Skarv satellittprosjekt. Felta blir knytte til eksisterande infrastruktur på Skarvfeltet.

Auken i investeringsanslaget sidan PUD for dei tre felta utgjer om lag 4,6 milliardar 2025-kroner. Auken kjem hovudsakleg av valutaeffektar og verdiaukande prosjektendringar, særleg tiltak som betrar den forventa utvinninga og mogleggjer tidlegare oppstart. Desse effektane utgjer om lag 65 prosent av auken. Andre årsaker er vekst som følge av høgare timevolum og justeringar i prosjektgjennomføringa, og marknadsforhold og prisvekst utover føresetnadene i PUD.

Framdrifta er i samsvar med planen, og produksjonen på dei tre felta startar venteleg i 2027.

Draugen og Njord kraft frå land

Prosjektet er ei samordna utbygging som inneber omlegging til delvis drift med kraft frå land på Draugen- og Njord-innretningane, og auka utvinning frå Draugenfeltet. Prosjektet bidrar til å redusere CO_2-utsleppa til havs og til auka gassal. Brann hos ein nøkkelleverandør i 2023 har medført forseinkingar i prosjektgjennomføringa. Prosjektet har blitt ytterlegare forseinka fordi modifikasjonsarbeid på Draugen-plattforma har tatt lengre tid enn planlagt. Sidan utbyggingsplanen blei levert, har investeringsanslaget auka med 2,2 milliardar 2025-kroner. Sidan innrapporteringa i fjor har investeringsanslaget auka med om lag 1 milliard 2025-kroner, som følge av marknadsutvikling, endringar og utvikling i modifikasjonsarbeid, og lengre prosjektperiode.

Planlagd igangsetting av prosjektet er i 2026 for Njord og 2027 for Draugen.

Oseberg OGP

Prosjektet inneber installasjon av ein ny kompressormodul på Oseberg feltsenter og omlegging til delvis drift med kraft frå land på Oseberg feltsenter og Oseberg Sør. Prosjektet bidrar til auka

gassal og til å redusere CO_2-utsleppa frå produksjonen på feltet. Også dette prosjektet blei ramma av brann hos ein nøkkelleverandør i 2023 – den same hendinga som er omtalt for Draugen- og Njord-prosjektet. Det har medført forseinka leveranse og utskiping av nye transformatorar. Utskipinga av modulane er no gjennomført, om lag eitt år etter planen. Sidan utbyggingsplanen blei levert, har investeringsanslaget auka med om lag 2,5 milliardar 2025-kroner. Sidan innrapporteringa i fjor er investeringsanslaget redusert marginalt, som følge av endra inflasjonsføresetnader. Desse tala tar ikkje omsyn til ei eventuell erstatning i samband med brannen.

Planlagd oppstart er i 2027.

Prosjekt som er sette i drift

Johan Castberg

Johan Castberg-feltet i Barentshavet er bygd ut med eit havbotnanlegg knytt til eit flytande produksjonsskip (FPSO). Pandemien ramma spesielt bygginga av produksjonsskipet svært hardt, mellom anna på grunn av forseinka leveransar frå verft i Singapore og Noreg. I tillegg har prosjektet hatt utfordringar med kvalitetsavvik på sveising. Arbeidet har blitt mykje meir omfattande enn planlagt. Dette har gitt høgare kostnader.

Sidan utbyggingsplanen blei levert, har investeringsanslaget auka med 26,4 milliardar 2025-kroner, inkludert eit valutatap på 8,1 milliardar 2025-kroner. Sidan innrapporteringa i fjor har investeringsanslaget endra seg lite.

Produksjonen frå feltet starta ved utgangen av første kvartal 2025.

Balder Future

Balder Future-prosjektet inneber oppgradering og forlenging av levetida til produksjons- og lagerskipet Jotun FPSO, installasjon av undervassinfrastruktur og boring av 15 brønnar. Prosjektet inngår i ein større områdeutviklingsplan.

Med godkjenning i 2020 har gjennomføringa vore prega av koronapandemien. Pandemien har påverka både utstyrsleveransar og den tilgjengelege bemanninga på verftet, noko som igjen har påverka framdrifta. Det har også vore betydelege utfordringar knytte til auka arbeidsomfang og effektiv gjennomføring, særleg når det gjeld Jotun FPSO. Vidare har stramme marknader og forstyrringar i verdikjedene gitt kostnadsinflasjon for varer og tenester som har påverka prosjektet.

Sidan utbyggingsplanen blei levert, har investeringsanslaget auka med om lag 30,9 milliardar 2025-kroner, inkludert eit valutatap på 1,6 milliardar 2025-kroner. Sidan innrapporteringa i fjor har investeringsanslaget auka med 3,4 milliardar 2025-kroner. Auken kjem i hovudsak av utfordringar med framdrifta i arbeidet på det flytande produksjonsskipet.

Produksjonen frå feltet starta i andre kvartal 2025.

6 Omtale av klima- og miljøpolitikk

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa bygger på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å legge miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til å nå dei nasjonale klima- og miljømåla. Del III av fagproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet inneheld ei oversikt over dei viktigaste klima- og miljøtiltaka til regjeringa.

6.1 Klima- og miljøutfordringar

Olje- og gassutvinning fører til utslepp til luft og til sjø. Utbygging av vasskraft, vindkraft, solkraft og kraftleidningar legg beslag på areal og fører med seg inngrep i natur- og kulturmiljø.

Utslepp til luft

Noreg skil seg frå andre land ved at størstedelen av det innanlandske stasjonære energiforbruket er dekt av elektrisitet, og den innanlandske elektrisitetsproduksjonen er basert på vasskraft og vindkraft. Elektrisitet frå fornybare kjelder gir låge luftutslepp frå den innanlandske stasjonære energibruken. Utsleppa frå innanlandsk energiforsyning (medrekna utslepp frå brenning av avfall der varmen blir utnytta til energiformål) og energi brukt til oppvarming i andre næringar og hushald var ifølge Statistisk sentralbyrå (SSB) på 1,7 millionar tonn CO_2-ekvivalentar i 2024. Produksjonen og bruken av elektrisk kraft kan variere mykje frå år til år som følge av variasjonar i tilsig og temperatur.

Stasjonær forbrenning, inklusiv olje- og gassutvinning, gir utslepp til luft av karbondioksid (CO_2), nitrogenoksid (NOx), flyktige organiske sambindingar utan metan (nmVOC), metan (CH_4), svoveldioksid (SO_2), partiklar (PM) og polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH).

Petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen står for om lag ein firedel av dei samla norske klimagassutsleppa. Produksjonsutsleppa er vesentleg reduserte det siste tiåret. Utsleppa i sektoren inngår i EUs kvotesystem (EU ETS), der det er omfanget av kvotar som bestemmer det totale utsleppsvolumet.

I 2024 sleppte petroleumsverksemda ut klimagassar (CO_2 og metan) tilsvarande 10,9 millionar



Figur 6.1 Klimagass-, NOx- og nmVOC-utslepp i 2004, 2014 og 2024

Kjelde: Sokkeldirektoratet

tonn CO_2-ekvivalentar. Det er om lag 4,1 millionar tonn (27 prosent) mindre enn i 2015 og om lag 0,6 millionar tonn mindre enn i 2023. Auka drift med kraft frå land er den viktigaste årsaka til dei betydelege utsleppsreduksjonane på kontinentalsokkelen. Næringa jobbar også kontinuerleg med energieffektivisering, redusert fakling og andre tiltak for å minimere utsleppa sine.

Vidare sleppte petroleumsverksemda ut om lag 32 900 tonn NOx (nitrogenoksid) i 2024. Det er om lag 14 300 tonn NOx (30 prosent) mindre enn i 2015. Petroleumsverksemda står for noko over ein firedel av dei samla NOx-utsleppa i Noreg. Gassbruk i turbinar, fakling av gass for sikkerheitsformål og dieselbruk på innretningane på kontinentalsokkelen er sentrale utsleppskjelder for NOx.

Olje- og gassutvinninga står for om lag ein seksdel av dei samla norske nmVOC-utsleppa (flyktige organiske sambindingar utan metan), med utslepp i 2024 på om lag 21 500 tonn. Sidan starten av 2000-talet er desse utsleppa reduserte med om lag 91 prosent. Utsleppsreduksjonane er oppnådde som følge av at det er installert anlegg for fjerning og gjenvinning av oljedamp på lagerskip og skytteltankarar.

Norske utslepp til luft er vesentleg lågare per produsert eining enn det som er gjennomsnittet for dei oljeproduserande landa, sjå figur 6.2 og 6.3. Utsleppa varierer mellom dei ulike felta, både i Noreg og internasjonalt. Det er tatt utgangspunkt i utslepp for leveransar til Europa der det aller meste av den norske olja og gassen blir levert. Utsleppstala inkluderer både CO_2 og metan og omfattar produksjon, prosessering og transport. For olje er utsleppa frå andre land per produsert eining i gjennomsnitt over dobbelt så store som frå Noreg. For gass er utsleppa knytt til LNG frå andre land, som står for forsyninga på marginen til Europa, meir enn 11 gonger høgare per produsert eining enn røyrgass frå Noreg.

Utslepp til sjø

Utsleppa til sjø frå petroleumsverksemda på norsk kontinentalsokkel har låge miljøverknader, og desse er avgrensa til nærområdet rundt utsleppa. Hovudårsaka til det er krav til reinsegrad, kjemikaliebruk og teknologival.

Petroleumsverksemda har over tid investert i tiltak som har redusert utsleppa betydeleg, inkludert utvikling av ny teknologi. Oljeselskapa er pålagde å overvake miljøet for å følge med på verknaden av utslepp til sjø. Det er ikkje påvist skadelege effektar på miljøet som følge av utslepp til sjø frå petroleumsverksemda.

Utsleppa til sjø stammar i all hovudsak frå den regulære drifta og kjem frå produsert vatn, borekaks og restar av kjemikaliar og sement etter boring. Produsert vatn følger med oljen opp frå reservoaret og inneheld stoff som naturleg finst der, og restar av tilsette stoff. Produsert vatn blir reinsa før det blir sleppt ut til sjø eller injisert tilbake i undergrunnen. Borekaks som inneheld olje,



Figur 6.2 Utslepp per produsert eining av olje og kondensat levert til Europa (Rotterdam)

Kjelde: Wood Mackenzie



Figur 6.3 Utslepp per produsert eining av røyrgas og LNG levert til den europeiske marknaden (røyrgass der ikke anna er nemd)

Kjelde: Wood Mackenzie

og borevæske blir enten injiserte i eigne reservoar eller sende til land for vidare behandling. Ein sideeffekt av å injisere produsert vatn, borevæske og oljehaldig borekaks er høgare energibruk og dermed større utslepp til luft. Å sende borekaks og -væske til land aukar transportbehovet og omfanget av avfallshandteringa på land. Voluma av produsert vatn er venta å stige litt dei neste åra, før dei deretter er venta å avta.

Akutte utslepp til sjø

I dei rundt 50 åra med petroleumsverksemd på norsk kontinentalsokkel har det ikkje vore større akutte utslepp av olje som har nådd land eller ført til påviseleg miljøskade. Dei utsleppa som har vore, har i stor grad vore på under 1 m^3.

Talet på akutte råoljeutslepp har alt i alt gått ned sidan 2005. I perioden 2005–2023 låg utsleppsmengda i 72 prosent av hendingane i den lågaste mengdekategorien (under 0,1 tonn). Sidan 2017 har talet på utslepp vore stabilt, med enkelte årlege variasjonar. Det er ingen samanheng mellom talet på hendingar og utsleppsmengda, sidan den årlege mengda i stor grad blir påverka av enkelthendingar.

Dei fleste akutte kjemikalieutsleppa er små, og i 99 prosent av tilfella blir det sleppt ut kjemikaliar som ikkje har nokon, eller berre har liten, miljøeffekt (klassifiserte som gule og grøne kjemikaliar). I perioden 2005–2023 var om lag 80 prosent av dei akutte kjemikalieutsleppa under 1 m^3, og over 40 prosent i den lågaste mengdekategorien (under 0,05 m^3). Talet på hendingar har auka sidan 2019. I 2024 blei det registrert fleire hendingar enn i 2023, men utsleppsmengda dette året var likevel låg samanlikna med enkelte tidlegare år. Havindustritilsynet publiserer tal for 2024 i den årlege rapporten *Risikonivå i norsk petroleumsvirksomhet – akutte utslipp* (RNNP-AU) som kjem i oktober.

Inngrep ved utbygging av fornybar energi og nett

Utbygging av fornybar energiproduksjon som vasskraft, vindkraft og solkraft legg beslag på areal og fører ofte med seg inngrep i natur- og kulturmiljø. Ved utnytting av fornybare energikjelder og ved bygging av kraftleidningar må samfunnet gjere viktige avvegingar. Vegar, kraftleidningar og andre installasjonar knytte til produksjonsanlegg vil kunne påverke økosystem, naturverdiar og naturopplevingar. Når det skal byggast ut ny produksjon og nye kraftoverføringar, er det viktig å finne dei beste løysingane ut frå ei heilskapleg avveging av miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

6.2 Verkemiddel som har ein klima- og miljøeffekt

CO_2-handtering

Regjeringa vil halde fram med å fremme CO_2-handtering som eit viktig bidrag til å kutte

utslepp, både i Noreg og internasjonalt. CO_2-handtering kan bli sentralt i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Ifølge Miljødirektoratet er CO_2-handtering det enkelttiltaket som kan redusere utsleppa frå landbasert industri og avfallssektoren i Noreg mest. I rapporten *Klimatiltak i Norge – kunnskapsgrunnlag 2025* anslår direktoratet eit teknisk reduksjonspotensial på 5,6 millionar tonn CO_2-ekvivalentar i 2035 ved bruk av CCS på industrianlegg og avfallsforbrenningsanlegg og ved fangst og lagring av CO_2 frå lufta (DAC).

Regjeringa sitt arbeid med CO_2-handtering omfattar eit breitt spekter av aktivitetar, inkludert støtte til forsking, teknologiutvikling og internasjonalt samarbeid.

Langskip kom i drift hausten 2025. I august blei dei første voluma med CO_2 frå fangstprosjektet til Heidelberg Materials i Brevik injisert i Northern Lights sitt lager under havbotnen på norsk sokkel.

I 2022 sikra regjeringa, saman med Hafslund Celsio, finansiering av eit CO_2-fangstprosjekt på Klemetsrud i Oslo. For å redusere kostnadene sette Hafslund Celsio prosjektet på vent i 2023, men det starta opp igjen i januar 2025. Anlegget skal etter planen vere operativt i tredje kvartal 2029 og vil fange om lag 350 000 tonn CO_2 årleg.

I juni 2025 godkjende Energidepartementet utbyggingsplanen for fase 2 av Northern Lights, som inneber ei betydeleg utviding av CO_2-lagringskapasiteten på norsk sokkel. Kapasiteten aukar frå 1,5 til minst 5 millionar tonn CO_2 per år. Investeringa er på 7,5 milliardar kroner og blir gjennomført på kommersielt grunnlag, med støtte frå EU.

Satsing på forsking, teknologiutvikling og demonstrasjon står sentralt og omfattar mellom anna Teknologisenter Mongstad (TCM). Her samarbeider staten, gjennom Gassnova SF, med industrielle partnarar for å skape ein arena for utvikling, testing og kvalifisering av teknologi for CO_2-fangst. Målet er å redusere kostnadene og risikoen ved fullskala CO_2-handtering.

CLIMIT-programmet for forsking, utvikling og demonstrasjon av teknologi for CO_2-handtering og forskingssenteret for miljøvennleg energi, FME GigaCCS (2024–2032), er også viktige verkemiddel. I tillegg deltar Noreg og norske aktørar aktivt på fleire internasjonale samarbeidsarenaer for forsking og teknologiutvikling innanfor CO_2-handtering, som EUs Horisont Europa, Clean Energy Transition Partnership (CETP), Nordisk Energiforsking og Mission Innovation.

I 2024 fekk Gassnova i oppdrag frå Energidepartementet å utarbeide eit vegkart for korleis CO_2-handtering kan bidra til å redusere utsleppa frå landbasert industri og avfallsforbrenningsanlegg fram mot 2050. Gassnova planlegg å ferdigstille vegkartet hausten 2025.

Energidepartementet følger opp arbeidet med å fremme CO_2-handtering internasjonalt for å skape større aksept for fangst og lagring av CO_2 som eit viktig klimatiltak, auke forståinga av potensialet for utsleppsreduksjonar og medverke til at teknologien blir tatt i bruk i fleire land, gjennom internasjonalt samarbeid og kunnskapsdeling. Noreg deltar i fleire regionale og internasjonale initiativ, som North Sea Basin Task Force, Carbon Capture Utilisation and Storage Initiative under Clean Energy Ministerial og myndigheitsgruppa i EUs Zero Emission Platforms. Noreg samarbeider også tett med EU og deltar i relevante arbeidsgrupper, også gjennom nordiske samarbeidsarenaer.

Energidepartementet har vidare inngått bilaterale intensjonsavtalar med Belgia, Danmark, Finland, Frankrike, Nederland og Sverige som gjer det mogleg å frakte CO_2 mellom landa for permanent lagring. Dette er viktig for å legge til rette for grensekryssande CCS-prosjekt med sikte på lagring på norsk sokkel i tråd med krava i *Protokoll av 1996 til Overenskomst om bekjempelse av havforurensning ved dumping av avfall og annet materiale av 1972* (Londonprotokollen). Departementet er i dialog med myndigheiter i andre europeiske land om å inngå tilsvarande avtalar og held fram arbeidet for å legge til rette for å regulere import av CO_2 for geologisk lagring i Noreg. Noreg har også inngått ein bilateral avtale med Sveits om fangst, bruk og lagring av CO_2 og CO_2-fjerning som etablerer eit juridisk rammeverk for grensekryssande transport og permanent lagring av CO_2, og for overføring av utsleppsreduksjonar mellom dei to landa.

Energidepartementet tar sikte på å legge fram eit forslag til ei ordning for negative utslepp i statsbudsjettet for 2027. Ordninga gir rett til eit fast tilskot per tonn CO_2 som blir fanga og lagra frå biogene kjelder eller direkte frå lufta (DAC). Dette blir ofte omtalt som ei «omvend avgift» og skal bidra til like rammevilkår for alle utsleppstypar og fremme kostnadseffektive løysingar. Ordninga vil bli tilpassa EUs kvotesystem dersom dette på sikt inkluderer negative utslepp, og departementet vil gå i dialog med ESA for å avklare eventuelle statsstøtterettslege spørsmål.

Energi og vassressursar

Energiomlegging og satsing på energi- og klimateknologi

Kvotesystemet, CO_2-avgift og fleire andre verkemiddel er med og bygger opp under ei miljøvennleg energiomlegging og utvikling av energi- og klimateknologi. Miljøavgifter og særavgifter knytte til energi påverkar også energibruken.

Energieffektivisering er viktig for å redusere veksten i energiforbruket. Verknaden er ofte størst om vinteren, når behovet for kraft er størst og prisane er på sitt høgaste. Energieffektivisering og fleksibelt elektrisitetsforbruk som reduserer forbrukstoppane, kan over tid redusere behovet for nettinvesteringar og andre tiltak for å sikre effektbalansen delar av året.

Stadig fleire produkt blir omfatta av økodesignregelverk, som mellom anna stiller minimumskrav til energibruk i produkt og krav om energimerking gjennom energimerkeordninga. Det er også innført forskrifter som regulerer energibehovet i nye bygg og ved større rehabiliteringar, og krav om energimerking ved sal, utleige og oppføring av bygningar. Vidare finst det fleire støtteordningar for energieffektivisering, mellom anna gjennom Enova og Husbanken.

Regjeringa har generelt styrkt arbeidet med energieffektivisering betydeleg dei siste åra, og la hausten 2023 fram ein handlingsplan som set retninga for korleis myndigheiter og andre skal jobbe med energieffektivisering. Verkemidla i handlingsplanen er i all hovudsak gjennomførte, og departementet følger opp dei langsiktige tiltaka.

Regjeringa har inngått ein ny styringsavtale med Enova for perioden 2025–2028. Energi er igjen ein del av målstrukturen Enova skal arbeide etter, og i all verkemiddelbruk skal Enova legge vekt på å avgrense belastninga på kraftsystemet.

Ifølge byggteknisk forskrift er varmeinstallasjonar for fossilt brensel ikkje tillatne i nybygg og ved store ombyggingar. Sidan 1. januar 2020 har det vore forbode å bruke mineralolje til oppvarming av bygg, og 1. januar 2022 blei forbodet utvida til å gjelde bruk av fossil olje til mellombels oppvarming og tørking av bygg under oppføring og rehabilitering.

Som ein del av oppfølginga av *Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet* har Energidepartementet gjennomført forskriftsendringar for å legge til rette for meir effektiv utnytting av kapasiteten i straumnettet. For eksempel er det no eit krav at prosjekt som ønsker ny eller auka kapasitet i nettet, må vere tilstrekkeleg modne før dei får reservere kapasitet, og dei får ikkje reservere meir kapasitet enn dei treng. Betre utnytting av straumnettet kan redusere eller utsette behovet for nettutbygging og tilhøyrande naturinngrep.

Miljøomsyn ved vassdrags- og energiverksemd

Miljøomsyn i samband med fornybar kraftproduksjon og nettutvikling er varetatt gjennom sektorlovgivinga, plan- og bygningslova, forureiningslova, naturmangfaldslova og vassforskrifta.

Konsesjonsbehandling av fornybar kraftproduksjon og nett har hatt høg prioritet hos Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) dei siste åra. For å finne dei beste løysingane samla sett legg direktoratet vekt på å samordne behandlinga av prosjekt i same område og sjå på nett- og produksjonsprosjekt i samanheng. Miljøtilsynet i NVE kontrollerer at krav som er fastsette i konsesjonar, blir oppfylte i både anleggs- og driftsfasen. Ei viktig oppgåve er også å godkjenne og følge opp detaljplanar for vassdrags- og energianlegg.

Kunnskap om og systematisk oversikt over viktige område for trua artar og naturtypar er ein føresetnad for å stanse tapet av naturmangfald. Her speler Artsdatabanken ei viktig rolle. Formålet med Artsdatabanken er å tette hòl i kunnskapen og medverke til at data om naturmangfald blir samla i nasjonale databasar.

Omleggingа av energibruken og veksten i nye næringar er venta å auke behovet for kraft i åra framover. Utbygging av ny fornybar kraftproduksjon må vere lønnsam og skje i eit tempo og omfang som ikkje får uakseptable verknader for lokalsamfunn og viktige miljø- og samfunnsinteresser. Utbygginga skal vere balansert og basert på grundige avvegingar av fordelar og ulemper for samfunnet. For å sikre dette betre på vindkraftområdet stadfesta Stortinget fleire tiltak for å stramme inn konsesjonsbehandlinga i samband med behandlinga av Meld. St. 28 (2019–2020) *Vindkraft på land – Endringer i konsesjonsbehandlingen*, jf. Innst. 101 S (2020–2021). Tiltaka inneber mellom anna å legge meir vekt på verknader for landskap og miljø, samfunn og naboar og å styrke rolla til kommunane gjennom krav om områderegulering for vindkraftverk etter plan- og bygningslova.

Verneplanen for vassdrag er viktig for å sikre representative delar av vassdragsnaturen i landet. Vernet gjeld først og fremst mot kraftutbygging, men verneverdiane skal også takast omsyn til ved andre inngrep. Gjennomføringa av EUs vassdirektiv med tilhøyrande forvaltningsplanar skal fremme ei heilskapleg forvaltning av vassressursane.

Klimatilpassing

Eit endra klima med meir nedbør og ekstremvêr krev tilpassingar, ikkje minst i energi- og vassdragsforvaltninga. NVE tar omsyn til behovet for klimatilpassing i arbeidet med flaum og skred, damsikkerheit, vassdragskonsesjonar, energikonsesjonar, miljøtilsyn, kraftforsyning og energietterspørsel.

NVEs oppgåver knytte til flaum og skred er delte inn i desse områda: kartlegging, arealplanlegging, sikring, varsling og overvaking, og skred- og flaumfagleg bistand ved alvorlege beredskaps- og krisesituasjonar. For å førebygge skade på liv, helse og verdiar tar NVE høgde for eit endra framtidig klima når dei utarbeider naturfarekart. Desse karta og fagleg rådgiving om klimaendringar er eit viktig grunnlag for arealplanarbeidet i kommunane og medverkar til at nye utbyggingar skjer i trygge område. I arealplanarbeid etter plan- og bygningslova er NVE høyringspart og kan fremme motsegn mot planar der direktoratet har eit forvaltningsansvar.

Bistand til sikring av eksisterande busetting står også sentralt i NVEs arbeid med klimatilpassing. Mellom anna formidlar dei kunnskap om flaum- og skredfare og klimatilpassing på fagsamlingar dei arrangerer for kommunar, konsulentar og andre. Innanfor arbeidet med flaum og skred har dei utvikla eit godt samarbeid med andre statlege etatar, som Meteorologisk institutt, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap, Direktoratet for byggkvalitet, Statens vegvesen og Bane NOR.

I 2019 fekk NVE også i oppdrag å hjelpe kommunane med å førebygge skadar frå overvatn gjennom å formidle kunnskap om avrenning i tettbygde strøk og rettleie i arealplanlegginga.

Gjennom datainnsamling og analysar av lange tidsseriar overvaker og vurderer NVE hydrologiske effektar av klimaendringar. Direktoratet driv også med modellering av korleis klimaendringar påverkar og vil påverke hydrologien i Noreg. Her studerer dei effekten på flaum, tørke, snømengder og utbreiinga av isbrear. Resultata gir grunnlag for klimatilpassing i fleire sektorar. Dette arbeidet skjer i regi av Norsk klimaservicesenter, der NVE er ein av samarbeidspartnarane.

Petroleumsverksemda

I samsvar med dei overordna prinsippa for klimapolitikken er petroleumssektoren underlagd sterke økonomiske verkemiddel. Selskapa som opererer på norsk kontinentalsokkel skal – på lik linje med andre verksemder i Noreg og EU – bidra til å nå klimamåla ved å redusere kvotepliktige utslepp fram mot 2030 gjennom deltaking i EU ETS.

Regjeringa vil halde fram med å bruke økonomiske verkemiddel som hovudverkemiddel i klimapolitikken på norsk kontinentalsokkel. Kombinasjonen av kvotesystemet EU ETS og ei høg CO_2-avgift – ofte omtalt som dobbel verkemiddelbruk – gjer at utsleppskostnaden i petroleumsverksemda i 2026 er forventa å ligge på om lag 1 800 kroner per tonn CO_2.

Høge utsleppskostnader har ført til ei rekke vedtak om omlegging til, og bruk av, kraft frå land i petroleumsproduksjonen på kontinentalsokkelen. Dei eksisterande innretningane som kan vere eigna for heil eller delvis drift med kraft frå land har no anten ei slik løysing, er under utbygging eller, for tre prosjekt, i planleggingsfasen for eventuell omlegging. Høg karbonpris som følge av dobbel verkemiddelbruk (CO_2-avgift og kvotepris) kan mellom anna føre til at felt og innretningar blir stengde ned tidlegare enn dei elles ville ha blitt. Departementet vil sette i gang ei ekstern utgreiing av kva effekt den doble verkemiddelbruken kan få for framtidig ressursforvaltning og verdiskaping, på leveransar av olje og gass og produksjonsutsleppa på kontinentalsokkelen.

Kraft frå land er den einaste løysinga som kan redusere utsleppa på kontinentalsokkelen monaleg innan 2030. Ei løysing med kraft frå land skal vurderast av rettshavarane i alle planar for utbygging og drift. Ei løysing med kraft frå land krev normalt løyve etter både energilova og petroleumslova. Vurdering frå sak til sak sikrar at alle relevante omsyn, også omsynet til kraftsystemet, blir varetatt når det er aktuelt å velje ei slik løysing. Kraft frå land krev store investeringar og er som regel berre realistisk ved enkelte større sjølvstendige utbyggingar eller større ombyggingar av store felt. Omlegging til drift med kraft frå land på eksisterande innretningar er generelt svært kostbart. Gitt variasjonen i konsekvensar er det avgjerande å ta stilling til spørsmålet om bruk av kraft frå land ved behandlinga av kvar enkelt utbygging. Kraft frå land prosjekt vil derfor bli vurderte frå sak til sak.

For utslepp av NOx, som ikkje er ein klimagass, må selskapa betale avgift eller slutte seg til miljøavtalen mellom den norske staten og næringsorganisasjonane. Avtalen er no ført vidare til 2027. Sjå nærmare omtale av NOx-avgifta i Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*.

Noreg har slutta seg til Gøteborgprotokollen og dermed forplikta seg til å redusere dei samla

utsleppa av nmVOC med 40 prosent frå 2020 samanlikna med utsleppa i 2005. Utsleppa frå petroleumssektoren er direkte regulerte gjennom krav om bruk av beste tilgjengelege teknologiar (BAT) og ved at det er fastsett spesifikke utsleppsgrenser i utsleppsløyva.

Omsynet til miljø er ein integrert del av forvaltninga av dei norske petroleumsressursane. Miljøreguleringar gjeld i alle fasar av verksemda – frå vurderinga av om eit område skal opnast for petroleumsverksemd, via leiting, planlegging og utbygging av felt, til drift med spesifikke løyve og årlege oppdateringar av desse, og endeleg til avslutning av produksjonen og disponering av innretningane. Dette sikrar eit heilskapleg system der alle relevante myndigheiter er med.

Utsleppa frå petroleumsverksemda i Noreg er regulerte gjennom fleire lover, mellom anna petroleumslova, CO_2-avgiftslova, særavgiftslova, klimakvotelova og forureiningslova. Oppdateringar av forvaltningsplanar og nye konsekvensutgreiingar med oppdatert kunnskap gjer at avgjerder kan takast på eit best mogleg faktagrunnlag. Høyringsrundar gir alle aktørar høve til å bli høyrde. I tillegg kan myndigheitene gjere enkeltvedtak, for eksempel ved godkjenning av utbyggingsplanar.

Å brenne overskotsgass har aldri vore lov på norsk sokkel. Brenning av petroleum er berre tillate når det er nødvendig av sikkerheitsgrunner under normal drift, og elles berre dersom departementet godkjenner det.

Å utnytte stordriftsfordelar har alltid vore viktig for aktiviteten på sokkelen og legg også til rette for energieffektiv drift.

Nye utbyggingar baserer seg på den beste tilgjengelege teknologien.

Når det gjeld maritime operasjonar i tilknyting til petroleumsverksemda, har det i mange år blitt sett inn tiltak for å redusere utslepp. Fleire operatørselskap stiller for eksempel krav om batterihybride skip, landstraum og energieffektivisering ved nye langtidskontraktar. Miljødirektoratet har dessutan sendt på høyring ei forskrift som vil pålegge selskapa på norsk sokkel å redusere klimagassintensiteten frå skip dei nyttar i petroleumsverksemda.

Fleire av rettshavarane på kontinentalsokkelen er også involverte i CO_2-lagringsprosjekt i Noreg. Selskapa har som mål å tilby aktørar med CO_2-utslepp i Europa lagring av fanga CO_2 på kommersielle vilkår. Departementet har tildelt fleire løyve til å vurdere potensialet for å bruke undersjøiske reservoar til lagring av CO_2 på norsk kontinentalsokkel.

Forsking og utvikling

Regjeringa si satsing på forsking og utvikling i energi- og petroleumsverksemda er avgjerande for at Noreg skal halde fram med å vere ein føregangsnasjon innanfor miljøvennleg energiproduksjon og -bruk. Satsinga bidrar til at nye teknologiar og løysingar blir utvikla og tatt i bruk, og til effektiv og berekraftig utnytting av dei norske energi- og petroleumsressursane. Samtidig skal satsinga sette næringsliv og kompetansemiljø i Noreg i betre stand til å konkurrere i dei internasjonale marknadene for miljø- og klimavennlege energiløysingar.

Energidepartementet er den største bidragsytaren til finansiering av miljø- og klimarelevant forsking og utvikling gjennom Noregs forskingsråd, med ei samla tilsegnsramme på over 1,3 milliard kroner i 2026. Departementet har vedtatt å utvikle ein samla FoU-strategi for heile energiområdet som dekker både energi, petroleum, CO_2-handtering og havbotnmineralutvinning. Eit strategistyre blei etablert i starten av 2025, med mandat frå departementet, for å utvikle ein strategi som skal erstatte Energi21 og OG21. Fram til den nye felles strategien er overrekt til energiministeren, skal tilrådingane og prioriteringane i Energi21 og OG21 gjelde.

Energiforsking

Offentleg støtte til energiforsking skal medverke til ei effektiv og berekraftig utnytting av nasjonale energiressursar og til ei effektiv, robust og miljøvennleg kraft- og energiforsyning i Noreg. Støtta skal bidra til at det blir utvikla miljøvennlege produkt, tenester og prosessar, mellom anna nye teknologiar for fornybar energi, energieffektivisering og CO_2-handtering. Den offentlege satsinga på energiforsking skal også medverke til næringsutvikling og til å bygge opp kunnskap av samfunnsfagleg karakter, for eksempel om effektar av klimaendringar på energiområdet og effekten av energiutbygging på omgivnadene.

Energi21 er myndigheitene og næringa sin strategi for forsking, utvikling, demonstrasjon og kommersialisering av ny, klimavennleg energiteknologi. Energi21 gir myndigheitene og energibransjen råd om korleis dei bør innrette satsinga på forsking og utvikling av teknologiar for fornybar energi, energisystemet, energieffektivisering, CO_2-handtering og energi til transportformål. Energi21-strategien frå 2022 tilrår å prioritere energiteknologisatsinga på desse åtte områda, med særleg vekt på dei to første: integrerte og

effektive energisystem, energimarknader og regulering, hydrogen, vasskraft, batteri, solenergi, havvind og CO_2-handtering.

Etter at åtte forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) blei avslutta i 2024 og åtte nye blei starta opp, er det no elleve teknologisk retta FME-ar for CO_2-handtering, distribusjonsnett, smarte energisystem, vasskraft, maritim transport, klimanøytral metallurgisk industri, solceller, batteri, vindkraft og hydrogen (for hydrogen er det to senter). Det er også to samfunnsvitskaplege FME-ar: NTRANS, som skal forske på energisystemet si rolle i avkarbonisering av sektorar som energi, transport, industri, bygg og hushald, og INCLUDE, som skal skaffe fram kunnskap om korleis vi kan realisere eit sosialt rettferdig lågutsleppssamfunn. FME-ordninga, som ligg under Noregs forskingsråd, er ein av dei viktigaste berebjelkane for norsk satsing på forsking, utvikling og innovasjon for berekraftige energisystem i framtida. I 2025 blei det også utlyst eit nytt senter for berekraftig areal- og naturbruk, samfinansiert av Energidepartementet, Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Samferdselsdepartementet med tildeling i 2026.

Noregs forskingsråd har ei stor og målretta satsing på energiområdet og forsking på reduserte utslepp. Forskingsrådet finansierer forsking og innovasjon for ei berekraftig utvikling av energisystemet. Dette omfattar alt frå utvikling av energisystemet og fornybar energiteknologi til effektiv bruk av energi i bygg, industri og transport. Målet er å medverke til omstillinga til lågutsleppssamfunnet og å fremme eit konkurransedyktig norsk næringsliv. CLIMIT gir støtte til forsking, utvikling og demonstrasjon av teknologiar og løysingar for CO_2-handtering og er administrert av Gassnova saman med Forskingsrådet. CLIMIT skal gi økonomisk støtte til prosjekt som utviklar kunnskap, kompetanse, teknologi og løysingar som kan bidra til kostnadsreduksjonar og stor internasjonal utbreiing av CO_2-handtering.

Med opning av område for havbotnmineralverksemd følger også eit auka behov for forsking og utvikling av kunnskap om det biologiske mangfaldet på havbotnen og kva konsekvensar eventuell utvinning av minerala kan ha for havmiljøet. Det er viktig å få på plass eit godt kunnskaps- og kompetansegrunnlag for verksemda, jf. «regjeringa vil»-punkta i Meld. St. 25 (2022–2023), kapittel 3.5 Vidare kunnskapsinnhenting og -oppbygging og 3.6 Behov for forsking og utvikling.

Petroleumsforsking

Offentleg støtte til forsking, utvikling og kompetansebygging i petroleumsverksemda er viktig for å sikre effektiv og miljøvennleg utnytting av petroleumsressursane og medverke til å vidareutvikle den norske petroleumsnæringa som den fremste høgteknologiske kunnskapsindustrien vår. Slik støtte legg til rette for at norsk kontinentalsokkel framleis skal vere ein stabil og langsiktig leverandør av olje og gass til Europa, samtidig som ho bidrar til å bygge opp kunnskap og utvikle nye, meir miljøvennlege teknologiar og løysingar.

Den nasjonale teknologistrategien for petroleumsverksemda, OG21, peikar på åtte teknologiområde der forsking, teknologiutvikling og innovasjon er spesielt viktig. Områda inkluderer mellom anna forbetra undergrunnsforståing, kostnadseffektiv boring og nedstenging av brønnar, energieffektivitet og kostnadseffektiv elektrifisering, CO_2-handtering, digitalisering og sikkerheit og arbeidsmiljø. Strategien rettar betydeleg merksemd mot å bidra til energiomstilling og nullutsleppssamfunnet, der dei sentrale elementa er avkarbonisering av produksjonen i industrien, avkarbonisering av verdikjeder for petroleum og deltaking i og overføring av kompetanse og løysingar til nye lågutsleppsindustriar.

Forskingsrådet driv forsking og utvikling retta mot energieffektivisering og reduksjon av klimagassutslepp knytte til olje- og gassproduksjonen på norsk sokkel. Innsatsen skal bidra til å utvikle sektoren i retning lågutslepp samtidig som det blir sett inn nødvendige tiltak for ei kostnadseffektiv utnytting av ressursane. Målet er ein utsleppsfri petroleumssektor i 2050 og, i takt med at særleg oljeproduksjonen blir redusert, å minimere det direkte og indirekte inntektstapet til staten ved den økonomiske omstillinga av Noreg. Helse, miljø og sikkerheit (HMS) er ein integrert del av programma, og dei same tiltaka som kan bidra til å førebygge skader og ulykker, kan ofte også bidra til å hindre forureining.

I 2022 blei det utført ein ny analyse av petroleumsporteføljen med tanke på effektar som bidrar til klimamåla. Analysen omfatta nye prosjekt i perioden 2018–2021 og viste at heile 137 av dei vil gi positive effektar for miljøet. Resultata frå prosjekta vil bidra til reduserte utslepp av klimagassar, enten direkte ved at det blir produsert færre tonn CO_2, eller indirekte ved at prosessar blir meir energieffektive. 68 prosent av prosjekta i analysen stadfestar at dei har potensial for energieffektivisering eller mindre utslepp til luft.

Det blir løyvd midlar til tre forskingssenter som mellom anna skal utvikle klima- og miljøvennlege løysingar for norsk petroleumsverksemd. Forskingssenteret for lågutsleppsteknologi for petroleumsverksemda på norsk sokkel skal utvikle lågutsleppsløysingar som gjer at utbygging og drift av petroleumsførekomstar i framtida kan skje med lågast moglege utslepp av klimagassar. Senteret skal også utvikle teknologi som kan medverke til ein betydeleg reduksjon av utsleppa frå eksisterande installasjonar. Dei to andre sentera konsentrerer seg om høvesvis berekraftig utnytting av petroleumsressursane og betre undergrunns- og reservoarforståing. Begge sentera skal bidra med kunnskap og løysingar når det gjeld å nå måla om nullutslepp.

Naturkartlegging

Departementet har sett i gang feltundersøkingar for å auke kunnskapen om naturmangfald og miljø i områda som er lyste ut for havvind. Undersøkingane dekker naturmangfald over vatn, på sjøbotnen og i havkolonnen. Kunnskapsinnhentinga er ein del av regjeringa sin heilskaplege plan for naturkartlegging og inkluderer mellom anna overvaking og undersøkingar av fisk, sjøpattedyr og sjøfugl. Departementet har gitt NVE ei koordineringsrolle for arbeidet med naturkartlegging. Resultata av naturkartlegginga er nærmare omtalte under overskrifta Energidepartementets resultat for 2024 i programkategori 18.30 Klima, industri og teknologi.

6.3 Status for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda

Framskrivingane for utslepp frå petroleumsverksemda reflekterer planane til selskapa, som igjen baserer seg på forventningane deira til framtidig klimapolitikk, mellom anna økonomiske verkemiddel. Utsleppsframskrivingane kombinerer vedtatte, planlagde og umodne tiltak og tar utgangspunkt i føresetnader for levetida til innretningar. Dei tar også høgde for at energieffektiviseringa vil bli gradvis betre, og at faklinga vil bli ytterlegare redusert. Som med alle framskrivingar er det usikkerheit knytt til utviklinga fram mot og etter 2030.

Departementet gir årleg ei oppdatering av utsleppsutviklinga frå petroleumsproduksjonen, jf. Meld. St. 36 (2020–2021) *Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping frå norske energiressurser*, kapittel 5.3.2.

Fleire godkjende prosjekt for omlegging til heil eller delvis drift med kraft frå land er i gjennomføringsfasen. I tillegg jobbar rettshavarane med tre prosjekt til havs for mogleg omlegging til heil eller delvis drift med kraft frå land. Desse prosjekta er *Haltenbanken, Tampen-området* og *Balder/Grane*. Prosjekta har reservert kapasitet i kraftnettet på land, men dei er krevjande for rettshavarane å vedta og er framleis i planleggingsfasen.

Det siste året har rettshavarane vedtatt å skalere ned prosjekta på Haltenbanken og i Tampenområdet ved å ta enkelte innretningar ut av prosjekta. Framdriftsplanane for prosjekta er også endra. Rettshavarane planlegg no å avgjere seint hausten 2025 om prosjekta skal vidareførast. Ei eventuell investeringsavgjerd følger deretter i fjerde kvartal 2026. Utsettinga inneber at det ikkje er mogleg å starte i 2030, sjølv om investeringsavgjerda blir tatt i 2026.

Kårstø gassbehandlingsanlegg jobbar med fleire prosjekt for å redusere utsleppa frå anlegget. Dei vurderer framleis løysingar for CO_2-fangst og lagring, men har endra framdriftsplanen for å sikre samordning med feltutviklingsplanar.

Sidan 2015 har klimagassutsleppa frå petroleumsproduksjon gått ned med 27 prosent. Det er usikkert kor raskt utsleppsreduksjonen vil gå framover. Dei siste anslaga frå Sokkeldirektoratet viser eit liknande bilete som i 2024, jf. figur 6.4 – det vil seie ein nedadgåande trend. Direktoratet ventar likevel noko høgare utslepp tidleg på 2030-talet enn anslått i fjor. Årsaka er oppdaterte tal som viser at fleire utsleppsreduserande tiltak, mellom anna kraft-frå-land-prosjekta som er i planleggingsfasen, blir meir krevjande å gjennomføre.

Sokkeldirektoratet anslår at utsleppa frå petroleumssektoren vil vere om lag 35 prosent lågare i 2030 enn dei var i 2005. I perioden fram til 2030 er det ikkje realistisk at nye tiltak kan bidra til store reduksjonar, og dei tre kraft-frå-land-prosjekta i planleggingsfasen vil – om dei blir vedtatt – ikkje komme i drift før etter 2030.

Ein reduksjon på 50 prosent er venta å bli oppnådd mot midten av 2030-talet. Regjeringa tar til etterretning at utsleppa frå petroleumsproduksjonen vil reduserast med mindre enn 50 prosent i 2030, slik framskrivingane viser.

Utsleppa framover går også ned ved at felt blir tømde ut og innretningar dermed går tomme for føde, slik at vidare produksjon blir ulønnsam. Nedstenging av produksjonsinnretningar må vurderast i eit heilskapleg perspektiv. Om ikkje kan det som er lønnsam produksjonskapasitet eller



Figur 6.4 Anslag for utsleppsutviklinga i petroleumsverksemda

Kjelde: Sokkeldirektoratet

framtidig fleksibilitet for samfunnet, bli avvikla for tidleg. Det kan bli dyre «utsleppsreduserande tiltak» i eit heilskapleg, nasjonalt sokkelperspektiv.

I samband med behandlinga av Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024*, jf. Innst. 447 S (2023–2024), gjorde Stortinget oppmodingsvedtak 910 om energipartnarskap med olje- og gassnæringa. Hausten 2024 rapporterte departementet om korleis dette oppmodingsvedtaket var følgt opp, jf. Prop. 1 S (2024–2025). Stortinget bad om vidare rapportering på vedtaket, jf. Meld. St. 4 (2024–2025) og Innst. 216 S (2024–2025).

Departementet har sidan hausten 2024 ført vidare dialogen med petroleumsnæringa gjennom KonKraft om problemstillingar knytte til kraft frå land. KonKraft er ein samarbeidsarena for Offshore Norge, Norsk Industri, Norges Rederiforbund, Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) og Landsorganisasjonen i Norge (LO), med LO-forbunda Fellesforbundet og Forbundet Styrke.

Hausten 2024 gav departementet Sokkeldirektoratet, i samarbeid med NVE, i oppdrag å utarbeide eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om eventuelle framtidige kraft-frå-land-prosjekt på eksisterande felt og innretningar. Sokkeldirektoratet arbeider no med ein rapport som skal leverast til departementet hausten 2025. Ei førebels tilbakemelding frå direktoratet er at ingen selskap melde om nye kraft-frå-land-prosjekt i samband med den årlege innrapporteringa til Sokkeldirektoratet hausten 2024. Det er altså berre dei tre ombyggingsprosjekta næringa no jobbar med som kan gi monalege utsleppsreduksjonar tidleg på 2030-talet utan at innretningar med lønnsam produksjon blir stengde ned.

Departementet vil, mellom anna basert på dette arbeidet frå Sokkeldirektoratet, halde fram dialogen med næringa gjennom KonKraft med sikte på å finne løysingar for å utvikle norsk kontinentalsokkel vidare og redusere utsleppa frå verksemda.

6.4 Oppfølging av FNs berekraftsmål

I 2015 vedtok FNs medlemsland 17 hovudmål med 169 tilhøyrande delmål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla utgjer FNs arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For å følge med på utviklinga for delmåla under kvart hovudmål har FN vedtatt 231 globale indikatorar. Ein samla omtale av statusen finst i Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – Status, utfordringer og veien videre*. Måla er universelle, det vil seie at alle land har ansvar for å følge dei opp nasjonalt. Måla skal fungere som ei felles global retning for statar, næringsliv og sivilsamfunn.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet koordinerer arbeidet med den nasjonale opp-

følginga av berekraftsmåla. Energidepartementet har ansvaret for oppfølginga av hovudmål 7, som handlar om å sikre rein energi til alle. I tillegg har departementet ansvar for å følge opp tiltak innanfor delmål under fleire av hovudmåla.

Mål 6: Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle

Energidepartementet har ansvar for å forvalte vass- og energiressursane i landet. Departementet skal sikre ei samla og miljøvennleg forvaltning av vassdraga, fremme ei effektiv kraftomsetning og kostnadseffektive energisystem. Departementet bidrar til å sikre ei berekraftig vassforvaltning gjennom å legge vekt på omsynet til vassdragsmiljø ved vedtak om og oppfølging av konsesjonar til vassdragsanlegg, i vilkårsrevisjonar og ved nye flaum- og skredsikringstiltak og miljøtiltak. Departementet gjer faglege vurderingar og stiller krav om avbøtande tiltak for i størst mogleg grad å bøte på dei negative konsekvensane for vassdragsmiljøet når vi gir løyve til nye inngrep. Omsynet til ei heilskapleg og integrert vassforvaltning blir varetatt gjennom dei norske vassforvaltningsplanane som følger av EUs vassdirektiv.

Delmål 6.5) Innan 2030 innføre integrert forvaltning av vassressursar på alle nivå, mellom anna gjennom samarbeid over landegrensene der det er aktuelt

NVE bidrar til å sikre ei berekraftig vassforvaltning. Mål om betre vassdragsmiljø må vegast mot omsynet til kraftproduksjon, reguleringsevne og forsyningssikkerheit. Eit viktig verkemiddel for å nå mange av miljømåla i vassdraga er å revidere eldre vassdragskonsesjonar, men også å kalle tilbake og gjere om eldre konsesjonar. NVE har prioritert å behandle saker som gjeld miljømål etter vassforskrifta med frist i 2027. Vidare har direktoratet prioritert miljøtilsyn med anlegg under bygging for å sikre at nødvendige omsyn i vassdraga er tatt, og bidra til rask realisering av tiltak som er sette i gang. Målingane NVE gjer av hydrologi og kryosfære (snø, bre og is), dannar grunnlag for berekningar av vassressursane i Noreg, for varslinga av flaum, skred og is og for forvaltning og forsking generelt. Gjennom målingar, innsamling og kvalitetssikring av data til den nasjonale hydrologiske databasen og gjennom bruk av ny teknologi som satellittdata og dronar til overvaking og kartlegging får NVE god oversikt over hydrologien og vassressursane i Noreg. Deling og bruk av desse målingane bidrar dermed til ei samla og miljøvennleg forvaltning av vassdraga.

Delmål 6.6) Innan 2020 verne og bygge opp igjen vassrelaterte økosystem, inkludert fjell, skogar, våtmarker, elver, vassførande bergartar og innsjøar

NVE bidrar til å verne og restaurere vassrelaterte økosystem ved å ta omsyn til miljø og vern i behandlinga av arealplansaker i og langs vassdrag og gjennom arbeid knytt til NVEs bistandsordning for sikrings- og miljøtiltak.

Mål 7: Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris for alle

Energidepartementet har ansvaret for å koordinere energipolitikken til regjeringa.

Verdas befolkning og næringsliv er avhengige av tilgang til energi. Energibruk og velstandsnivå heng nært saman. Veksten i energibruk er nært knytt til befolkningsutvikling og økonomisk vekst. Rikeleg og kontinuerleg tilgang på påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkommeleg pris er ein føresetnad for berekraftig økonomisk framgang og velstandsutvikling.

Behovet for store og raske utsleppskutt i tråd med måla i Parisavtalen krev ei stor endring av energiforsyninga i verda, noko som inneber effektivisering av energibruken, meir utbygging av fornybar energi og utvikling av nye lågutsleppsløysingar som for eksempel CO_2-handtering. Dette er krevjande mellom anna fordi energisystemet i verda er stort og komplekst. Systemet er avhengig av omfattande infrastruktur til produksjon, distribusjon og bruk. I mange land er det arealkonfliktar og annan type motstand mot etablering av ny energiproduksjon og tilhøyrande infrastruktur. Kostnader knytte til energileveransar påverkar levestandarden og kostnadsnivået til innbyggarane og dermed konkurransekrafta til næringslivet. Fordi stabil tilgang på energi til ein overkommeleg pris er viktig for hushald og næringsliv, er omsynet til energisikkerheit noko alle land prioriterer.

Delmål 7.1) Innan 2030 sikre allmenn tilgang til pålitelege og moderne energitenester til ein overkommeleg pris

I Noreg er praktisk talt alle sikra tilgang til energi. Det norske energisystemet består av to hovuddelar. Kraftproduksjonen og tilhøyrande nett dekker innanlands etterspørsel etter kraft, medan petroleumsverksemda er eksportorientert og bidrar til å dekke behovet for energi i verda elles, særleg i Europa. SSBs tal for 2024 viser at det blei produsert 2 601 TWh primærenergi i Noreg dette

året, medan forbruket var på 215 TWh. Vasskrafta står i dag for nesten 90 prosent av den norske kraftforsyninga. Totalt er om lag 98 prosent av kraftproduksjonen i Noreg fornybar. Den samla kraftproduksjonen i 2024 var ifølge NVE 157,2 TWh. Nettoeksporten av energi kjem i hovudsak frå petroleumsverksemda. I 2024 blei det produsert olje og gass tilsvarande over 2 400 TWh på norsk kontinentalsokkel. Nesten alt dette blir eksportert. Noreg er den største produsenten og den einaste nettoeksportøren av olje og gass i Vest-Europa.

Innanlands energiforsyning

Med ein høg elektrifiseringsgrad er tilgangen på kraft avgjerande for det norske samfunnet. Noreg har overskot av kraft i eit normalår og god forsyningssikkerheit. I åra framover er det forventa at kraftbehovet vil auke i takt med ei aukande elektrifisering av samfunnet, ny næringsverksemd med stort kraftbehov og vidare omlegging frå fossil energi til fornybar kraft. I NVEs langsiktige marknadsanalyse frå juni 2025 er hovudkonklusjonen at kraftoverskotet i Noreg held seg fram mot 2050. NVE peikar likevel på at auke i forbruket saman med svak vekst i produksjonen vil redusere kraftoverskotet noko fram mot 2030. Etter 2035 vil det betre seg igjen på grunn av ny produksjon, som havvind.

Den globale verknaden av petroleumsverksemda

Petroleumssektoren bidrar til å dekke det globale behovet for stabile energileveransar, inkludert tilgangen på føreseieleg kraftproduksjon. Norsk petroleumsverksemd skjer med vesentleg lågare klimagassutslepp per produsert eining enn det som er gjennomsnittet for dei olje- og gassproduserande landa, og utsleppa er i tillegg omfatta av det europeiske kvotesystemet. Produksjonen frå norske olje- og gassfelt er viktig for energisikkerheita og stabiliteten hos Noregs allierte. Sjølv om Storbritannia og EU har ambisjonar om å redusere gassforbruket, vil importbehovet i Europa venteleg vere høgt i lang tid framover. Gass er også svært viktig i den europeiske energiforsyninga for å balansere marknaden og på den måten gjere det mogleg å erstatte tradisjonell grunnlast med meir uregulerbar kraftproduksjon. Norsk gass legg dessutan til rette for utsleppsreduksjonar i Europa ved å erstatte kol. Globalt er det venta behov for betydelege nye investeringar også i tradisjonelle energikjelder framover. Det gjeld sjølv om etterspørselen etter olje og gass sluttar å vekse eller går ned. Dersom investeringane blir lågare enn det er behov for, vil resultatet vere høgare prisar og dårlegare energitilgang, særleg for dei fattige i verda. Regjeringa vil legge til rette for at norsk kontinentalsokkel framleis skal vere ein stabil og langsiktig leverandør av olje og gass produsert med låge utslepp til Europa og resten av verda.

Delmål 7.2) Innan 2030 auke prosentdelen fornybar energi i det samla energiforbruket i verda vesentleg

Vasskrafta står i dag for nesten 90 prosent av den norske kraftforsyninga, og potensialet for ny vasskraft er avgrensa. Totalt er om lag 98 prosent av kraftproduksjonen i Noreg fornybar. Sjølv om det største potensialet av vasskraft er realisert, vil vasskrafta framleis stå for størsteparten av den norske kraftforsyninga i tida framover.

Verneplanen for vassdrag ligg i hovudsak fast. I samband med behandling av Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred* vedtok Stortinget at det skal opnast for konsesjonsbehandling av kraftverk over 1 MW i verna vassdrag der «samfunnsnytten, for eksempel i form av flomdempende effekt, vurderes som betydelig, samtidig som miljøkonsekvensene anses som akseptable».

I 2024 utgjorde vindkraft om lag 9 prosent av den samla kraftproduksjonen, og vi ser ein auke i solkraftproduksjon. Ny utbygging må skje slik at ho ikkje gir uakseptable verknader for lokalsamfunn og viktige miljø- og samfunnsinteresser. Nye prosjekt blir behandla i tråd med vindkraftmeldinga, jf. Meld. St. 28 (2019–2020) og Innst. 101 S (2020–2021), og stortingsbehandlinga av denne. I juni 2023 slutta Stortinget seg til regjeringa sitt forslag om endringar i energilova og plan- og bygningslova knytte til vindkraft på land, jf. Prop. 111 L (2022–2023) og Innst. 101 S (2022–2023). Etter dei nye reglane må nye vindkraftanlegg vere planavklarte etter plan- og bygningslova gjennom ei overordna kommunal områderegulering før det kan givast konsesjon til vindkraftanlegg etter energilova. Kravet om områderegulering skal gi betre lokal forankring og styrke kommunane si rolle i prosessen når det gjeld vindkraft på land. Regjeringa vil legge til rette for at lokalsamfunn som stiller naturressursane sine til disposisjon for vindkraftutbygging, får meir igjen for det og blir sikra ein rettmessig del av verdiskapinga.

Regjeringa vil også legge til rette for meir utbygging av solkraft og lokal energiproduksjon. Frå 1. juli 2025 er det ikkje lenger krav om konse-

sjon etter energilova for solkraftanlegg med ein installert effekt på inntil 10 MW.

Regjeringa har ein ambisjon om å tildele areal tilsvarande 30 GW havvind innan 2040. Det svarer til om lag 75 prosent av kapasiteten i det norske kraftsystemet i dag. I 2024 blei den første auksjonen for prosjektområde for havvind på norsk kontinentalsokkel gjennomført. Prosjektområdet i Sørlege Nordsjø II blei tildelt Ventyr SN II AS. I 2025 lyste Energidepartementet ut ein konkurranse om prosjektområde for havvind i Utsira Nord. Utsira Nord består av tre prosjektområde på 500 MW kvar. Områda eignar seg for flytande havvind. Søknadsfrist var 15. september 2025. Departementet fekk inn to søknader. NVE har, saman med ei direktoratsgruppe, identifisert 20 område som kan eigne seg for havvind. NVE har gjennomført ei strategisk konsekvensutgreiing av dei eigna områda. Utgreiinga blei levert i juni 2025 og er send på høyring. Med utgangspunkt i den utgreiinga og høyringa vil regjeringa utarbeide ein plan for vegen vidare for havvind.

Delmål 7.3) Innan 2030 få forbetringa av energieffektivitet på verdsbasis til å gå dobbelt så fort

I åra framover er bruken av elektrisitet i Noreg venta å auke i fleire sektorar og på nye område, særleg på grunn av elektrifisering av industri og transport og etablering av ny kraftkrevjande næringsverksemd. Energieffektivisering blir viktig for å redusere veksten i energiforbruket. Verknaden av energieffektivisering er ofte størst om vinteren, når behovet for kraft er størst og prisane er på sitt høgaste. Energieffektivisering og fleksibelt forbruk som reduserer forbrukstoppane, kan over tid redusere behovet for nettinvesteringar og andre tiltak for å sikre effektbalansen delar av året.

Regjeringa har styrkt arbeidet med energieffektivisering betydeleg og la hausten 2023 fram ein handlingsplan som set retninga for korleis myndigheiter og andre skal jobbe med energieffektivisering. Verkemidla i handlingsplanen er i all hovudsak gjennomførte, og departementet følger opp dei langsiktige tiltaka.

Delmål 7.a) Innan 2030 styrke det internasjonale samarbeidet for å lette tilgangen til forsking og teknologi på området rein energi, inkludert fornybar energi, energieffektivisering og avansert og reinare teknologi for fossilt brensel, og fremme investeringar i energiinfrastruktur og teknologi for rein energi

For at verda skal kunne nå klima- og berekraftsmåla, må den globale innsatsen styrkast og investeringane minst firedoblast fram mot 2030. Regjeringa støttar internasjonale initiativ som bidrar til varig energiomlegging, auka tilgang til energi og utfasing av kolkraft i utviklingsland. Noreg er partnar i større internasjonale program leia av G7-landa for rettferdig omstilling av energisektoren og utfasing av kolkraftverk i Indonesia og Vietnam. Statsministeren leiar alliansen Global Energy Alliance for People and Planet (GEAPP), som bidrar til å mobilisere privat og offentleg kapital til investeringar i fornybar energi i utviklingsland. Gjennom støtte til Verdsbanken og den afrikanske utviklingsbanken støttar Noreg opp om målet til bankane om å sikre 300 millionar menneske i Afrika tilgang til elektrisitet innan 2030.

Regjeringa vidareførte i 2024 støtta til garantiinstrument gjennom internasjonale organisasjonar (MIGA – Multilateral Investment Guarantee Agency og ATI – African Trade Insurance Agency), men utbetalingstakten har vore noko lågare enn forventa. Det er vedtatt å etablere ei ny statleg garantiordning for fornybar energi i utviklingsland med ein femårig pilotperiode frå 2025. I 2024 starta forhandlingar med multilaterale utviklingsbankar om transaksjonar, og ei open utlysing for private aktørar blei lagd ut. Kunnskapsprogrammet Energi for utvikling har i løpet av 2023–2024 kartlagt moglegheitene for institusjonssamarbeid i sju partnarland: Malawi, Mosambik, Nigeria, Somalia, Tanzania, Uganda og Nepal. Løyvinga til fornybar energi dekker tiltak som forbetrar investeringsklimaet, betrar energiforvaltninga i samarbeidslanda, bygger ut straumnettet, støttar lokale straumløysingar og bidrar til meir bruk av reine kokeomnar, energieffektivisering og utfasing av kol. Innsatsen er særleg retta mot partnarland i Afrika.

Gjennom EØS-midlane bidrar Noreg til å støtte målet om rein energi til EØS-landa. Støtta er primært retta mot fornybar energi, energieffektivisering og energisikkerheit.

Noreg deltar i ei rekke internasjonale samarbeidsforum for energiforsking og -innovasjon, for å utvikle og fremme bruken av nye og meir effektive klima- og miljøvennlege energiteknologiar. Samarbeidet på EU-arenaen er det klart viktigaste for norske forskingsaktørar og norsk næringsliv, men dei seinare åra har også Mission Innovation fått auka merksemd. Mission Innovation er eit globalt initiativ med 22 deltakande land pluss EU-kommisjonen som har som mål å få fart på offentleg og privat innovasjon innanfor rein energi, for å møte klimaendringar, gjere rein energi rimeleg for forbrukarar og skape grøne arbeidsplassar og

kommersielle moglegheiter. Noreg ved Energidepartementet deltar i dei årlege ministermøta, medan Forskingsrådet og Gassnova bidrar aktivt i arbeidet innanfor dei prioriterte områda reint hydrogen, utsleppsfri maritim transport og karbonfjerning.

Delmål 7.b) Innan 2030 bygge ut infrastruktur og oppgradere teknologi for å tilby moderne og berekraftige energitenester til alle innbyggarar i utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og kystlause utviklingsland, i samsvar med dei respektive støtteprogramma i landa

Bistandsbudsjettet bidrar til auka utbygging av fornybar energi og betre tilgang til elektrisitet og reinare kokeløysingar. Om lag 666 millionar menneske manglar tilgang til elektrisitet, og 2,1 milliardar har ikkje tilgang til reine kokeløysingar. Utfordringane er størst i Afrika, der 565 millionar menneske manglar tilgang til elektrisitet. Mindre enn éin prosent av dei globale energiinvesteringane skjer i dei minst utvikla landa.

Norfund, som er Noregs hovudinstrument for utbygging av fornybar energi i utviklingsland, investerer stort i fornybar energi, både gjennom utviklingsmandatet og gjennom Klimainvesteringsfondet (KIF). KIF blei oppretta i 2022 og skal tilførast ein kapital på 10 milliardar kroner over fem år. Den årlege kapitaltilførselen er på 1 milliard kroner frå statsbudsjettet og 1 milliard kroner frå Norfund. Ved utgangen av 2024 hadde fondet bidratt til å finansiere 7,9 GW fornybar kapasitet, hovudsakeleg i Sør-Afrika og India. Dette vil årleg kunne redusere utsleppa med 17,6 millionar tonn CO_2, tilsvarande svarer om lag 40 prosent av dei årlege utsleppa frå Noreg. I 2024 utgjorde Norfunds samla klimafinansiering (frå utviklingsmandatet og KIF) om lag 8,3 milliardar kroner – 2,4 milliardar kroner i investeringar og 5,9 milliardar kroner i mobilisert privat kapital.

Mål 9: Bygge solid infrastruktur og fremme inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon

Delmål 9.1 Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkommeleg pris og likeverdig tilgang for alle

Tilgang til straum er ein viktig faktor i næringsutvikling. Både nettselskapa og energimyndigheitene opplever stor pågang frå aktørar som ønsker å bli knytte til straumnettet. I dag er det mange aktørar som må vente i kø. Våren 2023 la regjeringa fram ein handlingsplan for raskare nettutbygging og meir effektiv utnytting av straumnettet. Regjeringa har gjennomført og sett i gang fleire viktige tiltak som skal bidra til raskare konsesjonsbehandling, meir effektiv tilknyting til straumnettet og betre utnytting av nettkapasiteten. Mellom anna er NVEs ressursar til å behandle konsesjonssøknader og digitalisere konsesjonsprosessane vesentleg styrkte, og det er etablert eit hurtigspor for rask behandling av godt førebudde og lite konfliktfylte søknader om nettanlegg. Den 1. januar 2025 kom det krav om at nettselskapa må vurdere om prosjekt som ønsker ny eller auka kapasitet i straumnettet, er tilstrekkeleg modne, før dei får reservere kapasitet. Bruk av modnadskriterium skal sikre at prosjekta som får nettkapasitet, er dei som blir gjennomførte. I mai 2025 vedtok Stortinget regjeringa sitt forslag om endringar i energilova for å effektivisere og modernisere konsesjonsbehandlinga, jf. Prop. 43 L (2024–2025) og Innst. 232 L (2024–2025). Endringane, som mellom anna omfattar tidleg saksavslutning og plikt for områdekonsesjonærar til å knyte til produksjon i nett opp til og med 22 kV, skal forenkle prosessen med å etablere ny fornybar kraftproduksjon og redusere presset på konsesjonsbehandlinga i NVE.

Gasstransportsystemet på norsk sokkel sørger for kostnadseffektiv og påliteleg transport av norsk gass til marknadene i Europa, med låge utslepp. Gasseksporten bidrar til å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet både i Noreg og i importlanda. Framtidig utnytting og utvikling av eksisterande gassinfrastruktur vil ha samfunnsøkonomisk og miljømessig effekt. Gassco AS har eit mandat til å koordinere drift og vidareutvikling av gasstransportsystemet med mål om å oppnå heilskaplege løysingar. I rolla som systemoperatør bidrar dei også til å utvikle ein sikker, påliteleg og berekraftig infrastruktur av høg kvalitet.

Regjeringa si satsing på CO_2-handtering gjennom mellom anna Langskip har bidratt til å bygge opp ei verdikjede for fangst, transport og lagring av CO_2 for norske og utanlandske aktørar. Infrastruktur som transport, mellomlagring og permanent lagring av CO_2 er nødvendig for å avkarbonisere industri i sektorar der det er spesielt krevjande å redusere utslepp. I tråd med mandatet til regjeringa har Energidepartementet, i samråd med Klima- og miljødepartementet, jobba med å forhandle fram avtalar om eksport og import av CO_2 for permanent lagring. Energidepartementet har signert intensjonsavtalar med Belgia, Danmark, Finland, Frankrike, Nederland og Sverige.

Desse er dei første av sitt slag i Europa og vil mogleggjere grensekryssande CO_2-handteringsprosjekt som kan fremme berekraftige løysingar for industrien.

Mål 11: Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige

Delmål 11.3) Innan 2030 styrke inkluderande og berekraftig urbanisering og moglegheitene for ei deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning

NVE bidrar til å gjere byar og lokalsamfunn trygge, robuste og berekraftige gjennom å førebygge mot skadar frå flaum, skred og overvatn. I Noreg er det blitt bygd i område der det er fare for flaum og skred, i ei tid da det ikkje blei stilt strenge krav til sikkerheit ved nybygging. NVE bidrar til at målet om berekraftige byar og lokalsamfunn blir nådd, gjennom arbeidet med kartlegging, sikring, arealplanbehandling og overvaking og varsling av naturfare. Klimaet er i endring, og meir ekstremvêr kan føre til meir overvatn og fleire og større flaum- og skredhendingar. Eit auka press på areal for utbygging vil auke behovet for kunnskap, rettleiing, overvaking og sikring.

Mål 12: Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster

Delmål 12.2) Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar

Auka og meir effektiv bruk av fornybare ressursar innanfor berekraftige rammer er sentralt for grøn omstilling. Noreg har rikeleg tilgang på fornybare ressursar og ein industri- og kompetansebase som er godt eigna til å utnytte dette potensialet. Ein berekraftig bruk av norske naturressursar er avgjerande for å legge til rette for framtidig verdiskaping, arbeidsplassar og busetnad over heile landet. Samtidig som det trengst areal for å dekke etterspørselen etter fornybar kraft, er endra arealbruk den faktoren som har størst negativ påverknad på naturen i Noreg i dag. Vi må sjå klima og natur i samanheng, slik at vi ikkje lèt viktige natur- og økosystem gå tapt for å nå klimamål. Jordvernet må også sikrast. Å oppretthalde natur kan vere eit viktig klimatiltak som gjer oss meir robuste mot klimaendringar. Avgjerder om endra arealbruk må ta omsyn til konsekvensar for miljø og lokalsamfunn og basere seg på heilskaplege avvegingar som sikrar at fornybar energi blir bygd ut på ein berekraftig måte.

Mål 13: Stoppe klimaendringane

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa bygger på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å legge miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til å nå dei nasjonale klima- og miljømåla. Fagproposisjonen frå Klima- og miljødepartementet inneheld ein samla omtale av klima- og miljørelevante saker.

Omsynet til miljø og berekraftig utvikling er ein integrert del av den norske petroleumsverksemda og kraftproduksjonen. Regjeringa vil at Noreg skal vere ein føregangsnasjon innanfor miljøvennleg energibruk og produksjon av fornybar energi. Regjeringa vil fremme ein effektiv, klima- og miljøvennleg og sikker energiproduksjon og sikre ei berekraftig forvaltning av naturen.

Delmål 13.1) Styrke evna til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farar og naturkatastrofar i alle land

Departementet har gått gjennom rammene for å førebygge flaum- og skredskadar i samband med at regjeringa la fram for Stortinget ei melding om flaum og skred våren 2024.

Nasjonalt bidrar NVE til å styrke evna til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farar og naturkatastrofar gjennom arbeidet med kunnskapsbygging, kartlegging, sikring, arealplanbehandling og overvaking av naturfare. Eit av hovudmåla til NVE er å betre evna til å handtere flaum og skred.

NVE bidrar til å skaffe fram ny kunnskap om klimasystemet og effektar av klimaendringar på hydrologi, kryosfære (snø, brear og is) og naturfare gjennom nasjonale og internasjonale FoU-prosjekt.

Heile verksemda til Statnett er knytt til overføring og distribusjon av elektrisitet og oppfyller taksonomikrava for å redusere og førebygge klimagassutslepp og tilpasse seg klimaendringar. Statnett har kartlagt fysisk klimarisiko og sett i verk tiltak der dei har funne vesentlege risikoar. Mellom anna tar Statnett høgde for scenario med ekstreme vêrsituasjonar i utforminga av nye anlegg.

Delmål 13.2) Innarbeide tiltak mot klimaendringar i politikk, strategiar og planlegging på nasjonalt nivå

CO_2-handtering

Regjeringa si satsing på fangst, transport og lagring av CO_2 er eit klimatiltak som vil redusere klimagassutslepp og utvikle teknologi for CO_2-handtering.

Regjeringa har sett i gang Langskip, eit prosjekt for å fange, transportere og lagre CO_2. Gjennom Langskip bidrar Noreg til å utvikle CO_2-handtering som eit effektivt klimatiltak og til teknologiutvikling i eit internasjonalt perspektiv.

På vegner av staten fremmer Gassnova teknologiutvikling, kompetansebygging og kostnadseffektive løysingar for CO_2-handtering – nasjonalt og internasjonalt.

SF6 i kraftbransjen

Ei stor klimautfordring i kraftbransjen er bruken av den potente klimagassen SF6, som blir brukt som isolasjons- og sløkkemiddel i kapslande anlegg (GIS-anlegg) og i andre komponentar, for eksempel effektbrytarar. Statnett er opptatt av å redusere lekkasje av SF6-gass frå anlegga sine og har sett i verk fleire tiltak. Tiltaka dreier seg både om å forbetre vedlikehaldsrutinar og om å bruke alternative gassar. Statnett har som mål å redusere bruken og utsleppa av SF6 for å bli heilt SF6-frie innan 2050. I 2024 var Statnetts utslepp av SF6-gass 12 455 tonn CO_2-ekvivalentar, opp frå 5 922 tonn CO_2-ekvivalentar i 2023. Mykje av auken skriv seg frå betre rapportering og kontroll på SF6-behaldninga. Høgare alder og vedlikehaldsbehov på nettanlegg bidrar også noko.

Mål 15: Verne, tilbakeføre og fremme berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald

Delmål 15.1) Innan 2020 bevare og gjenopprette berekraftig bruk av ferskvassbaserte økosystem og tenester som nyttar seg av desse økosystema, på land og i innlandsområde, særleg skogar, våtmarker, fjell og tørre område

I dei regionale vassforvaltningsplanane legg regjeringa til rette for å verne om og bruke elver, innsjøar, grunnvatn og kystvatn på ein berekraftig måte. Samordninga mellom ulike sektormyndigheiter og myndigheitsnivå i vassplanarbeidet sikrar ei felles forståing av tilstanden til og påverknaden på vassmiljøet og av rammer for miljømål, prioriteringar og tiltaksbehov. Planane bevarer evna vassmiljøet har til å levere økosystemtenester som reint drikkevatn, god kvalitet på badevatn, trygg sjømat, fiske, rekreasjon og turisme, samtidig som ein sikrar det langsiktige grunnlaget for verdiskaping og næringsutvikling. Robuste vassøkosystem kan også dempe effekten av klimaendringane, for eksempel i form av flaumdemping, overvasshandtering og vassreinsing. Regjeringa arbeider med å styrke norsk vassforvaltning gjennom ein samordna innsats mellom involverte sektorar for å følge opp tiltak i vassforvaltningsplanane.

Delmål 15.5) Sette i verk omgåande og omfattande tiltak for å redusere øydeleggingа av habitat, stanse tap av biologisk mangfald og innan 2020 verne trua artar og hindre at dei døyr ut

Arealendringar er den største trusselen mot naturmangfaldet. Utbygging og drift av produksjonsanlegg med tilhøyrande infrastruktur påverkar det biologiske mangfaldet gjennom fragmentering og degradering av leveområdet til artane. I konsesjonsprosessane gjer ein aktive arealval for å unngå dei mest sårbare naturområda. Konsesjonane som blir gitt i dag, inneheld krav om fleire avbøtande tiltak for miljøet, for eksempel slepp av minstevassføring for vasskraftanlegg. I tillegg er behandlinga av detaljplanar for anlegg viktig for å sikre at det blir tatt omsyn til miljø og landskap i bygge- og driftsfasen. Vidare får eksisterande vasskraftanlegg oppjusterte miljøvilkår i tråd med ny kunnskap. I tillegg jobbar regjeringa aktivt med å forbetre kunnskapsgrunnlaget for konsesjonsbehandlinga.

Statnett har vedtatt å legge tiltakshierarkiet til grunn for arbeidet med å ta naturomsyn, og alle framtidige prosjekt skal dokumentere at dei har brukt dette hierarkiet når dei har tatt avgjerder. Tiltakshierarkiet inneber at Statnett i første instans skal arbeide for å unngå negativ påverknad på spesielt sårbare og verdifulle naturområde og unngå oppsplitting av store samanhengande naturområde. I andre instans skal Statnett avgrense og redusere areal- og materialbruk og negativ påverknad på naturen. Der det ikkje er mogleg å unngå å påverke naturmangfaldet, skal Statnett restaurere og kompensere påverknaden på natur og habitattap frå prosjekt og drift.

Departementet har sett i gang feltundersøkingar for å auke kunnskapen om naturmangfald og miljø i områda som er lyste ut for havvind. Kartlegginga kjem i tillegg til den strategiske og prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga og omfattar feltundersøkingar av sjøfugl gjennom SEAPOP og SEATRACK, Mareano-kartlegging, overvaking av fisk og sjøpattedyr ved Havforskingsinstituttet og auka radardekning for å forbetre havvarslingstenestene i Nordsjøen.

7 Sikkerheits- og beredskapsarbeid

Energidepartementet har det overordna ansvaret for den kritiske samfunnsfunksjonen kraftforsyning. I tillegg har departementet oppgåver knytte til å førebygge skade som følge av dambrot, flaum og skred.

Vidare har departementet ansvar for beredskap og sikring etter petroleumslova og ansvar når det gjeld transport og lagring av CO_2 på kontinentalsokkelen. Departementet har også forvaltningsansvar for sikkerheit og beredskap etter havenergilova og havbotnminerallova.

Gjennom eit godt beredskapsplanverk, god organisering og hyppige og relevante øvingar skal departementet vere førebudd på å møte ulike typar kriser, både slike som gjeld departementet sjølv, og kriser i eigen sektor.

Departementet har identifisert desse grunnleggande nasjonale funksjonane (GNF) innanfor sitt sektoransvar:

- GNF 1: den nasjonale kraftforsyninga, ein samla nasjonal funksjon som omfattar kraftsystemet på nasjonalt nivå
- GNF 2: verksemda, handlefridommen og avgjerdsevna til departementet, både i rolla som fagleg sekretariat for den politiske leiinga og i myndigheitsutøvinga og styringa av underliggande verksemder
- GNF 3: kontroll med utvinning av petroleum på norsk sokkel
- GNF 4: transport av gass i røyr til Europa

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er peika ut som sektortilsyn for kraftsektoren etter sikkerheitslova. Havindustritilsynet (Havtil) er peika ut som sektortilsyn for petroleumsverksemda etter sikkerheitslova.

7.1 Ei sikker kraftforsyning

Det er ei prioritert oppgåve for regjeringa å vareta samfunnssikkerheit og nasjonal sikkerheit. Kraftforsyninga er ein sentral del av den kritiske infrastrukturen i Noreg, og tilgang på elektrisk kraft er avgjerande for å opprettholde normal samfunnsaktivitet. Stabil og sikker elektrisitetsforsyning er også viktig for å sikre kritiske samfunnsfunksjonar i krisesituasjonar og for å opprettholde forsvarsevna i beredskap og krig. Eit overordna mål for energi- og vassressursområdet er å legge til rette for ei effektiv, sikker og miljøvennleg energiforsyning. Målet om ei sikker kraftforsyning handlar om å opprettholde og styrke forsyningssikkerheita, redusere konsekvensane av avbrot og sikre rask gjenoppretting av forsyninga.

Det operative ansvaret for kraftforsyningsberedskapen er delegert til NVE, som er beredskapsmyndigheit etter energilova kapittel 9. NVE leiar beredskapsorganisasjon for kraftforsyninga (KBO), der einingane i kraftforsyninga deltar. Grunnivået for fysisk sikring, vern av IKT-sikring (passord, brannmurar m.m.) og digital systemsikring i kraftforsyninga er fastsett i kraftberedskapsforskrifta. NVE fører tilsyn, gir rettleiing og utviklar regelverk. Dette er viktige verkemiddel for å førebygge og handtere uønskte hendingar. NVE kan også, med heimel i sektorregelverket, pålegge KBO å sette inn ytterlegare tiltak gjennom enkeltvedtak for å beskytte kraftforsyninga.

På oppdrag frå departementet har NVE utvikla statistikk og indikatorar som gir innsikt i tilstanden i kraftforsyninga over tid. Avbrotsstatistikken viser at ein gjennomsnittleg sluttbrukar i Noreg dei siste ti åra har opplevd straumavbrot på om lag 1,5 timar årleg. Feilstatistikken peikar på vêrrelaterte hendingar som trefall, vind, snø og is som dei viktigaste årsakene til avbrot. KBO-einingane rapporterer årleg om uønskte hendingar. Dei vanlegaste gjeld informasjonssikkerheit, ekstremvêr, innbrot og teknisk svikt. Talet på hendingar innanfor informasjonssikkerheit har auka dei siste åra og omfattar både digitale og papirbaserte system.

Både den sikkerheitspolitiske situasjonen og klimaendringane krev at arbeidet med sikkerheit og beredskap i kraftforsyninga prioriterast høgt. Meir elektrifisering, ikkje-regulerbar produksjon og auka bruk av digital teknologi bidrar til å auke sårbarheita. I 2025 reviderte NVE risiko- og sårbarheitsanalysen for kraftforsyninga (KraftROS),

som inneheld særleg alvorlege scenario for kraftforsyninga. Saman med anna rapportering om samfunnssikkerheit gir KraftROS energimyndigheitene grunnlag for å vurdere behovet for nye tiltak.

Som følge av den sikkerheitspolitiske situasjonen har NVE vore på beredskapsnivået «auka aktsemd» sidan 2022. NVE har oppdatert oversikta over kva kraftforsyningsobjekt det er viktigast å verne, og innført tiltak med heimel i sektorregelverket for å betre evna til å oppdage mistenkeleg aktivitet, både fysiske truslar og uønskt aktivitet retta mot IKT-system. For å styrke sikkerheitsperspektivet i sektorregelverket har NVE fått i oppdrag frå departementet å vurdere korleis kraftberedskapsforskrifta kan vidareutviklast og tilpassast.

Ein kan aldri garantere at det ikkje vil førekomme straumavbrot, og dette må ein ta høgde for i samfunnsplanlegginga. Aktørar som er heilt avhengige av ei straumforsyning utan avbrot, må sjølve sørge for beredskap gjennom naudstraumaggregat eller andre løysingar. Det gjeld særleg verksemder som er underlagde sikkerheitslova, og som er kritisk avhengige av straum.

Sjå meir informasjon om tilstanden i kraftforsyninga i kapittel 8 «Tilstanden i kraftforsyninga» i del III av proposisjonen.

7.2 Skred og vassdrag

Gjennomføringa av statlege oppgåver med å førebygge skade som følge av dambrot, flaum og skred er delegert til NVE.

NVE har ansvar for å sjå til at tiltakshavarar planlegg, bygger og driv vassdragsanlegg slik at sikkerheita for menneske, miljø og eigedom blir varetatt, og at tiltakshavarar utarbeider beredskapsplanar for å handtere større hendingar. NVE kan gi pålegg til eigarar av vassdragsanlegg om å gjennomføre tiltak for å avgrense skadar. NVE kan også sjølv sette i verk tiltak når det er særskild fare for alvorleg skade.

NVE hjelper og rettleiar kommunane i å førebygge skadar frå flaum og skred. Dette omfattar kartlegging og informasjon om fareområde, faglege råd og retningslinjer for kommunal arealplanlegging, og fagleg og økonomisk støtte til planlegging og gjennomføring av sikringstiltak. NVE overvaker og varslar om flaum- og skredfare og kan gi kommunar, politi, redningstenesta og andre beredskapsmyndigheiter fagleg og praktisk bistand ved større og alvorlege krisehendingar, særleg når desse rammar busetnad.

7.3 Petroleumsverksemda

Det er ei prioritert oppgåve for regjeringa å vareta samfunnssikkerheit og nasjonal sikkerheit på kontinentalsokkelen. Samarbeidet mellom næringa og relevante myndigheiter har blitt sterkare dei siste åra, og det er lagt til rette for betre samhandling mellom myndigheiter nasjonalt. Noreg har også styrkt samarbeidet med andre land.

Det er aktørane i næringa som er ansvarlege for at verksemda er forsvarleg og i tråd med regelverket. Rettshavarar og andre som deltar i petroleumsverksemda, skal til kvar tid oppretthalde ein effektiv beredskap med sikte på å handtere fare- og ulykkessituasjonar som kan føre til tap av menneskeliv, personskade, forureining eller stor materiell skade. Rettshavarane skal også sette i verk og oppretthalde sikringstiltak for å førebygge bevisste anslag mot innretningar og ha beredskapsplanar for slike hendingar.

Havtil har ansvaret for å følge opp og vareta samfunnssikkerheit, sikring og beredskap innanfor sitt myndigheitsområde. Havtil fører mellom anna tilsyn med at aktørane i petroleumsverksemda tar ansvar for å førebygge og handtere risiko og sikkerheitskritiske forhold som påverkar sikkerheit, storulykkerisiko og sikring i petroleumsverksemda på norsk sokkel og ved dei tilknytte landanlegga. Tilsynet gir aktørane rettleiing og informasjon og fører tilsyn med at dei tar ansvar i tråd med regelverket.

Petroleumsregelverket stiller strenge krav til innsatsen hos dei enkelte selskapa. Styring av storulykkerisiko skal vere ein integrert del av aktiviteten til selskapa. Petroleumslova pålegg rettshavarane og operatørane i petroleumsverksemda eit sjølvstendig ansvar for beredskap mot fare- og ulykkessituasjonar. Dette inneber også ansvar for å sjå til at underleverandørar oppfyller krava til beredskaps- og sikkerheitstiltak. Operatøren har også ansvar for å rapportere om uønskte hendingar til Havtil og andre involverte etatar. Havtil har ei døgnkontinuerleg beredskapsvaktordning for mottak, vidarevarsling og oppfølging av fare- og ulykkeshendingar. Om nødvendig kan Havtil nytte tilsynsverkemidla sine også ved beredskapshendingar, og tilsynet har fått delegert myndigheit til å opprette mellombelse utestengings- og fareområde dersom det er påkravd for å hindre eller redusere skadeverknadene. Havtil varslar vidare til og har dialog med andre myndigheiter, og sikrar koordinert og effektiv oppfølging av eige ansvarsområde i krisesituasjonar.

Energidepartementet har identifisert kontroll med utvinning av petroleum på norsk sokkel og

transport av gass i røyr til Europa som GNF-ar i petroleumssektoren. Departementet har identifisert verksemder som er avgjerande for GNF-ane, og underlagt dei sikkerheitslova. Verksemdene som er underlagde sikkerheitslova, har gjennomført omfattande skadevurderingar for verksemda si. På bakgrunn av desse vurderingane har departementet peika ut og klassifisert skjermingsverdige objekt og infrastruktur i tråd med sikkerheitslova. GNF-prosessen vil skje kontinuerleg, for at formålet med sikkerheitslova skal vere oppfylt, og departementet arbeider vidare med å implementere lova i sektoren.

Som del av oppfølginga etter at Noreg i april 2024 underteikna felleserklæringa om samarbeid for å beskytte undersjøisk infrastruktur, fekk Havtil i juni 2024 i oppdrag å forvalte rolla som nasjonalt kontaktpunkt for utveksling av informasjon om hendingar knytte til undersjøisk infrastruktur i Nordsjøen. Noreg kan med dette utveksle relevant informasjon med Belgia, Nederland, Tyskland, Storbritannia og Danmark. Noreg hadde formannskapen i samarbeidet første halvår 2025. Havtil samarbeider med NVE og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) når det gjeld oppfølginga av kraft- og fiberkablar, og har kontakt med andre nasjonale myndigheiter etter behov.

8 Tilstanden i kraftforsyninga

8.1 Innleiing

Energidepartementet er hovudansvarleg departement for kraftforsyninga. Ei sikker kraftforsyning er viktig for samfunnssikkerheita og handlar både om god forsyningssikkerheit og om å minimere konsekvensane av avbrot.

Verda står i dag overfor eit krevjande trussel- og risikobilete, som har endra seg dramatisk dei seinare åra.

I januar 2025 la regjeringa fram Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen – Forberedt på kriser og krig*. Bakgrunnen for meldinga er den mest alvorlege sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa sidan andre verdskrigen. I meldinga set regjeringa retninga for ei omlegging av den sivile delen av totalforsvaret og for den sivile motstandskrafta. Regjeringa peikar i meldinga på at alle sivile sektorar, inkludert kraftsektoren, som er ein viktig del av totalforsvaret, må vere førebudd på situasjonar som ligg høgt i krisespekteret, inklusiv væpna konflikt og i verste fall krig.

Den 8. mai 2025 la regjeringa fram den første nasjonale sikkerheitsstrategien. Her peikar regjeringa på tre strategiske hovudprioriteringar: Forsvarsevna skal styrkast raskt, samfunnet må gjerast meir motstandsdyktig, og den økonomiske sikkerheita vår må styrkast.

Noregs rolle som energileverandør, og det at nordområda er strategisk viktige, gjer Noreg særleg utsett for etterretnings- og sabotasjeverksemd og annan uønskt aktivitet. Det kjem fram i trussel- og risikovurderingane som Etterretningstenesta, Politiets tryggingsteneste (PST), Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) gjer i sine krisescenario, jf. Prop. 1 S (2024–2025) frå Justis- og beredskapsdepartement.

Kraftforsyninga er éin av 14 samfunnskritiske funksjonar som er definerte i Prop. 1 S (2020–2021) frå Justis- og beredskapsdepartementet. Departementa har utarbeidd ei liste som skal bidra til å tydeleggjere kva slags verksemder som er sentrale for å oppretthalde drifta av kritiske samfunnsfunksjonar. Å dele inn i 14 kritiske samfunnsfunksjonar og plassere ansvaret hos eit hovudansvarleg departement er eit sentralt verkemiddel for å styrke den tverrsektorielle samordninga i arbeidet med samfunnssikkerheit.

Gjennom samfunnssikkerheitsinstruksen er det etablert eit system for å utarbeide tilstandsvurderingar for dei 14 samfunnskritiske funksjonane. Det hovudansvarlege departementet skal ha oversikt over tilstanden knytt til sårbarheiter for dei områda departementet har ansvar for, og utarbeide status- og tilstandsvurderingar. Tilstandsvurderingane skal vurdere evna til å oppretthalde funksjonane dersom dei blir utsette for ulike påkjenningar. Den førre tilstandsvurderinga for kraftforsyninga blei publisert i Prop. 1 S (2020–2021) frå Olje- og energidepartementet.

Den samfunnskritiske funksjonen *kraftforsyning* omfattar dei systema og leveransane som er nødvendige for å dekke behovet for elektrisk energi til oppvarming, hushald, produksjon, transport m.m. og for fjernvarme der fjernvarmeanlegg er utbygde. Sikker straumforsyning er avgjerande for eit moderne samfunn. Nesten alle viktige samfunnsoppgåver og -funksjonar er avhengige av eit velfungerande kraftsystem med påliteleg straumforsyning.

Forsyningssikkerheita i Noreg er høg, og tilstanden i kraftforsyninga er god. Eit solid sektorregelverk som jamleg blir oppdatert, tilsyn og rettleiing, ei effektiv krisehandtering og vektlegging av IKT-sikkerheit, læring, evaluering og øvingar m.m. bidrar til det. Nye tiltak for å oppretthalde og forbetre kraftforsyninga er noko Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) vurderer fortløpande i arbeidet med beredskap i kraftforsyninga. Beredskapsorganisasjonen for kraftforsyninga (KBO) er heilt sentral i beredskapsarbeidet.

Den sikkerheitspolitiske situasjonen har endra seg kraftig dei siste åra, og situasjonen set preg på beredskapsarbeidet i departementet, NVE og ute i sektoren. NVE går no mellom anna gjennom sektorregelverket i lys av den nye situasjonen. Dei har òg sett i gang eit prosjekt for å vurdere målretta tiltak for å betre den fysiske sikkerheita ved sentrale norske kraftanlegg. I tillegg kartlegg dei den nasjonale reparasjonsberedskapen og vurde-

rer rolla og ansvaret til distriktssjefane i kraftforsyninga (KDS).

For å vurdere tilstanden i kraftforsyninga bruker departementet informasjon frå tilsynsrapportar, avbrotsstatistikk m.m., i tillegg til element frå departementet sin eigen risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for kraftsektoren. Denne informasjonen gir eit bilete av evna til å sikre sluttbrukarane tilgang til elektrisk energi eller fjernvarme. Departementet vil samtidig understreke at ei avbrotsfri straumforsyning ikkje kan garanterast. Det er derfor viktig at alle sektorar og brukarar som er kritisk avhengige av straum, gjer eit grundig arbeid for å sjå på sin eigen beredskap for bortfall av straum. Dette gjeld særskilt verksemder som er underlagde sikkerheitslova.

8.2 Vurdering av tilstanden

Departementet meiner at indikatorane som gås gjennom i kapittelet dannar eit godt grunnlag for å slå fast at tilstanden i kraftforsyninga er god. Samtidig gjer den skjerpa sikkerheitspolitiske situasjonen det nødvendig at både myndigheiter og verksemder styrker arbeidet med sikkerheit og beredskap.

Statistikken er stabil og viser få avbrot og påliteleg levering. Gjennomsnittsverdiar på eit slikt nivå er ein tilfredsstillande situasjon. Målet er derfor å opprethalde dette nivået, men samtidig heile tida arbeide for å styrke kraftforsyningsberedskapen for å kunne handtere eventuelle hendingar som kan true forsyningssikkerheita.

Kraftsituasjonen i Noreg er god, og vi har eit robust straumnett med krafttransformatorar i god stand. Det er ikkje samfunnsmessig rasjonelt å garantere ei avbrotsfri kraftforsyning. Det ville blitt svært kostbart for samfunnet, ført til store miljøinngrep og knapt vore teknisk mogleg å oppnå.

Arbeidet med sikkerheit og beredskap er eit kontinuerleg arbeid og eit område med høg prioritet.

Departementet vurderer at tilstanden i fjernvarmeforsyninga er god. Høg forsyningssikkerheit innanfor fjernvarme vil vere prioritert framover også.

8.3 Samfunnsfunksjonen kraftforsyning

I rapporten *Samfunnets kritiske funksjoner* frå 2016 viser DSB til to kapabilitetar, eller funksjonsevner, under samfunnsfunksjonen kraftforsyning: kraftforsyning og fjernvarme. Funksjonsevna er definert som evna til å sikre sluttbrukarane tilgang til tilstrekkeleg elektrisk energi, eller fjernvarme der det er utbygd. Å opprethalde funksjonsevna inkluderer arbeid for å redusere konsekvensar av bortfall og tiltak for rask oppretting etter eventuelle straumbrot. Dette omfattar også eigenberedskap for bortfall av straum hos andre sektorar og aktørar. Funksjonsevne betyr dermed ikkje at kraftforsyninga skal evne å levere straum i absolutt alle situasjonar.

Kraftforsyninga er definert som kritisk infrastruktur. Alle anlegga er ikkje like viktige, og det er stor grad av redundans i straumforsyninga, slik at bortfall av eitt anlegg lett kan avhjelpast ved at drifta blir endra.

Det er lang tradisjon for å tenke beredskap i kraftforsyninga, og det blir øvd mykje i sektoren. Uvêr er vanleg, noko selskapa er godt førebudde på, men det er ikkje til å unngå at ekstremvêr påverkar kraftforsyninga.

Statnett SF er systemansvarleg for det norske kraftsystemet og har ansvaret for drifta og for at det til kvar tid er balanse mellom produksjon og forbruk av kraft. Kraftmarknaden har også ei viktig rolle i å sikre balanse. Energidepartementet eig Statnett. Statnett eig og driv transmisjonsnettet, som er hovudvegen i kraftsystemet. Lokale nettselskap har ansvaret for distribusjonsnettet, der krafta blir fordelt til sluttbrukarane. Det er 85 nettselskap og om lag 362 000 km med leidning fordelte på dei tre nettnivåa. Størstedelen er i distribusjonsnettet. Produksjonen er i hovudsak basert på vasskraft, med 1 791 små og store vasskraftverk over heile landet, i tillegg til 65 vindkraftverk.

Elektrisitet utgjer den desidert største delen av norsk energiforsyning. I 2024 kom om lag 88 prosent av elektrisitetsproduksjonen frå vasskraft. Om lag 10 prosent av produksjonskapasiteten kom frå vindkraft. Samla normalårsproduksjon var på om lag 157 TWh. Det blei sett ny produksjonsrekord i 2024, med ein samla kraftproduksjon på 157,2 TWh. Årsaka var høg vindkraftproduksjon og mykje tilsig til vasskraftmagasina. Bruttoforbruket av kraft var i 2024 på 138,7 TWh, noko som er ein liten auke frå 2023.

Fjernvarme er eit distribusjonssystem for oppvarma vatn som blir brukt til å transportere varme til sluttbrukarane. Ei sikker fjernvarmeforsyning er viktig for eit velfungerande samfunn. Det er bygd ut fjernvarme i byar og tettstader, og mange er avhengige av fjernvarme som ei sikker varmekjelde.

8.4 Mål, lovverk og ansvar

Eit overordna mål for energi- og vassressursområdet er å legge til rette for ei effektiv, sikker og miljøvennleg energiforsyning. Energipolitikken skal medverke til å vareta forsyningssikkerheita og stabiliteten i kraftleveransane i Noreg. Målet om ei sikker kraftforsyning dreier seg om å oppretthalde og betre forsyningssikkerheita, minimere konsekvensane av avbrot og gjenopprette forsyninga på ein effektiv måte.

Energilova med forskrifter regulerer både tilsikta og ikkje tilsikta hendingar, og det er lagt vekt på å oppretthalde forsyninga eller gjenopprette ho så raskt som mogleg, uavhengig av årsaka til avbrotet. For å sikre høg kvalitet, effektiv drift av kraftsystemet og kraftmarknaden og god beredskap i ekstraordinære situasjonar er kraftforsyninga underlagd både direkte krav og insentivreguleringar.

Energidepartementet sitt ansvar for kraftforsyninga inkluderer ansvaret for forsyningssikkerheita.

Forsyningssikkerheita er evna kraftsystemet har til kontinuerleg å levere straum av ein gitt kvalitet til sluttbrukarane. Justis- og beredskapsdepartementet og DSB har ansvar for elsikkerheitsregelverket gjennom eltilsynslova med forskrifter. Elsikkerheit inneber at elektriske anlegg og komponentar skal byggast, drivast og haldast ved like slik at dei ikkje utgjer fare for liv, helse eller materielle verdiar. DSB sitt arbeid med elsikkerheit har ein positiv effekt på forsyningssikkerheita. Eitt eksempel på det er krav til skogrydding rundt luftlinjer.

Det operative ansvaret for kraftforsyningsberedskapen har departementet delegert til NVE. NVE organiserer beredskapsorganisasjonen for kraftforsyninga (KBO), som består av NVE, Statnett og større kraftprodusentar, nettselskap, kraftbørsar og fjernvarmeselskap. NVE peikar ut distriktssjefane (KDS), som er regionale representantar for kraftforsyninga. KDS deltar i statsforvaltarens beredskapsråd.

Det er nettselskapa som har ansvaret for den daglege drifta av overføringsnettet. Dei er også ansvarlege for ha gode beredskapsplanar og vere førebudde på å handtere eventuelle hendingar, uavhengig av årsaka. NVE følger opp selskapa med tilsyn, øvingar, rettleiing, evaluering etter hendingar m.m.

8.4.1 Direkteregulering

Energilova skal sikre at produksjon, overføring og bruk av energi skjer på ein samfunnsmessig rasjonell måte der det blir tatt omsyn til både allmenne og private interesser. Det er utarbeidd ei rekke forskrifter under energilova. Her er eit utval:

- *Energilovforskrifta* gir plikter ved konsesjon for elektriske anlegg og fjernvarmeanlegg.
- *Kraftberedskapsforskrifta* gir plikter som skal sikre at energiforsyninga blir halden ved lag, og at normal forsyning blir gjenoppretta på ein effektiv og sikker måte i og etter ekstraordinære situasjonar, for å redusere dei samfunnsmessige konsekvensane.
- *Systemansvarsforskrifta* legg til rette for ein effektivt kraftmarknad og ein tilfredsstillande leveringskvalitet i kraftsystemet og sikrar at systemansvaret blir utøvd på ein samfunnsmessig rasjonell måte.
- *Leveringskvalitetsforskrifta* sikrar ein tilfredsstillande leveringskvalitet i det norske kraftsystemet og stiller krav om oppretting av forsyninga utan ugrunna opphald.
- *Kraftrasjoneringsforskrifta* sikrar at kraftrasjonering blir gjennomført på ein samfunnsmessig rasjonell måte, slik at energien blir best mogleg utnytta ut frå omsynet til allmenne og private interesser.
- *Omsetningskonsesjonærforskrifta* legg grunnlag for ein effektiv kraftmarknad og kontroll av nettverksemd som eit naturleg monopol.
- *Nettinntektsforskrifta* legg grunnlag for ein effektiv kraftmarknad og kontroll av nettverksemd som eit naturleg monopol.

Sektorregelverket i kraftforsyninga legg eit stort ansvar på selskapa, og dei må vere førebudde på ekstraordinære hendingar. Dei er pålagde å gjennomføre ROS-analysar og skal gjenopprette forsyninga utan ugrunna opphald dersom det skjer avbrot. Regelverket og beredskapsarbeidet til selskapa tar heile tida sikte på å forbetre beredskapstilstanden, redusere risikoen for avbrot i forsyninga og sikre rask gjenoppretting.

Kraftberedskapsforskrifta gjeld for alle einingane i KBO. I 2024 kom NVE med ein ny rettleier til forskrifta som er meir brukarvennleg og gjer det lettare å forstå kva som skal til for å overhalde regelverket og dermed bidra til ein betre tilstand i kraftforsyninga.

Den 1. januar 2025 endra NVE også forskriftsdefinisjonen av kva som er kraftsensitiv informasjon. Dei oppdaterte rettleiaren i tråd med endringa.

I tillegg kjem sikkerheitslova, som skal førebygge, avdekke og motverke verksemd som truar den nasjonale sikkerheita. Energidepartementet har definert *nasjonal kraftforsyning* som ein

grunnleggande nasjonal funksjon (GNF) etter sikkerheitslova og vedtatt at NVE skal vere tilsynsmyndigheit i kraftforsyninga. Statnett blei underlagd sikkerheitslova i 2019.

8.4.2 Insentivregulering

I tillegg til direkteregulering i form av lover og reglar blir det brukt indirekte regulering i sektoren. Nettverksemd er eit naturleg monopol, og insentivreguleringa, som er heimla i nettinntektsforskrifta, inneheld verkemiddel som bidrar til at nettet blir utnytta og bygd ut på ein sikker og samfunnsmessig rasjonell måte. Eksempel frå insentivreguleringa er KILE-ordninga (kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje-levert energi), som gir nettselskapa insentiv til å minimere talet på og lengda på avbrot, ved at den tillatne inntekta deira blir redusert som følge av avbrot. KILE-kostnadene skal reflektere kostnadene samfunnet har ved avbrot. USLA-ordninga (utbetaling for svært langvarige avbrot) gir nettselskapa insentiv til å unngå avbrot på over tolv timar, ved å gi sluttbrukarane rett til å krevje ei bestemt utbetaling frå nettselskapet dersom dei opplever avbrot på over tolv timar.

8.5 Internasjonalt samarbeid

Å utveksle kraft med utlandet er viktig både for å sikre forsyningssikkerheit og god utnytting av ressursar og for å auke verdiskapinga. Norden er tett integrert i ein felles kraftmarknad. Gjennom kablar er Norden også integrert med den europeiske kraftmarknaden. Noreg har utvekslingskapasitet mot utlandet gjennom kablar til Sverige, Danmark, Tyskland, Nederland, Finland og England. Noreg er nettoeksportør av kraft. Gjennom EØS-avtalen er Noreg omfatta av fleire rettsakter på energiområdet.

Kraft er også eit tema i NATO. På NATO-toppmøtet i juli 2016 forplikta medlemslanda seg til å styrke den nasjonale sivile beredskapen og oppfylle sju grunnleggande forventningar til samfunnskritiske funksjonar. Éi av desse grunnleggande forventningane er ei robust energiforsyning. Dei sju grunnleggande forventningane blei førebels reviderte i 2020, til dels på bakgrunn av erfaringar frå koronapandemien. Sjå omtale av dette i Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden*. I lys av den mest krevjande sikkerheitspolitiske situasjonen verda har opplevd sidan andre verdskrigen, blei NATO-landa, på toppmøtet i 2025, einige om å bruke 5 prosent av bruttonasjonalproduktet (BNP) på forsvar og sikkerheit innan 2035. 1,5 prosent skal gå til formål som støttar opp under den militære evna og motstandskrafta, noko som omfattar kraftforsyninga.

Russlands invasjon av Ukraina har ført til at NATO har dreidd merksemda frå internasjonale operasjonar til kollektivt forsvar i Europa. Det aukar krava til medlemslanda når det gjeld evna til å ta imot og støtte allierte styrkar på eige territorium. NATO har utvikla eit nytt vertslandsstøttekonsept, Host Nation Support (HNS), som del av NATO Defence Planning Process (NDPP). Det nye konseptet fremmer ei tilnærming som involverer nasjonale myndigheiter, samfunn og internasjonale aktørar og inneber ei koordinert utnytting av dei samla ressursane i samfunnet. Med Sverige og Finland i NATO har Noreg fått ei enda viktigare rolle som mottakstransittland, noko som krev at kraftforsyninga må kunne støtte Forsvaret betre enn før.

8.6 Avhengigheit og eigenberedskap

Ekom og kraft er gjensidig avhengige av kvarandre. Samarbeid om beredskap mellom kraftsektoren og ekomsektoren er derfor viktig. Som del av oppfølginga av ein rapport om styrkt samarbeid om beredskap mellom ekom- og kraftsektoren frå 2022 har det mellom anna blitt arrangert fagdagar for dei to sektorane. I tillegg blei det gjennomført EkomKraft-øvingar i både 2024 og 2025. Her var mellom anna informasjonsdeling mellom sektorane tema. Det er også gjennomført eit pilotprosjekt om standardiserte statusvarslingar ved straumbrot. Fleire anbefalte tiltak i rapporten vil bli følgde opp framover.

Kraftforsyninga har eigne samband dei kan bruke til kommunikasjon internt, for eksempel ved gjenoppretting etter feil. Ved hjelp av dei kan nettselskapa kommunisere med kvarandre sjølv om for eksempel mobilnettet er ute av drift. Ved lengre ekomavbrot blir det likevel vanskelegare å varsle personell og verksemder utanfor sektoren, kommunisere med kundar og ha dialog med kommunane.

Når straumforsyninga skal gjenopprettast, skal nettselskapa prioritere verksemder som er kritiske for liv og helse og sentrale samfunnsfunksjonar. Det same skal dei ved straumrasjonering. For å få til det må nettselskapa ha oversikt over kven desse verksemdene er. Departementet oppfordrar derfor både nettselskapa og dei aktuelle verksemdene om å styrke dialogen, slik at nødvendig informasjon blir delt.

Forsyningssikkerheita i Noreg er høg. Samtidig er dei fleste avhengige av straum, og samfunnet er derfor sårbart for avbrot i forsyninga. Det vil ikkje vere mogleg å oppnå ei avbrotsfri kraftforsyning Det er difor avgjerande at viktige samfunnsfunksjonar og infrastrukturar er klar over kor avhengige dei er av straum, og sjølve vurderer korleis dei kan handtere avhengigheita, for eksempel ved å gjere seg mindre avhengige. Sluttbrukarar som er kritisk avhengige av ei kontinuerleg straumforsyning, må sjølve sørge for nødstraum eller annan eigenberedskap.

I 2018 lanserte DSB ein kampanje for eigenberedskap for å hjelpe befolkninga med å førebu seg på kriser som kan ramme kritisk infrastruktur. DSB oppfordrar folk til å sørge for beredskap heime hos seg sjølve ved mellom anna å ha tilgang til ved, mat, vatn, stearinlys og kontantar. På den måten kan samfunnet vere betre førebudd om straumen skulle bli borte. I 2024 blei den anbefalte varigheita på eigenberedskapen utvida frå tre dagar til éi veke.

8.7 Status basert på ulike tilstandsindikatorar

Det er fleire mål som kan gi oss ein indikasjon på korleis tilstanden i kraftforsyninga er. Departementet har identifisert ulike indikatorar som saman kan danne eit oversiktleg bilete. Nokre indikatorar baserer seg på statistikk og data, andre på resultat frå analysar, tilsyn og andre erfaringar.

8.7.1 Avbrot, driftsforstyrringar og uønskte hendingar

Ein indikator på forsyningssikkerheita er kor mange avbrot kvar sluttbrukar opplever, og kor mange minutt dei er utan elektrisitet i løpet av eit år. For nettselskapa er det obligatorisk å rapportere avbrot og driftsforstyrringar i elektrisitetsforsyninga på alle spenningsnivå. Det gir oss ein god avbrotsstatistikk. NVE publiserer statistikken årleg.

Avbrot i elektrisitetsforsyninga oppstår ved utfall eller utkopling av kraftleidningar. Det er mellom anna vanleg å måle avbrotsmengda i talet på avbrot per sluttbrukar, i tillegg til lengda på avbrota. Sluttbrukarane i Noreg har i snitt dei siste ti åra opplevd 1,7 avbrot i året og ei årleg avbrotslengde på 1 time og 53 minutt. I tillegg har dei opplevd 1,8 kortvarige avbrot (under 3 minutt). Tala frå 2024 ligg på same nivå som tala for dei siste åra.

Kor påliteleg leveringa av straum er, eller kva evne kraftsystemet har til å levere elektrisk energi til sluttbrukarane, blir målt som forholdstalet mellom faktisk levert energi og totalt forventa levert energi og er knytt til kor hyppige og langvarige avbrota er. Gjennomsnittet for heile landet har dei siste ti åra variert mellom 99,97 og 99,99 prosent. I 2024 var talet nasjonalt 99,985 prosent, noko som er over gjennomsnittet for perioden frå 2014. Som figur 8.1 viser, var leveringspålitelegheita lågare



Figur 8.1 Leveringspålitelegheit i perioden 2015–2024.

Leveringspålitelegheita er målt som forholdstalet mellom faktisk levert energi og totalt forventa levert energi.
Kjelde: Reguleringsmyndigheita for energi (RME), 2025

enn vanleg i 2023. Det heng saman med eit større avbrot hos Svabo Industrinett som gav redusert forsyning til Mo Industripark. Særleg ekstremvêr med mykje vind påverkar kor påliteleg leveringa er. Ei enkelthending som påverka leveringspålitelegheita i 2024, var ekstremvêret Ingunn i månadsskiftet januar/februar.

Kraftig uvêr i enkelte regionar kan gi utslag på kor påliteleg struamleveringa er på landsbasis. Tala varierer mellom ulike geografiske område i Noreg. For eksempel blir område med mykje skog og mange luftlinjer hardast ramma av avbrot når det er kraftig vind og vindkast. NVE får innrapportert avbrotsdata på fylkesnivå og utarbeider kvart år statistikk over talet på og lengda på avbrot for dei enkelte fylka.

Statistikk over årsakene til avbrota gir verdifull informasjon for beredskapsarbeidet, og erfaringar frå ekstremvêr dannar ein naturleg bakgrunn for kontinuerlege forbetringar i rutinar og handtering. Ei driftsforstyrring er ei automatisk, påtvinga eller utilsikta utkopling på grunn av éin eller fleire feil. Storparten av feila har opphav i eksterne årsaker. Det kan mellom anna vere naturgitte årsaker, feil utførte av ein tredjeperson eller andre ytre påkjenningar. Selskapa i sektoren er vane med å handtere uvêr og ekstremvêr, snøfall, ising, lyn og liknande. Om lag ein tredel av feila har opphav i interne årsaker aleine. Det kan for eksempel vere feil på teknisk utstyr og delar av anlegg eller personfeil.

Regional- og transmisjonsnettet blir som regel drifta i ein maska nettstruktur med tosidig forsyning eller automatiske omkoplingsmoglegheiter. Det gjer at driftsforstyrringar ikkje nødvendigvis fører til utfall av forsyninga. Distribusjonsnettet blir i all hovudsak drive radielt, slik at eitt punkt i nettet berre er forsynt gjennom éin leidning. Det gjer at nesten 100 prosent av driftsforstyrringane i distribusjonsnettet fører til utfall (99,7 prosent i 2024).

Selskapa i KBO er pålagde å rapportere til NVE om uønskte hendingar. På den måten sikrar myndigheitene seg ei betre oversikt over hendingane som kan redusere forsyningssikkerheita, og betre kjennskap til truslar og påkjenningar dei må ta omsyn til. NVE har også høve til å be om rapportering av andre tilfelle ved behov. Ved større avbrot går NVE i beredskap og etablerer rapportering til departementet.

Basert på innrapporterte data utarbeider NVE årlege oppsummeringar. Figur 8.2 viser talet på uønskte hendingar per år frå 2018 til april 2024. Kategoriseringa er ei forenkla framstilling av årsakssamanhengane. Dei fleste uønskte hendingane oppstår på grunn av eit samspel mellom fleire faktorar, som kan vere menneskelege, tekniske eller organisatoriske, i tillegg til naturgitte forhold, som vêret.

8.7.2 Tilstanden for krafttransformatorar i Noreg

Kraftransformatorar er viktige komponentar i kraftsystemet. Levetida til transformatorane er avhengig av graden av overbelastning. Ved eit eventuelt havari er reparasjonstida lang, opp mot eit år. Leveringstida for nye krafttransformatorar er for tida tre til fem år, mellom anna som følge av pandemien, krigen i Ukraina og utbygging av fornybar energi i Europa.

Informasjon om alderen på transformatorane og aldersfordelinga i transformatorparken kan seie noko om tilstanden i kraftsystemet. Sidan 2021 er ein del av transformatorane frå 1960-talet erstatta av nye, men enno er transformatorar heilt frå 1950-talet i drift. For å sikre myndigheitene ei betre oversikt over tilstanden vedtok NVE i 2011 at det skulle opprettast ein tilstandsdatabase med oversikt over krafttransformatorane i det norske nettet. Alle med anleggskonsesjon skulle heretter rapportere inn eigar- og anleggsdata, tekniske data og olje- og gassanalysar. I 2017 hadde alle konsesjonærane rapportert og kvalitetssikra dataa sine. Dette gjer at det no er mogleg å sette inn tiltak tidlegare og dermed forlenge levetida til krafttransformatorane.

I 2025 har NVE auka tilsynet med reparasjonsberedskapen ytterlegare. NVE meiner at beredskapen generelt er god på verksemdsnivå, men at det likevel ikkje er opplagt at den samla reperasjonsberedskapen på regionalt eller nasjonalt nivå er god nok.

8.7.3 Kraftforsyninga tilpassar seg klimavariasjonar

Kraftsektoren er spesielt utsett for vêr, og klimaendringar gjer at sikkerheits- og beredskapsutfordringane for kraftanlegga blir større. Naturfenomen som mellom anna nedbør, trefall, storm, skred, lyn og ising forårsakar i dag feil og avbrot i kraftforsyninga. Det er forventa at frekvensen og styrken på slike naturfenomen vil auke i åra framover, som følge av klimaendringar.

NVE kartlegg jamleg statusen for klimabevisstheita og klimatilpassinga til KBO-einingane og rapporterer om dette. Formålet er å undersøke i kva grad dei set klimatilpassing på dagsordenen, og å kartlegge kva utfordringar dei møter i arbei-



Antall uønskte hendingar

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
streik	0	0	0	0	0		1
hending i kraftforsyninga	0	0	0	0	0	1	1
pandemi	0	0	1	1	1	0	
sikkerheitspolitisk	0	0	0	0	1	1	1
fjernvarme, anna	1	0	0	0	0	1	3
elektrisitet, anna	0	1	0	0	0	2	4
anna	2	1	0	0	0	3	2
IKT-systemfeil og brukarfeil	0	1	1	0	0	4	3
menneskeleg svikt	1	2	1	3	1	1	1
IKT-sabotasje	1	1	3	3	4	2	
uønskt nærvær/fotografering/dronar				2	18	5	7
informasjonssikkerheit	5	1	2	6	7	6	6
teknisk	11	5	3	6	3	4	2
innbrot/hærerk/tyveri	7	7	3	1	9	5	11
utfordrande vêr	11	5	8	8	5	4	3

Figur 8.2 Uønskte hendingar totalt 2018–2024

Kjelde: NVE, 2025

Boks 8.1 Vêrhendingar er framleis den viktigaste årsaka til utfall i kraftsystemet

I august 2023 førte ekstremvêret Hans til store skadar i ein kraftstasjon og fleire utfall. Denne hendinga gjorde oss meir oppmerksame på organiseringa ved driftssentralar og på varsling og rapportering i ekstraordinære situasjonar. I oktober same året opplevde rundt 80 000 sluttbrukarar straumbrot da Sør-Noreg blei ramma av kraftig vind med trefall.

Nyttårshelga 2023/2024 kom med mykje vind og snøvêr i Sør-Noreg, med mange feil og nokre tusen avbrot og utfall av ekom. Vinteren 2024 kom ekstremvêret Ingunn med ekstreme vindkast som særleg råka Nordland, der meir enn 100 000 sluttbrukarar opplevde straumbrot. Hausten 2024 var det Vestlandet og Trøndelag som blei råka, da ekstremvêret Jakob, med kraftig vind og store mengder regn, førte til at nokre titals tusen sluttbrukarar mista straumen.

Den 17. januar 2025 blei Trøndelag råka av eit uvêr der 40 000 sluttbrukarar mista straumen som følge av over 100 feil totalt i distribusjons- og regionalnettet. Dei fleste feila kom av sterk vind og trefall på luftleidningar. Gjenopprettinga var tidkrevjande. På kvelden 18. januar var framleis 10 000 sluttbrukarar straumlause, og først kvelden 21. januar hadde alle fått straumen tilbake. Avbrotskostnaden var over 74 millionar kroner.

det med klimatilpassing. NVE har utarbeidd kartleggingsrapportar i 2009, 2013, 2016 og 2021. Dei viser ein jamn auke i klimabevisstheita blant KBO-einingane. Rapporten frå 2021 konkluderer mellom anna med at ni av ti KBO-einingar reknar med at klimaendringar vil føre til større sikkerheits- og beredskapsutfordringar i åra fram mot 2050. Til samanlikning var det seks av ti som meinte det same i 2009. Arbeidet med den femte kartlegginga er i gang.

8.7.4 Energi- og driftssikkerheit

Energisikkerheit handlar om evna kraftsystemet har til å dekke energibruken, og heng dermed tett saman med tilgang på vatn, vind og utvekslingskapasitet. Det norske kraftsystemet er dominert av vasskraft, og energisikkerheita er knytt til korleis tilsiget til vassdraga og fyllingsgraden i vassmagasina utviklar seg. I tillegg speler utviklinga i vindressursar ei stadig større rolle for energisikkerheita vår, ettersom vindkraft er blitt ein større del av produksjonsmiksen både i Noreg og i land som det norske kraftsystemet er knytt til. NVE rapporterer om kraftsituasjonen kvar veke.

Driftssikkerheit handlar om evna kraftsystemet har til å takle forstyrringar i drifta utan at det blir straumbrot eller avvik i frekvens eller spenning. Sjå nærmare omtale av driftsforstyrringar under punkt 8.7.1. Driftssikkerheit gjeld altså den kontinuerlege drifta av kraftsystemet heilt ned på minutt- og sekundnivå. Mellom anna feil på komponentar som linjer, transformatorar og styringssystem kan føre til avbrot i forsyninga eller avvik i frekvens eller spenning. Eit av verkemidla for å sørge for god driftssikkerheit er å planlegge nettanlegg og drifte dei etter det såkalla N-1-prinsippet. Det inneber at feil på éin komponent ikkje skal gi avbrot for sluttbrukarar. Kriteriet blir berre brukt til å planlegge investeringar og er ikkje eit krav. Leveringspålitelegheita i Noreg er likevel generelt god.

Eit straumnett med tilstrekkeleg overføringskapasitet er ein føresetnad for god forsyningssikkerheit, men overføringsnettet både kan og bør utnyttast effektivt, slik at nettinvesteringane ikkje blir større enn nødvendig. Ved hjelp av mekanismar som kan jamne ut forbruket eller endre lokaliseringa av nytt forbruk, kan kapasiteten utnyttast betre. Nye teknologiske og marknadsmessige løysingar kan legge grunnlag for eit meir effektivt og fleksibelt system.

Innføringa av avanserte måle- og styringssystem (AMS) og lanseringa av Elhub, ei sentral løysing for datalagring, har vore viktige for moderniseringa av kraftsystemet i Noreg. AMS gir nettselskapa mellom anna meir nøyaktig informasjon om tilstanden i nettet. Nettselskapa får data om forbruk, last, straummålingar og spenningsmålingar som gir dei betre oversikt over når ulike delar av nettet er hardt belasta, og korleis lasta fordeler seg. Informasjonen kan brukast til å drifte og dimensjonere nettet meir effektivt. Spenningsmålingane sørger for at nettselskapa raskt får beskjed om avbrot og raskare kan oppdage og rette feil.

NVE forventar at Noreg framleis vil ha ein positiv kraftbalanse i eit normalår fram mot 2029. Forventa forbruksvekst er justert ned som følge av at fleire av planane for batterifabrikkar og hydrogenproduksjon har blitt utsette, reduserte eller avlyste. NVE anslår ein positiv kraftbalanse på 11 TWh i 2029, 7 TWh lågare enn i dag. Forbruksutviklinga er svært usikker, og kraftsituasjonen kan variere mykje frå år til år.

I 2022 utgjorde vind- og solkraft for første gong meir enn 50 prosent av energimiksen i det nordiske kraftsystemet i løpet av éin time. Vind- og solkraft bidrar ikkje i seg sjølv med inerti og systemstyrke, slik generatorar i eksempelvis vasskraftproduksjon gjer. Dette kan skape stabilitetsproblem og utfordrar driftssikkerheita utan tilstrekkelege tiltak. NVE meiner risikoen for omfattande utfall på grunn av manglande frekvensstabilitet og spenningskvalitet er svært liten, men sikring av tilstrekkeleg stabilitet er noko som følgast tett i utviklinga av det framtidige kraftsystemet.

8.8 Tilsyn og øvingar

NVE kontrollerer om KBO-einingane har gode rutinar og tiltak for å overhalde krava som kraftberedskapsforskrifta, rasjoneringsforskrifta og energilovforskrifta stiller. Tilsyn er ein viktig del av myndigheitsutøvinga til NVE. Kontrollane deira har mange ulike tema, og dei bruker fleire kontrollmetodar i tilsyna sine. Kontroll av kraftforsyningsberedskap gjennomfører dei som revisjon, noko som inneber eit fysisk møte med verksemda, eventuelt kombinert med synfaring av anlegget eller ei spørjeundersøking. NVE gjennomførte 38 revisjonar i 2023 og 39 i 2024. På grunn av smitteverntiltak var det færre revisjonar i 2020 og 2021. I 2024 inkluderte revisjonane oppfølging etter tre uønskte hendingar, tre prøvetilsyn etter den nye kraftrasjoneringsforskrifta og eitt prøvetilsyn med solkraft. Sidan 2023 har NVE også utført tilsyn etter sikkerheitslova.



Figur 8.3 Talet på avvik funne etter kontrollar i form av revisjonar og spørjeundersøkingar, fordelte på ulike regelverkskrav

Data frå 2023 til april 2025
Kjelde: NVE, 2025

Revisjonane gir ei oversikt over tilstanden hos verksemdene og sjekkar rutinar og system innanfor vedlikehald, risikovurderingar, beredskapsplanar, internkontroll, reparasjonsberedskap, fysisk sikring av anlegg, informasjonssikkerheit, vern av driftssentralar og rasjoneringsplanar. Talet på avvik og merknader etter tilsyna viser at det er nødvendig å følge opp kraftforsyningsberedskapen vidare.

Figur 8.3 viser fleire avvik innanfor risikovurderingar, beredskapsplanar, øvingar og evaluering. Figuren viser også at det er fleire avvik innanfor fysisk sikring og klassifiserte anlegg og innanfor informasjonssikkerheit og sikring av driftskontrollsystema til verksemdene. Avvika dreier seg i stor grad om mangelfull dokumentasjon og mangelfulle prosedyrar, for eksempel for merking av kraftsensitiv informasjon eller ekstern kopling og tilgangsstyring. Innanfor digital sikkerheit finn NVE ein del avvik knytte til brukartilgangar og krav til sikring av digitale system.

Avvik innanfor risikostyring dreier seg som oftast om risikovurderingar, beredskapsplanar og internkontrollsystem, i tillegg til øvingar og evalueringar. NVE meiner det trengst ein meir heilskapleg beredskapstankegang, og etter fleire år med avvik når det gjeld risikovurderingar, ser dei at verksemdene treng betre rettleiing om risikostyring.

Den sikkerheitspolitiske situasjonen og straummangelen i Europa i 2022 gjorde det aktuelt å kontrollere om rasjoneringsordningane hos KBO oppfyller krava i kraftrasjoneringsforskrifta. Revisjonane etter kraftrasjoneringsforskrifta i 2024 blei gjennomførte som prøvetilsyn, og det blei derfor ikkje gitt avvik. Det varierer kor langt verksemdene har komme i utarbeidinga av rasjoneringsplanar.

Som beredskapsmyndigheit har NVE deltatt i fleire øvingar i regi av andre myndigheiter dei siste åra, og i tverrsektorielle øvingar, deriblant Cyber Europe 2024 og EkomKraft-øvingar etter initiativ frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) i 2024 og 2025. I 2025 arrangerte NVE sjølv Øvelse Varde, der 70 KBO-einingar var påmelde og øvingsscenarioet var ei digital sikkerheitshending. NVE har også arrangert to nasjonale beredskapsøvingar på oppdrag av departementet – éi i 2023 og éi i juni 2025.

Det er mykje øvingsaktivitet i KBO-einingane, og NVE følger opp at øvingane tilfredsstiller krava i kraftberedskapsforskrifta, for at KBO-einingane skal vere førebudde på aktuelle ekstraordinære situasjonar. Fram mot totalberedskapsåret 2026 kjem NVE til å vidareutvikle beredskapsplanverket sitt for øvingar. Her kan det også bli aktuelt å involvere KBO-einingane.

8.9 IKT-sikkerheit i kraftforsyninga

IKT-sikkerheit er ein stadig viktigare del av arbeidet med sikkerheit og beredskap i kraftforsyninga. I takt med den digitale utviklinga har det blitt retta større merksemd mot kor viktig dette arbeidet er for forsyningssikkerheita. Kraftforsyninga bruker IT-system til mellom anna administrasjon, økonomistyring og leiing og drift av forretningsverksemda. I tillegg bruker nettselskapa driftskontrollsystem for drift og vedlikehald av nett, medan kraftprodusentar bruker slike system for å optimalisere produksjon og inntekt. Administrative IT- og driftskontrollsystem er komplekse system som er utsette for utilsikta feil i maskinvare og programvare, menneskelege feil og målretta kriminalitet og sabotasje. Lange leverandørkjeder og stor kompleksitet gjer det utfordrande å beskytte gjennom førebyggande tiltak. Førebygging mot og beredskap for handtering av uønskte hendingar er derfor viktig.

I 2024 oppretta NVE ein eigen seksjon for digital sikkerheit i kraftforsyninga, som del av ein langvarig strategi for å styrke arbeidet med digital sikkerheit. Seksjonen har sju årsverk per april 2025. Merksemda om bruk av kunstig intelligens (KI) i kraftforsyninga er aukande. I 2024 gjennomførte NVE eit utgreiingsprosjekt for å få betre oversikt over bruken av KI i sektoren. I prosjektrapporten konkluderer dei med at det er stort potensial for å bruke KI i kraftforsyninga, men at det trengst meir kompetanse, rettleiing og regulering.

NVE er eit sektorvis responsmiljø og tar imot varsel om ekstraordinære situasjonar og rapportar om uønskte hendingar. Nokre av oppgåvene er delegerte til KraftCERT, som har ei meir operativ rolle. I perioden 2018–2024 var 33 uønskte hendingar knytte til informasjonssikkerheit i kraftsektoren.

I *Riksrevisjonens undersøkelse av NVEs arbeid med IKT-sikkerhet i kraftforsyningen* (Dokument 3:7 (2020–2021)) konkluderte Riksrevisjonen med at NVE ikkje i tilstrekkeleg grad har sett til at det er god beredskap for å handtere IKT-angrep i kraftforsyninga, og at Energidepartementet ikkje sikrar seg god nok styringsinformasjon om tilstanden for IKT-sikkerheit i kraftforsyninga eller resultata av NVE sitt arbeid med IKT-sikkerheit. Departementet og NVE har auka beredskapen knytt til IKT-sikkerheit, og Riksrevisjonen avslutta si oppfølging av saka i 2024.

Kraftberedskapsforskrifta stiller krav til sikring av digitale system i kraftsektoren. Desse krava bygger på Nasjonalt tryggingsorgans grunnprinsipp for IKT-sikkerheit. Grunnprinsippa overlappar i stor grad med anerkjende internasjonale standardar for sikkerheit. NVE greier no ut om det er nødvendig å endre krava til digital sikkerheit i kraftberedskapsforskrifta.

8.10 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Både tilsikta og utilsikta uønskte hendingar kan skje. Regelverket i kraftsektoren pålegg selskapa å ha ROS-analysar knytte til ekstraordinære forhold. Selskapa må vere førebudde på alle typar hendingar, som naturhendingar, teknisk svikt og bevisst skadeverk. Sektorregelverket dekker dermed både tilsikta og utilsikta hendingar.

Fleire av krisescenarioa til DSB er relevante for kraftsektoren, eller omhandlar sektoren. Langvarig bortfall av straum kan raskt få store konsekvensar for samfunnet. Det er stor forskjell på naturhendingar og tilsikta hendingar når det gjeld kor sannsynlege dei er. For naturhendingar finst det ofte statistikk som gjer det mogleg å seie noko om det forventa returintervallet, medan det for tilsikta hendingar er vanskeleg å seie noko om sannsynet. Mellom anna skriv PST i trusselvurderingane sine at etterretninga i framande statar kan samle inn sensitiv informasjon om alt frå strategiar til teknologisk innovasjon, og at verksemder innanfor energi er særleg utsette. Noreg har naturressursar som er av betydning for energiforsyninga til andre statar. Dette omtaler PST som ein maktfaktor som gjer at andre land kan ønske innsikt i den norske energisektoren. System innanfor kraftsektoren og elektroniske kommunikasjonstenester er rekna som kritisk infrastruktur som er spesielt etterretningsutsett. I trusselvurderinga for 2025 skriv PST at det er auka sannsyn for at den russiske etterretningstenesta vil prøve å utføre sabotasjeaksjonar i Noreg.

Barrierar er tiltak som reduserer sannsynet for eller konsekvensane av ei hending. Konsekvensane for samfunnet er i stor grad avhengige av konsekvensreduserande barrierar som for eksempel krav til rask gjenoppretting ved avbrot eller at aktørar som mistar straumen, har tilgang til nødstraum eller annan eigenberedskap, og sannsynsreduserande barrierar som god skogrydding. Andre eksempel frå sektorregelverket på sannsynsreduserande barrierar er fysiske sikringstiltak, informasjonssikkerheit og vern av driftskontrollsystem. Eksempel på konsekvensreduserande barrierar er redundans, reparasjonsberedskap (materiell, personell), samband og moglegheit for manuell drift av anlegg. Sjå eigen omtale av tiltak i kapittel 8.11.

Boks 8.2 Ein skjerpa sikkerheitspolitisk situasjon

Den sikkerheitspolitiske situasjonen har dei siste åra blitt kraftig skjerpa. Etterretningstenesta og PST har nyleg framheva auka russisk risikovilje til å gjennomføre sabotasjeaksjonar. Etterretningstenesta har tidlegare peikt på at ved eit væpna angrep vil kritisk sivil infrastruktur truleg bli øydelagd først, og varslingstida vil vere svært kort. Verksemdene i kraftsektoren må ta inn over seg den nye sikkerheitspolitiske situasjonen og oppdatere risiko- og sårbarheitsanalysane sine.

Generelt er kraftsystemet meir sårbart for målretta angrep enn tilfeldig svikt, og distribusjon er meir sårbar enn produksjon. Erfaring frå Ukraina viser at Russland har prøvd å ramme kraftforsyninga som eit strategisk mål i forsøk på å svekke det ukrainske samfunnet. Resultatet har vore massiv øydelegging av kraftforsyningsanlegg. Erfaringa er direkte relevant for både norsk forsvarsplanlegging og utforming av kraftsystemet. Motstandsevna i samfunnet er avgjerande for at Noreg skal kunne stå imot samansette truslar, og ein føresetnad for ei truverdig avskrekkings- og forsvarsevne mot væpna angrep. I utgangspunktet må dei kritiske samfunnsinfrastrukturane fungere i heile krisespekteret. Forsvarets forskingsinstitutt framhevar i forsvarsanalysen frå 2024 at svikt i kraftforsyninga representerer det mest alvorlege bortfallet av infrastruktur. Etterretningstenesta meiner at Russland vil vie Austersjøen større politisk og militær merksemd i tida framover. Motstandsevna i samfunnet gjeld derfor også Noregs plikter innanfor drifta av det nordiske synkronområdet og rolla vår som transittland for forsyningar og militære forsterkingar til Sverige og Finland, dersom Austersjøen skulle bli stengd.

Sikkerheitsarbeidet i den norske kraftforsyninga har ein lang tradisjon, men er mest relevant for dei lågare trinna i krisespekteret. Det aktuelle trusselbiletet har gitt opphav til nye sårbarheiter, og det gjeldande sikkerheits- og beredskapsnivået må oppgraderast for dei mest alvorlege og krigsliknande truslane. Fleire verksemder i kraftforsyninga har begynt å legge eit totalforsvarsperspektiv til grunn for sikkerheitsarbeidet sitt, og sikkerheitsmerksemda er gjennomgåande høg. Mistenkelege hendingar og observasjonar blir rutinemessig melde til politiet og PST. Kraftforsyninga oppfyller krav til god sikkerheit og har sett i verk visse tiltak for å verne seg betre. Sikringskonseptet har samtidig manglar, mellom anna knytt til vern mot vondsinna bruk av dronar.

NVE er i gang med å vurdere målretta og effektive tiltak for å betre den fysiske sikkerheita ved sentrale norske kraftanlegg.

Annakvart år gjennomfører NVE ein risiko- og sårbarheitsanalyse for kraftforsyninga på oppdrag frå departementet. Analysen beskriv eit utval av sjeldne og alvorlege scenario som, dersom dei skulle inntreffe, vil ramme kraftforsyninga. Vidare inneheld analysen ei oppstilling av førebyggande tiltak. Den førre risiko- og sårbarheitsanalysen blei gjennomført i 2025.

8.11 Tiltak for å redusere risiko og sårbarheit

Det er mange tiltak som er relevante for arbeidet med å redusere risiko (sannsyn og konsekvens) og sårbarheit i sektoren. Tiltaka støttar opp om målet om ei sikker kraftforsyning. Ettersom det meste av ansvaret for kraftforsyningsberedskapen er delegert til NVE, er det også NVE som set i verk tiltaka.

NVE følger opp samfunnssikkerheitsarbeidet i sektoren gjennom regelverksutvikling, tilsyn og rettleiing, handtering av IKT-sikkerheit, planverk og øvingar, evaluering og læring etter hendingar, og gjennom KBO. NVE informerer gjennom å publisere statistikkar, rapportar og rettleiarar. NVE har også beredskapsoppgåver knytte til varsling og rapportering under ekstraordinære situasjonar og evaluering i etterkant. Desse oppgåvene og tiltaka er viktige for ei sikker kraftforsyning og for redusert risiko og sårbarheit.

Eigenberedskap: For aktørar som utfører viktige samfunnsfunksjonar, er behovet for eigenberedskap stort, ettersom kraftforsyninga er ein føresetnad for dei fleste former for tenesteyting.

Regelverksutvikling: Kraftberedskapsforskrifta tredde i kraft 1. januar 2019. NVE oppdaterer no forskrifta med krav til sikkerheit og beredskap for havvind, vindkraft på land og solkraft. Rettleiaren

til forskrifta kom i ny versjon i 2024 og har blitt ein meir dynamisk rettleiar i elektronisk format som blir oppdatert oftare.

Tilsyn: Tilsyn er eit sentralt verkemiddel for å sikre kraftforsyninga og avdekke avvik. Tilsyn gir informasjon som er viktig for det vidare arbeidet og verkemiddelbruken på område som krev høg beredskap. Kontrollar av rutinane og systema verksemdene har innanfor vedlikehald, risikostyring (risikovurderingar, beredskapsplanar, internkontroll), reparasjonsberedskap, fysisk sikring av anlegg, informasjonssikkerheit, vern av driftssentralar og rasjoneringsplanar, gir oversikt over tilstanden. Resultata av tilsyna viser at verksemdene har utfordringar innanfor risikostyring og treng betre rettleiing på dette området.

Oppfølging og rettleiing: NVE følger opp dei viktigaste komponentane, for eksempel transformatorar, i kraftsystemet. Mange av komponentane er gamle, og det er viktig å sikre at dei fungerer optimalt. Godt vedlikehald er ein føresetnad for god sikkerheit. NVE er derfor involvert i ulike utviklingsprosjekt med mål om å sikre at komponentane er i god stand.

I energiforsyninga kan det oppstå ein del ekstraordinære hendingar, og NVE arbeider mykje med å følge dei opp. Den største trusselen mot kraftsystemet er naturgitte hendingar. Tiltak som kan minimere konsekvensane av framtidige hendingar, for eksempel skogrydding, er derfor viktige.

Reparasjonsberedskap: Det er lang leveringstid på mange komponentar. For å unngå at reparasjonar tar for lang tid, må verksemdene i kraftsektoren gjere seg mindre avhengige av leverandørane, slik at dei oppfyller kravet om å sørge for rask og sikker tilgang til materiell og kompetanse. REN AS har organisert fleire sameige som har kjøpt inn kritiske komponentar som sjøkablar, gassisolerte koplingsanlegg og krafttransformatorar. I framtida skal REN AS organisere tilsvarande sameige for jordkabel- og luftnettkomponentar. NVE er i gang med å kartlegge den nasjonale reparasjonsberedskapen i kraftforsyninga.

Øvingar og evaluering: Øvingar er viktige for å sikre at kompetanse blir utvikla og halden ved like, slik at ein er godt førebudd på å handtere ekstraordinære situasjonar. Evalueringar og læring etter øvingar og hendingar dannar eit godt grunnlag for revidering og oppdatering av planverk. NVE har både deltatt i og sjølv arrangert øvingar dei siste åra, og dei har konkrete øvingsplanar for 2025 og 2026. Det er mykje øvingsaktivitet blant verksemdene i kraftsektoren også. Når NVE kontrollerer øvingsplanar på tilsyn, legg dei vekt på om det er variasjon i øvingsprogrammet, og om planane er fleirårige.

Driftssikkerheit: Det blir stadig sett i verk tiltak for å sørge for tilfredsstillande driftssikkerheit, for eksempel oppgradering av nett og vidareutvikling av reservemarknadene. Statnett fører også oversikt over timar der nettet ikkje har redundant kraftforsyning (timar utan N-1 forsyning), i utvalde område i transmisjonsnettet, mellom anna for å synleggjere sårbarheit i kraftnettet.

Skogrydding: Tre som står nær kraftleidningar, utgjer ein risiko for forsyningssikkerheita. NVE har utarbeidd ein rettleiar for skogrydding i kraftrasear. Skogrydding er eit viktig tiltak for å redusere avbrot som følge av trefall.

Kabling i distribusjonsnettet: I motsetning til luftlinjer er ikkje jordkablar utsette for feil på grunn av trefall. NVE arbeider med målretta informasjon og rettleiing for å auke bruken av kablar i distribusjonsnettet.

Handtering av IKT-sikkerheit: Utviklinga innanfor IKT gir moglegheiter og legg til rette for effektiv og sikker drift av kraftforsyninga. Samtidig er det eit område som er i stadig endring, og auken i digitale truslar krev god handtering av den digitale risikoen. FoU på dette området er viktig for å forstå korleis digitalisering påverkar risiko, og kva tiltak som er relevante for forsyningssikkerheita.

8.12 Tilstanden i fjernvarmeforsyninga

Forsyningssikkerheita innanfor fjernvarme omfattar evna anlegga har til kontinuerleg å forsyne alle kundar med tilstrekkeleg varme til ein fastsett kvalitet. På stader der fjernvarme er utbygd, er mange avhengige av den som ei sikker varmekjelde. Det gjeld både helseinstitusjonar, offentlege verksemder, næringsliv og hushald. Ei sikker fjernvarmeforsyning er viktig.

Fjernvarmeanlegg er avhengige av sikker tilgang på brensel. Statistikk frå Statistisk Sentralbyrå viser at det i 2024 blei produsert 7,6 TWh fjernvarme, og at 6,8 TWh blei leverte til sluttbrukarar. Fjernvarmeproduksjonen fordelte seg på varme frå avfallsforbrenning (38 prosent), bioenergi (31 prosent), elkjelar og varmepumper (22 prosent), spillvarme frå industri (4 prosent), fossil gass (2 prosent) og fossil olje (2 prosent). Elkjelar og varmepumper bruker elektrisitet i produksjonen, og i tillegg treng alle fjernvarmeanlegg straum til å frakte fjernvarmen rundt til kundane. Lange straumbrot kan derfor vere kritiske for fjernvarmeproduksjon og -distribusjon. NVEs sta-

tistikk for straumbrot frå 2024 viser at varmesentralane som er knytte til det elektriske distribusjonsnettet, i snitt opplevde straumbrot på 51 minutt i løpet av året. For varmesentralar utan nødstraumaggregat kan straumbrot få følger for kundane. Kor store følger eit straumbrot får, heng saman med temperaturane utandørs. Produsentar og distributørar av fjernvarme må utføre risikovurderingar av behovet for elektrisitet og sette i verk tiltak for å sørge for nødstraum.

Fjernvarmeanlegg som yter over 10 MW, er konsesjonspliktige etter energilovforskrifta, og fjernvarmesentralar med ei samla yting over 50 MW er klassifiserte i kraftberedskapsforskrifta. Verksemder som eig eller har ansvaret for drift av klassifiserte varmesentralar, er KBO-einingar og må oppfylle krava i kraftberedskapsforskrifta. Verksemder som har fleire varmesentralar under 50 MW, men der summen av alle sentralane er over 100 MW, blir rekna som KBO-einingar og skal oppfylle krava i kraftberedskapsforskrifta sjølv om dei ikkje er klassifiserte sentralar. I tillegg til automatisk klassifisering basert på yting kan NVE gjere enkeltvedtak om at fjernvarmeverksemder med ei lågare yting også skal vere einingar i KBO.

NVE har ansvar for tilsyn med konsesjonspliktig fjernvarme, enten fjernvarmeverksemda er ei eining i KBO eller ikkje. Tema for tilsyna er gitt av energilovforskrifta (drift og vedlikehald), og for KBO-einingar i tillegg av kraftberedskapsforskrifta (risikovurderingar, beredskapsplanar, varsling og rapportering, øvingar, informasjonsberedskap, evaluering, internkontrollsystem, reparasjonsberedskap, kompetanse og personell, drift i ekstraordinære situasjonar, materiell og utstyr, informasjonssikkerheit og driftskontrollsystem).

Sidan 2025 har NVE fokusert meir på IKT-sikkerheit i revisjonane sine. Dei kontrollerer basert på grunnprinsippa til NSM. Erfaringane viser at IKT-sikkerheita stort sett er bra, med noko rom for forbetring. I tillegg til dei planlagde revisjonane utfører NVE tilsyn som oppfølging etter hendingar. I perioden 2012–2020 har dei gjennomført revisjon av alle dei 10 KBO-verksemdene og dei fleste av dei 32 verksemdene som ikkje er i KBO. I 2024 gjennomførte NVE ein revisjon ved eit fjernvarmeanlegg etter to uønskte hendingar. Totalt blei det utført ein ny runde med tilsyn ved sju fjernvarmeverksemder i perioden frå 2023 til april 2025. Dei gjennomførte revisjonane viste at fleire fjernvarmeverksemder har eit forum der dei utvekslar erfaringar og samarbeider ved krisesituasjonar. Generelt er dei fleste varmesentralar utstyrte med redundans for store komponentar som kjelar og pumper. I tillegg har dei ei lagerbehaldning av nødvendige røyr, ventilar og elektroniske komponentar. Også aggregat er tilgjengelege. Andre delar er stort sett tilgjengelege hos leverandøren.

9 Status for kraftsituasjonen og perspektiva framover

9.1 Status og perspektiv for den norske kraftsituasjonen

Endringane i produksjonen og forbruket av kraft i Noreg og landa rundt oss skjer fort og kan krevje meir av kraftsystemet i åra framover. Derfor treng vi kunnskap både om tilstanden i kraftsystemet på kort sikt og om den langsiktige utviklinga. Energidepartementet har gitt NVE i oppdrag å utføre faste analysar av kraftsystemet. I 2025 har NVE utført tre analysar: ein om tilstanden i kraftsystemet og kortsiktige perspektiv på utviklinga, ein langsiktig marknadsanalyse av kraftmarknaden i Noreg, Norden og Europa fram til 2050, og scenarioanalysar av kraftsystemet, som skal belyse korleis andre utviklingstrekk og mål på klima-, nærings- og energiområdet kan påverke kraftsystemet framover.

9.1.1 Kraftsituasjonen i 2024 og 2025

Det norske kraftsystemet har i dag god forsyningssikkerheit, og Noreg har eit berekna kraftoverskot på om lag 18 TWh i eit år med normale vêrforhold. Kraftbalansen er ulik i ulike delar av landet. Noreg har normalt eit overskot på effekt. Det gjer oss godt rusta til å handtere situasjonar der kraftforbruket er særleg høgt, for eksempel på kalde vinterdagar.

Dei siste åra har kraftprisane vore prega av uvisse og store variasjonar. Mangel på gass i Europa som følge av Russlands angrep på Ukraina, redusert tilgang på kjernekraft på kontinentet og eit større innslag av vêravhengig kraftproduksjon bidrog til ein svært krevjande situasjon i dei europeiske energimarknadene under energikrisa som toppa seg i 2022. Denne situasjonen påverka også norske kraftprisar. Prisane blei pressa opp til nivå vi ikkje hadde sett før, noko som gav stor uvisse om utviklinga framover.

I åra etter energikrisa har kraftprisane gått betydeleg ned, og i 2024 låg dei nærmare nivåa før 2021–2022, med eit gjennomsnitt på 43 øre per kWh for heile Noreg. Gjennomsnittsprisen var dermed lågare enn i 2023, men prissvingingane var store, både mellom dagar og innanfor same dag. I første halvår av 2025 har det vore forskjellar mellom prisområda i sør og nord. Nord-Noreg har hatt rekordlåge prisar, med eit gjennomsnitt på 7 øre per kWh – mot 73 øre per kWh i Sørvest-Noreg.

Det har vore ei betydeleg utbygging av fornybare energikjelder i Europa. I 2024 fekk EU-landa nesten halvparten av kraftproduksjonen sin frå slike kjelder. Meir uregulerbar kraft, som sol- og vindkraft, gir større svingingar i produksjonen, noko som også påverkar norske kraftprisar. Dei siste åra har vi hatt fleire timar med null- og minusprisar. I 2024 gjaldt det til saman over 1 000 timar i dei norske prisområda. Vi hadde likevel færre timar med svært låge eller svært høge straumprisar enn landa rundt oss, takka vere tilgangen vår på fleksibel vasskraft. I første halvår av 2025 hadde Noreg totalt 125 timar med negative prisar for alle dei norske prisområda, medan Tyskland hadde 342. Den lågaste timeprisen i første halvår av 2025 var i Nord-Noreg med -28 øre per kWh. Nord-Noreg har så langt i år hatt eit svært høgt nivå på magasinfyllinga, samtidig som det har vore ein høg vindkraftproduksjon nord i Norden. I Sør-Noreg har kraftprisane vore betydeleg høgare enn i Midt- og Nord-Noreg, men også her har prisane i periodar vore svært lave. Overskot av sol- og vindkraft på kontinentet er hovudårsaka til låge timeprisar på dagtid i sør. Fleire timar med negative eller svært låge prisar kan ha konsekvensar for lønnsemda i kraftproduksjon og utbygging.

Overskot av sol- og vindkraft på kontinentet gjer det mogleg å importere billig kraft. Samtidig kan det medverke til høgare prisar i Noreg i timar med effektmangel i Europa, noko som typisk førekjem på kalde vinterdagar med lite sol og vind.

9.1.2 Kortsiktig utvikling i kraftsystemet

I analysen av tilstanden i kraftsystemet for 2025 vurderer NVE korleis systemet vil utvikle seg fram mot 2029. Dei forventar at kraftforbruket vil auke frå 141 TWh i 2025 til om lag 151 TWh i 2029. Samtidig bereknar dei at produksjonen vil auke frå 159 TWh til om lag 163 TWh. Dermed vil det



Figur 9.1 Andel null- og minusprisar i utvalde prisområde i 2024 (venstre) og andel nullprisar i NVEs langsiktige kraftmarknadsanalyse frå 2025 i ulike modellår og område (høgre)

Kjelde: NVE

framleis vere eit kraftoverskot i Noreg i 2029 med normale vêrforhold.

NVE viser til at forseinkingar og uvisse knytt til utvikling av batteri- og hydrogenprosjekt har medført ein lågare prognose for veksten i kraftforbruket samanlikna med tidlegare analysar. Dei forventar også at straumforbruket i bygg vil gå ned med om lag 2 TWh frå 2024 til 2029. På produksjonssida ventar dei ein auke på 3 TWh for vasskraft og 1 TWh for solkraft dei neste åra, til saman ein auke på 4 TWh fram mot 2029.

NVE understrekar at regionale ubalansar kan legge press på nettet dei neste fem åra, og viser til prognosar[1] om auka investeringar i transmisjons- og distribusjonsnettet, frå om lag 20 milliardar kroner i 2024 til nær 30 milliardar kroner i 2029. Nytt forbruk og ny produksjon krev nettilknyting og tilstrekkeleg kapasitet. Opprusting av kraftnettet er derfor ein føresetnad for å legge til rette for industrietablering og fornybar energi.

9.1.3 Langsiktig utvikling i kraftbalanse, produksjons- og forbruksvekst

Den førre langsiktige kraftmarknadsanalysen til NVE (LA23) er frå 2023, og sidan da har både kraftsystema og utsiktene framover endra seg. I den langsiktige kraftmarknadsanalysen for 2025 (LA25)[2] legg dei fram ei oppdatert framskriving av utviklinga i Noreg, Norden og Europa. Dei har også utvida analyseperioden til 2050.



Figur 9.2 Framskrivinga av forbruk og produksjon i Noreg i LA25 og LA23

Tala for produksjon er baserte på normalårsproduksjon, og forbruket er temperaturkorrigert.

Kjelde: NVE

[1] Prognosen er basert på nettselskapa sine overordna investeringsprognosar rapportert til NVE hausten 2024.

[2] NVE Rapport nr. 15/2025: Langsiktig kraftmarkedsanalyse 2025.



Figur 9.3 Prognose i LA25 for utviklinga i kraftbalansen for dei ulike prisområda

Kjelde: NVE

NVE legg til grunn ein moderat forbruksvekst i Noreg fram til 2030 og har justert ned forventningane til forbruket frå den langsiktige kraftmarknadsanalysen i 2023[3]. Det heng hovudsakleg saman med uvisse rundt veksten i ny industri og hydrogenproduksjon. NVE anslår at kraftforbruket aukar frå 134 TWh i 2023 til 190 TWh i 2050, og at kraftproduksjonen aukar frå 156 TWh til 205 TWh i same periode. Ein slik produksjonsauke utgjer ein årleg vekst på 1,0 prosent.

Den langsiktige veksten i forbruket kjem mellom anna av elektrifisering i transportsektoren og etablering av ny kraftintensiv industri og datasenter. Samtidig er det venta noko reduksjon i kraftbruken i bygg. Auken i produksjonen fram mot 2050 består i analysen til NVE av 17 TWh havvind, 17 TWh landbasert vindkraft, 10 TWh solkraft og auka vasskraftproduksjon gjennom opprusting, utviding og større tilsig som til saman utgjer 10 TWh. I eit normalår gir dette Noreg ein positiv kraftbalanse på rundt 7 TWh i 2030, 20 TWh i 2040 og 15 TWh i 2050. Utviklinga i kraftbalansen varierer mellom dei ulike prisområda, sjå figur 9.3.

I Norden forventar NVE at produksjonen aukar med 241 TWh og forbruket med 243 TWh. Det gir ein positiv kraftbalanse på rundt 46 TWh i 2050 for dei nordiske landa samla sett. NVE beskriv eit Europa med stort behov for regulerbar kapasitet, som gasskraft, for å handtere periodar med låg sol- og vindkraftproduksjon, og eit aukande innslag av batteri for å dempe døgnvariasjon.

Gjennomsnittlege norske kraftprisar[4] i basisbanen er anslått til om lag 67 øre per kWh i 2030 og om lag 58 øre per kWh i 2050, med prisforskjellar mellom nord og sør som gradvis minkar fram mot 2030 og 2040. I basisbanen er det venta at dei gjennomsnittlege kraftprisane i alle dei norske prisområda er lågare enn i Danmark, Tyskland og Storbritannia gjennom heile perioden. Sensitivitetsanalysane til NVE viser samtidig at variasjonar i vêret kan gi årlege gjennomsnittsprisar i Noreg som varierer mellom 40 og 100 øre per kWh i 2030.

For Europa som heilskap ventar NVE at andelen fornybar kraft aukar frå 45 prosent i 2023 til 73 prosent i 2050, medan den utsleppsfrie produksjonen aukar frå 66 til 89 prosent. Det europeiske prisnivået anslår dei til å ligge noko over 80 øre per kWh i 2030 og rett under 80 øre per kWh i 2050.[5]

9.1.4 NVEs scenarioanalysar av kraftsystemet

Dei første forenkla analysane frå NVE av alternative scenario til utviklinga i basisbanen i den langsiktige kraftmarknadsanalysen kom hausten 2024.

[3] NVE Rapport nr. 25/2023: Langsiktig kraftmarkedsanalyse 2023.

[4] Målte i 2023-kroner.

[5] Éin euro er 11,4 norske kroner ifølge valutakursen NVE bruker.



Figur 9.4 Historiske prisar og NVEs basisscenario med utfallsrom

Framtidige prisar er modellerte og figuren viser gjennomsnittleg straumpris over eitt år basert på 30 ulike vêrår. Alle prisar er i 2023-kroner.

Kjelde: NVE

I år oppdaterer og utvidar NVE analysane med nye scenario. Hovudvekta i scenarioanalysane i år ligg på korleis klimatiltak i Noreg og dei nordiske landa kan påverke kraftforbruk, kraftbalanse og kraftprisar. Samanlikningsgrunnlaget for analysane til NVE er basisbanen som blei presentert i Langsiktig kraftmarknadsanalyse 2025. I basisbanen er allereie vedtatt politikk inkludert, og fleire av tiltaka frå Miljødirektoratets rapport er derfor allereie reflekterte i forbrukanslaga i basisbanen.

Korleis ulike mål for utsleppsreduksjonar vil verke inn på kraftsystemet, avheng både av ambisjonsnivået og av korleis måla skal oppfyllast. I år har NVE analysert tre scenario: Klimaplan, Klimatiltak og Klimaplan Norden.

I scenarioet Klimaplan vurderer NVE korleis planlagd og vedtatt verkemiddelbruk frå *Klimastatus og -plan 2026* (KSP) vil kunne påverke kraftsystemet.[6] Det er først og fremst verknaden på sektorar med utslepp som går under innsatsfordelingsforordninga (ESR) som er talfesta. Dermed er det berre forventa auke i kraftforbruket i sektorar[7] som for eksempel transport og andre næringar, utover det som alt ligg i basisbanen. Det er berre kraftforbruket i Noreg som endrar seg i scenarioet.

I scenarioet Klimaplan bereknar NVE at planlagd klimapolitikk aukar kraftforbruket med om lag 3 TWh i 2030 og med 4 TWh i 2035 samanlikna med basisbanen. Årsaka til den moderate forbruksauken, er at det i utgangspunktet er venta mange klimatiltak i basisbanen grunna allereie vedtatt politikk. Med denne forbruksutviklinga bereknar NVE kraftbalansen i Noreg i eit normalår[8] til om lag 5 TWh i 2030 og 16 TWh i 2035. Nettoeksporten går ned for å dekke meir av forbruket innanlands, og importen frå Sverige aukar. Auken i kraftpris er moderat samanlikna med basisbanen for 2030, men prisverknaden grunna forbruksauken vil variere mellom ulike delar av landet, avhengig av kraftsituasjonen i det aktuelle området. Prisverknaden vil også variere frå år til år, avhengig av vêrforhold. Kraftprisane held seg lågare enn prisnivået på kontinentet.

Scenarioet Klimatiltak[9] baserer seg på Miljødirektoratets tiltaksrapport *Klimatiltak i Norge – kunnskapsgrunnlag 2025*. Rapporten greier ut ei rekke tiltak som er retta mot norske klimagassutslepp i alle delar av den norske økonomien. Dersom alle tiltaka i rapporten frå Miljødirektoratet

6 NVE bruker anslag for kraftbehov som baserer seg på bidrag frå Finansdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

7 NVE bruker ei anna sektorinndeling enn sektorinndelinga i KSP.

8 Normalår refererer til snittet av 30 historiske vêrår.

9 Scenarioet Klimatiltak er ei oppdatering av scenarioet Elektrifisering frå i fjor, men scenarioa er ikkje heilt samanliknbare. Etterspørselen er justert ned frå fjorårets analyse.

blir gjennomførte og norske utslepp elles følger referansebanen frå tiltaksrapporten, vil norske utslepp vere 64 prosent lågare i 2035 enn dei var i 1990. I følge Miljødirektoratet vil alle tiltaka som er greidd ut, inkludert kraftbehov som allereie ligg inne i framskrivinga, auke kraftbehovet med 32,5 TWh i 2035 samanlikna med 2023. Scenarioet frå NVE legg til grunn at tiltaka i rapporten blir gjennomførte.

I scenarioet Klimatiltak blir kraftforbruket i Noreg om lag 8 og 17 TWh høgare enn basisbanen i 2030 og 2035, med størst forbruksauke i industrien. NVE bereknar at den forsterka gjennomføringa av tiltaka vil kunne gi ein kraftbalanse i eit normalår på -1 TWh i 2030 og 3 TWh i 2035 gitt at utviklinga elles følger basisbanen. Om tiltaka i rapporten frå Miljødirektoratet blir gjennomførte, aukar kraftprisen i alle prisområda i eit normalår samanlikna med basisscenarioet til NVE. Prisverknaden varierer mellom ulike vêrår og delar av landet.

Kraftbalansen har blitt betydeleg betre sidan fjorårets Elektrifisering-scenario, der han var berekna til -14 TWh i 2030 og -15 TWh i 2035. Dette er både fordi NVE har styrkt kraftbalansen i LA25 samanlikna med LA23, og at Miljødirektoratet og NVE begge har justert ned forventningane om forbruket. Dette påverkar utganspunktet for scenarioanalysane.

I scenarioet Klimaplan Norden ser NVE på korleis kraftsystemet i Norden tilpassar seg når kraftforbruket aukar som følge av at landa kuttar klimagassutslepp i tråd med eksisterande og planlagde verkemiddel.[10] Deretter utforskar dei moglege tilpassinga som kan skje i den nordiske marknaden når aktørar på både tilbods- og etterspørselssida tilpassar seg endra kraftprisar. NVE legg til grunn tre ulike føresetnader om tilpassingar: at høgare kraftprisar enn nabolanda fører til at ny industri etablerer seg andre stader, at prisauke gir meir lønnsam kraftproduksjon, og at alminneleg forbruk tilpassar seg høgare prisar på lang sikt gjennom energieffektivisering og åtferdsendringar.

Dersom klimatiltak som fører til auka kraftforbruk blir gjennomførte utan at marknaden tilpassar seg, vil kraftoverskotet i Norden falle betydeleg samanlikna med basisbanen. Kraftforbruket vil auke med i underkant av 60 TWh samla for dei nordiske landa, og overskotet blir redusert frå 45 TWh til rundt 7 TWh i basisbanen for 2035. Med mindre kraftoverskot vil dei nordiske kraftprisane ligge på nivå med, eller høgare enn prisane på kontinentet.

Med føresetnad om at kraftmarknaden vil tilpasse seg høgare kraftprisar, ventar NVE noko mindre industrivekst, og redusert alminneleg forbruk, i tillegg til auka kraftproduksjon. Høgare kraftprisar gjer fornybar kraftproduksjon meir lønnsam. NVE legg til grunn at meir utbygging vil gi i underkant av 50 TWh høgare nordisk kraftproduksjon frå sol- og vindkraft enn i basisbanen. Etter marknadstilpassingane bereknar NVE ein nordisk kraftbalanse på om lag 40 TWh, berre 5 TWh lågare enn i basisbanen. Scenarioet til NVE illustrerer at sjølv om sterk forbruksvekst kan påverke prisar og kraftbalanse, kan marknadstilpassingar dempe verknadene over tid. Samtidig understrekar NVE at det er svært usikkert korleis aktørane i samfunnet vil tilpasse seg endringane, og at Klimaplan Norden berre viser ei av mange moglege tilpassingar.

NVE legg fram ein fullstendig rapport med årets scenarioanalyse i løpet av oktober.

[10] Merk at det er skilnader mellom korleis ein forstår planlagd politikk for dei ulike landa. Vidare er klimapolitikken gjerne knytt opp mot mål for utbygging av ny fornybar kraftproduksjon, slik at det kan vere misvisande å sjå på forbrukssida aleine.

10 Arbeid for meir effektiv energibruk

All produksjon og overføring av energi medfører kostnader og påverkar miljøet, og det er viktig å bruke energi effektivt. Departementet følger nøye med på utviklinga i energibruken i heile økonomien og har dei siste åra styrkt ei rekke verkemiddel som fremmer energieffektivisering. Energibruk i bygg, industri og offentleg sektor er noko departementet har retta særleg merksemd mot i arbeidet med energieffektivisering.

Bygg står for over halvparten av straumforbruket i Noreg, og straum utgjer nesten 80 prosent av den totale energibruken i bygg. Tiltak som bidrar til å redusere straumforbruket i bygg, kan vere med på å dempe behovet for meir kraft- og nettutbygging, legge til rette for raskare omstilling til eit lågutsleppssamfunn og skape rom for etablering av ny industri. Hovuddelen av straumforbruket i bygg går til oppvarming. I tillegg til dei tradisjonelle tiltaka som bidrar til energieffektivisering i bygg, kan auka bruk av andre oppvarmingsteknologiar enn elektrisitet – for eksempel omgivnadsvarme og fjernvarme –bidra til å redusere straumforbruket i bygg.

I industrien og transportsektoren vil elektrifisering i seg sjølv bidra til betydeleg energieffektivisering, sidan transport og maskiner baserte på elektrisitet ofte er mykje meir effektivt enn fossile løysingar. Klimapolitikken bidrar også til elektrifisering i desse sektorane.

Gjennom behandlinga av Prop. 126 S (2024–2025) og Prop. 136 S (2024–2025) har Stortinget samtykt til å innlemme bygningsenergidirektivet frå 2018 og energieffektiviseringsdirektivet frå 2012 og 2018 i EØS-avtalen.

Noreg har to nasjonale mål for energieffektivisering – 10 TWh redusert energibruk i eksisterande bygg og 30 prosent betring i energiintensiteten i fastlandsøkonomien innan 2030 samanlikna med 2015. Hausten 2023 la regjeringa fram ein handlingsplan for energieffektivisering som peikar ut retninga for korleis myndigheitene og andre aktørar skal arbeide med energieffektivisering. Dei fleste verkemidla i handlingsplanen er no gjennomførte eller blir følgde opp gjennom løpande oppgåver. Under følger ei orientering om departementet sitt arbeid med energieffektivisering. Departementet viser også til orienteringa som blei gitt i Prop. 1 S (2024–2025).

10.1 Verkemiddel retta mot energibruk i bygg

I inneverande stortingsperiode har straumforbruket i den totale bygningsmassen gått ned med 3 TWh (statistikk for 2021–2024). Noko av nedgangen kjem truleg av at folk har blitt meir bevisste på straumbruken sin, som følge av dei høge straumprisane i kjølvatnet av Russlands militære angrep på Ukraina vinteren 2022. I tillegg har regjeringa styrkt arbeidet med energieffektivisering betydeleg.

Energibruk i bygg var eit tema regjeringa retta mykje merksemd mot i handlingsplanen for energieffektivisering. Regjeringa har styrkt innsatsen gjennom Enova og etablert ei eiga tilskotsordning for kommunale bustader gjennom Husbanken. I 2025 blei det øyremerkt 1,1 milliardar kroner til energieffektivisering i bustader gjennom Husbanken og Enova, og i 2026 foreslår regjeringa å øyremerke 900 millionar kroner til det same formålet. I førre stortingsperiode løyvde regjeringa 4,4 milliardar kroner til energitiltak gjennom Enova og Husbanken. I tillegg kjem energitilskotsordninga for bedrifter, som fekk 2,8 milliardar kroner. Husbanken gir også gunstige lån til oppgradering av bustader, og Kommunalbanken gir grøne lån med rabattert rente til mellom anna rehabilitering av bygg, nybygg eller tiltak som bidrar til energieffektivisering, reduserte klimagassutslepp eller klimatilpassing.

Klima- og miljødepartementet har inngått ein ny styringsavtale med Enova for perioden 2025–2028. Energidepartementet vil, saman med Klima- og miljødepartementet, ha ei sentral rolle i oppfølginga av avtalen. Energi er eit gjennomgåande omsyn i avtalen og inngår også i målstrukturen Enova skal arbeide etter. Enova skal støtte opp under målet om styrkt kraft- og effektbalanse og streve etter å avgrense belastninga på kraftsystemet i all verkemiddelbruk. I den nye styringsavtalen har Enova fått i særskilt oppdrag å gi

støtte til energitiltak i hushalda. Støtta kan gå til investering i kjende og velprøvde teknologiar og løysingar, utan krav om varig marknadsendring.

Regjeringa har forbetra energimerkeordninga for bygningar og vedtok endringar i energimerkeforskrifta 1. juli 2025. Endringane trer i kraft 1. januar 2026 og gjer ordninga meir relevant for eksisterande bygg, der potensialet for energieffektivisering er størst. Ordninga vil i større grad premiere oppvarmingsløysingar som samspeler godt med kraftsystemet. Endringane vil bidra til at energimerkeordninga kan støtte betre opp under andre verkemiddel, for eksempel støtteordningane til Enova og taksonomiregelverket til EU.

Regjeringa vil legge til rette for at fjernvarme får ei styrkt rolle i energisystemet. Endringane i energimerkeordninga, og inkluderinga av fjernvarme i både Noregspris og straumstønadsordninga, bidrar til det. Stortinget vedtok 3. juni 2025 tre oppmodingsvedtak som ber regjeringa greie ut spørsmål knytte til rammevilkår for avfallsforbrenning, auka bruk av fjernvarme og korleis fjernvarme kan bidra til å avlaste kraftsystemet. Desse spørsmåla vedkjem fleire departement, og Energidepartementet og Klima- og miljødepartementet følger opp vedtaka i samarbeid med Finansdepartementet.

Handlingsplanen for energieffektivisering har vore ein viktig premissgivar for arbeidet til NVE. Handlingsplanen tydeleggjorde NVEs rolle innanfor energieffektivisering og lanserte fleire nye oppgåver for NVE. NVE har mellom anna ansvar for regelverksutvikling, informasjons- og kompetanseheving, styrking av datagrunnlag og rapportering om energieffektivisering.

Informasjonsarbeidet retta mot energieffektivisering er vidareutvikla og styrkt dei siste åra. Enova og Husbanken informerer om aktuelle tiltak på nettsidene sine, og hushalda kan også finne informasjon på sidene til NVE, på sparenergi.no, gjennom Smartere oppussing hos Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) og gjennom tenesta Enova svarer. I tillegg bidrar energimerking av produkt til at forbrukarar kan ta informerte val, og EUs økodesignregelverk bidrar til at dei minst energieffektive produkta blir gradvis fasa ut.

Hausten 2023 utvida regjeringa plusskundeordninga slik at nettkundar innanfor same eigedom kan dele eigenproduksjon av fornybar kraft. Den 1. juli 2025 vedtok regjeringa ei ordning for deling av eigenprodusert fornybar kraft tilpassa næringsområde. Ein tar sikte på at ordninga trer i kraft 1. januar 2026. Bruk av eigenprodusert kraft reduserer behovet for kraft frå nettet.

Regjeringa vurderer også nye energikrav i byggteknisk forskrift som skal legge til rette for auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon i nye og eksisterande bygg. Som eit steg i dette arbeidet sende DiBK forslag til krav om solenergi på yrkesbygg på høyring 26. juni 2025, med høyringsfrist 26. september. Samtidig som ein arbeider med nye krav, er regjeringa opptatt av at byggekostnadene blir haldne nede.

Som del av gjennomføringa av bygningsenergidirektivet vil regjeringa utarbeide ein langsiktig strategi for renovering av bygningar. Strategien skal innehalde ei oversikt over bygningsmassen og kostnadseffektive energitiltak i bygg, ei samanfatting av politikk og verkemiddel som bidrar til energieffektivisering i private og offentlege bygg, og eit estimat over dei venta energiinnsparingane.

10.2 Verkemiddel retta mot industri, næringsliv og det offentlege

Regjeringa arbeider for meir effektiv bruk av energi i industri og næringsliv, men også for at det offentlege skal gå føre i arbeidet med energieffektivisering. I handlingsplanen for energieffektivisering peika regjeringa på ei rekke tiltak som kan bidra til meir effektiv bruk av energi i industri og næringsliv, og energimyndigheitene følger utviklinga i energiforbruket i desse sektorane tett.

Regjeringa har gjort fleire grep for å fremme auka utnytting av overskotsvarme og har dei siste to åra fastsett fleire nye føresegner i norsk regelverk. Overskotsvarme er eit restprodukt frå energikrevjande produksjon eller drift. I dag går store mengder overskotsvarme tapt. Å utnytte overskotsvarme kan bidra til å dempe veksten i energibruken og kan i nokre tilfelle frigjere energi til andre formål. Det gir høgare energieffektivitet og kan bidra til forbetra energiintensitet.

I 2023 kom det inn krav i energilova om gjennomføring av kost-nytteanalyse av moglegheitene for å utnytte overskotsvarme, sjå energilova §§ 7-2 til 7-4. Energidepartementet har konkretisert reglane i ei forskrift som tredde i kraft 1. april 2025. Vidare stiller forskrift om energikartlegging, som tredde i kraft 1. oktober 2024, krav om at alle føretak i Noreg med ein årleg gjennomsnittleg energibruk på minst 2,5 GWh dei siste tre åra skal gjennomføre regelmessige energikartleggingar. Første kartlegging må gjennomførast innan 1. oktober 2026. NVE har publisert ei rettleiing til forskrifta, og Enova har utarbeidd ei rapporteringsløysing.

I handlingsplanen for energieffektivisering varsla regjeringa at ho ville greie ut strengare krav til utnytting av overskotsvarme. Oppdraget blei gitt til NVE, som leverte utgreiinga si i juni 2024. Etter å ha vurdert utgreiinga sende Energidepartementet eit forslag om endringar i energilova på høyring i september 2025. Forslaget inneber at ulike energikjelder blir meir likestilte enn dei er i dag, at fleire anlegg, mellom anna datasenter, fell inn under krava om utnytting av overskotsvarme, og at innhaldet i analysane blir utvida.

Departementet foreslår at tiltakshavarar som hovudregel ikkje kan bygge eller oppgradere anlegg utan at overskotsvarmen blir utnytta, dersom kost-nytteanalysen viser at fordelane er større enn kostnadene (positiv kost-nytte). Ein slik regel kan føre til at spørsmålet om korleis overskotsvarme kan utnyttast, blir ein viktig premiss tidleg i planlegginga. Departementet foreslår også at plikta til å gjennomføre kost-nytteanalyse ved oppgradering blir utvida til å omfatte alle typar anlegg, og å senke terskelverdiane for kva anlegg som blir omfatta av plikta. Departementet foreslår også at kost-nytteanalysen skal inkludere ei vurdering av fordelar og kostnader ved å dekke eige varmebehov med overskotsvarme frå eiga verksemd og frå nærliggande anlegg og datasenter.

Enova har fleire satsingar retta mot industrien. Satsingane bidrar til å utvikle og introdusere løysingar for meir effektiv og fleksibel energibruk. Enova støttar utnytting av overskotsvarme, varmegjenvinning og utfasing av fossile brensel.

Regjeringa har slått fast at staten skal gå føre i arbeidet med energieffektivisering. For eksempel har regjeringa vedtatt at nye statlege byggeprosjekt skal planleggast og gjennomførast med energistandard som minst held passivhusstandard. Når det er lønnsamt over levetida til investeringa, skal byggeprosjekt i statleg sivil sektor også inkludere lokal fornybar energiproduksjon, inkludert fjernvarme og overskotsvarme. Regjeringa innførte i 2024 ei føring for departement og underliggande verksemder om at dei skal gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk, ta i bruk lønnsame energieffektive løysingar og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

Det offentlege kjøper varer og tenester for rundt 740 milliardar kroner i året, og offentleg sektor utgjer dermed ein stor og viktig marknad for næringslivet. Energieffektivisering i offentleg sektor vil kunne redusere energiutgiftene, bidra til marknader for energieffektiviseringsløysingar og sende eit viktig signal til verksemder og allmenta. Regjeringa arbeider for at det offentlege skal gå føre i arbeidet med energieffektivisering, og i offentlege innkjøp blir det stilt strenge krav til klima og miljø som sikrar at energieffektivitet er eit sentralt omsyn. Regjeringa har også fastsett ein instruks om energieffektive innkjøp i sentralforvaltninga og forsvarssektoren. Instruksen stiller krav om at sentralforvaltninga og forsvarssektoren skal skaffe energieffektive varer og tenester der det finst energimerkte produkt.

Regjeringa arbeider med fleire verkemiddel som set kommunar og fylkeskommunar betre i stand til å følge opp utviklinga i energibruken innanfor sine ansvarsområde. Regjeringa har revidert dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR klima og energi). I dei reviderte retningslinjene er energibruksdimensjonen konkretisert og styrkt.

Som varsla i handlingsplanen for energieffektivisering har NVE etablert eit kompetanseforum for erfaringsutveksling mellom kommunar på oppdrag frå departementet. NVE samarbeider med KS – kommunesektorens organisasjon og Norsk Kommunalteknisk Forening (NKF) om kompetanseforumet. Forumet er ein møteplass for kommunane som skal bidra til å auke kompetansen og kunnskapen deira om energieffektivisering, fleksibel energibruk, bruk av fjernvarme og andre oppvarmingsløysingar som avlastar kraftsystemet. Forumet er også ein arena der NVE og andre fagmiljø kan rettleie kommunane.

Vidare har NVE etablert ein kommunal energirekneskap som så langt inkluderer forbruk av straum og produksjon av fjernvarme. Rekneskapen skal bidra til at kommunane får betre oversikt over energibruken sin, og vil mellom anna vere nyttig i rolla deira som planmyndigheit og byggherre.

10.3 Status for energieffektiviseringsmåla

10.3.1 Mål om 10 TWh redusert straumforbruk i den totale bygningsmassen

Noreg har eit nasjonalt mål om å redusere straumforbruket i den totale bygningsmassen med 10 TWh innan 2030 samanlikna med 2015. NVE anslår at straumforbruket i den totale bygningsmassen var på 64,6 TWh i 2015. Utrekninga av straumforbruk i bygg tar omsyn til at lokal kraftproduksjon og fjernvarme reduserer behovet for kraft frå nettet. I perioden 2015–2024 har straumforbruket vore relativt stabilt, og NVE anslår at det i 2024 var på 64,3 TWh. Vidare anslår NVE at

straumforbruket i den totale bygningsmassen vil vere om lag 4,4 TWh lågare i 2030 enn i 2015.

Den norske bygningsmassen er samansett, og mange faktorar påverkar utviklinga av straumforbruket i bygg. NVE peikar på at folkeauke er blant dei mest sentrale drivkreftene bak arealutviklinga i bygningsmassen. Auka folketal påverkar behovet for småhus og leilegheiter, men også behovet for yrkesbygg, skolar, barnehagar med meir. Vidare trekker NVE fram at det blir færre personar per bustad, og at det blir bygd fleire hytter, noko som også fører til auka straumforbruk i den totale bygningsmassen. Isolert sett anslår NVE at desse faktorane vil bidra til å auke straumbehovet med 2,8 TWh fram mot 2030.

På den andre sida viser analysane til NVE at det også skjer mykje som dempar straumbehovet i bygningsmassen. NVE peikar på at energieffektivisering av bygg, lokal energiproduksjon, meir effektive lysanlegg og elektriske apparat, overgang til fjernvarme og meir effektive oppvarmingsløysingar vil bidra til å redusere straumbehovet med 5,8 TWh fram mot 2030.

Ei rekke verkemiddel for energieffektivisering er nyleg styrkte, og departementet vil jobbe systematisk med energieffektivisering i bygg framover.

10.3.2 Mål om 30 prosent forbetring i energiintensiteten

Noreg har eit nasjonalt mål om å forbetre energiintensiteten i fastlandsøkonomien med 30 prosent frå 2015 til 2030. Energiintensitet er ein indikator på kor mykje energi som blir brukt i forhold til verdiskaping, og blir målt ved netto innanlands energiforbruk dividert på bruttonasjonalproduktet (BNP) for Fastlands-Noreg. Utviklinga i energibruken er først og fremst avhengig av dei generelle utviklingstrekka i samfunnet, som folkeauke, økonomisk vekst og teknologisk utvikling. Ein veksande økonomi krev energi. Vi må utnytte energien meir effektivt, slik at vi kan legge til rette for økonomisk vekst samtidig som klimagassutsleppa går ned.

Det er fleire faktorar som påverkar energiintensiteten i den norske økonomien. Auka energieffektivitet bidrar til å redusere energiintensiteten. Når ein bruker mindre energi til den same økonomiske aktiviteten, eller den same mengda energi til auka økonomisk aktivitet, går energiintensiteten ned. Energiintensiteten blir også påverka av strukturelle endringar i økonomien, der nokre næringar veks eller krympar relativt til andre.

Ifølge berekningar frå NVE har energiintensiteten i Fastlands-Noreg gått ned med 13 prosent frå 2015 til 2024. Energibruken i 2024 låg på om lag same nivået som i 2015. BNP har derimot auka betydeleg sidan 2015. I 2024 var BNP for Fastlands-Noreg 15,3 prosent høgare enn i 2015. Ei viktig årsak til forbetringa i energiintensiteten er at verdiskapinga innanfor tenesteytande næringar har auka betydeleg utan at energibruken i denne sektoren har auka tilsvarande. Ein aukande del tenesteytande næringar i norsk økonomi bidrar også til å redusere energiintensiteten, ettersom desse næringane bruker mindre energi per produsert eining samanlikna med andre næringar, for eksempel kraftkrevjande industri.

Sidan 2021 har elektrifisering av transport og redusert aktivitet i kraftintensiv industri ført til ein nedgang i innanlandsk sluttbruk av energi. Energibruken i 2021 var på 227 TWh. Sidan har han gått ned til 215 TWh i 2024. NVEs framskriving av energibruk viser ein svak nedgang frå 2024 til 2030, og NVE forventar at den totale energibruken vil gå ned med om lag 3 TWh. NVE peikar på at dette hovudsakleg vil skje på grunn av elektrifisering av transport og maskinar.

I Meld. St. 31 (2023–2024) *Perspektivmeldingen 2024* forventar Finansdepartementet ein vekst i BNP. Basert på Finansdepartementet sine framskrivingar av BNP og NVE sine framskrivingar av energibruk vil energiintensiteten forbetrast med 21 prosent frå 2015 til 2030.

11 Likestilling og mangfald

Etter *lov om likestilling og forbud mot diskriminering* er arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta). Energidepartementet gjer her greie for tilstanden i departementet.

Omtale av arbeid med likestilling og mangfald i Sokkeldirektoratet, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Havindustritilsynet finst i årsrapportane frå verksemdene.

11.1 Likestilling i Energidepartementet

Likestillingsperspektivet er forankra i personalpolitikken, lønnspolitikken og tilpassingsavtalen. Likestillingsarbeid er ein integrert del av verksemda, og departementet arbeider systematisk for å fremme dette.

- Kvar enkelt leiar skal sikre at kvinner og menn får likeverdige arbeidsoppgåver og same høve til fagleg og personleg utvikling.
- Kompetansegivande oppgåver og tiltak skal fordelast slik at dei bidrar til likestilling mellom kjønna.
- Departementet skal føre ein lønnspolitikk som motverkar og fjernar eventuelle kjønnsrelaterte lønnsforskjellar på alle nivå.
- Omsynet til likestilling skal leggast til grunn ved rekruttering til ledige leiarstillingar.
- Den årlege personalstatistikken skal gi ei oversikt over relevante likestillingsspørsmål i departementet.
- Den likestillingstillitsvalde skal medverke til at intensjonane og føresegnene i hovudavtalen, tilpassingsavtalen og likestillingslova blir følgde opp.

Tabell 11.1 Tilstanden for kjønnslikestilling per 31.12.2024, samanlikna med 31.12.2023

Stillingsgruppe	År	Kvinner (antal)	Menn (antal)	Gjennomsnittslønn (kroner)		Lønna til kvinner i prosent av lønna til menn
				Kvinner	Menn	
Totalt	2024	90	89	826 467	931 387	88,74
	2023	88	84	776 178	875 146	88,69
Departementsråd/ ekspedisjonssjef	2024	2	5	1 607 261	1 759 266	91,36
	2023	2	4	1 501 548	1 585 917	94,68
Avdelingsdirektør	2024	10	14	1 165 442	1 204 678	96,74
	2023	6	14	1 165 145	1 180 866	98,67
Fagdirektør	2024	-	2	-	1 088 610	-
	2023	-	2	-	1 049 635	-
Underdirektør	2024	9	13	940 006	949 370	99,01
	2023	11	14	903 950	885 079	102,13
Utgreiingsleiar	2024	8	4	889 653	943 570	94,29
	2023	10	3	825 857	908 889	90,86

Tabell 11.1 Tilstanden for kjønnslikestilling per 31.12.2024, samanlikna med 31.12.2023

Stillingsgruppe	År	Kvinner (antal)	Menn (antal)	Gjennomsnittslønn (kroner)		Lønna til kvinner i prosent av lønna til menn
				Kvinner	Menn	
Seniorrådgivar	2024	39	33	774 491	801 491	96,63
	2023	41	29	720 583	746 014	96,59
Rådgivar	2024	13	10	635 407	651 199	97,57
	2023	11	10	608 693	601 623	101,18
Førstekonsulent	2024	8	6	577 476	578 690	99,79
	2023	7	6	552 591	556 163	99,36

Tilsette i ulønt permisjon er rekna med i oversikta over lønnsforskjellar. Kategoriar med berre éin tilsett er ikkje med.

Tabell 11.2 Kjønnsbalanse og arbeidsvilkår per 31.12.2024

Kategori	Kvinner (antal)	Menn (antal)
Kjønnsbalanse (antal tilsette)	90	89
Mellombels tilsette	3	0
Foreldrepermisjon	10	1
Faktisk deltid	1	2
Sjukefråvær (prosentandel av tilsette)	5,35 prosent	0,86 prosent

Departementet har ikkje ufrivillig deltid. Det samla sjukefråværet i departementet var på 3,12 prosent i 2024 mot 4,1 prosent i 2023.

11.2 Arbeidet med å oppfylle aktivitetsplikta

11.2.1 Rekruttering

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet. Energidepartementet inkluderer mangfaldserklæringa i utlysingstekststar ved annonsering av ledige stillingar.

Departementet har som mål å oppretthalde ein jamn kjønnsbalanse, også på leiarnivå. Det er framleis ei overvekt av menn i leiarstillingar, men utviklinga går i positiv retning. Kvinner blir oppfordra til å søke leiarstillingar, og departementet følger opp at kvalifiserte kvinner blir vurderte på lik linje med kvalifiserte menn.

Den likestillingstillitsvalde får uttale seg om utlysingstekstar for leiarstillingar. Departementet utarbeider statistikk som viser kjønnsfordelinga blant søkarane og dei som blir tilsette.

Energidepartementet ønsker å rekruttere fleire tilsette med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller hòl i CV-en, men det er utfordrande å finne kvalifiserte søkarar i desse målgruppene.

11.2.2 Tilrettelegging

Departementet legg til rette for medarbeidarar med konkrete behov. Tilrettelegging er del av dei interne retningslinjene for personalpolitikken og blir formidla i dialog mellom leiarar og medarbeidarar.

11.2.3 Balanse mellom jobb og fritid

Departementet oppmodar seksjonar og avdelingar til å gå gjennom oppgåvefordelinga for å bidra til at medarbeidarar og leiarar får ei tilfredsstillande arbeidsbelastning. Arbeidsbelastning har vore tema i møte i Arbeidsmiljøutvalet, og overtidsbruk blir gjennomgått jamleg.

11.2.4 Lønns- og arbeidsvilkår

Målet er å sikre kjønnsnøytral og lik lønn for same arbeid eller arbeid av lik verdi.

Lønnsstatistikken viser at menn samla sett har høgare gjennomsnittsløn enn kvinner. Årsakene er samansette, men alderssamansetning og ansiennitet er noko av forklaringa. Tiltak for å sikre likelønn er forankra i personalpolitikken, lønnspolitikken og tilpassingsavtalen.

Før dei årlege lokale lønnsforhandlingane blir det gjennomført likelønnsvurderingar baserte på kjønnsdelt lønnsstatistikk. For å sikre objektive vurderingar i forhandlingane nyttar departementet vurderingskriterium som er nedfelte i den lokale lønnspolitikken.

11.2.5 Forfremming og utvikling

Målet er å sikre fagleg og personleg utvikling for alle tilsette. Kvar enkelt leiar har hovudansvaret for at medarbeidarane får nødvendig kompetanse til å utføre arbeidsoppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte. I prosjekt der saksbehandlarar får leiaransvar, skal det leggast særleg vekt på å gi kvinner høve til leiareksponering.

11.2.6 Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøundersøkingar og medarbeidarsamtalar skal gi informasjon om arbeidsmiljøet i departementet og mellom anna bidra til å avdekke eventuelle tilfelle av trakassering. Departementet har eigne varslingsrutinar i tråd med arbeidsmiljølova og held månadlege møte med dei lokale partane. Departementet følger opp i samsvar med lov- og avtaleverket knytt til verneombod, bedriftshelseteneste og andre relevante ordningar.

12 Tilsettingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak og aksjeselskap under Energidepartementet

12.1 Gassnova SF

Tidlegare administrerande direktør Morten Henriksen hadde ei lønn på 2 351 542 kroner i 2024. I tillegg fekk han 158 531 kroner i anna godtgjering. Kostnadsførte pensjonsforpliktingar var på 271 348 kroner. Dei samla ytingane til den administrerande direktøren i 2024 var dermed 2 781 421 kroner. Frå 1. mai 2025 er Thomas Skadal ny administrerande direktør.

Føretaket er medlem i Statens pensjonskasse. Pensjonsordninga er sikra gjennom denne medlemskapen og er lik for alle tilsette. Samla kompensasjonsgrad skal ikkje overstige 66 prosent av lønna, avgrensa oppover til 12 gonger grunnbeløpet i folketrygda (12 G).

Den gjensidige oppseiingstida er 6 månader. Dersom styret bestemmer at administrerande direktør skal fråtre, har direktøren rett på 6 månaders etterlønn – i tillegg til lønn og andre avtalte ytingar i oppseiingsperioden. Etterlønna blir redusert forholdsmessig dersom direktøren blir tilsett i ny stilling før etterlønnsperioden er over.

12.2 Statnett SF

Hilde Tonne var konsernsjef i Statnett fram til 31. mai 2024. I perioden frå 1. januar hadde ho ei lønn på 2 458 787 kroner. I tillegg fekk ho 76 573 i anna godtgjering. Kostnadsførte pensjonsforpliktingar utgjorde 87 829 kroner. Samla ytingar til Hilde Tonne i perioden hennar som konsernsjef i 2024 var dermed 2 623 189 kroner.

Elisabeth Vike Vardheim var konserndirektør for Nett i Statnett fram til ho blei konstituert som konsernsjef 1. juni og formelt tilsett som konsernsjef 1. november 2024. I perioden frå 1. juni til 31. desember 2024 hadde ho ei lønn på 2 835 862 kroner. I tillegg fekk ho 127 866 kroner i anna godtgjering. Kostnadsførte pensjonsforpliktingar utgjorde 615 302 kroner. Samla ytingar til Elisabeth Vike Vardheim i 2024 var dermed 3 579 030 kroner.

Konsernsjefen i Statnett deltar i den kollektive innskotspensjonsordninga i føretaket etter dei vilkåra som til kvar tid gjeld. I tillegg har Elisabeth Virke Vardheim, gjennom den tidlegare arbeidsavtalen sin, ein privat pensjonsavtale som sikrar henne pensjon gjennom ein opparbeidd sparesaldo med renter. Statnett skal kvart år – fram til ho går av med pensjon eller eventuelt fråtrer – betale inn inntil 30 prosent av differansen mellom ordinær lønn og 12 gonger grunnbeløpet i folketrygda (12 G) til denne pensjonsspareordninga. Innbetalinga er knytt til stillinga og lønna Vike Vardheim hadde som konserndirektør for Nett, med årleg regulering av grunnbeløpet.

Vike Vardheim har også rett til pensjon frå den kollektive ytingsordninga i føretaket frå ho fyller 67 år.

Den gjensidige oppseiingstida er seks månader. Dersom føretaket seier opp avtalen, har konsernsjefen rett til etterlønn i tolv månader, inkludert oppseiingstida. Ved anna inntekt, lønna verv eller næringsinntekt før etterlønnsperioden er over skal etterlønna avkortast krone mot krone.

12.3 Gassco AS

Administrerande direktør Frode Leversund hadde ei lønn på 4 219 000 kroner i 2024. I tillegg fekk han 377 000 kroner i bonus og 51 000 kroner i anna godtgjering. Kostnadsførte pensjonsforpliktingar var på 387 000 kroner. Samla ytingar til administrerande direktør i 2024 var 5 033 000 kroner.

Administrerande direktør deltar, på linje med andre tilsette, i ei kollektiv bonusordning som kan gi inntil 10 prosent av fastlønna i bonus dersom selskapet oppnår avtalte mål. Leversund har ei ytingsbasert pensjonsordning, men tener ikkje opp pensjon for lønn over 12 gonger grunnbeløpet i folketrygda (12 G).

Den gjensidige oppseiingstida er seks månader. Dersom selskapet seier opp avtalen, har administrerande direktør rett til etterlønn i seks månader frå oppseiingstida er over. Etterlønna blir redusert forholdsmessig dersom direktøren blir tilsett i ei ny fast stilling før etterlønnsperioden er over.

Energidepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2025–2026) om statsbudsjettet for år 2026 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Energidepartementet blir i Prop. 1 S (2025–2026) statsbudsjettet for budsjettåret 2026 dei forslag til vedtak som følger, førde opp:

Kapitla 1800, 1810, 1820, 1825, 1850, 1860, 4800, 4810, 4820, 4860 og 5582

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Administrasjon		
1800		Energidepartementet		
	01	Driftsutgifter	270 264 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72*	44 600 000	
	50	Overføring til andre forvaltningsorgan, *kan overførast*	1 000 000	
	60	Utsira kommune – havvindutvikling	3 000 000	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.	14 500 000	
	71	Norsk Oljemuseum	17 400 000	
	72	Tilskot til energiformål, *kan overførast, kan nyttast under post 21*	18 000 000	368 764 000
		Sum Administrasjon		368 764 000
		Petroleum m.m.		
1810		Sokkeldirektoratet		
	01	Driftsutgifter	454 600 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	205 000 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, *kan overførast*	50 000 000	709 600 000
		Sum Petroleum m.m.		709 600 000
		Energi og vassressursar		
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat		
	01	Driftsutgifter	1 031 800 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	110 500 000	
	22	Flaum- og skredførebygging, *kan overførast, kan nyttast under postane 45 og 60*	383 000 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, *kan overførast*	60 000 000	
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, *kan overførast, kan nyttast under post 61*	150 000 000	

Kap.	Post		Kroner	Kroner
	26	Reguleringsmyndigheita for energi	96 300 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under post 22*	39 000 000	
	60	Tilskot til flaum- og skredførebygging, *kan overførast, kan nyttast under post 22*	210 000 000	
	62	Fordeling av inntekt frå avgift på vindkraft	360 000 000	
	74	Tilskot til museums- og kulturminnetiltak, *kan overførast*	9 100 000	
	75	Straumstønadsordning, *overslagsløyving*	1 900 000 000	
	76	Straumstønad for nærvarme, *kan overførast*	4 500 000	
	77	Noregspris for straum, *overslagsløyving*	9 100 000 000	
	78	Noregspris for fjernvarme, *overslagsløyving*	500 000 000	
	79	Straumstønad for fjernvarme, *overslagsløyving*	35 000 000	13 989 200 000
1825		Energieffektivisering og -omlegging		
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	14 000 000	
	50	Klima- og energifondet	1 300 000 000	
	60	Tilskot til energitiltak i kommunale bygg, *kan overførast*	300 000 000	1 614 000 000
		Sum Energi og vassressursar		15 603 200 000
		Klima, industri og teknologi		
1850		Klima, industri og teknologi		
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	70 000 000	
	50	Fond for CO_2-handtering	80 000 000	
	70	Gassnova SF	105 000 000	
	71	Teknologisenter Mongstad	69 000 000	
	72	Langskip – fangst og lagring av CO_2, *kan overførast*	1 900 000 000	
	73	Noregs forskingsråd, *kan overførast*	1 085 000 000	
	75	Norwegian Energy Partners	45 000 000	3 354 000 000
		Sum Klima, industri og teknologi		3 354 000 000
		Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleumsverksemda og anna industriverksemd til havs		
1860		Havindustritilsynet		
	01	Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21*	385 300 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, *kan overførast*	26 000 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, *kan overførast*	4 000 000	415 300 000
		Sum Sikkerheit og arbeidsmiljø i petroleums-verksemda og anna industriverksemd til havs		415 300 000
		Sum departementets utgifter		20 450 864 000

Inntekter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Ordinære inntekter		
4800		Energidepartementet		
	70	Garantiprovisjon, Gassco	2 200 000	2 200 000
4810		Sokkeldirektoratet		
	01	Gebyrinntekter	33 000 000	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	50 000 000	83 000 000
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat		
	01	Gebyrinntekter	10 300 000	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	60 000 000	
	40	Flaum- og skredførebygging	20 000 000	90 300 000
4860		Havindustritilsynet		
	01	Gebyrinntekter	92 312 000	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter	4 000 000	96 312 000
		Sum Ordinære inntekter		271 812 000
		Skatter og avgifter		
5582		Sektoravgifter under Energidepartementet		
	70	Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag	24 000 000	
	71	Konsesjonsavgifter frå vasskraftutbygging	200 400 000	
	72	Sektoravgifter under Noregs vassdrags- og energi-direktorat	167 000 000	
	73	Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet	690 000 000	
	74	Sektoravgifter under Sokkeldirektoratet	90 000 000	
	75	Sektoravgifter under Havindustritilsynet	145 000 000	1 316 400 000
		Sum Skatter og avgifter		1 316 400 000
		Sum departementets inntekter		1 588 212 000

Fullmakter til å overskride gitt løyving

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Energidepartementet i 2026 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarande meirinntekter under
kap. 1810 post 23	kap. 4810 post 02
kap. 1820 post 23	kap. 4820 post 02
kap. 1820 post 45	kap. 4820 post 03
kap. 1825 post 50	kap. 5582 post 73
kap. 1860 post 01	kap. 4860 post 10
kap. 1860 post 23	kap. 4860 post 02

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal også dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga, og gjeld derfor også kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tatt med i utrekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitt løyving

III

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Energidepartementet i 2026 kan pådra staten forpliktingar utover gitt løyving, men slik at den samla ramma for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1800		Energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter	17 mill. kroner
1810		Sokkeldirektoratet	
	21	Spesielle driftsutgifter	50 mill. kroner
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	21	Spesielle driftsutgifter	50 mill. kroner
	22	Flaum- og skredførebygging	330 mill. kroner
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	350 mill. kroner

Av fullmakt under kap. 1820, post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, gjeld 300 mill. kroner hastetiltak i Nesbyen sentrum og 50 mill. kroner krise- og hastetiltak i samband med andre flaum- og skredhendingar.

IV

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykker i at Energidepartementet i 2026 kan gi tilsegn utover gitt løyving, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1800		Energidepartementet	
	60	Utsira kommune – havvindutvikling	6 mill. kroner
	72	Tilskot til energiformål	10 mill. kroner
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	60	Tilskot til flaum- og skredførebygging	350 mill. kroner
1825		Energieffektivisering og -omlegging	
	60	Tilskot til energitiltak i kommunale bygg	150 mill. kroner
1850		Klima, industri og teknologi	
	70	Gassnova SF	20 mill. kroner
	73	Noregs forskingsråd	4 155 mill. kroner

Andre fullmakter

V

Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget samtykker i at Energidepartementet kan godkjenne petroleumsprosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under følgande føresetnader:

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.
2. Øvre grense for utbyggingskostnadene per enkeltprosjekt utgjer 30 mrd. 2026-kroner.
3. Utbygginga må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsemd og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Energidepartementet får fullmakt til å prisjustere ramma for utbyggingskostnader.

VI

Oppgjersordning og nettoføring av Noregspris

Stortinget samtykker i at Energidepartementet i 2026 kan fastsette ei oppgjersordning for prissikring av Noregspris og nettoføre utgifter og inntekter for ordningane over kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat, post 77 Noregspris for straum og post 78 Noregspris for fjernvarme.

VII

Unntak frå kontantprinsippet ved bruttoføring av inntekter og utgifter

Stortinget samtykker i at Energidepartementet i 2026 kan fråvike Løyvingsreglementets § 3 tredje ledd (kontantprinsippet) ved å bruttoføre inntekter frå påslaget på nettariffen som blir kravd inn av Enova SF og innbetalt direkte til Klima- og energifondet på inntektssida av statsbudsjettet under kap. 5582 Sektoravgifter under Energidepartementet, post 73 Påslag på nettariffen til Klima- og energifondet, og utgiftsføre eit tilsvarande beløp under kap. 1825 Energieffektivisering og -omlegging, post 50 Klima- og energifondet.

Vedlegg 1

Vedtak fra tidlegare år som gjeld utan tidsavgrensing

Garantifullmakt

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet[1] kan gi Gassco AS garanti innanfor ei samla ramme på inntil 1 mrd. kroner for skadar og tap ved mottaksterminalane på kontinentet som har oppstått som følge av forsettlege handlingar hos leiande personell i Gassco AS, jf. St.prp. nr. 1 (2007–2008) og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2007–2008), vedtak VII.

Oppheving av generalforsamlingsklausulen

Stortinget samtykker i at generalforsamlingsklausulen skal kunne opphevast for gitte løyve og erstattast av ein vetorett i tråd med konsesjonsdirektivet og petroleumsforskrifta § 12, dersom rettshavarane skulle ønske det. Olje- og energidepartementet[2] skal i så fall godkjenne dette i kvart enkelt tilfelle, jf. St.prp. nr. 1 (2002–2003), vedtak XI og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2002–2003), vedtak VIII.

Fullmakt til å delta i eigarselskap mv.

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet[3] kan delta gjennom eit eigarselskap eigd av Gassnova SF og eit driftsselskap med delt ansvar (DA) og dekke 100 prosent av eigarselskapets og inntil 80 prosent av dei årlege utgiftene til driftsselskapet ved Teknologisenter Mongstad (TCM). Staten, eller den staten peikar ut, kan invitere andre selskap som medeigarar i driftsselskapet, noko som vil redusere statens andel i selskapet, jf. Prop. 129 S (2016–2017) og Innst. 401 S (2016–2017), vedtak XXXXI.

Fullmakt til å inngå forpliktingar i samband med TCM

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet[4] kan pådra staten forpliktingar utover gitt løyving under kap. 1840 CO_2-handtering[5], post 71 Teknologisenter Mongstad, som kjem som følge av riving av anlegga ved TCM når dette eventuelt blir sett i verk, jf. Prop. 129 S (2016–2017) og Innst. 401 S (2016–2017), vedtak XXIV.

Fullmakt til å inngå avtalar og pådra staten forpliktingar for Langskip (fangst og lagring av CO_2)

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet[6] kan:

1. inngå avtalar med Norcem[7] og Northern Lights om å etablere og drive sine andelar av Langskip (fangst og lagring av CO_2) innanfor ei samla kostnadsramme på
   a. 14 700 mill. 2021-kroner i investeringar (CAPEX)
   b. 6 700 mill. 2021-kroner i driftsutgifter (OPEX) i inntil ti år
2. inngå avtalar der utgiftene skal delast mellom staten, Norcem[8] og Northern Lights i tråd med prinsippa som er omtalte nærmare under kap. 1840 CO_2-handtering[9], post 72 Langskip – fangst og lagring av CO_2 og i Meld. St. 33 (2019–2020) Langskip – fangst og lagring av CO_2, der statens andel maksimalt utgjer inntil
   a. 11 100 mill. 2021-kroner i investeringar (CAPEX)
   b. 5 200 mill. 2021-kroner i driftsutgifter (OPEX) i inntil ti år med tillegg av eventuell tilleggsstøtte for fanga CO_2 som ikkje er kvotepliktig, tilsvarande kvoteprisen per tonn CO_2 fråtrekt eventuell CO_2-avgift per tonn
3. inngå avtale med Northern Lights om å pådra staten forpliktingar for kostnader ved even-

1 No Energidepartementet
2 No Energidepartementet
3 No Energidepartementet
4 No Energidepartementet
5 Nytt kap. 1850 Klima, industri og teknologi frå og med statsbudsjettet for 2023
6 No Energidepartementet
7 No Heidelberg Materials
8 No Heidelberg Materials
9 Nytt kap. 1850 Klima, industri og teknologi frå og med statsbudsjettet for 2023

tuelle utslepp av CO_2 med inntil 80 prosent av kvoteprisen opp til og med 40 euro per tonn og 100 prosent av den delen av kvoteprisen som overstig 40 euro per tonn CO_2, for den forholdsmessige andelen fanga CO_2 i støtteperioden på inntil ti år frå Norcem[10] og eventuelt Fortum Oslo Varme[11] av totalt lagra mengd CO_2 i lageret

4. inngå avtale med Northern Lights om å pådra staten forpliktingar i støtteperioden på inntil ti år for inntil 80 prosent av utgiftene til eventuelle preventive og korrektive tiltak for avtalt årleg lagringsvolum på 1,5 millionar tonn av total lagringskapasitet for CO_2 dersom det skulle oppstå ekstraordinære hendingar med fare for lekkasje av CO_2 frå lageret eller skadar på miljøet eller liv og helse
5. inngå avtale med Northern Lights om å pådra staten forpliktingar etter opphøyr av drifta av CO_2-lageret, for den forholdsmessige andelen fanga CO_2 i støtteperioden på inntil ti år frå Norcem[12] og eventuelt Fortum Oslo Varme[13] av totalt lagra mengd CO_2 i lageret, med inntil 80 prosent av utgiftene til
   a. eventuelle preventive og korrektive tiltak dersom det skulle oppstå ekstraordinære hendingar med fare for lekkasje av CO_2 frå lageret eller skade på miljøet eller liv og helse
   b. avslutning, overvaking og fjerning etter nedstenging av lageret

Jf. Prop. 1 S (2020–2021) og Innst. 9 S (2020–2021), vedtak XVI.

Fullmakt til å inngå avtalar og pådra staten forpliktingar for Langskip (fangst og lagring av CO_2)

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet[14] kan inngå revidert avtale med Fortum Oslo Varme[15] under føresetnad av tilstrekkeleg eigenfinansiering og finansiering frå EU eller andre kjelder i tråd med prinsippa som er omtalte nærmare under kap. 1840 CO_2-handtering[16], post 72 Langskip – fangst og lagring av CO_2, der statens maksimale støtte kan utgjere inntil:

1. 2 040 mill. 2022-kroner i investeringar (CAPEX). Olje- og energidepartementet[17] blir gitt fullmakt til å pris- og valutajustere investeringstilskotet i seinare år.
2. 1 320 mill. 2022-kroner i driftsutgifter (OPEX) i inntil ti år frå driftsoppstart, men ikkje etter 30. september 2036. Olje- og energidepartementet[18] blir gitt fullmakt til å prisjustere driftstilskotet i seinare år.

Det blir gitt tilleggsstøtte for fanga CO_2 som ikkje er kvotepliktig, tilsvarande kvoteprisen per tonn CO_2 fråtrekt CO_2-avgifta. Inntekter ved sal av negative utslepp, sertifikat eller liknande for bio CO_2-handtering skal komme til frådrag i tilleggstilskotet, jf. Prop. 115 S (2021–2022) og Innst. 450 S (2021–2022), vedtak XVI.

Fullmakt til å inngå ein tosidig differansekontrakt for støtte til fornybar energiproduksjon til havs frå første fase av Sørlege Nordsjø II

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet[19] kan inngå ein tosidig differansekontrakt for støtte til fornybar energiproduksjon for første fase av Sørlege Nordsjø II, men slik at dei samla statlege forpliktingane ikkje overstig ei kostnadsramme på 23 mrd. kroner. Olje- og energidepartementet[20] får fullmakt til å prisjustere kontraktsprisen, minsteprisen og kostnadsramma med verknad frå 1. kvartal 2023 fram til det første kvartalet havvindparken er sett i drift, jf. Prop. 93 S (2022–2023) og Innst. 496 S (2022–2023).

Støtteprogram for flytande havvind i Vestavind F og Vestavind B

Stortinget samtykker i at Energidepartementet kan inngå forpliktingar om støtte til flytande havvind i Vestavind F og Vestavind B, men slik at dei samla statlege forpliktingane ikkje overstig ei kostnadsramme på 35 mrd. kroner (2025-kroner). Energidepartementet får fullmakt til å prisjustere kostnadsramma, jf. Prop. 1 S (2024–2025) og Innst. 9 (2024–2025).

---

10 No Heidelberg Materials
11 No Hafslund Celsio
12 No Heidelberg Materials
13 No Hafslund Celsio
14 No Energidepartementet
15 No Hafslund Celsio
16 Nytt kap. 1850 Klima, industri og teknologi frå og med statsbudsjettet for 2023
17 No Energidepartementet
18 No Energidepartementet
19 No Energidepartementet
20 No Energidepartementet

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2025

Trykksak
2041 0379